

Sløefiske i Oppland

Ein vanleg fiskemåte i gammal tid

Trygve Hesthagen





Sløefiske i Oppland

Ein vanleg fiskemåte i gammal tid

Trygve Hesthagen

Hesthagen, T. 2011. Sløefiske i Oppland. Ein vanleg fiskemåte i gammal tid. - NINA Temahefte 46. 165 s.

Trondheim, november 2011

ISSN: 0804-421X

ISBN: 978-82-426-2362-1

RETTIGHEITSHAVAR

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siterast fritt med kjeldeangjving

GRAFISK FORMGIVING

Kari Sivertsen, NINA

ILLUSTRASJONAR OMSLAG

Foto: Trygve Hesthagen, ukjent fotograf, Børre Kind Dervo

Teikning: Dagny Dalen

OPPLAG

1500

TRYKK:

AIT Otta AS

KONTAKTOPPLYSNINGAR

Norsk institutt for naturforskning (NINA)

Postadresse: Postboks 5685 Sluppen, 7485 Trondheim

Telefon 73 80 14 00

<http://www.nina.no>

E-post: firmapost@nina.no

Innhald

Innhald	3
Forord	4
Takkeord	6
Innleiing	7
Bruken av sløer i dei enkelte kommuner	12
VANG	12
ØYSTRE SLIDRE	36
VESTRE SLIDRE.....	54
NORD-AURDAL	64
ETNEDAL.....	72
NORDRE LAND	74
GJØVIK.....	76
SØR-AURDAL	78
VESTRE TOTEN.....	80
ØSTRE TOTEN.....	82
GRAN.....	86
JEVNAKER.....	87
LESJA.....	90
DOVRE.....	98
SKJÅK.....	100
LOM.....	104
VÅGÅ	118
SEL	128
NORD-FRON	130
SØR-FRON	136
RINGEBU.....	138
ØYER.....	143
GAUSDAL	146
LILLEHAMMER	149
Sluttord	152
Litteratur	158
Informantar	164

Forord

I 2002 skreiv Oppland Historielag i lokalavisa at dei skulle vidareføre innsamlinga av stoff om sløefiske i fylket. Eg fatta interesse for prosjektet, ettersom eg tidlegare hadde skrive om denne fiskemåten frå heimbygda mi, Lom. Eg tok kontakt med Harald Hattum, formann i Samarbeidsrådet for historielaga i Oppland. Han sette stor pris på initiativet mitt. Frå då av byrja eg å samle stoff om sløefiske. Ole Roen var neste formann i laget. Han støtta også opp om prosjektet. Eg har hatt stor hjelp av registreringane av sløer i Valdres som Valdres Historielag sette i gang på 1990-talet. Det var Ola Hjelle som sto i spissen for dette arbeidet, og han stilte det inn-samla materialet til mi rådvelde. Eg er Ola Hjelle stor takk skyldig for det arbeidet han la ned. Han døydde i 2009.

Gjennom arbeidsgjevaren min, Norsk institutt for naturforskning (NINA), søkte eg om økonomisk stønad frå ymse hald for å gje ut bok om sløefiske. Dette lykkast diverre ikkje. Eg fekk til saman berre 33 000 kroner. Det var godt under ti prosent av budsjettet. Men eg var likevel overtydd om at det var viktig å samle stoff om sløefiske i Oppland. For ettertida er det nyttig å ha dokumentert korleis fiskeressursane i fylket vart nytta i eldre tid. Snart er mykje av den munnlege tradisjonen om sløefiske borte. Av den grunn hasta det med å kome i gang med arbeidet. Eg bestemte meg difor for å gjennomføre arbeidet på fritida. Sjølv om det har vore ein "fritidssyssel" har eg dei siste to åra hatt høve til å bruke noko av eigenforskingstida mi ved NINA til å slutføre boka. NINA har også teke det økonomiske ansvaret med å gje ut boka. Utan denne stønaden hadde ikkje bokprosjektet vorte gjennomført. Eg vil takke dei som har gjeve NINA økonomisk stønad til boka; Samarbeidsrådet for historielaga i Oppland, kommunane Lom, Nord-Fron, Ringebu og Øystre Slidre, fjellstyra i Fåberg, Lesja, Lom,

Ringebu, Vestre Slidre, Vågå, Øyer og Øystre Slidre, samt Lom og Skjåk Sparebank. I tillegg har Dovre kommune, Gjensidige NOR og Oppland fylkeskommune støtta prosjektet ved at dei ville kjøpe ein del bøker.

I arbeidet med boka har eg hatt mange gode hjelparar. Nils J. Lykken frå Øystre Slidre og Sigfred Hovda frå Vang står i ei særstilling. Båe to har vorte plaga med ymse spørsmål om personar, stadnamn, og elles ulike vurderingar av historiske opplysingar. Sigfred har i tillegg lese eit tekstutkast til boka, medan Nils har gått gjennom stoffet frå si eiga bygd. Knut Oddvar Rogne frå Øystre Slidre har også vore til stor hjelp med mangt og mykje. Han har òg lese gjennom mykje av stoffet frå Valdres. Ivar Aars har gått gjennom heile bokmanuset, og gjeve gode språklege kommentarar. Reidar Gran, fjelloppsynsmann i Øystre Slidre statsallmenning, har vore til stor hjelp i arbeidet med å samle stoff frå Øystre Slidre. Han har opp gjennom åra sendt meg mange e-postar og brev om aktuelle informantar, faktaopplysingar og stadnamn. Bjørn Groven, tidlegare fjelloppsynsmann i Vågå, ga meg ei verdifull fyrste oversikt over sløestøene i bygda. Elles takk til alle som har kome med opplysingar om sløefiske i Oppland. Eg har alltid vorte møtt med stor interesse og entusiasme.

Takk også til alle som utan økonomisk vederlag har stilt bilete til disposisjon for boka. Øyvind Eidsvåg og Gunnar Fagerås hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering har lånt ut fleire bilete, og var elles til stor hjelp i samband med gjennomgangen av ymse skjønnsdokument frå sine arkiv. Også ein stor takk til Liv Turid Storli; ho har vore både språkkonsulent og lese fleire manusutkast. Einar Kleiven har gått gjennom stoffet frå Vågå. Tore Odden frå Skjåk har vore til stor hjelp ved oversettingar

av ymse dokument på gotisk og har elles tolka fleire eldre skrifter. Ein takk til fyrstearkivar Gunnar I. Pettersen hjå Riksarkivet for oversetting av ymse brev. Så tusen takk til Dagny Dalen frå Lom for alle dei flotte teikningane i boka! Kollega Kari Siversten har hatt i ei sikker hand om formgjevinga av boka.

Språk og elles skrivemåte på ymse stadnamn slik det framgår i boka, står for forfattaren si rekning.

Framleis er det sikkert nokon som kunne ha gjeve meg verdifulle opplysingar om sløefiske i Oppland. Heilt til det siste har slike personar dukka opp. Men eg må sette sluttstrek no. Eg vonar at boka vil vise at sløefisket i Oppland har vore meir vidtfemjande enn det som tidlegare har vore kjent.

Trondheim den 1. november 2011

Trygve Hesthagen

Trygve Hesthagen (f. 1951) kjem frå Garmo i Lom. Han er tilsett som seniorforskar ved Norsk institutt for naturforskning i Trondheim. Hesthagen har beidet mykje med vassdragsregulering og sur nedbør i høve til effektar på fisk. Han har doktorgrad frå NTNU.

E-post: trygve.hesthagen@nina.no

Forfattaren fotografert under garnfiske på Russvatnet hausten 2009. Foto: Thor Ekre.



Takkeord

Denne boka er tileigna Simen Bjørgen (1911-2001) frå Garmo i Lom. Han hadde stor kunnskap om ymse ting knytta til blant anna natur, kultur og fiske. Dette galdt ikkje minst utnyttinga av fisken i Tesse og Smådøla. Han delte sin kunnskap med meg, og har opp gjennom åra vore til stor inspirasjon. Samværet med Simen har sett djupe spor. Det var òg han som fann sløegrinda frå

1600-talet i strandsona av Tesse våren 1976. Dette er truleg den eldste sløa ein kjenner til her i landet. Biletet av Simen er teke under haustfiske på Tesse i 1989, av Stein Arne Bjørgen, som er barnebarnet hans.

Trygve Hesthagen



Innleiing

Oppland er rikt på ferskvatn, med over 10 000 tjern og innsjøar av ymse storleik. I tillegg er det mange mil med elver og bekkar. Idag er det fisk i dei fleste vatn og elver i fylket, men slik har det ikkje alltid vore. Då ferskvassfiskane byrja å vandre inn i landet vårt etter siste istid, vart dei mange stader hindra av fossar og stryk. I Oppland var det difor berre nokre få fiskeartar som klarte å ta seg fram eit stykkje oppover hovudvassdraga. Men dei fyrste busettarane tok bokstaveleg tala dette problemet i eigne hender. Dei bar fisken forbi mange av hindringane. I Gausdal fanst det også eit handfast vitneprov om dette. Då Gerhard Schønning reiste gjennom Gudbrandsdalen i 1775, fekk han kjennskap til at det på garden Li i Gausdal var ein runestein frå rundt år 1100. På denne steinen stod inskripsjonen: "Eilev Alk bar fisk i Rausjøen".^[1] Med dette skaffa nok bonden på Li seg ein særrett til fiske i dette vatnet.

Antal innsjøar av ymse storleik i Oppland. Data frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Storleiksklasser (hektar)	Antal	Areal (hektar)
0,25 - 1,5	7083	4218
1,5 - 10	2499	9507
10 - 100	954	25999
100 - 1 000	154	36488
1 000 - 10 000	15	27939
Over 10 000	2	25138
Totalt	10707	129289


I øvre delar av Gudbrandsdalslågen og Ottavassdraget var det truleg sett ut fisk endå tidlegare.^[2] På garden Mosenden på Lora er det funne to tindar av ein lys-tergaffel. Dei er daterte til det femte hundreåret etter

Kristus.^[3,4] Venteleg var det fisk også i Øvre Otta på den tida, for alt i år 1021 var Tesse i Lom eit verdifullt fiskevatn. Det året fekk Torgeir gamle på Garmo Tesse i gåve av Olav den Heilage, mot at han let seg kristne, og sette opp ei kyrkje på garden sin.^[5] Også i Valdres var det nok fisk i mange vatn i vikingtida, og sikkert lengje før den tid. Ved Loføss i Vestre Slidre er det blant anna funne ein ljostergaffel frå folkevandringstida, frå mellom år 400 og 600 etter Kristus.^[4] På Hande er det registrert to jarnspjut frå same tidsbolken, som truleg har vore delar av ein ljostergaffel.^[6]


I Oppland har fisken opp gjennom tida vore ein viktig ressurs, både i hushaldet og som næringsveg.^[6] Tidlegare vart det fiska i elver og innsjøar med mange slags reiskap. Dei fastståande innstengingsreiskapa er ei stor og variert gruppe. Dei omfatta både sløer, mæler, teiner, ruser, kuper og garnsekk.^[7,8,9] I eldre tid var sløer mykje brukt, og dei blir rekna blant dei eldste fangstinnretningane for fisk i ferskvatn. Tor Ile og Knut Hermundstad, bae markante lokalhistorikarar i kvart sitt dalføre i Oppland, meinte at sløer kunne ha vore brukt langt attende i forhistorisk tid.^[6,10] Dei fyrste skriftege kjeldene om sløer i Valdres og Gudbrandsdalen finn ein i Diplomatarium Norvegicum frå 1300/1400-talet.^[11] I reguleringssona til Tesse i Lom er det funne ei sløe frå tidleg 1600-tal, som må ha stått i Smådøla.^[12] Dette er den eldste kjende sløa her i landet.

Ei nasjonal gransking på 1930-talet viste at Oppland var fylket med flest registrerte sløer.^[7,13] Likevel kom det inn opplysningar om berre 18 sløer frå heile fylket. Denne boka handlar om sløefiske i ymse bygder i Oppland. Formålet er å sjå nærare på kva slags omfang denne reiskapen har hatt i utnyttinga av fiskeressursane i eldre tid.

Kartet viser kor det tidlegare har vore brukt sløer i Sør-Norge, basert på ei nasjonal spørjing i 1936.^[13]



Lokaliseringen av dei enkelte kommunene i Oppland.



Virkemåte og ymse skrift- og uttalemåtar

I eldre skrifter er det ulike tydingar av omgrepet sløer. I slutten av 1700-talet skreiv prost og sokneprest Hiorthøy at Hunderauren vart fanga med sløer i Lågen i Gudbrandsdalen: "saa ogsaa med indrettede Sløer eller Steengsler imellem Klipperne, hvor en Ruse af Vidier bliver sat, i hvilke Fisken igiennem det trange Løb, som med Kunst bygget af Træ og Steen imellem Biergene".^[15]


På same tid skreiv teolog Hans Strøm dette om sløefiske i Eiker: "Et eget Sloe eller her saa kaldet Slæde Fiskerie af Ørret, er og anlagt ved Hagevigen, under et Valdfald omtrent 100 Alen fra EkernVandet. Opgangen til dette Valdfald igiennem Elven er forebygget saaledes, at Ørreten ikke kan tage den lige Vei op, men maae gaae igiennem et andet gandske krumt Løb, hvorimod fra Vandfaldet eller nedden for samme i en lige Linie er bygget en Rende omtrent 1 Favnd bred, som gaaer ned i en Slæde eller af Tømmer sammensat Kiste, som foran har en Aabning for Ørreten at gaae ind, ovenpaa en Luge for at tage den ud, og hvis Stokke ei staae tættre sammen, end at vandet kan spylle ind og ud."^[14]

I 1864 skreiv Ivar Aasen at sløer er "et Slags Kube til Fiskefangst i elver."^[16] Johan Fritzner forklarar ordet slaðastæði slik: "sted, som er skikket, som bruges til der at udlægge eller indrette ruser til fiskefangst i vandfall".^[17] Alf Torp omtaler sløe som ei slags ruse med glidebrett til fiskefangst i elv.^[18] Teolog og navnegranskar Hans Ross skreiv dette: "Slødegard m. Steengjerde (rende) som tvinger vandet ned i Kuben "Sløda" Vald.: Sløe".^[19]


Sløer slik vi ser på dei i dag, er faststående og sjølvfiskande reiskap som vert sett opp i elver og bekkar.^[7,8,11] Dei er vanlegvis bygde som ei slags kasse med langsgående slinder. Såleis ser sløegolv ut som ei grind. Johan Hageløkken frå Øyer delte sløene inn i tre grupper; hussløer, kasseløer og slindsløer.^[20] Han går likevel

ikkje inn på korleis dei enkelte sløetypene var bygde. Hallvor O. Opedal skriv om lokalhistorisk stoff frå Hardanger, og han skil berre mellom kippesløer og faste sløer.^[21] Kippesløene var minst forseggjorde. Dei var sett saman av nokre slinder som låg jamsides langs elvestraumen, med tjukkenden nedlesst med stein. Slindene i toppenden kunne bli lagde på land viss sløene vart plasserte heilt inn til landkanten. Der var slindene lesste ned med torv og stein, som skulle halde dei på plass. Nedst låg slindene lause, og dei kunne difor leggjast med den avstanden ein ynskte. Denne tupa likna noko på det som Hageløkken kalla slindsløer. Slindene i sløegrinda vart lagde med ein avstand på nokre få centimeter. På den måten vart berre den største fisken halden attende, medan vatn, lauv, rask og småfisk vart ført vekk med strau- men og ut att i elva. Sløegrinda låg naturleg med eit fall nedover. Når fisken vart liggjande på slindene, slo han med spolen. Det gjorde at han sprella og glei lengre og lengre inn på sløegrinda. Fisken vart anten liggjande mot ein tverrstokk nedst på sløa, eller ført ned i ei kasse under eller i framkant av sløa. Desse fangstkassene eller kummene stod delvis under vatn. Fisken kunne då halde seg levande over lenger tid, og desse sløene trong ikkje dagleg tilsyn. Dei faste sløene hadde eit tverrstykkje øvst som vart kalla dørstokk. For å hindre at fisken sprella av sløegrinda, var det festa stokkar eller bord på sidene. Både slindene og veggane var festa til dørstokken. I Lom vart denne tverrstokken kalla "huguøket", fortalde Simen Bjørgen. I dei eldste sløene var slindene festa til tverrstokken med trepluggar.

I sløer utan kasse vart fisken liggjande mot tverrstokken i nedkant. Etter som dette var på tørt materiale, døydde fisken etter stutt tid. Denne typen vart difor kalla tørrsløe, fortalde Simen Bjørgen. Ramma eller sløekassa var i dei fleste høve bygt av tømmer eller plank. I Vågå var ei sløekasse frå 1800-talet mura av stein. I seinare år er det jamvel døme på sløekasser i betong. Slindene



Ei prinsippskisse av korleis sløer verkar. Ovanfor sløa var det som regel mura ein sløegard av stein som styrde fisken inn på sløa når han kom rekande med elvestraumen. I denne sløetypa vart fisken ført ned i eit rom under sløa, som delvis står under vatn. Difor heldt fisken som levande over lenger tid.⁹



I Smådøla i Lom vart det lagt vekt på å få til ein god sløedam ovanfor sløene. Då vart mykje av vatnet i elva ført inn på sløene, og det auka sjansane for å få fisk. Her var det brukt tørrsløe, slik at fisken vart liggjande mot tverrstokken (huguøket). Det vart sørga for at fisken hadde gode høve for oppgang på sida av sløa. Etter Simen Bjørgen.

skulle vera beinvaksne og snaukvista. Slindene har ulike namn i ymse bygder. I Vågå vart dei kalla spølved, fortalde Erland Grev.


Gode sløestøer vart ofte lagde nedanfor eit lite fall i elva, eller ein annan stad med god straum.^[7] Det var viktig at hovudstraumen eller mest mogleg av vatnet vart leia inn på sløa. Difor vart det sett opp trakte- eller vifteforma

steinmurar ovanfor sløene. Desse sløegardane skulle føre fisken inn på sløene når han kom rekande med straumen.^[7,8,11,22] Enkelte stader var dei naturlege tilhøva slik at ein trong berre ein mur. Sløegardane kunne stengje av store delar av eit elveløp. Men fisk på oppgang måtte alltid ha fri passasje på ei eller bae sider av elva. I Vang er det døme på at fisken vart ført inn på sløa frå ein større skrådam på den sida som hadde mest vatn, og frå ein mindre skråmur på landsida.^[7,13] I enkelte elver vart sløene sette opp i egne løp, sløeløp. Det hende også at det vart bygt trerenner frå hovudstraumen og inn på sløa.^[10] Tjuveri av fisk frå sløene kunne vera eit problem. Difor utstyrde enkelte sløekassene sine med lås. I nokre tilfelle vart det også bygt egne sløehus, i stein eller tømmer.


Sløer har ymse skrift- og uttalemåtar rundt omkring i landet.^[7] Hans Strøm skreiv i 1784 om "Sløe" eller "Slædefiskeri" av aure.^[14] Ivar Aasen fann ulike skrivemåter i si nasjonale gransking: "Sløda, "Sløe" i Hallingdal, Valdres og Østerdal, "Slo(d)" og "Sleo" i Gudbrandsdalen.^[16] Hans Ross oppgjev også fleire skrivemåtar for sløe, som "slø", med bruk av "Slø'ee" pl. "Slø'i", medan sløekassa vart kalla "Sløda".^[19] I Borgundfjellet i Lærdal i Sogn vart reiskapen kalla "slø".^[23] I Enningdalsvassdraget i Østfold gjekk han under nemninga "sla".^[24] I Eggedal/Sigdal i Buskerud blir ei fiskesløe frå Rauåa kalla slean.^[25] I Valdres er rette målforma "ei slø", "sløé", fleire "sløé" og alle sløidn".^[7] I Gudbrandsdalen er det ein del variasjonar bygdene i mellom med omsyn til skrive- og uttalemåtar av sløe. I Lesja brukte dei ordet "sleu" då nye fiskereglar vart utforma på slutten av 1800-talet.^[26] I Skjåk, Lom og Vågå blir det ikkje brukt andre namn enn "sleo" i eintal, og "sleone" i fleirtal. I Kvikne i Nord-Fron brukte dei nok tildlegare "sliu", og truleg "sliune" i fleital. Nord for Hinøgla er det i alle fall fleire namn som viser dette; Sliubukampen, Sliubulii og Sliufjellet. I Ringebru brukte dei "sleoane" i fleirtal. I Gausdal er "sli" det eldre ordet for sløe, som til dømes i Slivatnet.^[27]

Avstanden mellom slindene i sløebotnen avgjer kor stor fisk sløa kan fange. Ved ein bestemt avstand mellom slindene, er det difor fisken si kroppsbreidde som avgjer om han blir fanga eller ikkje.

I figuren er kroppsbreidde brukt som uttrykk for avstanden mellom slindene (A), og sett i forhold til lengde og vekt på fisken som blir halde attende av sløegrinda. Likningane er:
 $Fiskelengde = 6,4 * A + 108,8$,
 $R^2 = 0,72$, $p < 0,0001$.
 $Fiskevekt = 20,6 * A - 364,8$,
 $R^2 = 0,85$, $p < 0,0001$.
 Dersom det til dømes er 30 millimeter (mm) mellom slindene, blir det berre fanga fisk over ca 30 centimeter, med ei vekt på 275-300 gram. Målingane byggjer på Tøssfisk fanga på garn i oktober 2002 (n=30).





Kva tyder så ordet sløe? Hans Ross trekkjer fram fleire tolkingar.^[19] I grunnmanusskriptet til Norsk Ordbok er dei ymse tydingane attgjevne.^[28] Torp meiner ordet hekk saman med glidebrett i ei ruse, "sløda".^[18] Sløe kan også tyde sovebenk eller brisk. Johan Falkberget skriv blant anna at: "På sløan lå Faste og bet seg i leppene".^[29] Viss sløer har noko med denne tydinga å gjera, må det vera at fisken sperra inne eller blir fanga i ei slags kasse. Johan Hageløkken frå Øyer skriv at sløe kan ha fleire tydingar.^[20,30] Han trekkjer blant anna fram at namnet kan kome av det å slå seg i hel. Dette blir grunngjeve med at namnet liknar på ordet slie, ei truskeslie, som vart brukt til å slå kornet ut av loa med. Hageløkken viser også til at namnet har vore brukt om fiskemåtar, og det har ikkje noko med slag å gjøre. Han trekkjer fram tre alternative forklaringar. Det fyrste er rett og slett namnemisbruk, som det fins fleire døme på i litteraturen. Så er det sloe, som kunne vera greiner som dei batt saman og festa etter lasset når dei køyrde nedover bratte bakkar. Det tredje alternativet er ei slå eller eit stengsel, altså at fisken vart stengt inne. Ut frå fangstprinsippet for sløer, verkar den siste tolkinga mest naturleg.



Det var viktig å finne gode sløestøe, til dømes mellom landkanten og ein holme eller større stein. Teikning av Knut Kringstad.

Sløe frå Eidfjord (1/28 storleik).²¹



Fiskesløe frå Rauåa i Eggedal/Sigdal, som også blir omtala som slean.²⁵ 1: rist av staurar som vatnet går gjennom og fisken spreller seg nedover. 2: glatt bordgolv som vatnet rislar over. 3: Kum med vatn som fisken kan gå i. Kummen var solid tømra, med bordbotn og eit lokk med hengjelås. 4: Steingard som førde fisken inn på sløa. Heile sløa var lesst ned med stein for å sikre ho mot flaum.

Bruken av sløer i dei enkelte kommuner

VANG

I Vang har sløefisket hatt eit stort omfang gjennom lang tid. Totalt er det registrert 57 sløer. Øyloosen og Storåne ved Ryfoss er blant dei mest kjende sløeplassane. Tidlegare var det sett opp sløer ved dei fleste høvelege stader i elver i bygda.^[13] Sløene var ofte tømra, og sløedammen kunne dekkje mest heile elvebreidda. I eldre tid var fleire fiskesløer i Vang utstyrde med ei låsbar kasse.

Fiskereglar

I 1926 innførte Vang ein minsteavstand mellom sløeslindene på 45 millimeter.^[26] Sløene skulle også byggjast slik at fisk som fall gjennom slindene kunne gå uhindra ut

Vangsmjøsa med Grindane i bakgrunnen. Foto: Trygve Hesthagen.




Når dei skulle vekja sløene ved Øyloosen, var det vanleg å bera fisken heim med ein vassela, fortel Sigfred Hovda. Ein gong på 1940-talet såg han sjølv ein kar som hadde vore nedi elva å vekja sløene, og han kom berande med to sinkbøtter fulle av fisk.



att i elva. I 1945 vart det bestemt at sløene ikkje kunne stengje meir enn $\frac{3}{4}$ av elvebreidda, vurdert ut frå middels sommarvassføring.

Tilløpsbekkar til Tyin


Det har vore sløer i minst fem tilløpsbekkar til Tyin. Dette var i Våga (utløpselva frå Trollsjøen), i Breidkvamåne på



Tømra fiskesløe frå Vang. Etter S. Hovda og T. Østbye 2001. Turhandbok. Vang i Valdres.

Breidkvamlandet, i Melvikbekken nord for Tyinstølen, samt i Målnesbekken og Geitrennbekken på austsida av innsjøen. Breidkvamlandet med Trollsjøen strekkjer seg frå Koldedøla til aust for Tya, og ligg i Årdal, i Sogn og Fjordane. Folk i denne bygda kallar Breidkvamane for Smaagelva, fortel Helge Opdal. Buvassbekken er for grunn til at det kunne brukast sløe, ifølgje Ivar A. Opdal.^[31] Det har også vore sløe i bekken ved Tyinholmen, etter det Helge Opdal har høyrte. Fisk frå Tyin kan gå eit godt stykkje opp i denne bekken. Det er også fisk i eit tjern som ligg noko lengre opp.

Det har opp gjennom tida vore mykje strid mellom folk frå Vang og Årdal om fiskerettane og i Tyin i dei ymse tiløpsbekkane på Breidkvamlandet. I 1910 vart det halde



Innsjøar og elver i Vang, der dei ymse sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område.

skjønn i samband med reguleringsplanane for Tyin.^[32] Nokre år seinare vart det ført sak om fiskerettane i Tyin og bekkane på Breidkvamlandet. Motpartane var Årdal kommune og Sygarden Opdal [2/2], Nordigarden Opdal [2/1] og Skogstad [3/1] i Vang. Det fall dom i saka den 15. juli i 1915.^[6,31] Retten slo fast at Årdal åtte Breidkvamlandet med Trollsjøen. Årdølane har difor rett til å fiske i alle bekkar og elver på denne strekninga. Derimot fekk dei ikkje tilkjent fiskerett i Tyin. Fisket i dette store fjellvatnet

Skisse av Tyin med kringliggjande område.³¹



For mange budeier har fisken frå sløene vore både god mat og kjærkomen inntekt.

var rekna som svært verdifullt.^[6] Dette går ikkje minst fram av taksten frå 1910, der fisket vart verdsett til 37 000 kroner. Verdien av fisket i bekkane på Breidkvamlandet kom i tillegg, med 2 000 kroner. I dag ville dette ha vore eit beløp på over to millionar kroner.

Skogstad og Opdalsgardane førde fleire vitne i saka om fiske Tyin, og i bekkane på Breidkvamlandet. Mange kjende til sløefisket heilt attende til 1800-talet. Andreas Øydgarden var godt kjent med fiskestriden både i Tyin, Trollsjøen og i bekkane på Breidkvamlandet. Han kunne fortelje at årdølane hadde øydelagt sløene til vangsgjeldingane. I Våga har truleg Skogstad og Opdalsgardane hatt fire sløer. I tillegg kom sløene til årdølingane. Opdal hadde den øvste sløa i Våga, som stod heilt i osen av Trollsjøen. Den andre sløa stod i midtre delen, og dei to nedste 45 og 95 meter frå utløpet til Tyin. Fleire av sløene i Våga var truleg faste og tømra fram til storflaumen i 1860. Seinare vart sløene bygde slik at dei kunne leggjast på land om hausten. Men ifølgje Ole Olsen Sørbu (f. 1843) hadde det sidan 1881 vore ei fast sløe i Vaagebækken [venteleg Våga]. Ho låg visstnok om lag der det nedste sløestøet var plassert på tidleg 1900-tal. I dei andre bekkane

har sløene truleg alltid vore bygde av enklare vyrke som fiskarane hadde med seg, eller som låg på staden. Desse sløene var mindre, og vart teke ned att utpå hausten.^[6] Det var faste sløegardar til alle sløene.

Gudbrand Andrisson Skattebu (f. ca 1847) var ein ivrig fiskar i dei åra han var hyttestyrar for Den Norske Turistforening ved Tvinnehaugen (1875-99). Fisket leigde han av Sygarden Opdal og Skogstad. Kvar sommar tok han mellom 1 200 og 1 440 kilo fisk, og ein fjerdedel av det på sløer. Rundt 1880 hadde han sett opp ei lita sløe nedst i Våga. Seinare vart ho flytta lengre oppi bekkene. Ifølgje eigarane hadde det tidlegare vore ei fast sløe her. Dei hadde difor oppmoda han om å sette opp att ei ny sløe. Også brukarane på Nordigarden Opdal og Skogstad fiska av og til med sløer i Våga. Gudbrand A. Skattebu opplyste at dette også galdt Geitrennbekken og Målnesbekken. Det vart sikkert brukt sløer i bae bekkane. Anders O. Skattebu (f. 1869) var eit anna vitne. På den tida arbeidde han hjå Helge Opdal, men hadde tidlegare vore rorskar på Tvinnehaugen og Tyinholmen i 17 år. Han hadde for det meste fiska med garn i Tyin, men også brukt sløe i Våga. Det meste han hadde fått på ein gong på sløe var 15 fiskar. På den tida gav sløene mykje stor fisk, og det var ikkje uvanleg å få 4-5 merkingar.

Ivar Asgrimsson Opdal (f. 1831) var eit sentralt vitne. Han var brukar på Nordigarden Opdal i åra 1853-75. Fiskeretten i Tyin og i ymse bekkar var no ein del av livaueren hans. Han hadde brukt sløer og lyster i bekkane, og garn i Tyin. No fiska han som regel 14 dagar i året, og hadde då oftast med seg anten Lars Sveji eller Andreas Øydgarden (f. 1849). Han åtte sløa på utløpet av Trollsjøen i Våga. I 1860 tok flaumen denne sløa. Den gamle tømra sløa her var i drift heile året.^[6] Når ho skulle tømast for fisk, måtte dei fyrst føre vekk vatnet. Dette var ei uvanleg god sløe, med eit utbytte på opp til 70 kilo i veka. Opdal bygde seinare ny sløe i Vågå, men truleg

ikkje i tømmer. Andreas Øydgarden var medhjelpar i dette arbeidet. Tidleg på 1900-talet var denne sløa visstnok gammal og skarve. Knut Andersson Kvismo (f. 1820) hadde ei av sløene nedst i Våga. Han hadde vore ein ivrig fiskar gjennom heile livet. I åra 1860-96 hadde han fiska i 12 somrar, og oftast 7-8 veker kvart år. I Breidkvamåne hadde det vore tre sløer, ifølgje Ivar A. Opdal. Sjølv åtte han den eine, som han hadde brukt i 13-14 somrar i åra 1878-98.

Årdølane har opp gjennom tida teke mykje fisk på sløer i Våga.^[33] I samband med rettsaka i 1915 stilte dei med rundt 50 vitne.^[31] Dei kunne gjera greie for fiske i ein tidsbolk på nærare 100 år, frå 1812 til 1910. Då hadde dei sjølve, eller slektningar av dei, fiska i ymse elver og bekkar på Breidkvamlandet. Dei hadde brukt både garn, lyster, stong, sløe og skytevåpen. Eivind Torstensen Hjelle (f. 1820) hadde fiska mykje i bekkane på Breidkvamlandet frå rundt 1840 og utover. Han brukte ofte lyster i elvemunningane, men tok også fisk med sløe. Thor Johannesen Øvstun (f. 1833) hadde fiska her i dei fleste åra mellom 1845 og 1879. Anten stakk han fisken med kniv, eller så brukte han sløe. Hermund Haaversen Øvsthun (f. 1847) hadde fiska om hausten frå 1859 og utover, både med lyster og sløe. Haaver Knutsen Midthun (f. 1843) var ein annan kar som i åra 1870-92 hadde fiska mykje på Breidkvamlandet. Han skaut, stakk eller tok fisken med sløe. Det var fleire frå Årdal som hadde sløe i Våga. Nils Anfinsen Vetti hadde sjølv drive sløefiske her i heile 30 år, frå 1882 til 1912. Det same gjorde Søren Eldegard i 1890, og Ole O. Dalaker i åra 1891-94. Ole Eivindsen Hjelle brukte sløe nedst i Våga i åra 1891-93. Det same gjorde Ingebrigt P. Fosse, Anfin N. Vetti, Søren E. Midthun og Peder M. Volddal. Det vart sagt at i 1909 og 1910 tømde Anders Haaversen Midthun sløene både i Våga og Breikvamåne (Smaagelva).

*Austre delen av Bygdin med Vinsteråne.
Foto: Syver E. Sunde.*

Hydøla

I Hydøla (Hydalsåne) har det vore fire sløer, ifølgje Johannes J. Bøe.^[34] To av dei stod ved Øy'n; ei rett ovanfor Greinevaet og den andre noko lengre nedi elva. Vidare stod det ei sløe nedanfor Øvre Størra og ei mellom bak-evja og Øvre Størra. Den siste sløa var borte før Johannes J. Bøe levde (1888-1973). Det er fortalt at denne sløa tilhørde oppsittarar på Øyno. Dei andre sløene var borte før slutten av 1960-talet. Sløene i Hydøla hadde lett for å bli øydelagde i vårflaumen, og Johannes J. Bøe deltok sjølv i vølinga. Elles var det helst Trond Thune på Øyno som hadde tilsynet med desse sløene. Då han vart gammal og ingen til å overta arbeidet, vart det slutt på sløefiske i Hydøla. Han døydde i 1961, så dette var nok på slutten av 1950-talet. Hydøla har samløp med Smådøla sør for Øymannseter. Men Thomas Katevoll kjenner ikkje til at det har vore sløer i denne elva.

Tilløpsbekkar til Bygdin

Det har også vore fiska i Sløtabekken, truleg med sløe. Dette opplyste Gudbrand A. Skattebu i samband med saka om fiske i Tyin og Breidkvamlandet i 1915.^[31] Sløtabekken er utløpsbekken frå Sløtjærn, som renn nedi Bygdin ved Eidsbugarden.



Vølåne (Vøla) - utløpselva frå Vølodalstjedne

I Vølåne var det minst to som dreiv sløefiske tidleg på 1900-talet. Ein av dei var Andris på Pynte'.^[6] Det fyrste Andris gjorde når han kom til fjells, var å sette opp sløa si. Han hadde med seg nokre staurar til sløebotn, og på sidene mura han ein dam. Andris fekk overlag med fisk også, som han ofte hadde med seg heim. Sløeretten leigde han sikkert av ein av Strandgardane [10/1, 10/2, eller 10/3] eller Kasa [9/1]. Også finnen Nils Kant hadde sløe i Vølåne, etter det Helge Opdal fortalde i 1921. Han tok visstnok mykje grov fisk på sløa si utover hausten. Det var nok gytefisk som hadde gått opp frå Bygdin. Også Helge Nilsen Thune kunne fortelja at denne karen hadde sløe i Vølåne.^[35] Thune var lensmann i Vang på den tida. Andris Andrisson Løkje fortalde at i ungdomen fiska både han og andre villreinskyttarar med sløe i Vølåne. Sigfred Hovda fortel at dette var son til Andris på Pynte'. Han og Berit hadde to søner, og bae heitte dei Andris.



Den eldste gifta seg med enkja på Løkje, og den andre med yngste dotter hennar. På den måten sørgde den eldste for den yngste!

Seksisbekken mellom Seksin og Bygdin

I Seksisbekken er sløefiske kjent frå siste del av 1800-talet. Det er kjennskap til to sløer i denne bekken; i Seksinosen og nær utløpet til Bygdin. I byrjinga var det gardar i Lykkja som åtte bae desse sløene. Dette kom av grenda då var ein del av Vang kommune. I 1882 vart ho lagt under Øystre Slidre. Gardane i Lykkja har framleis ein del eigedomar i dette fjellområdet, saman med bruk i Vang. Det gjeld både Raudfjorden sameige og Seksin.

Så langt attende i tid som oss veit, så var det Sørre Lykkja [1/2] som åtte den øvste sløa. I 1891 vart Ola G. Lykken meldt for ulovleg fiske i Seksin, fortel Nils J. Lykken. Saka enda med at garden fekk medhald om fiskerett i vatnet. Men før den tid forfall sløa deira meir og meir. Til slutt gjekk ho heilt ut av bruk. Dette hadde nok samanheng

Nils J. Lykken (venstre) og Ole Aastad Bråten arbeider med den nye sløa i Seksisbekken hausten 2008. Foto: Knut Aastad Bråten.



med at sløa låg langt til fjells, og difor vart tilsynsarbeidet krevjande. Vi kjenner ikkje til når sløa ved utløpet til Bygdin vart bygt. Men Nils J. Lykken ser ikkje bort frå at det kunne vera i 1869. Det året bygde nemleg Knut Lykken opp Raudfjordheim. På slutten av 1800-talet var det i alle fall dei som åtte denne sløa. Å ha ei sløe for ein hotelleigar var ein lettvinnt og praktisk måte å skaffe seg mat til gjestane på. I ei periode var heller ikkje denne sløa i drift. Men då vangsgjeldingen Kristoffer Dæhli bygde Bygdisheim hotell i 1898, sette han i stand bae sløene i Seksisbekken, fortel Nils J. Lykken. Etter det har dei tilhøyrt eigarane av denne eignedomen.^[8] Dæhli var godt kjent med Seksin, for han var ofte med på fisket her som smågut. Dæhli var fødd i 1864, så dette måtte ha vore på 1870-talet.

Dei fyrste kjende sløene i Seksisbekken var mindre enn dei som vart sett opp seinare. Dei var heller ikkje utstyrde

med fangstkasse (tro). Fisken vart difor liggjande mot tverrstocken på botnslindene, og låg dermed ikkje særleg lengje før han råtna. Sløene i Seksisbekken har opp gjennom tida vore vøla fleire gonger. Den siste gongen var like etter siste verdskrig. Dei nyaste sløene vart også utstyrde med fangstkasse. Sløa nedst i bekken var 2,8 meter lang, og med breidder øvst og nedst på 0,70 og 0,84 meter.^[7] Ho var tømra av to omfars plank. Troa vart gjort som eit ekstra tredje omfar under sløa. Ingvar Robøle fortel at han alt på slutten av 1960-talet var med å vekja sløene i Seksisbekken. I så måte har Robøle halde familietradisjonane i hevd, for han er oldebarnet til Kristoffer Dæhli. Eit problem med den nedste sløa i Seksisbekken har vore at det ofte var så lite vatn i bekken at fisken hadde vanskar med å ta seg opp.^[8] Sløefangstane har aldri var særleg store. Men dei fekk som regel alltid fisk, fortel Ingvar Robøle. Etter det han kjenner til, har sløene i Seksisbekken berre vore brukte om sommaren.



Ei av sløene i Seksisbekken fotografert på 1970-talet. Den eine "greina" av sløegarden er ein holme. Sjå det brusande vatnet som renn ut under sløa. Taket på sløa var den gong delvis borte på grunn av hærverk. Foto: Reidar Bakken.⁸



Bygdin er med eit areal på 46 km² den største innsjøen i Jotunheimen. Foto: Ola Hegge.

På 1970-talet vart sløene i Seksisbekken utsette for hærverk. Mellom anna vart noko av taket på den nedste sløa fjerna. Rundt 1980 vart ho i tillegg øydelagt av flaum, og har sidan vore ut av drift. På den tida vøla Ingvar Robøle den øvste sløa, og ho vart etter det brukt fram til tidleg 1990-tal. Men då forfall ho gradvis, og vart nesten heilt øydelagt. Hausten 2008 byrja Valdres historielag og Valdresmusea arbeidet med å sette opp att ei ny sløe ved osen av Seksin.^[36] Initiativet kom frå Ingvar Robøle, medan arbeidet vart leia av Nils J. Lykken og Valdresmusea. Sløa vart lafta på garden hjå Nils J. Lykken. Deretter vart ho frakta med båt over Bygdin, og


så boren på plass. Sløkassa består av fire grunnstokkar, og dei kviler på enkle munnstokkar. I tillegg er det to laftekvarv under desse stokkane. Inngangen til sløa er stengt, og ho kan difor ikkje fange fisk.

Vinsteråne mellom Bygdin og Vinstri

I Vinsteråne har det stått minst seks sløer. To av desse sløene tilhørde Sørre Lykkja [1/2], medan Grønolen [2/10], Nørre Beito eller Beitomarken [2/6] og Grønolen [2/1] hadde ei kvar. Den øvste sløa låg i Hålien sameige, og dei fem andre i Raudfjorden sameige, fortel Nils J. Lykken. Etter eit forlik vart sameiget delt i 15 hovudbruk, med ti stykk frå Vang og fem stykk frå Øystre Slidre. Sørre Lykkja hadde sameigerett til sløene sine, medan Grønolengardane og Nørre Beito berre hadde bruksrett. Grønolengardane hadde kvar si sløe, for på slutten av 1800-talet vart hovudbruket delt mellom to brør. Dette var Øystein Ø. Grønolen [2/1] og Andris Ø. Grønolen [2/10], fortel Nils J. Lykken. Ingvar Ø. Grønolen trur helst at sløene til dei to gardane vart brukte i fellesskap. Han er no 85 år gammal, og den eldste attlevande i slekta.

I 1917 vart det reist sak mot Peder A. Hålien og Johs. O. Hålien fordi dei hadde bygt veg over annan manns eigedom aust for Vinsteråne. På nordenden av Vinstri hadde dei delvis også ført opp både naust og nokre andre hus.^[37] Under synfaringa vart sløene merka av på eit kart.

Plasseringa av fem av dei seks sløene i Vinsteråne etter ei synfaring i 1917. Sløene tilhørde John Robøle (punkt 4), Sørre Lykkja [1/2], som låg eit stykkje nedanfor punkt 4 (ikkje avmerka), Grønolen [2/10] (punkt 5), Sørre Lykkja [1/2] (punkt 6), Beitomarken [2/6] (punkt 7) og Grønolen [2/1] (punkt 8). Kartet vart lagt fram for Oslo tingrett den 23. november 1925.³⁷



Den øvste sløa låg på nordsida av elva, om lag 300 meter nedanfor nybrua over Vinsteråne. Det var John Robøle som brukte denne sløa tidleg på 1900-talet. Dette var nok fordi han hadde bygt Fagerstrand hotell i 1897.^[38] John Robøle var bror til Kristoffer Dæhli, som året etter bygde Bygdisheim hotell.^[39] Så låg det ei sløe litt lengre nedi elva, som tilhøyrde Sørre Lykkja. Ho hadde vore i bruk inntil nyleg, ifølgje Knut G. Lykken, Knut K. Bergheim d. e. og Knut K. Beito d.e. Sløa er merkeleg nok ikkje registrert på kartet.

Om lag 700 meter nedanfor nybrua påviste John Lien eit sløestøe på sørsida av elva. Denne sløa hadde tilhøyrert Grønolen [2/10]. Dette kunne både Knut G. Lykken og Johannes Sørbo stadfeste. I 1930 opplyste Andris Østensen Grønolen at denne sløa var sett opp rundt 1870, av broren Øystein Ø. Grønolen og Andris A. Beitohaugen.^[37] Han såg sjølv sløa den hausten ho vart bygt. Ho var berre brukt fram til 1880-åra. Då hadde far hans bygt ei større sløe på same plassen. Ole K. Lykken hadde ei anna meining om eigedomstilhøva til denne sløa. I 1931 fortalte Ole Gulbrandsen Lykken at det var bror hans som hadde sett ho opp.^[37] Han heitte Anders Gulbrandsen, og rundt 1880 gifta han seg til Røinesrødningen. Ole K.

Lykken meinte at Øystein Andersen Grønolen hadde "bemektiget" seg denne sløa etter at Anders hadde reist frå heimgarden. På sørsida og ytterlegare 50 meter lengre ned, hadde Sørre Lykkja [1/2] ei anna sløe. Ho hadde gått ut av bruk i 1911-12, kunne Knut G. Lykken fortelje. Også Knut Beito, John Lien og Johannes Sørbo gjekk god for dette.

Sløa til Nørre Beito (Beitomarken) låg ikring 600 meter frå Vinstri, ifølgje Knut K. Beito. Han var tidlegare eigar av denne garden. I 1917 vart det opplyst at restane etter Beitosløa hadde vore synleg like til det siste. Både Johannes Sørbo, John Lien og Knut K. Lykken hugsar ho godt. Ifølgje Ole K. Lykken så hadde Knut K. Beitomarken d.e. sett opp denne sløa i 1882-83.^[37] Men Ole K. Lykken meinte at Beitomarken ikkje hadde retten på si side. Denne sløa vart visstnok berre halde ved like i nokre år, inntil dei byrja arbeidet med ny veg. Den nedste sløa til Grønolen [2/1] låg på sørsida av elva, om lag 300 meter frå innløpet til Vinstri. Skjønnsmennene kunne sjølv sjå at ho framleis var i bruk under synfaringa i 1917. Andris Østensen Grønolen opplyste at far hans hadde bygt den nedste sløa på 1880-talet.^[37]

*Vinsteråne og dammen på utløpet av Bygdin fotografert på midten av 1930-talet.
Foto: Syver E. Sunde.*



Sløene i Vinsteråne var store og kraftige byggverk, fordi dei måtte tåle mykje vatn. Dei var tømra og over tre meter lange, etter det Nils J. Lykken har høyrte. Alle sløene vart øydelagde som følge av Bygdinreguleringa. Ved skjønnet i 1931 vart vederlaget for tapt sløefiske fastsett til meir enn tapet av anna fiske i Vinsteråne. Det må difor ha vore eit verdifullt sløefiske i denne elva. Ikkje merkeleg at kårfolka på gardane ofte tok unna retten til å vekja sløene i Vinsteråne.^[7]

Oleåne og Sleipa mellom Olefjorden og Fleinsendin

I Oleåne var det fem sløer i drift fram til Olefjorden vart regulert frå og med tappesesongen 1953/54.^[40] I øvste delen av Oleåne var det gardar med støl på Åtjernstølen som hadde sløeretten. Eigarane den gongen var Torgeir Høverstad [63/1], Gunnar A. Gjevne [75/1], Boye O. Wangensteen [Fygle 73/1], Anders Belsheim [83/2] og Ole O. Stølen [Remmesstølen 65/3 & 65/4]. Den siste sløa låg like ovanfor Åtjernstølen. Då Jon Remme tok seg livauere i 1855, inngjekk òg halvparten av ei fiskesløe.^[41] Dette var truleg sløa deira i Oleåne, men garden kunne også ha hatt sløe i Remmesåne ved heimgarden. Tidlegare var det eit felles fiske i Oleåne blant ni grunneigarar, frå Augunstein til innfallsoset i Åtjernet.

Olefjorden vart i 1953 regulert, og auren i innsjøen kunne ikkje lenger gå ned i Oleåne på gytevandring. Foto: Trygve Hesthagen.



I Sleipa mellom Åtjernet og Fleinsendin var det Hensbakkin eller Bøkkadn [70/2] som hadde sløe. Ola N. Wangensteen var eigaren på 1950-talet. Sløefisket i Sleipun kan gå langt attende i tid. Då Knut E. Heen overlét garden til sonen Eivind i 1845, var sløa ein del av livaueren.^[41] Denne garden har støl på Sleipestølen.

Rauddøla

I Rauddøla har det vore eit vidfemnande sløefiske, som i alle fall strekkjer seg attende til 1700-talet (s. 46). Her hadde gardar både i Vang og Øystre Slidre sløer her fram til 1940/1950-talet. I Vang galdt dette Nørre Heen [70/1] og Kjøs [94/3]. I samband med reguleringa på 1950-talet, gjorde Søndre Kjølre [92/1] og Nordre Kjølre [92/2] krav på ei felles sløerett.^[40] Men dei fekk ikkje medhald av skjønnsretten. Det er såleis usikkert om dei to gardane nokon gong har hatt eigne sløer i Rauddøla. Vi kjenner elles til 11 sløestøer, som tilhørte gardar i Lykkja og Beito, Øystre Slidre (s. 43).

Sløa til Nørre Heen stod ved brua rett nedanfor Hensrauddalen. Dette er i nærleiken av stølen deira, fortel Sigfred Hovda. Sløa var 4-5 meter lang, og nedlesst med svære steinblokkar for å sikre ho mot flaum.

Flensendin. Foto: Trygve Hesthagen.



I 1951 opplyste Torstein Heen at sløa hans hadde vore i drift fram til fyrste del av siste verdskrig.^[42] Då inn-
gjekk han ei avtale med Vang kommune om eit vederlag på 2500 kroner den dagen det vart sleppt vatn gjennom Kalvedalen. I dag ville dette ha vore eit beløp på rundt 36 000 kroner. På slutten av 1940-talet låg det berre att noko restar etter Heensløa, fortel Sigfred Hovda. Derimot er sløegarden framleis godt synleg. Han dekte om lag halve elvebreidda. Kjössløa låg berre eit lite stykkje frå stølen deira i Kjosarauddalen. Denne sløa var ikkje brukt tidleg på 1900-talet, for i 1930-åra sette Andris T. Kjøs ho i stand att.^[43] Øystein Kjøs fortel at då han fiska i elva som smågut rundt 1950, var Kjössløa nokså forfallen. Truleg hadde ho ikkje vore i bruk etter siste verdskrig. I 1951 opplyste Andris Kjøs at sløa hans hadde gjeve eit årleg utbytte på 20-25 kilo.^[42] Dette måtte altså ha vore frå tidleg på 1930-talet og nokre år framover. Sløene til Heen og Kjøs vart sikkert brukte utover hausten, for det var nok av karar på gardane som kunne liggje på stølen og passe dei. Etter at Rauddøla vart regulert, vart det svært lite vatn der Heensløa hadde stått.

Søndre og Nordre Kjølre gjorde altså krav på ein felles sløerett i Rauddøla.^[40] Men det er idag ingen som kjenner til at dei to gardane har hatt sløe i elva. Retten kan ha vore i Kjössløa, meiner Øystein Kjøs. Kjosarauddalen var sameige fram til 1892, då området vart utskifta til private teigar. Dersom Kjössløa var bygt før denne utskiftinga, var ho mest truleg felleseige for alle gardane. Det kunne også ha vore slik om det var fleire sløer i bruk på den tida. Dersom Kjössløa var eldre enn frå 1892, kunne det vera tilfeldig at ho vart liggjande på teigen til Kjøs [94/3]. Setereigarane på Vangsida av Rauddøla kan også ha hatt felles sløer. Dette var i alle fall tilfelle med Lykkjegardane på den andre sida av elva (s. 46). Vi veit ikkje om det fanst både private og felles sløer i Rauddøla før 1892. Seinare vart sløene sette opp på teigen til den enkelte grunneigar.




I Vang har sløefiske opp gjennom tida vore ein verdifull ressurs for mange.

Utløpet av Otrøvatnet

På utløpet av Otrøvatnet har Nystøga [1/1] hatt sløe gjennom lang tid.^[6,7,44] Saman med Tenla var dette viktigaste gyteplassen for auren i Otrøvatnet. Ho gav såleis eit godt utbytte om hausten. Nystøga åtte både vatnet og elvestrekninga ned til Søla ved vegen til Gamlestøga seter. Nystøgosløa er omtala på slutten av 1800-talet, men ho har sikkert vore i bruk lengje før den tid. Andreas Ødegård hugsa godt Nystøgosløa, og at ho var utstyrt med ei vasskasse. På det meste gav sløa så store fangstar at dei måtte ha hest og kjerre for å frakte fisken til gards, fortalde Andris Kjærstein.^[45] Den største fangsten på ei



Sløa som stod i utløpet av Otrøvatnet fram til reguleringa våren 1959. Ho står nå i Ulvedalen, Valdres Folkemuseum. Fotografert av Reidar Bakken på 1970-talet.⁷



Plasseringa av sløene til Brekke (1 og 3) og Kvame (2) på elvestrekninga mellom Strøndafjorden og Kvamsfjorden.

natt skal visstnok ha vore 117 store fiskar.^[44] Dette kan ha vore ein vårdag på 1890-talet. I alle fall vart det teke ei stor fangst i Nystøgosløa på den tida.^[46] Ein trur at noko av denne fisken var sett ut øvst i Otrøvatnet hausten før. Det var visstnok utover våren at sløa på osen av Otrøvatnet gav størst utbytte.^[6]

På 1950-talet vart den årlege fangsten i Otrøvatnet rekna til 600-650 kilo.^[47] Knut Nystuen hadde ingen sikre opplysingar om det årvisse utbyttet på sløa si. Han trudde likevel at det kunne vera 50-100 kilo. Gudbrand Opdal er godt kjent med denne sløa. Han er syskenbarn til Knut Nystuen, og var fleire gonger med å vekja sløa hans. Han hugsar at dei kunne få overlag med fisk. I 1959 var Utrøvatnet regulert, og den siste sløefangsten den våren var 20 fiskar. Nystøgosløa vart gjeve til Valdres Folkemuseum, der ho vart sett opp att ovanfor kvernhusa i Ulvedalen.^[44,46]


Begna Flogstrandtjødn og Strøndafjorden

På strekninga mellom Flogstrandtjødn og Strøndafjorden har det vore minst to sløer. Det har stått ei sløe rett

nedanfor Opdal, fortel Helge Opdal. Det var truleg ein av Opdalgardane som åtte denne sløa. Nedanfor Sårbu har det også stått ei sløe, og ho har vore kjent i manns minne.^[6] Kan hende hadde båe Opdalgardane og Skogstad kvar i sløer i Begna. Det er nok lengje sidan det har vore brukt sløer på denne elvestrekninga. I alle fall har ikkje Helge Opdal kjennskap til når dei gjekk ut av bruk.

Elva mellom Strøndafjorden og Kvamsfjorden (Vangsmjøse)

Brekke [16/1] hadde sløe på austsida av utløpselva frå Strøndafjorden. Det er nok lengje sidan denne sløa gjekk ut av bruk. I Kvamsosen (Eidsåne) hadde Kvame [11/1] og Brekke [16/1] kvar si sløe.^[6] Kvamesløa låg på vestsida av elva, nedanfor det gamle kvernhuset og øya der. Ho gav visst eit godt utbytte i si tid. Då Anfinn Kvame skilde ut Eidslund i 1913, var sløeretten i Eidsåne ein del av livaueren.^[48] Brekkesløa stod inntil Brekkelandet, ikkje langt frå utfallsosen til Kvamsfjorden. Denne sløa var bygt i grovt tømmer, og difor eit solid byggverk. Då Jon Trondsson Brekke førde garden over på sonen Andris i 1834, var ein fjordedel av fisket i "nerre sløa" ein del av



Storåne med garden Rogn i bakgrunnen fotografert av Wilse i 1902. Det var brukt sløe i elva nedanfor garden, og plassen er merka av. Det er usikkert om ho framleis var i drift på den tida. Mølle og sagbruk som ein ser til høgre i biletet, var i bruk fram til utpå 1920-talet. Bilete og opplysningar er gjeve av Nils Rogn.

livauren.^[48] Brekke rekna difor truleg sløa på utløpet av Strøndafjorden som den øvste. Sløene i Kvamsosen vart øydelagde i samband med at Eidsfoss II vart bygt i 1953. Dei gjekk visstnok ut av bruk noko tidlegare.

Drøsja

Nordre Leirhol [62/1] har ei sløe her som har vore i bruk inntil nyleg. Det er Jon Lerhol som fortel dette. Sløa ligg om lag 150 meter frå utløpet av Vangsmjøse, litt nedanfor der vestre og austre elvegrein renn saman. Drøsja er rekna som ein av dei beste gytebekkane rundt Vangsmjøse. Auren har ei gytestrekning på om lag 300 meter i Drøsja. Vi kjenner ikkje til kor lengje det har vore brukt sløe i Drøsja. Jon Lerhol d.e. brukte i alle fall sløe i den tida han dreiv garden tidleg på 1900-talet. Den nåverande sløe er bygt i plank, og er 1,7 meter lang og 0,6 meter brei. I framkant har ho ei fangstkasse, med eit djup på 17 centimeter og breidde på 25 centimeter. Den sløa som stod her før det, vart vøla av Jon Lerhol på slutten av 1960-talet. Ho vart også mykje brukt av dei neste brukarane på garden; Knut og Olga Lerhol. Fyrst på 1980-talet utstyrde Knut Lerhol sløa si med nye botnspiler.


Leirholsløa har gjeve eit godt utbytte opp gjennom tida. Ho vart som regel tømt både morgon og kveld, og eit utbytte på 15-20 fiskar i døgnet var ikkje uvanleg. Sløa var i drift frå tidleg på sommaren og til langt utpå hausten. Ho var vanlegvis stengt i ei tid på sommaren. Fisken brukte dei i hushaldet på garden. I juli 1988 vart sløa øydelagt av flaum, men dei sette opp att ei liknande sløe noko seinare. I 1993 vart også ho teke av flaum, men tre år seinare hadde Jon Lerhol ei ny sløe på plass. Våren 2008 vart Lerholsløa nok ein gong skada av flaum, og sidan har ho ikkje vore i bruk. I seinare år er det gjort ein del flaumsikringsarbeid i Drøsja. Dette har endra både elvefåret og straumtilhøva.

Jon Lerhol ved sida av sløa si i Drøsja sommaren 2010.

Foto: Trygve Hesthagen.

Hemsingbekken

I Hemsingbekken vart det drive sløefiske då Nils Igdun kjøpte Sørre Hemsing [67/1] i 1878. Johan Havro fortel at sløa stod om lag 80 meter frå utløpet til Vangsmjøse. Ho vart nytta heile sommaren og til langt utpå hausten. Men det var nok gytefisken som utgjorde størstedelen



*Tørrsnittet av Lerholsløa.
Etter ei skisse av Jon Lerhol.*



av utbyttet. Sløa i Hemsingbekken har opp gjennom tida vore til stor verdi for eigarane av Sørre Hemsing. Sigrud Hemsing fortalde at det var mange munnar å mette på garden då far hennar overtok drifta. Heile 18 personar med smått og stort. Då var det ofte fisk frå sløa som berga dei. I eldre tid kunne Hemsingsløa gje eit spann i utbytte på eit døgn, fortel Arne Nefstad. Det tilsvarer om lag 15 kilo. Normann Hemsing selde noko av fangsten som rakfisk. Han brukte å jage fisken inn på sløa, fortel Johan Havro. På 1950/60-talet var han sjølv ofte med onkelen sin på dette fisket. Sløa i Hemsingbekken var i bruk til ut på 1970-talet. Den eldste sløa var tømra, men seinare vart ho vøla med anna trevyrke. Ho var to til tre meter lang, og knappe ein meter brei. Sløa var utan fangstkasse, så fisken vart liggjande mot tverrstokken. Etter freddinga om hausten kunne sløa ofte gå full av lauv. For å unngå at fisken vart liggjande og bli øydelagt, tok dei ut eit par botnslinder. Etter reguleringa av Vangsmjøse fyrst på 1960-talet, avtok mengda med fisk i Hemsingbekken. Dette kom blant anna av at fisken fekk vanskar med å ta seg opp i bekken, fortel Johan Havro. I seinare år har bekken grave ut mørbakken rett utanfor utløpet i den tida Vangsmjøse vert tappa ned. Utløpet ut mot innsjøen har difor vorte mykje djupare enn tidlegare, og er delvis øydelagt. Framleis kan ein sjå restar etter Hemsingsløa.

Hensåne

I Hensåne har Nordsveen [69/1] hatt sløe frå eldre tid.^[41] Ho vart omtala som Nørsvinssløa, etter den gamle skrivemåten på garden. Ovanfor sløa var det mura ein kraftig sløegard, med ein trong passasje berre på eine sida av elvefåret. Ole Nordsveen var den siste som brukte sløe i Hensåne. Dette var fram til tidleg på 1930-talet. Anders Nordsveen fortel at sløa ikkje lenger var i bruk då han vart konfirmert i 1934. Nørsvinssløa var 5-6 meter lang og 1,5 meter brei, og i forkant var ho utstyrt med ei luke der fisken vart teke ut. Sløa var brukt frå tidleg på våren og til langt utpå hausten. Ho vart til vanleg tømt kvar

morgon. Gytefisk frå Vangsmjøse utgjorde det meste av fangsten. Vanleg storleik på fisken var mellom ein kvart og ein halv kilo. Det var heller ikkje uvanleg å få ein og annan fisk på tre merker. På Nordsveen vart det meste av fisken frå sløa nytta fersk, men på hausten vart ikring 20-25 kilo lagt til raking. Før i tida vart fisken sett på som ei kjærkome avveksling til all kjøtmaten, fortel Anders Nordsveen. Etter at Ole Nordsveen slutta med sløefisket i Hensåne, tok han i staden i bruk ei nettingteine i sløestøet. Dette var ein effektiv reiskap, med døgnfangstar på opp mot 40 fiskar. Reguleringa av Vangsmjøse førde til at sløestøet i Hensåne vart neddemt. Då elva seinare vart flaumsikra, forsvann dei siste restane etter Nørsvinssløa, fortel Eva Kassel.


Rysna

I Rysna har det truleg vore brukt sløe.^[8] I alle fall hadde Bakkin [77/1] i Liagardo sløe ein plass, og Rysna renn i nærleiken av garden. Vi veit ikkje når sløa vart lagt ned, men Anders Bakken brukte ho i alle fall rundt 1900. Dette var ei større sløetype, som smågutane krabba nedi for så å kaste opp fisken. Sløene i Rysna vert omtala i fleirtal, noko som tyder på at fleire gardar hadde sløer.

Utløpet av Vangsmjøse - Øyloosen


I Øyloosen skal det i eldre tid ha vore fem sløer.^[48,49] Øylo [54/1] åtte truleg fire av desse sløene, og Øyo^[83/3] den siste. Dei to gardane er grunneigarar på sør- (vest) og nordsida (aust) av Storåne. Belsheim åtte tidlegare både Øyo (Tømmermyre) og Øyesløa.^[6] Frå gammalt låg Øyosløa til Øyadn (Øyo) av Belsheim, og det er altså denne plassen som har gjeve sløa namn.^[41] På slutten av 1800-talet selde Øyo si sløe til Øylo. Det er ukjent om alle dei fem sløene nokon gong har vore nytta til same tid. Øylosløene vart særskilt skyldsett for 0,84 skyldmark, og Øyosløe av Belsheim [89] for 0,16 skyldmark.^[48]

Tidleg på 1700-talet var det truleg to sløer i Øyloosen, og båe tilhørte Belsheim.^[41] I 1732 overlét Embrik Olsson Belsheim på Nordigarden [83/1] ein plass til Endre Tomasson "kaldet Temer Myren, med tilhørende liden fiskesløe". Avtala skulle gjelde for ei periode på 21 år, med ein kostnad på 80 riksdalar. Temer Myren var eit eldre namn på Øyo, fortel Sigfred Hovda. Rundt 1740 panta Embrikt Olsson Belsheim bort Øyo til Torleiv Olsson; "husvære tilhørende Belsheim". Prisen var framleis 80 riksdalar. Det følgde også med ei fiskesløe på denne handelen. Truleg er det ei av desse sløene som seinare blir omtala som Øyosløa.



Utsnitt frå Hænsåsen kapellsogn i Vang, der kjende gardsnamn i samband med sløefisket i Øyloosen er merka av: Øylo, Øyo, Belsheim og Jevne. Frå: Valdres Bygdebok II.

Sløegard og delar av botnen i ei av sløene som stod i Øyloosen. Dette er truleg siste rest av eit unikt kulturminne. Legg merke til sløegarden og veita på øversida av sløa. Denne skulle gjere det lettare å få fisken til å gå inn i sløa. Foto: Ivar Hagerup.



Sløene i Øyloosen vart i eldre tid rekna som svære matkammer. Når sløene skulle vekjast, tok dei gjerne med seg eit par vasspann som dei bar med ein vassela.^[6] Ofte vart båe spanna fylde med fisk. Den dagen skjønnsretten var på synfaring i Øyloosen for å fastsette vederlaget for tapt sløefiske, var utbyttet heile 70 kilo. Det er Endre Rogn som fortel dette. Sjølv om sløene sikkert ikkje var tømde på nokre dagar, var det likevel ei stor fangst. Øylosløene har opp gjennom tida vore ein stor verdi for garden, fortel Kjell Arne Hagerup. Ikkje minst var dette tilfelle i den tida garden dreiv gjestgiveri. Denne verksemda starta opp alt tidleg på 1800-talet. Men frå 1870-åra og utover var turistferdsel gjennom Vang særleg stor.^[41] Det har også vore teke mykje stor fisk på sløene i Øyloosen. Andris O. Øyo fekk ein gong ein aure som vog heile 11 merker.^[6]

I 1765 fekk Ola Embrikson Belsheim (Øyo) odelsretten til nordre Belsheim, men valde i staden Øyo og Øyosløa.^[6] Seinare kom han i økonomiske vanskar, og måtte låne 60 spesidalar av bonden på Jøvnne. I dag ville dette ha vore eit beløp på rundt 55 000 kroner. I rente på lånet fekk han vekja Øyosløa. Det er fortalt at då mannen på Jøvnne hadde hatt sløa i nokre år, fekk han Ola Embrikson Belsheim til å tru at bruksretten hans no hadde gått tapt. Jøvnnebonden nekta difor å gje frå seg sløa. Kor om all ting var, så fekk Endre Kristoffersson Jøvnne kjøpt sløa i 1773.^[41] I oktober 1804 gav han skjøtet på sløa til dottera Ambjørg, då ho gifta seg med Ola Olsson Kvåle frå Vestre Slidre. Men det var framleis folket på Øyo som skulle ha tilsyn og vekjing av sløa. For det laut dei svara ei viss mengde fisk åt Kvåle.

I 1871 skreiv lensmannen at sløegarden til Øyosløa dekte området frå nordsida til om lag midten av elva.^[41] Sjølve sløa var laga på tradisjonell måte som ei renne av tre, med spiler i botnen. På den måten rann vatnet gjennom, medan fisken vart liggjande att på grinda. Kvålebonden

åtte berre grunnen der sløa stod. Han hadde likevel rett til gangstig over utmarka til Øyo, slik at han kom seg ned til elva. Rundt 1871 var utbyttet på Øyesløa ikkje lenger var så overlag som tidlegare, vart det sagt. Kjentmenn takserte verdien til 60-80 spesidalar. I dag ville dette ha vore eit beløp på mellom 15 000 og 2 0000 kroner. På den tida var det sonen til Ambjørg, Ola Olsson Kvåle d.y., som åtte Øyosløa. Bakgrunnen for takseringa i 1871, kan vera at Kvålebonden hadde kome i økonomiske vanskar.^[6] I 1872 selde han i alle fall sløa til grannen på andre sida av elva; Ola Gudbrandsson Øylo. Prisen var no 100 spesidalar. I dag ville det ha vore om lag 22 000 kroner. Dei to gardane inngjekk forlik om handelen den 11. september 1872, med skjøte i september året etter.^[41] Bonden på Kvåle skulle òg gje Øylo tømmer og botnspiler til ny sløe. I den tida Kvåle åtte sløa, hadde ho altså vore bortpakta til Øyo. Det hadde heller ikkje vore svara grunnleige til garden. Like før handelen i 1872, den 27. august det året, fekk Ola Kvåle skyldsett Øyosløa for 12 skilling nyare skyld, til "matrikulens forøgelse". Ho fekk då nyare matrikelnummer 100, med gardsnummer 89. Sløa var difor ikkje lenger ein gard- eller jordeigedom, slik regelen var for andre sløer.

Strid om sløefiske i Øyloosen


Det vart etter kvart strid mellom dei to gardane om fiskeretten i Øyloosen. I 1887 vart det semje om skylddeling, ved at Øylo fekk fiskeretten ovanfor sløa på austre utfallsos.^[50] Med det sikra garden seg mot at Øyo kunne bruke garn eller annan fastståande fiskereiskap ovanfor den nye sløa deira. Men Andris O. Øyo hadde nok forbrote seg mot dette. I 1928 gjekk difor Ivar Øylo til sak mot grannen om fiskeretten i Øyloosen. Han hadde alt i 1888 overteke Øyo etter stefar sin. Dette var altså berre eit år etter at garden inngjekk skylddeling om fisket i Øyloosen. Bakgrunnen for stevninga var at Øyo i seinare tid hadde sett opp båtstøe og fiska med garn og line langs landet sitt ovanfor sløa som Øylo hadde kjøpt i 1872. Det var avsagt

dom i saka den 1. juni 1929. Retten kom til at Øylo hadde einerett til alt fiske på strekninga mellom Øyosløa og Nøbben på autssida av Vangsmjøse. Framleis hadde Øylo altså fiskeretten nedanfor sløa. Men her var straumen så sterk at det vanskeleg let seg gjera å sette garn.

Striden om fisket i Øyloosen blussa opp att på slutten av 1940-talet. Dette skjedde i samband med grunneigar-skjønnen ved den fyrste reguleringa av Vangsmjøse.^[51] Ivar Øylo fekk stadfesta einerett til alt fiske på både sørsida (vest) av elva, og i Nordsvinsfjorden. Takstnummeret hans galdt også Øylosløa. Øylo hadde altså ifølgje dommen i 1929 bruksretten til alt fiske ovanfor Øyosløa.^[50] Ivar Øylo gjorde også krav på Belsheim sin tidlegare sløerett utanfor Øyo. Det var ifølgje ei kjøpekontrakt frå 15. juli 1920.


Etter den fyrste reguleringa av Vangsmjøse på slutten av 1940-talet, meinte skjønnsnemnda at sløefisket i Øyloosen hadde fått varige skader. For dette fekk grunneigaren fastsett eit vederlag på heile 5 000 kroner.^[52] I dag ville dette ha vore eit beløp på nærare 90 000 kroner. I 1948 var det årlege utbytet på dei to sløene om lag 600 kilo. I åra 1951-54 vart det ført oppgaver over sløefangstane i Øyloosen.^[53,54,55] Dette var venteleg dei to øvste sløene på kvar side av elva; Øyosløa og Øylosløa. Prøvene vart samla inn for å vurdere både omfanget av sløefisket, og når på året auren i Vangsmjøse vandra ned på Øyloosen. Det vart også teke lengde og skjellprøver av fisken. Dette materialet skulle Fiskeri-inspektøren seinare analysere. Tidleg på 1950-talet vart sløene i Øyloosen brukte frå juni og heilt fram til fyrste del av desember. Tal for åra 1951-54 viser eit årleg utbytte på mellom 174 og 671 fiskar. I vekt utgjorde dette 50-197 kilo. Kjell W. Jensen var fiskerisakkyndig ved skjønnet, og han meinte at den årlege skilnaden i utbytte hadde med vassføringa i elva å gjera. Det viste seg at sløefisket var mest effektivt når det ikkje var for mykje vatn i elva.^[56]

I 1952 og 1953 vart det gjort månadlege registreringar av sløefangstane i Øyloosen. Det fyrste året vart det fiska berre i juli, og fangstane var heller ikkje særleg store. I 1953 var det derimot eit bra fiske gjennom nesten heile sesongen, med eit månadleg utbytte på 90-140 individ. Det viste seg altså at fisken frå Vangsmjøse vandra ned på Øyloosen gjennom heile sommaren og hausten. Frå september og utover til desember var det mest gytetisk i fangstane. Hovudmengda av fisken var 30-31 centimeter lang, og med ei gjennomsnittleg vekt på 294 gram. I 1954 vart det gjort eit merkeforsøk av fisk på strekninga frå Øylo til Øye.^[54] I alt vart 203 fiskar merka, og 46 av dei vart fram til 1962 fanga att på ymse reiskap. Rundt 2/3 av fiskane vart teke på garn, men berre ein på sløe. Det var difor berre ein liten del av auren frå ytste delen av Vangsmjøse som vart teke på sløer. I åra 1951-54 vart det




Fangstutbyttet av sløefisket i Øyloosen i åra 1951-54, vist som antal og vekt.

Fangstutbyttet av sløefisket i Øyloosen frå mai til desember i 1952 og 1953.



Storleik på sløefanga fisk i Øyloosen i åra 1951-54, vist som antal i ulike lengdegrupper.



årlege utbyttet av fisket i innsjøen rekna til 3 500 kilo. På sløene vart det teke berre 130 kilo, altså mindre enn fire prosent av totalfangsten i Vangsmjøse.

Dei fiskerisakkyndige meinte altså at inngrepa i Øyloosen på 1940-talet hadde gjort stor skade på sløefisket. Etter arbeidet på 1950-talet vart sløa på vestsida av osen vurdert som heilt øydelagt.^[52] Sløa på austsida fekk ein del skader på den vestlege leidearmen. Hausten 1959 sette Ola Søyne opp ei ny sløe på ein gammal sløeplass på vestbreidda, nokre hundre meter nedanfor dei to andre sløene.^[55] Denne nye sløa kunne difor fange noko av fisken som slapp unna dei to øvste sløene. Men nysløa fanga ikkje på langt nær så mykje fisk som Øylosløa. I 1960 gav dei tre sløene eit utbytte på 45 kilo. Men fisket det året gjekk berre føre seg frå midten av mai til tidleg i juni. Etter at Vangsmjøse vart teke i bruk som magasin frå tappesesongen 1963/64, vart alle sløene på Øyloosen neddemde.

Storåne mellom Øyloosen og Slidrefjorden

På strekninga frå Øyloosen og ned til Slidrefjorden har det vore fleire sløer. Den øvste delen av elva ligg i Vang. Frå eit stykkje nedanfor Kvismoen og ned til Slidrefjorden går grensa mellom Vang og Vestre Slidre midt i elva. Etter gammalt var fiskeretten i gytetida delt mellom høringsbygdingane og lomesbygdingane.^[6] Storåne var tidlegare kjent som ei gjæv og fiskerik elv, med mykje stor aure. Området rundt Ryfoss var rekna som den viktigaste gytestrekinga for auren frå Slidrefjorden. Det har vore fiska med ymse slag reiskap i elva opp gjennom tida, som sløer, garn, lyster og line. Sløefisket i Storåne strekkjer seg nok langt attende i tida. Øvre Skjefte hadde i alle fall sløe her tidleg på 1800-talet, og ei av Kviensløene har vore brukt i "meget gammel tid".^[53] Desse sløene fanga fyrst og fremst aure frå Slidrefjorden når han gjekk ned att i vatnet etter gyting. Det vart også teke ein del fisk som hadde sleppt seg ned frå lengre oppe i vassdraget.

Storåne ved Sløøynadn

Ved Sløøynadn, mellom brua og Børhus, hadde Torpe [84/1] sløe.^[41] Ho vart øydelagt alt rundt 1900, og vart aldri bygt opp att. Framleis er namnet på plassen i bruk.

Storåne ved Rogn

Ved Rogn [85/1] var det sløe på vestsida av elva. Denne sløa vart venteleg lagt ned tidleg på 1900-talet. Endre


Rogn har i alle fall ikkje høyrte om at ho har vore i bruk. Sløegarden er derimot framleis godt synleg.

Storåne ved Tveitamoen - Kviesmoen

På elvestrekninga mellom Tveitamoen og Kviesmoen hadde alle dei fem Kvie-gardane sløer; hovudbølet [96/1], Nigard Kvien [96/3], Nordigard Kvien [96/4], Nigard Kvien [96/5] og Sygard Kvien [96/7].^[43] På Kviiseigun kunne alle



I Storåna ved Rogn er det ein sløegard som framleis er godt synleg. Pila syner der sløa stod. Foto: Nils Rogn.



Skisse av Begna (Storåne) mellom Øyloosen og Slidrefjorden, der det har vore sløer ved Øyloosen, Sløøynadn, Rogn, Tveitamoen – Kviesmoen og Ryfoss.


gardane fiske der dei ville med ulike reiskap. Sløene låg derimot alltid på grunnen til bruket, med unntak av dei som var makebytt, kjøpt eller arva. Lang tid attende hadde Nigard Kvien sløe ved Køløyen. På Sygard Kvien var det vanleg at livaurfolket tok unna sløerett i Storåne. Både Nordigard og Sygard Kvien brukte sløer heilt fram til reguleringa på 1950-talet. I eldre tid vart det nok teke mykje fisk på Kviensløene. Ove Wangensteen Kvien fortalde at ein gong fekk gamle Lars Kvien på Sygard Kvien [96/1] så mykje fisk at han ikkje greidde å bera han heim på ei vende.

Storåne ved Ryfoss

Ved Ryfoss har vangsgjeldingane hatt minst fem sløer. Dei vart kalla sløestøene i Øy'n. I nyare tid tilhørde desse sløene Garstad [104/2], Skeie [107/1], Sygard Kvien [96/7], Nerre Skjefte [108/1] og Øvre Skjefte [108/2].^[57] Skeie hadde to sløer og dei andre ei sløe kvar. Men i eldre tid har det vore fleire sløer på denne strekninga. Garstad åtte det øvste sløestøet. Det låg i kanalen på vestspissen av Skeiesøye. Ved ei bestemt vassføring gjekk mykje av vatnet i elva gjennom denne kanalen. Garstad har i alle

fall hatt sløe i Storåne sidan fyrst på 1800-talet, sikkert mykje lenger attende. I 1799 vart Torstein Embriksson Hålimoen brukar på Garstad, då han gifta seg med enka Marit Olsdotter. I åra 1803-19 vart dei også brukarar på Sygard Kvie [96/7]. I 1813 gav Torstein skjøte til stesonen sin, Gullik Olsen. Men han tok atterhald om at viss Marit døydde fyrst, skulle han blant anna ha halve utbytet frå fiskesløa under garden. Torstein skaffa seg også ei sløe til medan han enno åtte Garstad. I 1818 makeskifta han nemleg eit kvernstøe under garden, mot ei sløe som tilhørde Per T. Tørstad på Sørre Tørstad [105/3].^[43] I bytet skulle han få både det ytste sløstøet i Storåne og eit garnstøe under Tørstad. I mellomlegg måtte Torstein betale 30 spesidalar til bonden på Tørstad. Det er ukjent om dette var sløestøet som ligg i kanalen på vestspissen av Skeiesøye.

Skeie [107/1] hadde altså sløer både i kanalen på Skeiesøye, og nedanfor ei mindre øy nær landkanten lengre ned. Det er nemnt at frå gammalt hadde fleire gardar under Ner-Helle [107] sløerett i Storåne.^[43] Skeie var lengje eit underbruk under næraste grannegard, Garstad [104].




Plasseringen av de fem kjende sløestøa nedanfor Ryfoss i Begna.

Kan hende også ei stund underbruk under Kvie [96]. Sløene som tilhørde desse gardane kan difor ha skifta eigar opp gjennom tida. Under Rødningen [105/5-6] mellom Vøssen og Nørre Helle er det òg nemnt ein rett til ni merker fisk i ei sløe i Storåne. Dette bruket vart i 1823 skilt ut frå Sygarden/Dekkadn [105/4] (til Skeie).

Sløa til Sygard Kvie låg på innsida av Storøye. Ola K. Skjefte meiner at bakgrunnen for sløeretten til denne garden, er giftarmålet mellom Anne Knutsdotter Kvie og Knut Embriksson Høyme i 1752. Denne karen kom frå Høyme [7/3] i Vestre Slidre, rett på andre sida av Storåne. Før midten av 1750-talet var det truleg Høyme som åtte denne sløa. Anne K. Kvie overtok garden etter faren, og ei tid brukte dei òg Høyme. Dei fekk skjøte på parten til bror hennar, Ola Knutsson Høyme. Dei vart då eigarar av heile garden.^[43] Høyme hadde òg ei sløe på vestsida av Storåne (s. 63).



Sløa til Ola K. Skjefte er eit kraftig byggverk i tømmer, noko som er naudsynt for å stå imot isgang og flaum. Ho vart bygt av vyrkje frå eigen skog i 1991. Arne Oldre og Kjell Båtvik frå Øylo stod for arbeidet. Foto: Ola Hjelle.⁵⁷



Sløer vart sett opp over alt der det var gode naturlege tilhøve. I mindre elver og bekkar kunne sløene stengje mest heile elveløpet.

Det hende også at husmennene under Kvie-gardane vekja sløene i Storåne, utan at det dermed var pliktarbeid. Ola Torsteinsson (f. 1813), Gamle Hamaren eller Ola i Hamare, var husmann på Hamaren under Nordigarden [109/5]. I mange år hadde han tilsynet med Kviis-sløa (Pynte-sløa) til Jørend Kvie på halvt for arbeidet.^[6,170] Denne sløa låg nedanfor plassen Putten. Det var visst ikkje så mykje å tjene på dette sløepasset, men Ola var pliktkjær og velnøgd mest støtt. Det hende han fekk fisk på 5-6 kilo på sløa, og ruggar på 3-4 kilo var i alle fall ikkje uvanleg.

Dei to sløene til Skjeftegardane låg ytst i Storåne. Skjefte har ein gong lege under Helle [107/3].^[6] Det er difor mest truleg at tidlegare så åtte denne garden desse sløene. Sløa lengst nedi elva vart registrert i eit skjøte alt i 1822, og utskilt som eige gards- og bruksnummer [108/3]. Taksten utgjorde då ein to og tjuande part av gardsverdien, fortel Ola K. Skjefte. I 1828 gav Andris Knutsson Vølvé skjøte på Skjefte til Torleiv Andrisson Skjefte og Jøger Knutsson Vika. Prisen var 600 spesidalar. Dei delte garden mellom seg i to like store bruk; Nerre Skjefte [108/1] og Øvre

Skjefte [108/2].^[43] Men Andris tok unna den eine sløa i Storåne. Det var ho som seks år tidlegare vart skilt ut med eige gards- og bruksnummer. Derimot følgde det sikkert ei sløe med Nerre Skjefte då Torleiv A. Skjefte kjøpte garden i 1828. I 1919 vart sløa til denne garden øydelagt av tømmerfløyting. Men sju år seinare vart sløa bygt opp att. Ola K. Skjefte fortel at ifølgje ei gammal avtale mellom Nerre og Øvre Skjefte, kunne sløegardane deira dekkje to tredelar og ein tredel av elveløpet.

I 1859 kjøpte sonen til Jøger Knutsson Vika, Ola Knutsson Lykkjun på Øvre Skjefte, att fiskesløa [108/3], av Knut Andrisson Vølvé. Prisen var 60 spesidalar. I dag ville dette ha vore eit beløp på vel 13 000 kroner. I 1886 fekk Øvre Skjefte ny skyld på 4,23 skyldmark, og av dette utgjorde sløa 0,11.^[43] Skjefte-sløa har vore rekna som knakande god.^[170] Ola K. Skjefte (f. 1879) passa sløa frå han var 8-9 år gammal. Det var godfaren hans som kjøpte att sløa. Saman med Ola i Hamare vekja han fyrst si eiga sløe, deretter Kviis-sløa. Skjefte-sløa gav eit godt utbytte, for ofte var det 20 fiskar.


Ved skjønnet på 1950-talet opplyste Knut Skjefte at sløa hans hadde gjeve eit årleg utbytte på 250-300 kilo.^[53] Tidlegare la dei det meste av fisken ned til raking for salg. I nyare tid skal den største fangsten på ei natt ha vore 80-85 fiskar.^[6,53] Fisken vog 12 kilo i hop. Gudfaren til Ola K. Skjefte fekk ein gong tre bismarpund fisk på ei natt, eller 18 kilo. Ola Stølen passa stundom Skjeftesløa, og det var ikkje uvanleg med 12-15 fiskar på ei vekjing. Den største fisken som har vore teke på denne sløa skal visstnok ha vore seks kilo. Ola K. Skjefte fortel at i oppveksten var han ofte med og tømde sløa. Det gjorde dei minst to til tre gonger i veka. Sløa vart brukt gjennom sommaren og heilt fram til jul.

Sløene ved Ryfoss vart øydelagde i samband med reguleringa av vassdraget på slutten av 1950-talet. Då måtte

dei gje tapt for store vassmengder, kjøving og isgang. Tidleg på 1960-talet freista Knut Kjørlien Kvien å byggje opp att ei sløe ved å plassere ho meir midt i elva. Men etter nokre års drift måtte han gje opp. I samband med skjønnnet opplyste Knut Skjefte at sløene ved Ryfoss kunne før reguleringa vølast om vinteren når det var lite vatn i elva.^[53] Sløa til Øvre Skjefte var i drift fram til vinteren 1959. Skjønnnsretten gav garden eit vederlag for tapt sløefiske på 650 kroner. Den gamle sløa til Øvre Skjefte hadde ei lengde på 12 alner.^[6] Breidda var 2½ alner fremst mot sløegarden, mot berre ein alen nedst. Botnslindene var laga av staur, og låg ein halv tomme frå kvarandre. Desse slindene gjekk tre alner opp i sløedammen. Det øvste tverrtreet i sløebotnen vart kalla munnstokken. Men det var også ein munnstokk inne i sjølve sløa. Kassa var tømra i tre kvarv. Taket var av klovningar ("farved"), og låg tre alner frå botnen.

I 1991 fekk Ola K. Skjefte løyve til å sette opp att ei ny sløe på det gamle støestøet sitt i Storåne. Ho er lafta i grovt rundtømmer og ikring 10 meter lang, 1,5 meter brei og 1,0 meter høg. Avstanden mellom slindene er rundt fire centimeter, og dei går heilt fram til frontveggen. Sløa er difor ikkje utstyrt med fangstkum. Golvet stig i nedkant slik at fisken sprellar innover slindene før han til slutt hamnar på tørt vyrke. Taket er bygt av plank, og utstyrt med fleire luker. Sløa er dekt med mykje stor stein for å sikre ho mot flaum og isgang. Sløa kan vera i drift fram til 15. november, ifølgje dei kommunale fiskereglane. Det årlege utbyttet på den nye Skjeftesløa er ikkje særleg stort, berre ikring 20-25 kilo. Fisken varierer i storleik mellom ein halv og to kilo.

Sløa til Øvre Skjefte har ein lang og solid sløegard, noko som er avgjerande for at ho skal fangsta godt. Tidlegare hadde Nerre og Øvre Skjefte ei avtale om at sløegardane deira kunne dekkje to tredelar og ein tredel av elveløpet. Foto: Ola Hegge.




Sløa til Øvre Skjefte i Storåne sett ovanfrå og frå sida. Taket har fleire luker, og er dekt med stein. Sløerista blir ca fem centimeter høgare for kvart trinn. Kva til trinn fisken blir liggjande på, avhengjer av vasstanden i elva. Etter ei skisse av Ola K. Skjefte.



Alaosen- utløpet frå Nordre Syndin

I Alaosen ved Langehage stod det ei tømra sløe fram til 1960-talet. Då hadde sløa nok ikkje vore i bruk på lengje, for ho var forfallen etter manglande vedlikehald. Sløa var truleg rundt fem meter lang og ein meter brei. Ned til sløa var det bygt ein sløegard med ei lengde på ca. 20 meter, og han dekte det meste av elveløpet. Framleis er han godt synleg. Den gjorde nok at mykje av fisken som gjekk nedpå osen, vart fanga i sløa. Boye Thorpe fortel at det var dei åtte gardane med kveldingar i Nordre Syndin som åtte sløa i Alaosen; Torpe [84/1] med to kveldingar, medan Søndrolgardane [48/1, 48/2 & 48/3], Myhregardane [47/1 & 47/2] og Lajordgardane [51/1 & 51/2] hadde ei kvelding kvar. Regelen var at Torpe heldt tømmer til vedlikehaldet av sløa, mot at folk frå dei andre gardane utførde arbeidet. Når eigarane hadde kvelding i Nordre Syndin, var det vanleg at dei samstundes tømde sløa i Alaosen. Dette fisket byrja etter gammalt den 10. september, og det gjekk føre seg til langt utpå hausten.

Den gamle sløa ved Alaosen i Nordre Syndin.⁵⁷ Det er Ola O. Lajord som står ved sida av sløa opplyser, Sigfred Hovda.





Sløegarden i Alaosen i Nordre Syndin er framleis godt synleg. Foto: Ottar Jægersborg.

ØYSTRE SLIDRE


I Øystre Slidre har sløer vore eit mykje brukt fiskeris-
skap, og i alt er det registrert heile 68 stykk. Sløefiske har
har vore drive i mange hundre år. Ifølgje Diplomatarium
Norvegicum frå 1419 var det sløe på utløpet av
Rabbalsvatnet på den tida. Dette er eldste kjende sløestø-
et i Valdres. I Rauddøla var det eit vidfemnande sløefiske
heilt fra til 1950-talet.

Fiskereglar

I 1905 innførde Øystre Slidre eit totalforbod mot alt fiske
i tida frå 5. september til 1. desember.^[26] Dette er den
tida auren går opp i elvene for å gyte, og sløefisket var
då på sitt beste. I 1922 kom det forbod mot oppgangsslø-
er, og avstanden mellom botnspilene måtte no vera minst
32 millimeter. Det kom også krav om at sløene måtte

*Vinstri har gjennom all
tid vore kjent som eit godt
fiskevatn.*

Foto: Trygve Hesthagen.



*Mor til Engebret Beito fortalde at ein gong dei skulle vekja sløa i
Rauddøla, fekk dei så stor fangst at dei måtte heim att for å hente
hesten så dei fekk frakta fisken til gards.⁷*

byggjast slik at fisk som fall gjennom spilene, fritt kunne
come seg ut att i elva. Forbodet mot denne sløetypa ville
hindre at gytemoden fisk vart fanga før gyting. Ifølgje
etnolog Reidar Bakken var det ingen i Beito som kjende
til denne sløetypen.^[7] Difor meinte han at forbodet kom
inn i lovverket frå sentralt hald. I 1932 vart det gjort ved-
tak om å forby bruken av alle typer sløer i Øystre Slidre.
Men dei nye reglane galdt ikkje elver som grensa mot
grannekommuner, utan at dei hadde liknande reglar.
Sløefiske i Rauddøla kunne difor halde fram. Forbodet
mot bruk av sløer møtte nok sterk motstand i bygda, for
tre år seinare vart det oppheva. Derimot stod kravet om
byggjemåte og minsteavstand mellom botnspilene ved
lag. Det vart heller ikkje lov å fiske i tida mellom 10. sep-
tember og 20. oktober. I 1940 vart minsteavstanden mel-
lom botnspilene auka til 35 millimeter. I 1948 vart det
innført forbod mot sløer i statsallmenninga. Elles i kom-
munen måtte avstanden i sløebotnen vera på minst 40
millimeter. I statsallmenninga vart det også forbode å
fiske i tida frå 5. september til 25. juni. Elles i kommunen
vart fiske stengt mellom 5. september og 20. oktober.

Elva mellom Øvre og Nerre Heimdalsvatnet

I elva mellom Øvre og Nerre Heimdalsvatnet har det vore minst to sløer. Det er Thor og Ragnar Veslum frå Skåbu som fortel dette. I åra 1931-42 var far deira, Anton Veslum, tilsynsmann for eigaren av Nerre Heimdalsvatnet. Veslumgutane var difor mykje i Heimdalen på den tida. Den nedste sløa stod ikring ein kilometer ovanfor innløpet til Nerre Heimdalsvatnet. På 1930-talet var ho framleis godt synleg. Det hadde også vore ei sløe litt lengre oppi elva, men på den tida var det berre restane som stod att.

Ymse tilløpsbekkar til Vinstri

Det har vore sløer i minst seks tilløpsbekkar til Vinstri; Nørre Rjupudn, Sørre Rjupudn, Lykkebekken, Sanddalsbekken, Gravolsbekken og Skindrobekken. I 1930 opplyste Andris Østensen Grønolen at sløa i Nørre Rjupudn var sett opp av bestefar hans. Han heitte Andris Øysteinson Grønolen, og var fødd i 1797. Grønolen hadde framleis sløe i Nørre Rjupudn då Andris Østensen Grønolen var smågut. Han var fødd i 1860, så dette måtte ha vore fyrst på 1870-talet.

I Sørre Rjupudn har det vore to sløer, som tilhørde Grønolengardane [2/1 & 2/10]. Ifølgje Andris Østensen Grønolen hadde far hans bygt ei av desse sløene.^[37] I Lykkebekken, som er ei grein av Sørre Rjupudn, hadde bestefar hans også sett opp sløe. Ole K. Lykken d.y. forklarte seg om sløefiske i Nørre og Sørre Rjupudn. Rundt 1890 gjekk han forbi dei to bekkane saman med far sin og finnen John Stengel. Det var Ole Pedersen Lykken som hadde sett opp sløene her, fortalde faren. Han vart også kalla Person og kom truleg frå Vang, fortel Nils J. Lykken. Han hadde husmannsplassen Stølen under bruket Nørre Lykkja [1/4]. Ole P. Lykken var fødd i 1791 og reiste til Amerika i 1851. Bruket gjekk då attende til garden, og vart seinare brukt som slåtteland og hamn. Far til Ole K. Lykken d.y. meinte at Øystein Andersen Grønolen hadde "bemektiget" seg sløene i Nørre og Sørre Rjupudn.^[37]



Innsjøar og elver i Øystre Slidre, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område.

I Sanddalsbekken hadde Sørre Beito [3/1] og Stølen [3/4] sløer. I 1925 og 1926 vart Embrik T. Beito og Ole K. Stølen melde for ulovleg sløefiske etter fredinga i september.^[58] I 1928 vart Torsten T. Ekerbakke og Knut Stølen taltala for det same. Nils Nøbben fortel at han såg ei av sløene i Sanddalsbekken, enten sist på 1930-talet eller fyrst på 1940-talet. Denne sløa stod fleire hundre meter frå Vinstri.



Vassela var ein enkel måte å bera fisk med.

I Gravolsbekken hadde både Sørre Beito [3/1] og Lien [4/1] sløer. Både Johs. O. Lien og Embrikt T. Beito vart melde for ulovleg sløefiske her både i 1925 og 1926. Beito hadde visstnok ikkje stengt sløa si den 10. september. Fyrst på 1900-talet var det Nils O. Lien som åtte garden Lien. Rundt 1933 fekk broren hans, Johannes O. Lien, frådelt bureisingsbruket Linstad [4/7]. Det var altså han som i 1925 vart tiltala for ulovleg sløefiske i Gravolsbekken. Han hadde difor brukt sløa som tilhørde farsgarden. Brotsverket var truleg det same som Emrikt T. Beito vart tiltala for i 1926.

I Skindrobekken var det minst to sløer i bruk på midten av 1700-talet. Det er ei sak ved Valdres sorenskriveri den 1. desember i 1823 som viser dette.^[37] Bakgrunnen for rettsaka var at Torger Olsen Windingstad (Dahle), Svend Gulbrandsen og Tollef Gulbrandsen Dahle hevda einerett til alt fiske i Skindrobekken. Det galdt også garnfiske i Vinstri, avgrensa til strekninga mellom dei to tangane der bekken renn ut. Det vart reist sak mot Anders Andersen Dale, Anders Nilsen Dale, Nils Røniussen Dale, Nils Olsen Dale (Bjelbøle), Østen Endresen Rudi, Nils Pedersen Sørbu, Gullik Andesren Li, Nils Nilsen Ekerbakke og Knut Endresen Rudi. Ifølgje forliksklaga

hadde dei sett garn utanfor bekken, der dei fornærma meinte å "havt Fiskerie fra Arrilds Tid af". Fleire vitne opplyste at frå rundt 1760 var det berre folk frå Dalegardane som brukte sløe i Skindrobekken, og fiska med garn i Vinstri utanfor bekken. Desse gardane vann saka, og i domspremissane uttala retten at "er der vel ikke ringeste Tvivl underkastet, at jo Citanterne have som eeneberettigede drevet over Hævdstid Fiskeriet med Sløe paa forskjellige stader i Skinderoe-Bækken og med Garn ved bemeldte Bæks Utløb i Wingstervandet".


I 1979 var Øystre Slidre fjellstyre på synfaring ved Skindrobekken, fortel fjelloppsynsmann Reidar Gran. Erik Viken orienterte då om korleis fisket hadde vore drive tidlegare. Han var kjent med at den nedste sløa stod nær den gamle strandlinja. I Vinstri rett utanfor bekken var det vanleg å sette tre netgardar, med moskevidder på 35 og 40 millimeter. Denne spesielle fiskeretten skal visstnok framleis stå ved lag, men han har ikkje vore hevda på lang tid.

Elva mellom Øvre og Nerre Bjødnhølen

I elva mellom Øvre og Nerre Bjødnhølen har det vore fleire sløer.^[37] Framleis kan ein sjå restar etter minst to sløer på denne elvestrekninga, fortel John Nordtorp. Øvre og Nerre Bjødnhølen er i dag sameige mellom Øystre Slidre kommune og Nordtorp [20/3]. Kommunen fekk sin part av Ole O. Hegge [21/1] etter eit tinglyst skjøte den 8. juni 1918. Ifølgje eit skriv frå Rentekammeret den 22. desember i 1810, vart Øvre Bjødnhølen bygsla av Joen Røniussen Nordtorp og Svend Olsen Hegge.^[37] I Titra har det truleg også vore sløe, ein bekk som renn ned i Øvre Bjødnhølen, skreiv Ola Hjelle.^[45]

Småosane mellom Innbuvatnet og Kaldfjorden

Dei ymse vatna nedanfor Nerre Bjødnhølen blir i eldre dokument kalla Vinstervatna.^[37] Før reguleringa i 1960 utgjorde dei to hovudbasseng; Sandvatnet, Røya,



Plasseringa av den nedste sløa i Skindrobekken og dei tre netgardane i strandsona av Vinstri rett utanfor bekken. Før vatnet vart regulert gjekk strandlina noko lengre ut, vist som ei stipla line. Etter opplysningar gjevne av Erik Viken.

Buvatnet og Innbuvatnet i vest, samt Kaldfjorden og Øyvatnet i aust. I Valdres blir vatna i vest gjerne omtala som Nørre Sandvatnet [31/3]. Dei hadde avløp til Kaldfjorden både ved Sandvassosen i nord og ved Småosane (Innbuosen) i sør. I Fron blir elvestubben mellom Innbuvatnet og Kaldfjorden kalla Raggen, etter frøningen Ragge-Tore.^[59,60,168] I Småosene var det tre "ragge" eller greiner, fortel Odd Kjørstad frå Sør-Fron. Før reguleringa var det nesten ingen elvestrekning mellom Kaldfjorden og Øyvatnet. I eldre skriv blir Sandosen i vestlege delen av Sandvatnet også nemnt. Han blir kalla Sandåen eller Døren.^[37]


Valdersan hadde sløe i Småosane alt for svært lengje sidan, ifølgje Torje Iverstugun frå Skåbu.^[59] Ein gong var det ein frå Fron dei kalla Ragge-Tore som stal fisk frå sløa deira. Karen var nedgrodd med hår og skjegg, og gammal skulle han også vera. Ein gong medan han stal fisk frå ei sløe ved Småosane, kom valdersan over han. Og det gjekk ikkje betre til enn at grannane i vest drap Ragge-Tore, med øks. Kroppen slengde dei opp på eit bu-tak i nærleiken. Seinare vart han funne av nokre sambygdingar, og dei svor hemn for drapet. Ein gong valdersan kom roande inn til Småosane, la frøningane seg på vent. Men dei slo til medan båten deira framleis var eit stykkje frå land. Taktikken mislykkast og valdersan slapp unna. Drapet på Ragge-Tore vart aldri hemna, men segnet har levd vidare i hundre-tal år i Skåbu, skreiv Iverstugun. Bygdehistorikar Ivar Kleiven skreiv om eit liknande drap ved Raggen, og det skal ha skjedd i 1468.^[168] Men det er uvisst om det er Ragge-Tore. Det året skaut valdersan ein ung gut frå Uleberg på Sør-Fron. Liket kasta dei på butaket på Tåkåstad-fiskebua ved Raggen. Etter dette måtte far til ein av drapsmennene gjera forlik med Ulebergmannen. Ifølgje rettsdokumenta måtte karen frå Valdres svare eit visst antal meter vadmél, skriv Ola Askheim frå Skåbu.^[60] På folkemunne heiter det at dette var om ikring 90 alen, fortel Odd Kjørstad.



Kart over Sandvatnet og Vinstervatna teikna av kaptein Ramm i 1831. Kjelde: Statens Kartverk.

Sørre Rjupudn er kjent som ei god gyteelv, og her var det sløefiske i alle fall på slutten av 1800-talet. Foto: Trygve Hesthagen.





Sjølv i mindre elver og bekkar var det ofte naudsynt med tømra sløer for at dei skulle stå imot flaum.


Randi Igdun og Ingrid Holene vekjer garna sine i Vinstri. Fisken var ein viktig ressurs for folk på stølane rundt Vinstri. Biletet er lånt ut av Vestre Slidre Historielag ved Trond B. Hamre.



Skriftlege kjelder vitnar også om mange konflikhtar om fisket mellom valdersan og dølar i dette området. Det gjeld både Sandvatna, Sandosen/Sandvassosen og Småosene.^[37,61,168] Det fyrste dokumentet er frå 1454, då eit vitne frå Fron meinte at Vinstervatna tilhøyrdte folket i heimbygda. Bakgrunnen for vitneforklaringa kan godt vera striden om fisket. Det eldste kjende dokumentet om Sandvatna, er eit forlik frå den 19. juli 1558. I 1597 var det avsagt ein lagtingsdom, etter at Knut Alme, Tjøstel Melby og Peder Stokke hadde reist sak mot Oluf Tostensen frå Hegge. Det vart lagt fram forlik frå både 1558 og 1590 og ein dom frå 1583, der frøningane vart tilkjent fiskeretten i Sandvatnet. Ifølgje forliket frå 1558, skulle ikkje mennene frå Hegge herred fiske i Sandosen (Døren). Etter dette skulle sløa som Oluf Tostensen hadde bygt, tilhøyre frøningane.^[61] I 1595 gjekk ein 24 manns lagrettsdom i favør av frøningane. Ikkje så rart kanskje, for alle lagrettsmennene var dølar, anten frå Gausdal eller Øyer. To år seinare vart Oluf Tostensen frå Hegge tiltala for å ha fiska ulovleg med garn og sløer, av frøningane Knut Alme, Tjøstel Melby og Peder Stokke. Saka i 1597 enda med at frøningane fekk tilkjent eineretten til alt fiske i Sandvatna. I 1598 skal det ha vore ein ny lagtingsdom. Men han gjekk i mot den frå førre året. Sandvatna tilfall difor no valdersan. Tradisjonen seier at denne dommen var fabrikkert av ein skulemester frå Valdres.^[37] Også fogden Stenersen tviler i eit skriv frå 1724 på om dommen var ekte. Professor Taranger meinte også at dommen var eit falsum. I forliket heiter det i alle fall "at Skjellet og delet mellem dem skal være fra østre Skogshøen til Sandoserne derfra til Moldfjeldet og derfra til Elven kaldet Dør, og ingen skal komme hinanden til Trængsel over dette dele i Vand og Fjeldmærk, men enhver skal følge sit Land i Småoserne og Sandvatnet med Fiskeri og Sløestøer, og delemærket som før er skrevet med Veide." Også Gerhard Schøning fekk kjennskap til tvisten om fisket i dette området då han vitja Gudbrandsdalen i 1775.^[1,61]

Oversetting av DNVI nr. 792 frå 1558

Dette bekjenner vi etterskrevne M. Torbjørn Olavsson, Bård Rolvsson, M. Amund Erlingsson og Lars Larsson, kanniker ved Hamar domkirke, Hans Krukov av våpen, Nils Geirmundsson, lagmann i Oppland, Jon Helle, Ivar Formo, Olav "Spigge" og Audun Sandbu, svorne lagrettemenn i Vågå prestegjeld, at vi har hørt, sett og lest et papirbrev, urasert, "uplumpet", med påtrykte, uskadde segl, som lyder i alle sine punkter og artikler ord for ord som her følger. For alle som blir forelagt dette brev, bekjenner vi etter[skrev]ne Jakob Jensson, sogneprest i Slidre sogn i Valdres, Jørgen Guttormsson, lensmann sammesteds, Torleiv Bjørnsson, Gudbrand Trondsson, Knut Andresson og Olav Torsteinsson, svorne lagrettemenn i Slidre sogn, Eivind Glømme, Andres Skåde, Eirik Nordrum, Jon Odlo, Eirik Høystad og Åsmund Elvestad, svorne lagrettemenn i Øyer og Ringebu prestegjeld i Gudbrandsdalen, at sankta Margrete[messe]aften i året etter guds fødsel 1558 var vi i østre Skaghøyden, innkalt, krevd og inmbudt til et ærlig forlik mellom dannemennene i Fron prestegjeld i Gudbrandsdalen og Heggemennene i Slidre sogn i Valdres om et fiskevann kalt Sandvatnet, som ligger mellom Fron prestegjeld i Gudbrandsdalen og Hegge, som de dannemenn froningene og heggeherredsmennene i Valdres i langsommelig tid hadde ligget i trette om, slik at det etter lang tids kiv, hat, avind og trette nå i så måte skulle nedlegges og bilegges at dannemennene fra Fron i Gudbrandsdalen og heggeherredsmennene i Slidre sogn på begge sider lot seg bevege av skilrike, ærlige dannemenns råd og ytring. Og de ble nå på alle måter om dette broderlig således forlikt at de dannemenn froningene etter denne dag skulle beholde fritt for Gud sin rette fiskealmenning, bruke hele parten av Vinstravatnet på begge landene nærmest opp til Vinstra, som renner fra Bjørnehølen og ned i Sandvatnet, fritt og hjemlet for hver mann. Og dannemennene fra Hegge herred i Slidre sogn skulle heretter ha sin rette fiskealmenning ifra Sandvatnet der Vinstra først kommer, på begge landene så langt Bjørnehølen "emedden" rekker oc slynger seg, fritt og hjemlet for hver mann. Men ingenlunde skulle heggeherredsmennene etter denne dag ha sitt fiskeri i Sandøya som de kaller Døren. Likeledes skal de dannemenn froningene ha sitt anglefiskebruk i heggeherredsmennenes fiskealmenning vinter og sommer når de ønsker, så vel som i sin egen almenning. Og om froningene lider noe hærverk eller skade på sitt fiskeri i nevnte Sandvatnet, da står han tilsvørs, som eier bua i Bjørnehølen. For at således på alle måter, tidsalder etter tidsalder, ubrytelig skal stå og holdes som her foran sies, rekker vi opp våre hender med fullt samtykke.[Bakpå]: Er lest på Oslo råd-stue for retten 3 hverdager før S. Johannes Døperens dag år 1558.^[11]



I Småosane (Raggen) har det vore mykje strid om fiske mellom valdersan og frøningar. Før sløene vart utstyrde med kasser, samle fisken seg ved tverrstokken. Desse sløene måtte difor vekjast ofte, elles råtne fisken.

Men striden mellom valdersan og døl var likevel ikkje over med dette. I 1734 vart Torger Qvalen, Anders Grytting, Kristen Klokke, Paul Tjorstad, Peder Stokke og Jakop Rudi dømde for å ha rive ned ei fiskebu og fjerne ein båt som tilhørde valdersan.^[37] Dette galdt ventleg nok ein gong fisket i Sandvatnet. I 1755 går valdersan inn for å fredlyse fisket i innsjøen, og dei syner til dommen frå 1598. I 1800 var fogden Lyng på synfaring i det omstridte området. Grensa vart no lagt slik at Sandvatnet vart delt mellom dei to partane. Fisket var derimot tilagt frøningane. Men i 1811 fekk valdersan bygsesedel både på Bjødnhølen og Sandvatnet, med einerett til fisket. I 1816 vart det halde ny rettsak mellom dei stridande partane om fisket i området rundt Sandvatna. Fleire av "Froens Præstegjelds Almue" gjekk til sak mot Ole og Svend Hegge og andre frå Valdres for å ha fiska med garn og sløe. Dette var Jon Nordtorp, Torger Hegge, (Ukjent) Hegge, Tosten Præsthegge, Torger Elstad, Anders Sællie,

Nils J. Lykken har stor kunnskap om lokalhistorie. Biletet er teke i samband med bygginga av ny sløe i Seksisbekken hausten 2008. Foto: Knut Aastad Bråten.



Halvor Sællie, Gulbrand Wasom, Tosten Haugen og Helge Moen av "Hegge kommune i Valdres". Bakgrunnen for søksmålet var at valdersan hadde stole 13 fiskegarn frå Sandvatnet. Dei hadde også fiska med sløe i osen mellom Sandvatnet og Kaldfjorden. I tillegg hadde dei teke seg til rette på Buøya, ved å sette opp fiskebuer. I 1835 vart enka etter Ole T. Hegge stemna for retten, av Østen P. Skaaden, Nils Bryhn og Tjøstel P. Harildstad frå Fron.^[37] Saka gjekk for høgsterett, og baa partar førde ho på vegne av allmugen. Frøningane hadde reist saka fordi dei hadde vorte fråstole 13 fiskegarn. Elles handla saka framleis om fiskeretten i Sandvatnet. Det er usikkert om dei nemnde fiskegarna er dei same som vart stole i 1816. Valdresan vart i alle fall dømde til å fjerne både fiskebuer og sløer, og levere attende dei stolne garna. Denne dommen førde truleg til at det vart eit felles fiske i Sandvatnet mellom valdersan og døl.

I 1853 fekk valdersan kjøpt både Sandvatnet og ytre Bjødnhølen, av staten. Prisen var 60 spesidalar, utan atterhald om at andre eventuelt hadde bruksrett. Det vart truleg stilt krav om at frøningane no måtte fjerne sløene sine. Men på midten av 1870-talet var det på nytt strid om fisket ved Sandvatna. Denne gongen kom saka opp for forhøyringsretten. Paul Skoe frå Fron melde Ole H. Sæhli, Tosten Skammestein og Anders Mørstad for ulovleg sløefiske i Innbuosen (Småosane). Det vart ført fleire vitne i saka, og alle meinte at grensa mellom Valdres og Fron gjekk på vestsida av Sandvatnet. Valdresan hadde ikkje fiska i dette vatnet før i 1810, ifølgje frøningane. Saka gjekk ikkje vidare i rettsystemet, og det vart truleg heller ikkje avsagt nokon dom. Men det gjekk hardt for seg på den tida, for Paul Skoe brende opp ei sløe ved Vinstervatna som tilhørte valdersan.^[62] Dette var truleg ei sløe i Småosane (Innbuosen).

Sløefisket i Småosane er også nemnt i eit tinglyst skjøte frå den 24. juli 1888. Sørre Sandvatnet vart ved eit

tinglyst skjøte frå 2. juni 1891 overdrege til Knut T. Presthegge [23/1] og Torsten T. Skammestein [10/3]. Her heiter det at "Førnemnte fiskevann med tilhørende eiendommer, huser, båter, sløer og reiskaper, samt herligheter og rettigheter som til under same eiendom har vore fulgt og brukt". I 1918 selde Presthegge Sørre Sandvatnet (Innbuvatnet til Småosen, Buvatnet, og Røya inntil Røysundet) med fiskebuer og tilstøytande fjellstrekningar, til kommunen. Fire år seinare vitna Knut T. Presthegge for Høyfjellskommisjonen, som då var kårmann på Presthegge. Han opplyste at frøningane ikkje fiska i Småosene, der han i si tid hadde inntil fire sløer. Når han brukte alle sløene sine, var det ingen andre som kunne fiske der. Knut T. Presthegge dreiv i alle fall sløefiske i Småosane fram til rundt 1900, kanskje lenger.^[37]

Rauddøla

I Rauddøla har ymse bruk i Beito og Lykkja hatt minst 11 sløestøer. I tillegg hadde gardane Hen og Kjøs frå Vang kvar si sløe (s. 20). Fram til 1882 låg Lykkja i Vang kommune. Grenseelva var då Tvørråne. Det året vart heimrastane deira lagde til Øystre Slidre kommune, utanom eigedomane deira i fjellet. Det meste av fisken dei fanga på sløer i Rauddøla kom frå Øyangen. I gammal tid var det "ubøtteleg mykje fisk" i dette vatnet.^[63] I 1918 fekk fiskerisekretær Syver E. Sunde opplyst at det vart teke 10-15 tønner aure på ymse reiskap i vatnet. I tillegg var utbyttet av sløefisket i Rauddøla på 1½ tønne.^[64]



Rauddøla nedanfor Lykkja. Nedre delar av Rauddøla renn i dag frå vest mot aust. Tidlegare gjorde ho ein sving inn mot Lykkja, og her stod det i eldre tid ei sløe som alle gardane i Lykkja hadde del i. Denne sløa låg der elva svingar oppover til høgre i biletet.
Foto: Trygve Hesthagen.

Oversikt over dei enkelte sløene i Rauddøla, med eigar. Kvart nummer er knytta til kartet på side 45. Sløene nr. 5 og 13 tilhøyrd bruk i Vang kommune.

Nr.	Eigar	G/bnr	Merknad
1	Sørre Beito	3/1	Beitosløidn
2	Nørre Beito	2/2	Nigardsløidn
3	Grønolen & Grønolen	2/1 & 2/10	Grønolsløidn (truleg felles)
4	Grønolen & Grønolen	2/1 & 2/20	Grønolsløidn (truleg felles)
5	Kjøs	94/3	Låg i Vang kommune
6	Uppigard Beito	2/7	Uppigardsløidn
7	Beito (Beitomarken)	2/6	Markasløidn
8	Alle gardane i Lykkja		Felles sløe
9	Nigard, Sygard & Bakkin	1/2, 1/5 & 1/6	Felles sløe
10	Uppistogo Lykkja	1/4	Uppistogosløidn
11	Skrebergene	1/1	Skrebergsløidn
12	Skrebergene	1/1	Skrebergsløidn
13	Hen	70/1	Låg i Vang kommune

Sløene i Rauddøla var solide byggverk, for dei måtte sikrast mot flaum. Dei var bygde av grovt vyrke i to omfars tømmer, og var ca. seks meter lange og 1,5-2,0 meter breie. Dei var som regel noko breiare øvst enn nedst. Hjørnene stod på solide laftesteinar for at vatnet lettare skulle renne gjennom sløegrinda. Ho var gjort av staurspælær, som låg med ein avstand på 30-40 millimeter frå kvarandre. Oppå sløekassene var det plassert halvkløvningar og kubbar på tverken. Alt var dekt med stor stein. Nokre av sløene var også utstyrde med fangstkaske (tro) i nedre del. Fisken kunne då halde seg levande i fleire døgn. Sløene hadde vanlegvis ei luke der dei kunne ta ut fisken. Det var elles bygt solide sløegardar som førde fisken inn på sløene. Ei av sløene til Grønolgardane stod ved ein holme som danna ein naturleg sløegard.^[7] Sløegardane gjekk aldri heilt inn til land, fordi gytefisken skulle gå uhindra opp i elva. Forutan at dette var lovfesta, var det også naudsynt for å sikre gytefisken fri

Ein sløegard frå innløpet til Øyangen frå 1943, truleg den som tilhøyrd Sørre Beito. Foto: Syver E. Sunde.



Øyangen har vore kjent som eit fiskerikt vatn. Det var aurebestanden i dette vatnet som i stor grad la grunnlaget for sløefiske i Rauddøla. Foto: Trygve Hesthagen.



passasje. Sløegardane vart sette i stand før kvar fiske- sesong, og enkelte vart også utstyrde med ekstra lauvkjerr.^[7] Sløekassene måtte også reinskast for rusk og rask som hadde samla seg.

Nokre av sløene i Rauddøla vart altså lagde ned før 1930-talet. Ifølgje opplysningar frå 1951 hadde det vore brukt sju sløer i løpet av dei siste 10-15 åra.^[42] Det årlege utbyttet var på om lag 320 kilo. Det var aure frå Øyangen på nedvandring etter gyting som utgjorde det meste av fangsten. Fisken kunne vandre eit stykkje ovanfor Hensbrua, og gytetil- høva i elva var dei aller beste. Sløene stod frå osen av Øyangen og eit stykkje ovanfor samløpet med Kalvedalsbekken. Elva har eit fint fall på heile denne strekninga, og eigna seg difor godt til å sløefiske. Dei fire øvste sløene fanga for det meste fisk som hadde sleppt seg ned frå Fleinsendin med vårflaumen. Dei vart difor sette i stand alt på forsommaren, i juni og juli. Sløene i nedre delar vart ikkje brukte før på haustparten, gjerne frå fyrst i september. Sløene vart tømde kvar morgon framover til isen la seg i siste del av oktober.^[7]

Sløa på innløpsosen av Øyangen tilhørde Sørre Beito [3/1]. Ivar Holene Beito var siste eigaren av denne sløa.^[42] På 1950-talet opplyste han at i seinare år hadde det årlege utbyttet lege på ikring 50 kilo. Ifølgje Engebret Beito hadde det vore ei god sløe: "Ho mor førtelde at ei gong dei vekja sløe so måtte dei uppatt o hente øyk før o kløvja fisken heimatt".^[7] Etter oppdemminga av Øyangen vart Beitosløa sett under vatn. Men ho vart også øydelagt av stor vassføring, kjøving og isgang. Det viste seg at i år med lite vatn, ville tilleggsreguleringa av Olefjorden føre til manglande fylling av Øyangen.^[42] Det vart difor vurdert om det ville løne seg å bygge opp att Beitosløa. Dette vart likevel aldri gjort.



Etter at sløene vart utstyrde med kasser, kunne den innfanga fisken halde seg levandre i lenger tid. Her er kassa plasser i framkant.



Plasseringa av dei 13 kjende sløestøa i Rauddøla, med nummer som syner til tabell på s. 44.

Om lag ein kilometer frå innløpet av Øyangen låg Nigardsløa til Beito [2/2]. Dei to sløene til Grønolengardane [2/1 & 2/10] stod ytterlegare omlag 200 og 450 meter lengre opp i elva. Den øvste sløa låg ut for Slødalen, og den andre i svingen eit lite stykkje lengre ned. Ingvar Ø. Grønolen kan ikkje hugse at den øvste sløa nokon gong har vore i bruk. Han er fødd i 1925, og den eldste som no lever att på Grønolengardane. Denne sløa har truleg gått ut av bruk før 1930. Ingvar Ø. Grønolen trur at den andre Grønolensløa vart brukt i fellesskap av dei to gardane. Bakgrunnen for dette var at på slutten av 1800-talet

vart Grønolen delt mellom to brør. I den siste tida denne sløa var i drift, var Øystein A. Grønolen og Øystein Ø. Grønolen eigarane. I 1951 fekk fiskerisakkyndig Kjell W. Jensen opplyst at i seinare år hadde denne sløa gjeve eit årlege utbytte på om lag 75 kilo. I 1943 vart det rekordfangst, med heile 105 kilo.^[42] Under skjønnsretten i 1957 la dei to Grønolenkarane fram papir på at fangstane i 1949 og 1950 var endå større.^[65] Kjøpmann Olav A. Lykken vitna i 1951 at han i dei to åra hadde kjøpt 108 og 112 kilo fisk frå denne sløa. I tillegg kom fisk til eige hushald. I 1951 vart det teke prøver av fisken frå Grønolensløa, etter oppdrag frå Fiskeri-inspektøren. Oppgåvene frå september det året viste eit utbytte på 52,8 kilo. I tillegg kom fangstane elles den hausten. Fisken frå sløene i Rauddøla var ikkje særleg stor på den tida, i gjennomsnitt berre 261 gram. Grønolensløa vart rekna som den beste i sitt slag i Rauddøla.^[42] Ein gong fekk Øystein Grønolen 65 fiskar på ei vekjing.^[7] Våren 1956 vart Grønolensløa teke

*Rauddøla ved Hensbrua.
Foto: Trygve Hesthagen.*



av isgang. Ho vart bygt opp att, men utbyttet vart ikkje så stort at ho vart halde i stand. Sløene til Uppigarden Beito [2/7] og Beitomarken [2/6] låg aust for Sluppane. I 1951 opplyste Knut K. Beito at sløa hans ikkje hadde vore i drift sidan rundt 1935-40.^[42] Før det hadde ho gjeve eit årleg utbytte på 20-30 kilo.

Nedre delar av Rauddøla renn i dag renn frå vest mot aust. Men tidlegare gjorde ho ein sving inn mot Lykkja. Her stod det i eldre tid ei sløe som alle gardane i Lykkja hadde del i. Men dette sløestøet vart truleg øydelagt då Rauddøla ein gong tok nytt leie. Dette hadde Nils O. Lykken høyrte av eldre folk i bygda, fortel Nils J. Lykken. Sløa låg sør for Sløaøyne, i hovudløpet av Rauddøla, men på nordsida inn mot øya. Det kunne ha vore i 1780-åra at elva tok nytt får. Dette hadde samanheng med at elva i utløpsosen av Fleinsendin botnfras ein vinter på den tida.^[39] Etter jul kom det mykje snø, og han fauk saman og danna ei svær fonn over osen og elveløpet nedanfor. Vatnet var demt opp, og då våren kom med sol og regn, grov elva seg eit nytt utløp lengre mot sør. "Søndenfor Heenstølen førte den med sig uhyre masser af sten, sand og grus og jord opfyldte den lille fjorden Sleipin i Lykkedalen [Sluppane], og oppgruede Øyangens øvre ende". Sløefisket i Rauddøla kan difor strekkje seg minst attende til 1700-talet.

Sørvest for Sløaøyne hadde Nordigard Lykkja [1/2] og Sygard Lykkja [1/5] ei felles sløe. Det kom av at i eldre tid var Lykkja ein gard, fortel Nils J. Lykken. Men då garden vart delt, vart sløeretten også delt slik at han vart brukt berre anna kvart år. Seinare vart Bakkin [1/6] frå-delt Lykkja [1/5]. Nok ein gong vart sløeretten delt, slik at eigarane no berre hadde sløefiske kvart fjerde år. Dei siste åra som sløa var i drift, bytte Lykkja [1/6] bort sløeretten sin til Lykken [1/5], mot halvparten av eit felles heimstølsjorde. I 1951 åtte Nils N. Lykken [1/2], Torstein A. Lykken [1/6] og Andris A. Grønolen [Lykkja 1/5] denne sløa i lag.

Dei opplyste at ho år om anna hadde gjeve eit utbyte på 40-50 kilo.^[42] Ho vart øydelagt i løpet av det fyrste året det vart sleppt vatn gjennom Kalvedalen. Etter at elva vart kanalisert hausten 1955, forsvann dei siste spora etter dette sløestøet. Tidleg på 1900-talet vart Lykkjesløa nytta til stamfiske, fortel Nils J. Lykken. Rogna vart lagt inn i eit lite klekkeri i Brattebakke på garden til Ola G. Lykken. Han vart også kalla Gudbrands-Ola, fortel Nils Nøbben.

Sløa til Uppistogo Lykkja [1/4] låg eit stykkje nedanfor samløpet mellom Kalvedalsbekken og Rauddøla. Ovanfor samløpet hadde Skrebergene [1/1] to sløer. Dei er avmerka på kartet etter samtale med Andris O. Skrebergene. Han er tidlegare eigar av denne garden. Den eine sløa stod om lag 100 meter ovanfor utløpet frå Kalvedalsbekken, og den andre ikkje langt frå Hensrauddalen. Under skjønnet i 1950 opplyste Ole O. Skrebergene at sløene hans hadde gjeve eit årleg utbyte på 50-60 kilo.^[42]

Då det vart ført vatn gjennom Kalvedalen etter at tunnelen til Fleinsendin vart sprengt i 1953, forsvann det meste av sløene i Rauddøla med flaumen.^[7] I løpet av 1950-talet vart dei siste sløene øydelagde av stor vassføring, kjøving, isgang og kanalisering.

Storåne mellom Øyangen og Hedalsfjorden

I elva mellom Øyangen og Hedalsfjorden var det fleire sløer i eldre tid. Det var Nils N. Hedalen som skreiv dette i 1998.^[66] Men fyrst på 1700-talet vart elva sterkt oppreinska for at tilhøva for tømmerfløytinga skulle bli betre. Då forsvann også mykje av spora etter sløeanlegga i elva. På denne elvestrekninga veit vi sikkert at det har vore minst to sløer. Den eine stod mellom øvre og nedre Hølen, og har visstnok tilhøyrt Røyne [14/1]. Framleis er sløegarden godt synleg. Det er også spor etter ein sløegard nedanfor Nøbben, ikkje langt frå der Storåne renn ut i

Hedalsfjorden. Det var Hedalen Sørre (Hedalsbakken) [7/12] som åtte denne sløa, fortel Nils Nøbben.

Sagahaugåne mellom Mørstadvfjorden og Sagahaugfjorden

I Sagahaugåne mellom Mørstadvfjorden og Sagahaugfjorden har det vore minst fem sløer. På austsida (sør) hadde Mørstad [12/1] og Sørbu [13/1] sløer, fortel Gjermund Sagahaugen. Mørstadsløa låg heilt ved osen. Her er sløegarden nesten like fin den dag i dag. På vestsida av elva, nær innløpsosen til Sagahaugfjorden, hadde Sagahaugen [18/6], Øvre Dalen [18/1] og Skølte [18/2] sløer, opplyste Nils N. Hedalen.^[66] Framleis kan ein sjå restar etter sløegarden til Sagahaugsløa, fortel Gjermund Sagahaugen. Han vøla denne sløegarden ein gong fyrst på 1950-talet, etter at elva hadde gjort store utgravingar. På den tida var det ikkje lenger spor etter sløene. Dei må difor ha gått ut av bruk mykje tidlegare. Gjermund Sagahaugen er ikkje

Mørstadvfjorden. I Sagahaugåne mellom Mørstadvfjorden og Sagahaugfjorden har det vore minst fem sløer. Foto: Trygve Hesthagen.



kjent med sløene til Øvre Dalen og Skølte. Han kan heller ikkje hugse at far hans, Nils Sagahaugen, fortalde om dei. Det er heller ikkje spor etter andre sløegardar på vestsida av elva. Men det kan ha si forklaring, fordi det er lengje sidan desse sløene gjekk ut av bruk.

Dalsåne mellom Sagahaugfjorden og Heggefjorden
I Dalsåne hadde Nordtorp [20/3] sløe. Ho låg ikkje langt frå innløpet til Heggefjorden. Ola S. Hegge ser ikkje bort frå at sløa har lege i nærleiken av øya her. Ho kan difor ha danna ein naturleg sløegard.

Vølbuåne mellom Heggefjorden og Vølbufjorden
I Vølbuåne hadde Onstad [35/1] sløe. Ho stod nær innløpet til Vølbufjorden, mellom nokre øyer i midten av elveløpet, fortel Torgeir Onstad. Dette sløestøet vart neddemt ved regulering av Vølbufjorden, med fyrste tappesesong i 1921/22.

*Heggefjorden. I innløpet til denne innsjøen (Dalsåne) har det stått ei sløe.
Foto: Trygve Hesthagen.*



Røssåne mellom Vølbufjorden og Høvsfjorden

I Røssåne, på utløpet av Vølbufjorden, har Rudi (Røe) [50/1] hatt sløe.^[66] Det er nok lengje sidan det var sløefiske i denne elva. Mekjell Røe har i alle fall ikkje høyrte gjele det.

Olebekken - innløpet til Olevatnet

I Olebekken har det vore tre sløer, fortel Nils J. Lykken. Sløa nærast innløpet tilhørte Bergo [3/7], medan Nørre Beito [2/6] og Oppigarden Beito [2/7] åtte dei to andre sløene noko lengre oppi bekken. Dei tre sløene vart gjerne kalla Bergasløa, Markasløa og Oppigardsløa. I 1925 og 1926 vart Knut O. Beito og Knut K. Beitomarken melde for å ha fiska ulovleg med sløe i Olebekken.^[58] I 1928 vart det reist tiltale mot Knut O. Beito. Skuldinga gjekk ut på for stutt avstand mellom slindene i sløegrinda.

Oleåne mellom Olevatnet og Javnin

I Oleåne mellom Olevatnet og Javnin har det vore seks sløer.^[66] Oleåne blir også kalla Stølsåne, fortel Nils Nøbben. Det var eigaren av synste delen av Olevatnet som åtte det øvste sløestøet. Det låg om lag 150 meter frå utløpsosen. Fyrst på 1900-talet kjøpte agent Alfred Germundsen frå Oslo denne eigeiendomen, fortel barnebarnet Gunnar Germundsen. Sløerista hadde ei lengde på ikring to meter, og fisken vart ført nedi ei nettingkasse. Det var ikkje plass til særleg mange fiskar i ho, kanskje berre rundt ti stykk. Sløa måtte difor helst tømast kvar dag. I forkant av kassa var det plassert ein stokk som dei fjerna når sløa var ute av drift. Ovanfor sløa var det mura ein solid sløegard, med ei lengde på om lag 50 meter. Alfrid Germundsen brukte sløa mykje, for han budde gjerne ved Olevatnet frå mai til ut i oktober. Difor var fisk eit kjærkome tilskot i matvegen. Germundsen vart i 1926 meldt for ulovleg sløefiske.^[58] Torstein Sørbu hugsa godt sløa øvst i Oleåne frå oppveksten på 1940-talet.

Ovanfor Melbystølstjernet hadde Øystre Melbystølen [15/1 + 15/2] sløe. Ho var i bruk fram til rundt 1946-47, fortalde Nils N. Hedalen.^[66] Nedanfor Gråsteinshølen hadde Lille Okshovd [7/1] sløe. Ho låg ved ein foss like ovanfor Skulemeistervaet. Denne sløa stod til utpå 1930-talet, fortel Gudbrand Lie. Han såg sjølv restar etter ho i ungdomen. Sløa var tømra og utstyrt med ein solid sløegard. Ola G. Okshovd var den siste som brukte sløe på garden. Han var elles ein ivrig fiskar. Det har også stått ei sløe ovanfor Vesleføssen, ikkje langt frå Gjerdingstølen. Denne sløa tilhørde folket på stølen, meinte Nils N.

Hedalen. Litt nedanfor Vesleføssen hadde Nørre Hedalen [7/3] sløe. Truleg låg ho i nærleiken av Sløahaugen. Myra noko lengre ned har også fått namn etter sløefiske, for ho heiter Sløamyradn.

Den nedste sløa i Oleåne låg i Åkrokadn, nokre hundre meter frå innløpet til Javnin. Den fyrste eigaren av denne sløa var Haugane [7/17].^[6] Men den 25. januar i 1863 gjorde Eirik Olsson Hedalen og Ola Jonsson Hedalen på dei to Sørre Hedalsgardene [7/12] eit makebyte med Nils Johannesson Hedalen om denne sløa. Han overlét då



Vølbufjorden. Det var ei sløe på innløpet, men ho vart neddemt då innsjøen vart regulert i 1921/22.
Foto: Trygve Hesthagen.

sløeretten sin til eigarane av dei to andre gardane mot at han sjølv fekk tre måls slåtteland på Feten. Her ville han byggje seg støl. Det dei tre partane fekk ved handelen, skulle dei ha til odel og eige. Gudbrand Hedalen fortalde at då far hans var i barndomen, var det framleis att restar etter denne sløa. Han heitte Svein Hedalen, og var fødd i 1890. Sløa gjekk nok difor ut av bruk tidleg på 1900-talet.

I bekken mellom Ersgardsstølen og Bendikstølen har det stått ei mindre sløe.^[66] Nils Nøbben trur helst det var folk frå Ersgardsstølen [Dale 17/10] som anten åtte ho eller hadde tilsynet med ho. Denne sløa var truleg i bruk til utpå 1940-talet.

Javnåne mellom Javnin og Midtre Vindin

På utløpet av Javnin hadde Li [10/2] og Mørstad [12/1] sløer. Li har papir på bruksretten til Lisløa, fortel Torstein Sørbu. Han meiner at dette kom av eit gammalt

Buaugåne der Sørre Røgne hadde sløe fram til 1970-talet.

Foto: Ingrid Røgne.



makebyte. Denne sløa gjekk truleg ut av bruk alt på slutten av 1800-talet. Sløa stod knappe 100 meter frå osen av Javnin, og sløegarden er framleis godt synleg. Det er ukjent kor lengje sløa til Mørstad var i drift. Men det er restar etter sløegarden her, fortel Olav H. Rudi. Lengre ned i Javnåne kan ein sjå spor etter fleire sløegardar. Ut i frå eigedomstilhøva kan også Sørbu [13/1] ha hatt sløe i elva, meiner Torstein Sørbu.

Åne mellom Midtre og Sørre Vindin

På den stutte elvestrekninga mellom Nørre og Midtre Vindin hadde Sørbu [13/1] sløe.^[66] Ein veit ikkje når ho gjekk ut av bruk. Men det er nok lengje sidan, kanskje alt på 1800-talet.

Strytebekken mellom Stryta og Storetjern

I Strytebekken mellom Stryta og Storetjern hadde Skammestein [10/3] sløe. Signe Skammestein er kjent med at garden har hatt sløe her, men ikkje kor lengje den var i drift.

Kjølabecken mellom Sørre og Nørre Kjølén

I Kjølabecken ut frå Sørre Kjølén hadde Sørre Hegge [22/4] sløe fram til rundt 1930. Ho stod heilt oppe ved utløpet og fanga fisk som gjekk ut frå Nørre Kjølén, fortel Berit Robøle Hegge. Elveosen her er ikkje særleg brei, med fjell på båe sider. Sløa dekte såleis det meste av utløpet. Det var difor ikkje naudsynt med sløegard, fortel Knut Hegge. Det låg att stokkar og anna trevyrke etter denne sløa heilt fram til utpå 1970-talet, fortel Berit Robøle Hegge. Far hennar, Ola Robøle Hegge, var godt kjent med sløa i Kjølabecken. Kassa var blant anna utstyrt med lås.

Kjølaåne mellom Sørre Kjølén og Yddin

I Kjølaåne har det stått ei sløe, fortel Nils August Dalen. Når ein går frå Glåmstølen og ser Kjølaåne og Sygnestølen, kjem ein til ein bakke. Han blir kalla Sløabakken. Sløa låg i nærleiken av vadet over elva, og

sløegarden var lengje synleg. Det var truleg gardar på Sygnestølen eller Glåmstølen som åtte denne sløa, meiner Nils August Dalen.

Yddeåne mellom Yddin og Sørre Vindin

I Yddeåne på utløpet av Yddin hadde Haugen [26/10], Nigard Robøle [30/1] og Sørre Moen [27/1] sløer. Dei stod på straumdraget nedanfor ei lone. Både Nils August Dalen og Olav Robøle er godt kjende med desse sløene. Sløene til Haugen og Nigard låg øvst, og meir eller mindre ved sida av kvarandre. Sløa til Sørre Moen låg eit lite stykkje lengre ned i elva. Uppigard Robøle [30/5] kan også ha hatt sløe i Yddeåne, trur Olav Robøle. Nigardssløa var i stand fram til tidleg 1950-tal. På den tida var det att berre restar etter sløe nummer to, medan den tredje nok var heilt borte. Dei to siste sløene gjekk såleis ut av bruk før siste verdskrig. Kassa på Nigardssløa var tømra, og ikring ein meter lang og ein halv meter brei. Ho var også utstyrt med tak og lås, fortel Nils August Dalen. Olav Robøle og Nils August Dalen har baa fanga eller sett fisk i denne sløa. På slutten virka ho nok ikkje særleg godt, for ho var delvis stengt. Ein kan framleis sjå sløegardar på utløpet av Yddin. Ved Vidflå noko lengre nedi elva hadde Bråten [29/7] sløe. Ottar Bolstad fortel dette, og far hans kjøpte denne garden på 1930-talet. Då var ikkje sløa lenger i bruk, men det låg framleis att nokre restar etter ho.

Buahaugåne mellom Røyri og Vangsjøen

I Buahaugåne mellom Røyri og Vangsjøen hadde Sørre Røgne [44/1] ei tømra sløe fram til byrjinga på 1970-talet. Ho stod om lag 40 meter frå utløpet av Røyri. Sløa var ikring tre kvart meter både i lengde og breidde, og utstyrt med ei låsbar kasse. På slutten av 1960-talet vart sløa brukt jamnleg, av Knut Oddvar Røgne og Sigmund Røgne. Ho gav gode fangstar, kan Knut Oddvar Røgne fortelja. Fram til utpå 1980-talet hadde Sørre Røgne også fiskebu ikkje langt frå Buahaugåne. Det skal òg ha vore sløe ved Øyangen.⁶⁶



I bekken mellom Rabbalsvatnet og Vangsjøen var det sløefiske alt på 1400-talet.

Fiskesløa i osen av Rabbalsvatnet er nemd alt i eit brev frå 1400-talet. Sløa var grensepunkt mellom Høve (Hovi) og Sørre Røgne, og ho låg mest truleg ved steinen til venstre på biletet. Knut Oddvar Røgne står ved denne steinen. Foto: Ingrid Røgne.



Vangsjøåne - innløpet til Vangsjøen

I Vangsjøåne nær innløpet til Vangsjøen var det lengje restar etter ei sløe, fortalde Gudbrand Skattebu.^[66] Ho låg i Vølbu sameige, men eigaren er ukjent.

Bekken mellom Rabbalsvatnet og Vangsjøen

Ved Rabbalsvatnet var det sløa på 1400-talet, ifølgje ordlyden i Diplomatarium Norvegicum nr 82 frå 1419 (DN XIII). Dette er eldste dokumenterte sløestøet i Valdres. Sløa stod truleg i osen av Rabbalsvatnet, på grensa mellom Sørre Røgne og Hovi. Framleis går grensa mellom dei to gardane ved denne osen, fortel Knut Oddvar Rogne.

Brevet frå 1400-talet lyder slik:

“Vi etterskrevne, Finnkjell og Gudbrand Finnkjellssønner på Jøsta, gjør med dette vårt åpne brev vitterlig for alle at vi var på Rognegården i året den dagen 1419 og provet for sant og gjorde vår ed for herr Jakob på kirkebakken og avla rett vitnesbyrd om vår gamle far Finnkjell på Jøstas opplysninger om grensene imellom Skattebu og nordre Rogne, imellom nordre Rogne og søndre Rogne og imellom Hove og søndre Rogne. Sebuodden og Bleikeberg og nord i Øyangsvika og Hestekampen og Bamsesvam (Biørna sundt) er skjellene imellom Skattebu og nordre Rogne. Og imellom søndre Rogne og nordre Rogne er [skjellene] bekken nedenfor husene og nord til Presterud og like i høye berget, nordafor Hanekneet, og i den høye haugen nordafor Øyangsstølen og i Sørre øya (Sua øda) og i Kinsarvika og i steinen nordafor Øyangsstølen og deretter i allmenningen. Og imellom Hove og søndre Rogne [går skjellet] i osen der det er sløestø, og i Kuidia-mellin (-mellia), og et vann som heter Rabbalsvatnet (Rabura) og deretter i allmenningen. Og parten som ligger nede ved vannet nordafor bekken nedenfor Rogne skulle være gitt under søndre Rogne for at nordre Rogne skulle ha driftevei opp i Viborga, og derfra dra nordover på sitt eget [område]. At dette skal være sannheten, setter vi seglene på dette brev.” ^[11]

Etna

I Etna har det vore minst tre sløer.^[66] Ovanfor Jønsrud-fløten ved Etnestølen hadde Jønsrud [37/2] sløe. Truleg låg ho ved Sløakrokadn, der namnet viser at det har vore brukt sløe. Det har også vore sløefiske nedanfor Etnestølen, fortel Erik Myreng. Ein kjenner ikkje eigarane av dei to siste sløene. Det er òg restar etter ei sløe i Etna nær grensa mot Nord-Aurdal.

Finnebekken – innløpsbekken til Finnefjorden (Fullsenn)



I Finnebekken er sløefiske kjent frå fyrst på 1800-talet.^[37] Det er ei rettssak ved Valdres sorenskriveri i åra 1812-44 som fortel om dette. Ole H. Skrutvold og Ole O. Skrutvold frå Nord-Aurdal hadde stevna Ole Christensen Rogne, Ole Knudsen Rogne d.e. og Ole Pedersen Hovi frå Slidre for retten. Dei hadde nemleg “tilladt sig at opføre en Fiskesløe i Oset ved Citanernes Fiskevand Fulsend eller den Deel deraf som kaldes Finnefjorden samt alle de Indstævnte fordi de have anskaffet sig Baad og tilladt sig i sidste Sommer Fiskerie i Finnefjorden m.m”. Ei historie frå 1825 fortel om mykje fisk og store fangstar på sløa i Fullsennosen.^[6] Dette var ein gong gamle Skrautvøl'n og sønene Ola og Halvor låg på Svarthamarstølen. Gutane stengde elva, og jaga fisken på sløa i to jamdøger. Dei hadde då eit utbyte på 24 bismarpund rista fisk.

I samband med rettsaka på 1800-talet, førde saksøkjaraane fleire vitne frå Nord-Aurdal. Dei fortalde at folk frå Skrauvål har hatt fiskerett i Finnefjorden frå uminneleg tid. Innsjøen hadde alltid tilhørt skrautvålingane, vart det sagt. Dei kjende heller ikkje til at saksøkjaraane hadde drive fiske her, bortsett frå med garn i Finnefjorden og med sløe i Finnebekken. Derimot meinte fleire vitne frå Slidre at innsjøen anten låg i allmenninga eller i sameiget til anneksa Røgne og Vølbu. Finnefjorden hadde allmenning på alle kantar, og grensa mot “nordre Aurdals motstøtende almenning” gjekk over sundet mellom

Finnefjorden og Fullsenn, påstod dei. Vitna forklarte seg òg om kjennskapen til fisket i Finnefjorden, etter det forfedrane deira hadde fortalt. Dette var frå ikring 1805 og utover. Slidringane kunne òg fortelja at ein tidlegare oppsittar på Høvi hadde sett opp fiskebu ved sørenden av Finnefjorden, ikkje langt frå sundet mot Fullsenn. Eit par av vitna meinte at skrautvålingane ikkje hadde fiskerett i Finnefjorden. Saka enda med at partane inngjekk forlik den 18. januar 1844. For ettertida skulle eigarane frå Skrautvål ha to femdelar av fiskeretten i Finnefjorden, og eigarane av Røgne og Høve resten. Forliket gjekk ut på at "hvilken Fiskeret, hvori tillige er indbegreben den i Finnefjordset beliggende Sløe, hvis Vedligeholdelse skeer paa Parternes fælles Bekostning". Sløa skulle brukast slik at eigarane frå Skrautvål og Røgne/Høvi fiska vekselvis i periodar på to og tre år.

Fjelldokka

Ved Jørstadstølen hadde Jørstad [35/1] sløer både i Kvitfetbekken, Fjelldokka og etter samløpet mellom dei to bekkane.^[66] I Kvitfetbekken hadde også Mattisgard sløe [37/4]. Olav Rørhus fortalde at i oppveksten henta han ofte fisk frå desse sløene.^[67] Han var fødd i 1906, så dette måtte ha vore rundt 1915-20. Vi kjenner ikkje til kor lengje desse sløene var i drift. Det er omfattande oppgang av fisk frå Fjelldokkvatnet til desse bekkane når dei veks i samband med nedbør, fortel Reidar Gran.



Skisse av sløer som vart brukt i Kvitfetbekken og Fjelldokka, sett ovanfrå og frå sida.⁶⁷

Plasseringa av sløene til Jørstad i Kvitfetbekken (1), Fjelldokka (2) og etter samløpet mellom dei to bekkane (4), samt sløa til Mattisgrad i Kvitfetbekken (3). Olav Rørhus skreiv Fetabekken og ikkje Kvitfetbekken, men ut frå kartet i artikkelen hans må det vera Kvitfetbekken han meinte.⁶⁷

VESTRE SLIDRE

I Vestre Slidre er sløefiske kjent frå Strøsosen, Kjeslaråne, Kvithaugåne, Buaråne, Flya mellom Flyvatnet og Veslevatnet, Storåne ved Ryfoss, utløpet av Slidrefjorden, og Begna eit stykkje ovanfor Sebufjorden. Det har vore minst 20 sløer i desse elvene. I eldre tid var det truleg sløer langt fleire stader, for reiskapen vart mellom anna nytta i mange stølsselver.^[6] Det var vanleg at budeiene tømde sløene kvar morgon så lengje dei låg på stølen. Når dei flytta heim att om hausten, vart sløene lagde opp. Sløefisket kunne vera både matauk og gje ei god inntekt til eigaren. I juni 1978 annonserte Vestre Slidre Fjellstyre i avisa "Valdres" om at dei som framleis gjorde krav på sløestøer i statsallmenninga, måtte melde frå.^[68] Det kom inn krav om seks sløestøer; fem i Buaråne og eit i Kvithaugåne. Det er elles få historiske opplysningar om sløefiske i bygda.^[69]

*Slidrefjorden er sjøve landemerket i Vestre Slidre.
Foto: Trygve Hesthagen.*



Ved mange stølar i Vestre Slidre var det vanleg at budeiene hadde sløer.

Fiskereglar

Vestre Slidre innførde i 1873 forbod mot bruken av sløer i alle elver i ei periode på hausten.^[26] Men i ein rapport som kommunen sende Fiskeri-inspektøren fire år seinare, heiter det at omfanget av sløefisket ikkje hadde endra seg. Kommunen bad difor om at dei nye fiskereglane vart oppheva fordi dei straffa berre fiskarar som heldt seg til lova. Forbodet mot bruken av sløer vart oppheva i 1884. I 1905 innførde Vestre Slidre på nytt visse avgrensingar i sløefisket. Det vart no stilt krav om ein minstavstand mellom botnspilene på 39 millimeter. Sløene måtte også vera bygde slik at fisk som fall gjennom sløegrinda, fritt kunne koma seg ut att i elva. I 1916 vart minsteavstanden mellom spilene auka til 45 millimeter. Framleis stod kravet om byggjemåte ved lag. Desse reglane vart vedteke på nytt den 1. januar 1926. Dei galdt likevel ikkje Strøsosen og elva mellom Lofoss og Kårstadøyen. I 1927 vedtok Vestre Slidre og Nord-Aurdal felles fiske-reglar for Strandefjorden. Her trong det ikkje vera meir

enn 32 millimeter mellom sløeslindene. I 1936 vart denne avstanden redusert frå 45 til 40 millimeter for sløer elles i bygda. Men sløegrindene måtte fjernast i fredingstida, og det var heller ikkje lov med tverrspiler. Byggjemåte for å unngå fangst av småfisk, var som før. I 1936 kom det òg forbod mot å byggje nye sløer i Vestre Slidre. Det vart gjort unntak for nokre elver og vassdrag. I 1946 var fiske-reglane oppe til ny vurdering, men utan endringar med omsyn til sløefiske.

Strøsosen – utløpsosen frå Helin

I Strøsosen var det to sløer i drift fram til reguleringa av Helin. Høyne [26/1] åtte sløa nærast austbreidda, medan den andre var felleseige mellom Egge [24/2] og Stee [28/1]. Strekinga mellom Helinosen og Kolvtjenna vart tidlegare rekna som det beste gyteområdet for auren i Helin. [70,71] Sløene i Strøsosen var difor rekna som verdifulle for eigarane.[72] Ivar Rudi var med og henta fisk frå ei av desse sløene som smågut. Særleg store fangstar kan han ikkje hugse at det var, men dei fekk som regel fisk. Utbytet har alltid vore høgast i den tida gytefisken vandrar ut i frå Helin om hausten. Innsjøen vart regulert frå og med tappeseson 1950/51. Ved skjønnet vart Høyne, Egge og Stee samde om at sløene deira i Strøsosen var like gode. Dei skulle difor ha same vederlag.[71] I samband med reguleringa vart Strøsosen grave ut og kanalisert. Då forsvann også alle spor etter både sløer og sløestøer.

Kjeslaråne mellom Nestevatnet og Movatnet

Tidleg på 1900-talet stod det nokre enkle sløer i Kjeslaråne. Då Ole K. Lome og Knut Berge var i oppveksten, var dei ein gong der for å sjå på nokre sløer.[68] Båe gutane var fødte i 1890, så dette måtte ha vore ikring 1900-10. På den tida skulle det ha vore tre sløer i Kjeslaråne. Det var nokre eldre gutar som hadde sett opp desse sløene. Sløeretten i denne elva tilhørte helst Øvre Løken [37/1], trur Knut Lome. I eldre tid var dette einaste garden som hadde støl på den sida av Movatnet.



Innsjøar og elver i Vestre Slidre, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område.



Dei to sløene i Strøsosen, truleg frå 1940-talet. Foto: Arkiv hjå Foreningen for Bægnavassdragets Regulering.


Kvithaugåne mellom Koltjern og Movatnet

I Kvithaugåne har Lome [34/1] og Egge [25/3] felles sløe i den vestre greina. Ho er framleis i bruk, og eigarane er Birger Haugen og Knut Lome. Den eldste kjende sløa vart teke av flaum i 1860. Vi har ikkje kjennskap til om det vart bygt opp att ny sløe rett etter denne hendinga. Det var i alle fall ikkje sløe i Kvithaugåne rundt 1900, ifølgje Knut Berge. Men "det var tydelig at det hadde vært en sløe der tidligere".^[68] Desse opplysningane kom fram då han på 1950-talet vitna i rettsaka om sløeretten i elva. Heimgarden hans har støl på Kvitehaugen. Berge var difor godt kjent med fiske i Kvithaugåne. Saman med Ole K. Lome bygde han ei enkel sløe i Kvithaugåne rundt 1900. Modellen henta dei frå Kjeslarån. Dei to gutane vøla samstundes den gamle sløegarden.

Ny sløe av betong i 1949

I 1922 sette Nils E. Egge og Ola K. Lome opp ein sløeliknande reiskap i Kvithaugåne, av plank. Etter nokre år byrja ho å bli morken og lite brukbar, fortel Knut Lome. Ein gong på 1940-talet vart ho difor teke på land for å gje plass til ei ny sløe. Seinare køyrde dei sløa nedi bygda, der ho vart plassert på låven hjå naboen til Nils E. Egge. I 1949 bygde han og Ola K. Lome ny sløe i det gamle sløestøet. Denne gongen vart det eit meir solid byggverk, med kasse i betong og botnspiler i metall. Det var Olav Yrstad som utførde arbeidet. Han hadde ein mekanisk verkstad, og dreiv elles oppsyn for fjellstyret. Samstundes med at dei sette opp ny sløekasse, vart det også gjort noko gravearbeid i elva. Men etter kvart vart det strid om dei to gardane hadde rett til å sette opp att ny sløe i Kvithaugåne. Fjellstyret melde dei difor for ulovleg sløefiske i fredningstida.^[68] Dei meinte elles at den nye sløa var større enn den førre, og at sløegarden var

*Sløa til Lome og Egge i Kvithaugåne frå tidleg 1990-tal.
Foto: Ola Hjelte.⁵⁷*



Plasseringa av sløa til Lome og Egge i Kvithaugåne.



gjort lengre. Setereigarane på Kvitehaugen og Jaslangen protesterte også mot bygginga av den nye sløa. Saka vart likevel lagt vekk av påtalemakta.

Sløefiske i Kvithaugåne for retten

I 1953 kravde fjellstyret at både sløa og sperredammen i Kvithaugåne måtte fjernast. Dei sende saka over til Landbruksdepartementet. Men partane kom ikkje fram til semje. Då stemna Lome og Egge like godt staten for retten. Dei viste blant anna til at sløa deira hadde vore samanhengande i drift over lang tid. Dei meinte difor å ha rett til å sette opp ny sløe etter som den gamle ikkje lenger kunne brukast. Den nye sløa var heller ikkje utstyrt med tverrspiler. Fisk som fall mellom slindene kunne difor fritt koma seg ut att i elva. Lome og Egge viste også til at dei heller ikkje hadde endra storleiken på sløa. Men fjellstyret meinte på si side at sløa i Kvithaugåne ikkje hadde vore nytta etter 1949. Dei viste òg til dei kommunale fiskereglane frå 1936, med forbod mot å byggje nye sløer.

I 1955 kom saka om sløefisket i Kvithaugåne opp for retten. Det vart synfaring, og tre partar og 22 vitne vart avhøyrd. [68] Fjellstyret viste mellom anna til vitneutsegn frå to karar som hadde arbeidd hjå Nils E. Egge i åra 1938-47. Ein av dei meinte at det ikkje var brukt sløe i Kvithaugåne på den tida. Derimot var noko av ein sløegard framleis synleg. Også ei bordkasse som var nedrøysa i grus stod i sløestøet. Ifølgje ein annan stølseigar stod denne kassa oppå nokre steinar, fortel Knut Lome. Den andre karen kunne derimot fortelje at det vart teke fisk i sløa i den tida han arbeidd hjå Egge. I samband med rettsaka monterte Nils E. Egge den gamle sløa oppå eit lastebilplan. Seinare inviterte han alle til å ta ho i augesyn. Han hadde teke botnspilene av metall i nysløa og montert dei i gamlesløa. Med det ville Egge vise at storleiken på sløa ikkje var endra. Etter rettsaka vedgjekk ein kar som hadde arbeidd hjå ein stølseigar under krigen, at dei



Sløa til Reien i Buaråne slik ho såg ut på 1970-talet. Ovanfor sløa er det mura opp to låge steingardar som skal føre fisken inn på sløa. Sløa er om lag 2,5 meter lang. Foto: Reidar Bakken.⁸

Sløa i Kvithaugåne har ein god sløegard. Foto: Svein Erik Ski.



hadde stole fisk frå sløa i Kvithaugåne. Han var òg villig til å vitne, fortel Knut Lome. Advokat Carl Tank noterte seg dette, og ville ta det med ved ei eventuell anke.

Egge og Lome fekk stadfesta sløeretten i Kvithaugåne

Valdres herredsrett meinte at det kunne førast bevis for at det i 1936 hadde stått ei sløe eller ein sløeliknande fangstreiskap i Kvithaugåne. Herredsretten stadfesta difor sløeretten til Egge og Lome. Men reguleringa av Helin førde til at Kvithaugåne fekk sterkt redusert vassføring. Skjønnsretten meinte difor at mengda fisk ville bli sterkt redusert. Vederlaget for tapt sløefiske var berre på totalt 136 kroner.^[73] I 1985 vart sløeretten til dei to gardane godkjent av Vestre Slidre Fjellstyre.

Ny betongsløe på 1980-talet


På 1980-talet vart det støypt ny sløekasse i Kvithaugåne. Ho er 2,40 meter lang, 0,60 meter høg, og spissa nedover frå ei breidde på 1,30 meter øvst til 0,95 meter nedst. Lengre ned står det ein fiskekum der det blir montert ei nettingkupe når sløa er i bruk. Ho er jamnleg i bruk på sommaren og fram til fredinga i september. Fangstutbyttet

varierer mykje år om anna, avhengig av tid på året og kor mykje vatn det er i elva. Fisket er best etter at Helin er fylt, for då vandrar ein del fisk ut frå vatnet og nedover elva. Den største fangsten Knut Lome har fått på ei natt i seinare år er 14 fiskar. Etter sløying vog dei heile 15 kilo.

Buaråne mellom Movatnet og Svenskefjorden (Flyvatnet)

I samband med at fjellstyret i 1978 annonserte om sløerettar i kommunen, gjorde fire gardar slike krav gjeldande i Buaråne. Dette var Nørdre Jarstad [47/1], Landsrud [62/1], Reien [51/1], og Ulvestad [88/1] med to stykk.^[68] Seinare opplyste Gullik Kirkevoll at Uppslidre [44/2] også har hatt sløe i Buaråne. Ved skjønnet på 1950-talet gjorde ikkje denne garden krav på vederlag for tapt sløefiske i elva.^[74] Det må difor ha vore lengje sidan Uppslidre dreiv sløefiske i Buaråne. Sløa til denne garden skulle vera den beste i sitt slag, ifølgje Kirkevoll. Dei to sløestøene til Ulvestad låg nedst i elva; eit lite stykkje nedanfor nybrua, og om lag 25 meter lengre opp. Sløestøet til Uppslidre låg litt ovanfor det øvste sløestøet til Ulvestad, opplyste Gullik Kirkevoll.^[68] Denne strekninga blir kalla Greino. Namnet kjem av at elva ein gong tok nytt får og delte seg i to løp. Sløa til Reien ligg på vestsida av elva, om lag 250 meter ovanfor brua. Sløestøet til Landsrud ligg 100 meter endå lengre opp, på austsida av elva. Nørdre Jarstad hadde det øvste sløestøet, litt nedanfor Langhølen på vestsida av elva.

Vi kjenner ikkje til kor langt attende i tid det har vore sløefiske i Buaråne. Reien kan ha brukt reiskapen alt på 1800-talet. Ein dei kalla Gamle Reiin (f. 1826) fiska i alle fall mykje i elva på den tida.^[75] Gullik Kirkevoll (f. 1895) fortalde at sløene i Buaråne var tømra og utstyrde med fangstkammer.^[68] Ved inngangen var det plassert ei stor og flat steinhelle, som dei kalla sløeluka. Her låg det ein kraftig stokkende som var festa til dei tynne og glatte staurane i sløegrinda. Det var vanleg at sløene vart




Dei seks kjende sløeplassane i Buaråne.

tømde så ofte at fisken ikkje svolt i hel. Ovanfor sløene var det sett opp steinmurar som førde fisken inn på sløene. Ved underskjønnet i 1950 vart det opplyst at sløefisaket i Buaråne gjekk føre seg frå slutten av august og fram til fredinga den 15. september.^[71] I eldre tid var sløene truleg brukte så lengje det var folk på stølane. Seinare på hausten vart sløerommet opna, slik at fisken kunne gå rett ut att i elva.

Opplysningane som fjellstyret fekk om sløefisaket i Buaråne, var til dels motstridande.^[68] Blant anna var det fleire som meinte at Reien ikkje hadde nokon sløerett. Reguleringskjønnet på 1950-talet omtala berre sløene til Nørdre Jarstad, Landsrud og Ulvestad.^[70,74] Overskjønnet gjekk seinare imot at Landrud skulle få vederlag for tapt sløefiske. Grunngevinga var at: "Det antas ikke å oppstå noen skade på sløen hvorfor erstatning herfor ikke ydes".

Torgeir Reien og dattera Åshild ved sløa deira i Buaråne i 1996.
Foto: Ola Hjelle.⁵⁷



Eivind Reien (f. 1924) kravde heller ikkje vederlag for tapt sløefiske i samband med reguleringa. Jørgen Bergheim (f. 1924) orienterte om dette i eit brev til Direktoratet for naturforvaltning i 1987.^[68] Han meinte at det berre var dei med synlege sløestøer som hadde krav på vederlag for tapt fiske. Reien grunn gav det manglande kravet med at reguleringa ikkje ville påføre sløa hans særlege skader.^[68]

Det var berre Ulvestad, Landsrud og Uppslidre som hadde sløer i Buaråne i eldre tid, ifølgje Gullik Kirkevoll. Ein del av brukarane på stølslaget Jaslangen var heller ikkje kjende med at Reien hadde sløerett i elva. I eit brev til Direktoratet for vilt og ferskvannfisk i 1993, vart det opplyst at to år tidlegare hadde både Reien og Nørdre Jarstad sett opp nye sløer i Buaråne. Jørgen Bergheim var heller ikkje kjent med sløeretten til Reien,



Sløene i støselvene skaffa budeiene både mat og kjærkomen inntekt.

Sløegarden til Landrudsløa i Buaråne er framleis godt synleg. Foto: Ola Hjelle.⁵⁷



og nemner berre sløene til Nørdre Jarstad, Landsrud og Ulvestad. Bergheim hadde i oppveksten på 1920/30-talet vore mykje på Jaslangen. Han kjende difor eldre folk som hadde fiska i Buaråne frå 1880-åra og framover. Tidleg på 1900-talet var det berre brukt mæl i sløestøene i elva, ifølgje Bergheim.

Også Ingvar Løiten (f. 1894) fortalde om sitt kjennskap til sløefisket i Buaråne. Dette var i eit intervju med Eivind Mørken i 1983. Mørken var formann i fjellstyret på den tida.^[68] Løiten gjorde greie for sløefisket frå tidleg 1900-tal og fram til 1922-23. Han voks opp på heimgarden Løten, og dei hadde støl ved Buaråne. På den tida var det fem sløer i Buaråne, ifølgje Løiten. Eigarane vart dessverre ikkje namngjevne. Også Olaf Hande (f. 1905) hadde kjennskap til sløefisket i Buaråne.^[68] Frå rundt 1920 og framover var han godt kjent med fisket i Buaråne. Hande meinte også at det var fem sløestøer i elva på den tida, og dei tilhørde Nørdre Jarstad, Landsrud, Reien og Ulvestad (to stykk). Men det var berre Ulvestad og Reien som dreiv sløefiske. Sløa til Landsrud gjekk truleg ut av bruk alt tidleg på 1900-talet. Derimot er sløegarden framleis godt synleg. Også Sigrid Hande Lome (f. 1910) gjekk god for at Reien hadde sløe i Buaråne i 1920-åra. Ho var budeie på Bjørnhovdstølen på den tida. Her har også Reien støl.

Det var altså Ulvestad som åtte dei to nedste sløene i Buaråne. Båe vart neddemde ved reguleringa av Flyvatnet. I 1950 var det berre sløegarden som stod att i det nedste sløestøet. Dette opplyste Haldor Ulvestad ved underskjønnet det året.^[71,74] Den nedste sløa hadde aldri gjeve noko særleg stort utbytte. Ho vart difor ikkje lenger halde ved like. Den øvste sløa var derimot framleis i god stand. Halvor Ulvestad fortalde at i gode år kunne denne sløa gje eit utbytte på om lag 100 kilo. I dei siste åra hadde fangstane rett nok vore noko mindre. Garden fekk tilkjent eit årleg vederlag for tapt sløefiske på 890 kroner.

Jarstadsløa hadde vore vøla tre gonger i løpet av 1900-talet, fortalde Øystein Sundheim.^[68] I 1912 utførde Øystein Jarstad arbeidet saman med bestefaren og ein tenestekar. Den andre gongen var på slutten av 1930-talet, då Øystein Jarstad gjorde arbeidet sjølv. Også denne sløa forfall etter kvart, og vart borte lengje før han døydde i 1963. Tretten år seinare sette Øystein Sundheim opp att ny sløekasse i det gamle sløestøet. Ho vart no bygt i impregnert plank. Olav Hande kunne stadfeste at Jarstad bygde ny sløe det året. Sundheim nytta måla på gamlesløa, som var tre alen lang og ein alen brei. I tillegg utstyrde han sløa med ein fangstkum på ein alen. Jarstadsløa var framleis i bruk i 1983 då fjellstyret var på synfaring. På 1990-talet vart sløa vøla for fjerde gongen. Men i 1999 vart ho utsett for hærverk og sprengd med dynamitt, fortalde Halvor Øystein Jarstad. Etter det har ikkje sløa deira vore i drift.

Den gamle sløa til Reien tok etter kvart til å råtne, og rundt 1960 vart ho difor vøla.^[68] Både Ottar Snorheim og Olav Hande tok del i dette arbeidet. Sløa til Reien vart seinare kontrollert og godkjent av fjelloppsynsmann Nils Wiste. Eivind Reien gjorde også greie for sløa si då han i 1967 søkte om løyve til å sette opp att ny fiskebu ved Buaråne. I 1976 tok konservator Reidar Bakken bilete av Reiensløa.^[8] Etter hans vurdering var ho ikkje av nyare dato, men mest truleg sett opp ein gong etter siste verds- krig. Eivind Reien opplyste på slutten av 1970-talet at sløa deira vart vøla nokre år tidlegare.^[69] Dette vart også gjort i 1978, av Torgeir Reien. Men sløa forfall fort, og ho vart brukt berre fram til 1981. Difor sette han opp ei ny sløe i støet sitt eit år seinare. Det vart også nytta gravemaskin for å fjerne ein stor stein i elvefåret, opplyste han. Den nye sløa vart bygt av 1,5 toms plank, og med dei same måla som den førre. Det vart elles sett inn ein tverrstokk av betong i sløa. Torgeir Reien nyttar framleis sløe i Buaråne. I enkelte år kan ho også gje eit godt utbytte.

Flya mellom Flyvatnet (Storfjorden) og Veslevatnet


I Flya har det vore fire sløer. Dei tilhørde gardar i Røn; Fossheim [70/1], Rebne [80/1], Solsten [78/1, bruk under Kvåle] og Nedre Viste [74/1]. Dette fortalde Ola T. Rebne (f. 1905) til Olav Ivar Viste. Sløene til Viste og Fossheim stod på vest- og austsida av elva. Kor Rebne og Solsten hadde sløene sine, er ukjent. Gardane med sløerett i Flya hadde òg stølsrett på Vistestølen (Flyen).

Sløestøene til Viste og Fossheim vart neddemde i samband med reguleringa av Flyvatnet på 1950-talet. Men sløene deira gjekk ut av bruk mykje tidlegare. Vistesløa vart lagt ned alt rundt 1920, trur Olav Ivar Viste. I oppveksten såg han att berre restar etter sløa deira. Derimot er sløegarden framleis godt synleg, og ein kan også sjå noko av treverket. Guri Viste Kolstad fortalde at i ungdommen henta ho mykje fisk frå sløa deira. Ho var fødd i 1867, så dette måtte helst ha vore i 1880-åra. Derimot tviler



Sløefiske medførde også ein del ekstraarbeid for budeiene.

Olav Ivar Viste på om far hans, Øystein O. Viste (f. 1901), dreiv sløefiske. Vistesløa var truleg 1,0-1,5 meter lang og ein meter brei. Elles var ho utstyrt med ei låsbar dør. Sløa hadde ikkje fangstkum. Fisken vart difor liggjande mot tverrestokken nedst på grinda. Skjønnsretten tilkjendte Nedre Viste vederlag for tapt sløefiske i Flya. Sløa til



Olav Ivar Viste ved sløestøet til Nedre Viste i Flyelva i 1996. Støet låg ikkring 25-30 mter nedanfor dammen. I 1996 var det framleis att litt av treverket i sløa, blant anna delar av ein lem som det hadde vore lås på. Foto: Ola Hjelle.⁵⁷

Sløeplassane til Fossheim og Viste i Flyelva.



Fossheim gjekk truleg ut av bruk tidlegare enn Vistesløa, kanskje fyrst på 1900-talet. I alle fall har ikkje Olav Ivar Viste korkje sett eller høyrte om at denne sløa har vore i bruk. Flya var før reguleringa ei uvanleg god fiskeelv, med mykje stor og fin aure. Så seint som på 1940-talet fekk Øystein O. Viste to fiskar på stang, som vog 2,8 og 3,4 kilo.

Etter reguleringa vart vassføringa i Flyelva sterkt redusert. Bilete er teke rett nedstrøms overløpsdammen, som ein ser noko av i bakgrunnen
Foto: Ola Hjelle.⁵⁷

Storåne ved Ryfoss

I Storåne nedanfor Ryfoss hadde fire gardar to sløer, med felles rettar for Vøllo [7/2] og Robøle [2/2], og for Lo [7/5] og Høyme [7/1] (hovudbruket). Robøle har eit jordstykkje på eigedomen [7/4] som sløeretten låg på. Den øvste


sløa stod vest for Storøye, og den andre nær landet ved sørspissen av øya. Framleis viser sløegarden kor den siste sløa har stått. På haustparten i 1800 reiste Endre Klemmetsen Åstad på Lo [7/5] sak mot Knut Knutsen nedre Høyme fordi han hadde øydelagt fiskesløa hans og reist ei ny sløe på same plassen.^[69] Fisket hadde til alle tider tilhørt Høyme, sa Knut i retten. Den vart heller ikkje overdrege då Lo vart unnaselt. Det vart likevel kompromiss i saka, og bae gardane fekk bruke den nye sløa til Knut Knutsen. Også fleire gardar i Vang har sløerett på denne strekninga av Storåne (s. 30).

Utløpet av Slidrefjorden

På utløpet av Slidrefjorden dreiv Trygve Røn sløefiske fram til innsjøen vart regulert på 1950-talet.^[49,52] Eigedomen hans [85/1] låg på austsida av elva, på grensa mot Pjåtefossen og Ferisfjorden. Sløa til Trygve Røn vart sterkt skada etter den fyrste reguleringa på slutten av 1950-talet. Ho gjekk difor heilt ut av bruk. Sløa låg på oversida av den nye reguleringsdammen, ved stryket til Pjåtefossen. Trygve Røn kunne ikkje leggje fram sikre fangstoppgåver over sløefisket, men anslo det årlege utbytet til ikring 50 kilo. På vestsida og lengre nedi elva mot Pjåtefossen hadde Fere [69/1] tidlegare to sløer.^[53] Den øvste sløa deira var brukt fram til 1920/30-åra, medan den nedste forsvann noko tidlegare i ein flaum. Fere fekk etter reguleringa vederlag for skader og ulemper ved utøving av fiske. Skjønnsretten meinte at dei kunne byggje ei ny sløe noko lengre oppe på den aktuelle elvestrekninga. Dette vart likevel aldri gjort. Det låg att delar av den siste Feresløa lengje etter at ho gjekk ut av bruk. Hausten 1945 fann Torbjørn Moe restar etter noko av ei sløe nedanfor Pjåtefoss. Han meinte at trevyrke hadde tilhørt sløa til Olav Færden, og det hadde reist ut i elva med tømmerfløytinga den våren.

Elveløpet nedanfor dammen vart kanalisert i samband med reguleringa av Slidrefjorden. Dette endra





Sløeplassane til Vøllø/Robøle og Lo/Høyme nedanfor Ryfoss i Storåne (Begna).

straumtilhøva øvst i Ferisfjorden og i Veslepjåten. Dette ville føre til store skader både på gyteområder og fiskeplassar, meinte dei sakkyndige. Ferisfjorden frå utløpet av Trøshølen og til Fossheimfossen er grunn. Tidlegare hadde det vore eit uvanleg godt fiske på denne strekninga. Trygve Røn fiska òg mykje med både garn og dragnot i Ferisfjorden, Pjåten og Veslepjåten. Ein del av fisken vart selt. Trygve Røn rekna med eit årleg utbytte på 400-500 kilo. Han fiska for det meste i fire stryk, som vart rekna blant dei beste fiskeplassane i vassdraget. Like ovanfor dammen på vestre breidd var det tidlegare eit spesielt godt garnfiske om våren. Reguleringa gjorde at dette fisket no vart heilt øydelagt. I ei bakevje på austre breidd hadde det vore spesielt gode garnstøer. Også dette fisket vart øydelagt etter at strekninga vart steinsett og kanalisert.^[53] Det har altså vore eit uvanleg godt fiske med ymse reiskap i utløpet av Slidrefjorden. Ein må difor tru at sløene også har gjeve eit godt utbytte.

Begna mellom Hovsfjorden og Sebufjorden

Rogndokken/Ravndokki [79/5] hadde sløe på vestsida av Begna. Det er Gunnar Sælid som fortel dette, og Rogndokken var heimgarden hans. Sløa låg om lag to kilometer ovanfor utløpet av Sebufjorden. Det er nok lenge sidan denne sløa var i bruk, for spora etter sløegarden er for lengst borte.

Sløegarden til Lo og Høyme i Storåne ved Ryfoss er framleis godt synleg. Foto: Ola Hjelle.⁵⁷



NORD-AURDAL

I Nord-Aurdal er sløefiske kjent frå ni elver, med til saman 16 sløestøer. På osen av Fullsenn er sløefisket kjent frå 1800-talet. I Os-elve har det stått ei sløe om lag 100 meter nedanfor osen av Sebufjorden. I Neselve var det sløer på kvar side av elva like før utløpet til Veslefjorden. I Begna har det vore sløe i Gullbringhølen mellom Strøndafjorden og Fløafjorden. I Skamån mellom Fløafjorden og Øvstevatnet hadde Brenn, Lillebrend og Vesterbø sløer. I Flya vest for Langestølen hadde gardar i Hippesbygda minst 4-5 sløer fram til tidleg 1900-tal. I Tisleia har det vore sløer ved Sveneshølen og Hovdhølen. På slutten av 1800-talet stod det òg ei sløe ved utløpet av Bløytjern. Det har også vore sløer i Etna, for eit par kilometer nord for Etnsenn ligg stølsgrenda Sløøyidn.

*Fløafjorden og Øvstevatnet, med Skamån der det har vore tre sløer.
Foto: Marit Halmøy.*




I Fullsenmosen skaut Store-Bunlisen ein kar frå La i Dølo fordi han stal fisk frå sløa hans.

Fiskereglar

Nord-Aurdal innførte i 1873 forbod mot sløefiske i ei periode på hausten.^[26] Det galdt likevel ikkje vatn som grensa til andre kommuner, og dei med abbor. I 1884 vart dette vedtaket oppheva. Men i 1905 vart det på nytt innført visse avgrensingar i sløefisket. Avstanden mellom botnspilene skulle no vera minst 39 millimeter. I tillegg måtte sløene byggjast slik at fisk som fall gjennom sløegrinda, fritt kom seg ut att i elva. I 1917 vart alt fiske forbode i tida mellom 15. september og 15. oktober. Dette skulle gjelde for ei periode på fem år. Ni år seinare vart minsteavstanden i botnspilene redusert frå 39 til 32 millimeter. I 1927 vedtok Vestre Slidre og Nord-Aurdal felles fiskereglar for Strandefjorden, med samme avstand mellom sløeslindene. I 1935 vart sløefisket i heile Nord-Aurdal forbode. Det var gjort unntak for Ølsjøen og Leirin, og bekkar og elver som grensa til andre kommuner.

Osen av Fullsenn

Fullsenn var i eldre tid vurdert som eit uvanleg godt fiskevatn, der mange bønder frå Skrautvål dreiv fiske. [76] I Fullsennosen hadde Knut Bunli i si tid sløe. Denne karen vart helst kalla Store-Bunlisn. Knut låg ofte i Funnsennbuo på jakt og fiske, og herifrå var det heller ikkje langt søri elveosen. Men Store-Bunlisn fekk ikkje alltid ha sløa si i fred, og ein gong gjekk det skikkeleg hardt for seg. I grålysinga ein morgon såg han ein kar som tok opp fisk frå sløa. Knut drog også kjensel på han; det var ein kar frå La i Dølo. Då tok han børsa ned frå briskeknaggen, sette pipa i gluggen og brente laus. Lamannen valt på ryggen uti elva og dreiv eit stykk nedover med straumen. Det skal visst enno stå ein trekanta stein der Lamannen vart skoten.



Ved Brennmuren i Skamån stod det ei sløe tidleg på 1900-talet.

Os-elve

I Os-elve ved Spikermoen har det stått ei sløe om lag 100 meter nedanfor osen av Sebufjorden, på austsida av elva. Det kan ha vore Døvre [14/1] som åtte denne sløa, for etter gammalt hadde dei eigedom heilt ut til djupålen i elva. Sløa kunne også ha tilhøyrt Spikermoen [14/3], som vart skilt ut frå Døvre i 1853. Gunnar Sælid trur at denne sløa gjekk ut av bruk tidleg på 1900-talet. Framleis er sløegarden svært godt synleg.

Neselve

I Neselve like før utløpet til Veslefjorden, hadde Nes Nedre [66/2] og Tveit [25/1] sløer. Nessløa låg vest for øya som ligg her, medan Tveit hadde sløe på austsida og litt ovanfor denne øya. Alfred Sørumsaugen (f. 1915) voks opp i nærleiken av Neselve. Sløene her var i bruk til rundt

1915, fortalde han. Nessløa er synleg på eit fotografi etter at nybrua over Neselve vart bygt i 1921.

Desse sløene gav eit godt utbyte, som for det meste var sik frå Veslefjorden. Båe sløene vart øydelagde då vassdraget vart regulert på slutten av 1950-talet. Det er heller ikke lenger spor etter sløegardane.


Begna mellom Strøndafjorden og Fløafjorden

I Gullbringhølen har det stått ei sløe på austsida av elva, like før utløpet til Fløafjorden. Etter opplysingar som Sverre Skavelden har frå far sin, hadde sløa tilhøyrt heimgarden hans [86/1].^[57] Han heitte Sigurd Skavelden og var fødd i 1896. Han nemnde aldri at sløa var brukt i hans tid. Sløa i Gullbringhølen må difor ha gått ut av bruk rundt 1900. Framleis er sløegarden på ikring 25

*Sløegarden i Os-elve er framleis godt synleg. Det ligg også att nokre stokkar som truleg har vore delar av ei sløe.
Foto: Trygve Hesthagen.*



Bilete av Neselve frå tidleg 1900-tal. Ein ser sløa til Nes Nedre til venstre og Tveitsløa heilt til høgre i øvre kant av biletet. Foto: Arkiv hjå Foreningen for Bægnavassdragets Regulering. Biletet er brukt i boka "Langs Begna 1908-1983. Foreningen til Bægnavassdragets regulering 75 år".





Plasseringa av sløene til Nes Nedre (1) og Tveit (2) i Neselva før innløpet til Veslefjorden.



Plasseringa av sløa ved Gullbringhølen like før utløpet til Fløafjorden



Plasseringa av dei tre sløene i Skamån; Brend (1), Lillebrænd (2) og Westerbo (3).

meter godt synleg. Fløafjorden var rekna som eit godt fiskvatn, og det vart blant anna fiska med not under isen. Elleve gardar hadde del i denne fiskeretten, og utbyttet vart delt i 48 delar.

Skamåne mellom Fløafjorden og Øvstevatnet

I Skamån var Arne Lillebrænd (f. 1912) kjent med at det har vore tre sløer, fortel Eli Grøndalen. Desse sløene var bygde i kraftig tømmer, for vatnet frå heile Begnavassdraget gjekk gjennom elva. Den øvste sløa låg ved Brennmuren og tilhørte Brend [106/45]. Denne steinmuren vart sett opp for å lette tømmerfløytinga i elva. Litt nedanfor muren hadde Lillebrænd [106/41] sløe, medan den tredje sløa låg heilt nedst i elva og tilhørte Westerbo [110/16].⁵⁷ Arne Lillebrænd fiska mykje i Skamån i ungdomen. Han

Sløegarden i Gullbringhølen er framleis godt synleg. Foto: Trygve Hesthagen.



hadde også sett fisk i Westerbøsløa, og storleiken vart vurdert som "mørkafisk" og oppover. Elles var ho utstyrt med lås. Sløa var i bruk til ut på 1920-talet, då Gulbrand K. Brenn hadde tilsyn og vedlikehald. For arbeidet fekk han fisk frå sløa. Dette fortalde sonen hans, Olav Brenn, til Tormod Haugen.^[57] Ifølgje under- og overutskiftningsforretninga om Åbjør Skog på slutten av 1800-talet, vart delelinja for teig nr. 107 lagt ut til Knut L. Westerbø, som "Bruksret til hans Fiskesløer i Bægna Elv".^[77] Westerbø hadde difor fleire sløer i Skamån på den tida, ifølgje ordlyden. Framleis kan ein truleg sjå eit par stokkar etter ei sløe i elva.

*Ved Brennmuren i Skamån stod det ei sløe fram til fyrste del av 1900-talet. Framleis ligg det att noko trevyrke i nærleiken som kan stamme frå ei sløe.
Foto: Trygve Hesthagen.*





Flya mellom Veslevatnet og Tisleifjorden

I Flya vest for Langestølen har det vore minst fire eller fem sløer. Til å byrja med tilhørde desse sløene dei største gardane i Hipplesbygda, fortel Knut Døvre. Han har høyrte at sløene i Flya var tømra, og at dei truleg gjekk ut av bruk rundt 1910-20. Dette kan ha samanheng med eit vedtak frå 1917, då Nord-Aurdal innførte forbod mot alt fiske i tida mellom 15. september og 15. oktober. Sløefisket vart difor ikkje lenger så gjævt. I 1981 påviste Lars G. Kamrud (f. 1899) minst tre sløegardar i Flya, men utan at plassane vart nemnde.^[78] Han fortalde at sløene i elva låg i same rekkjefølgje som gardane i Hipplesbygda; Semle [48/2 & 8] øvst, deretter Hippe [51/14], Kamrud Nedre [51/7] og Rognås [51/1]. Men Knut Døvre kan fortelja at det var Granheim [47/1] som åtte den øvste sløa. Ho låg like nedanfor osen av Veslevatnet, og her kan ein framleis kan sjå restar av sløegarden. Granheim hadde sløe i Flya fordi dei eig ei strekning frå Ulnesfjorden og opp til Gommstølen, som ligg inn til Semle sin eigedom. Semle hadde altså sløe nummer to ovanfrå, og ho låg like ovanfor Høgefossen. Framleis er sløegarden godt synleg, fortel Knut Døvre. Ved skjønnnet i 1950 gjorde Ole O. Døvre krav på erstatning for Semlesløa.^[70]

Det var altså Hippe som åtte sløa som låg endå lengre ned i elva, ifølgje Lars G. Kamrud. Dette var truleg litt ovanfor øya ved Kvissel, fortel Knut Døvre og Sigmund Rognås. Men i samband med skjønnnet på 1950-talet var det eigarane av Haugen [49/9], Haugen [49/10] og stølen Hippleshaugen [51/14, Øystein Hippe] som gjorde krav på vederlag for ei sløe ved Kvissel.^[70] Det må bety at desse tre gardane åtte sløestøet i lag. Men Knut Døvre ser ikkje bort frå at sløa ein gong hadde tilhørt Hippe. Framleis er truleg delar av sløegarden ved Kvissel synleg, fortel Sigmund Rognås.

Vidare låg det eit sløestøe ved Sløafetøyné, ikkje langt frå der Flya renn ut i Tisleifjorden. Det var Haugen [49/9]

som åtte denne sløa, etter det Sigmund Rognås har høyr. Framleis er det restar etter ein steingard her. Men Julius Haugen [49/13] hadde kjøpt den nedste sløa i Flya, ifølgje Lars G. Kamrud.^[78] Han meinte at det også hadde vore ei sløe endå lengre nedi elva. Ho vart neddemt i samband med reguleringa av Tisleifjorden. Denne sløa skulle visstnok ha tilhørt Nedre Kamrud. Ho fall såleis utanfor systemet med omsyn til plasseringa av sløene langsetter elva. Men sløa ved Sløafetøyne kan i eldre tid ha tilhørt Rognås. At ei større øy har namn etter sløefiske, kan tyde på at det har vore fleire sløer på denne elvestrekninga. Det er altså vanskeleg å stadfeste kor alle sløene i Flya har liggje, og kven som åtte dei. Dette kjem mellom anna



Strandefjorden frå tidleg 1900-tal. Biletet er lånt ut av Vestre Slidre Historielag ved Trond B. Hamre.

Plasseringa av dei fire kjende sløestøa i Flya mellom Veslevatnet og Tisleifjorden; Granheimsløa (1), Semlesløa (2), fellessløa til Haugen [49/9], Haugen [49/10] og stølen Hippeshaugen [51/14] (3) og Haugensløa [49/9] (4). Sløa som vart bygt i år 2000 ligg nedst i elva (5).


av at opp gjennom tida har mange sløer skifta eigar ved kjøp og sal, meiner Knut Døvre. Det kan også ha skjedd ved arveoppgjer og giftarmål, og gjerne fleire gonger.

I 2000 vart det bygt ei ny sløe litt nedanfor det nedste kjende sløestøet i Flya, fortel Sigmund Rognås. Ho er tømra og om lag fem meter lang og to meter brei. Denne sløa vart i nokre år brukt til stamfiske.

Tisleia mellom Tisleifjorden og Ølsjøen

I Tisleia har det vore sløer ved Sveneshølen og Høvdahølen. Dette var både Nils Svønnæs og Asle Rust kjende med. Det er ikkje lenger spor etter desse sløene, fortalde Tormod Haugen. Sløa ved Sveneshølen hadde tilhørt heimgarden til Nils Svønnæs [59/1]. Ho var framleis i bruk medan far hans var i ungdomen. Han heitte Torbjørn Svønnæs, og var fødd i 1892. Dette måtte difor

ha vore sløefiske her fram til tidleg 1900-tal. Sløa ved Høvdahølen tilhørte Merkje [114/1]. Ho var i drift fram til rundt 1910, ifølgje Asle Rust.^[57]



Plasseringa av Svenessløa ved Svenesfossen i Tisleia.

Sløa som vart sett opp nedst i Flya i 2000.
Foto: Sigmund Rognås.



Plasseringa av sløestøet til Merkje ved Høvdahølen i Tisleia.

Utløpet av Bløytjern

Ved utløpet av Bløytjern har det også stått ei sløe.^[77] Dette går fram av under- og overutskiftningsforretninga for Åbjør Skog frå slutten av 1800-talet. Det låg nemleg ein skogsteig inntil tjernet som heitte Sløteigen. På kartet var han merka med nr 39a, og låg "ved Plassen for Sagen og paa Væstsiden begrændset ved 3 Byttestene mod teigen N. 38. Nordsiden mod N. 39 ved 2 Byttestene, samt paa østsiden mod N. 40 ved 3 Byttestene". Ved overutskiftingsforretninga på slutten av 1800-talet, sette Knut Wæstrebo fram påstand om at: "Nødsleteigen for Sløan bliver udlagt i dens Nærhed og ved Protest om at Tage denne Udlodning udlagt ved Sagen".

Etna

Eit par kilometer nord for Etnsenn ligg det ei stølsgrend som heiter Sløaøyin. Namnet blir også brukt om ei slette der elva gjer ein sving.^[79] Det må difor ha stått ei eller fleire sløer på denne plassen. Desse sløene fanga truleg fisk som gjekk opp frå Etnsenn, i samband med gytte eller næringsvandring.



Det er usikkert kor desse bileta er teke og kven som er avbildea. Dei er å finne i arkivet til Foreningen for Bægnavassdragets Regulering, og vart truleg teke i samband med ei synfaring i eit regulert vassdrag. Det har kome inn fleire forslag, og difor kan ein ikkje med sikkerheit seie kven som har rett. Blant anna er Spikermoen (Os-elve) nemnd.

ETNEDAL

I Etnedal er sløefisket kjent frå fem stader. I Rotvella, utløpselva frå Rotvollfjorden, har det stått ei sløe som truleg var i drift fram til rundt 1920. Det har også vore sløe på utløpet av Garin, på elvestrekninga dei kalla Garagonga. Elles har det stått sløer på utløpet av Øyvatnet, i Fjellelva og Åfeta. Men det har nok vore langt fleire sløestader i Etnedal. G. Klevgard opplyste i 1936 at i ymse småfossar vart det lagt ei "slø'd; ei renne som eit "kvednasløk" med småstaurar i botnen. På den måten rann vatnet igjennom, medan fisken vart liggjande att på det tørre.^[13] Nokre plassar vart det også sett opp eigne sløehus. Det skulle hindre at fisken vart stole. Ved Garagonga stod det eit tømra sløehus fram til 1920/30-talet.

Fiskereglar

Dei fyrste reglane om sløefisket i Etnedal kom i 1906. Det var då bestemt at avstanden mellom botnspilene måtte vera minst 39 millimeter.^[26] Dette galdt i fyrste omgang for ei periode på fem år. I tillegg vart det krav om at sløene skulle byggjast slik at fisken som gjekk gjennom sløegrinda, kom seg uhindra ut att i elva. Desse reglane vart truleg ikkje gjort gjeldane etter at dei fem åra hadde gått. I 1924 innførte Etnedal eit totalforbod mot sløefiske.

Rotvella - utløpselva frå Rotvollfjorden

I Rotvella nær utløpet frå Rotvollfjorden stod det ei sløe fram til byrjinga på 1900-talet. Ole O. Nysveen frå Garlibygda såg denne sløa i barndomen. Han var fødd i 1920, så dette måtte ha vore rundt 1930. På den tida var det eigarane av Bergskapstølen [32/17] under garden Garlihaugen [23/2+18] i Skrautvål som åtte denne sløa. Men tidlegare har ho nok tilhøyrt garden Ton [32/1] i Etnedal. I 1897 kjøpte Ole O. Nysveen Bergskapstølen, fortel Odd Helge Nysveen. Sonen hans, Olaus Nysveen, gifta seg med Marie Garlihaugen. Ein kan ikkje lenger



Over sløa i Garagonga mellom Øvre og Nerre Gongi stod det ei lita tømra hytte, med peis. Fiskarane skulle ha det godt medan dei venta på fangsten.

sjå spor etter korkje sløe eller sløegard i Rotvella, fortel Gudveig Flatmark.

Utløpet frå Garin - Garagonga

I utløpet av det gode fiskevatnet Garin, som blir kalla Garagonga, hadde Nordigarden [120/1] sløe. Namnet kjem av at mest all gytefisk i Gara kom hit, fortalde Gunnar Flatmark. Torbjørn Kompen fortel at her stod det ei fint tillaga sløe i eit lite tømra hus. Då Gunnar og Gudveig Flatmark var der like etter siste verdskrig, var huset borte. Sløa hadde nok gått ut av bruk lengje før den tid. Frå utløpet av Garagonga går ei veit, kalla Sløveite, og der låg sløa. Her var botnen reinska opp, og det var lagt stokkar langsetter veita for å leie fisken inn på sløa.

Øyvatnet i Espelifjellet

Ved Tobakkshuset seter oppi Espelifjellet var det framleis restar etter ei sløe tidleg på 1980-talet.^[80] Setra ligg ved utløpet av Øyvatnet, så det var nok her sløa stod.

Fjellselva


Bjødningarden hadde løyve til å drive sløefiske i bekken der ein Knut Johansen hadde sag.^[80] Dette var nok i Fjellselva. Knut budde i alle fall like ved denne elva, fortel Gudveig Flatmark. Han hadde også snekkerbu der.

Åfeta

I Åfeta dreiv budeiene på Åfetstølen sløefiske. Dei brukte å jage fisken inn i sløa.^[81] Ho som fortalde dette var fødd i 1876, men namnet er ikkje kjent. Det var nok sløefiske her fram til rundt 1900, kanskje lenger. Åfeta var visstnok ei god fiskeelv, med feit fjellaure. Truleg sleppte ein del fisk seg ned i elva frå Ølsjølfjorden. Ho som fortalde dette dreiv ikkje sløefiske berre for matauken sin del, for fiske hadde vore ein kjær hobby gjennom heile livet.




Innsjøar og elver i Etnedal, der sløeplassane er viste med punkt.



Plasseringa av sløestøe i Garogonge nedanfor Garin.

NORDRE LAND


I Nordre Land har det vore brukt sløer mange plassar. Det var A. Kløvrud som skreiv dette i samband med ei nasjonal spørjing i 1936.^[13] Sløene vart sette opp i bekkestrekningar med god straum, og i elveos. Sløebotnen var vidare ved inngangen enn ved utgangen. Fisken datt nedi ei kasse med hol på sidene så vatnet kunne trengje inn. På den måten vart fisken fanga levande. Framenden av kassa stod noko høgare enn bakenden, slik at sløebotnen skrådde ned mot kassa. Så fylte dei sand og jord mellom staurane i framenden. På den måten vart sløegrinda nesten tetta att. Dette er ukjent frå andre bygder, og vi veit ikkje kvifor det var gjort. I Nordre Land vart det ofte også sett opp sløer i større elver, gjerne med ei renne framfor. Når fisken kom rekande nedover elva, følgde han renna og inn på sløa. Det vart vanlegvis brukt båt når desse sløene skulle vekjast, og fisken tok dei opp med håv. I dag kjenner ein berre til tre stader der det har vore brukt sløer i Nordre Land. Dette er i elva mellom Nordre og Søndre Svartvatnet, ved Slødammen og Sløholmen.



I elva mellom Nordre og Søndre Svartvatnet stod det att restar etter eit sløehus av stein så seint som på 1980-talet. Vatnet vart ført inn i huset via ei renne.⁸²

Fiskereglar

Nordre Land innførde i 1902 forbod mot sløefiske for ei periode på fem år.^[26] Det er usikkert om det vart tillate å bruke sløer etter at desse åra var omme. Det ser ikkje ut til at det vart vedteke nye fiskereglar for Nordre Land i 1907. I 1930 innførde Torpa herred eit totalforbod mot sløefiske. To år seinare vart det bestemt at i Dokka



Ei sløe som var brukt i Nordre Land på tidleg 1900-tal. Det var A. Kløvrud som skreiv om dette, og sløa var teikna av ein gammal fiskar.¹³

og Etna måtte sløer og andre faststående fiskereiskap av stivt vyrke ha ein avstand på minst 33 millimeter mellom spilene. I andre lokalitetar var avstanden berre 26 millimeter. Reglane for sløefiske i Dokka og Etna vart stadfesta i 1938.

Elva mellom Nordre og Søndre Svartvatnet


I elva mellom Nordre og Søndre Svartvatnet dreiv dei sløefiske i eldre tid. Ivar Engeli var kjent med restane etter eit sløehus her så seint som på 1980-talet.^[82] Denne plassen ligg på grensa mellom Torpa og Etnedalen. Sløehuset var bygt av stein, og ei renne førde vatn frå bekken og inn i huset. Her var det montert ei trerist som vatnet rann gjennom, medan fisken vart liggjande att. Dersom slindene i rista ikkje vart lagde for tett, forsvann småfisken igjennom.

Slødammen og Sløholmen

Det er også to namn som vitnar om sløefiske i Nordre Land; Slødammen [67/14] og Endrerud/Haugen/Sløholm [29/1],[30] Slødammen ligg rett nord for Livatnet, så sløa har truleg stått i innløpselva. Ein kjenner ikkje til kor Endrerud dreiv sløefiske, men det kan ha vore i Etna.



Innsjøar og elver i Nordre Land, der sløeplassane er viste med punkt.




Ei sløetype frå Nordre Land eller ei nærliggjande kommune. Sløa er sett ovanfrå, og vart brukt til å fange aure på utgang i elver og større bekkar. Det vart sett opp ei grind på kvar side for å føre fisken inn på sløa. Ved inngangen var motert ein bukk som vart brukt til å regulere sløebotnen i høve til vassstanden i elva. Lengre ned strauma vatnet gjennom sprinklane i sløebotnen, og fisken glei nedi ei kasse. Sløefisket vart rekna som best på strekkingar med stri straum. Sløa måtte helst renskast for lauv og kvist eit par gonger om dagen. Kassa hadde lokk og stod under vatn. Det vart lagt stein på kassa for å sikre ho mot hard straum. Skissa er laga etter ei teikning av Lars Madsstuen, Nordsinni. Lånt ut av Lands Museum.

GJØVIK


I Gjøvik er sløefiske lite kjent, men reiskapen har i alle fall vore brukt i Snertingdal. I 1936 skreiv nemleg P. Fladlien noko om ymse fiskereiskap i bygda. Olaf Landåsen hadde fortalt at tidlegare hadde dei vore brukt sløer i bygda.^[13] Sløene var lagde som kasser med spiler i botnen, og med renner som førde vatn innpå dei. Når fisken skulle samlast inn, stengde dei av vatnet til renna. Fisken vart då liggjande att på golvet i kassa. Vi veit ikkje kor i Snertingdal det var brukt sløer, men det kan ha vore anten i Stokkeelva eller i Storelva ovanfor Ringsjøen. Det kan også ha vore sløer i minst sju andre elver i Gjøvik. På slutten av 1800-talet vart det nemleg innført restriksjonar med omsyn til sløefiske i fleire elver. Dette var i hovudsak elver der Mjøsauren gjekk opp for å gyte.

Fiskereglar

Biri og Vardal herred, samt Gjøvik kjøpstad innførte i 1886 spesielle reglar for å verne Mjøsauren. I fleire elver kom det krav om ein minsteavstand i sløebotnen på 45 millimeter.^[26] For Biri galdt dette Stokkeelva, frå utløpet til Mjøsa og til "nedre Stokkes øvre møllebrug", i Skulhuselva til Loggerstuberget, i Vismunda til Kluge Mølledam, i Kalverudelva til Huskelhus Sagdam, og i Bjørnstadelva til Bjørnstad Sagdam. I Vardal gjaldt det alle elver så langt Mjøsauren kunne gå; Hunnselva til Hund og Gjøvik Møllebruks dam, i Bråstadelva til nedre Bråstad Sagbruk, og i Stokkeelva til nedre Stokkes, tidlegare øvre Møllebruk (Mofallet). I Gjøvik Kjøpstad galdt det den delen av Hunnselva som går gjennom "Kjøpstadens Distrikt". Det kan difor ha vore sløefiske i alle desse sju elvene på slutten av 1800-talet. I 1902 vart det innført eit totalforbod mot sløefiske i Biri herred. I 1917 vart same avgjerda gjort gjeldande for Snertingdal. Tolv år seinare vart det stadfesta på nytt. I 1921 vedtok Vardal og Østre Toten fiskereglar med visse avgrensingar



I Gjøvik har det truleg vore sløer i dei fleste elver der Mjøsauren gjekk opp for å gyte.



Dette er ei type sløe som truleg var brukt i Snertingdal på tidleg 1900-tal. Det var P. Fladlien som skreiv om dette, og skissa av sløa er laga etter ei teikning av Olaf Landåsen.¹³



Innsjøar og elver i Gjøvik. Det er ingen konkrete opplysningar om kor det har vore sløefiske. Men ut frå utforminga av fiskereglane, har det truleg vore brukt sløer i fleire av elvene med Mjøsaure, som er merka av på kartet.

i sløefiske. Dei galdt elver med felles grenser til andre kommuner, og i elver så langt Mjøsauren kunne gå. Her måtte avstanden mellom spilene i sløbotnen vera minst 35 millimeter. Sløene skulle også vera bygde slik at innfanga fisk vart ståande i ein vasskum, med same avstand mellom spilene som i sløbotnen.

SØR-AURDAL


I Begna var det brukt sløer fleire stader fram til rundt 1910-20, ifølgje Arne A. Fønhus.^[6] Det var stor aure i Begna på den tida, for sløene fanga fisk på både 10 og 12 kilo. I dag kjenner vi fem sløestøer i Begna; ved Strandbråten, Heiebråten (husmannsbruk under søndre Fønhus), nordre Fønhus, Rustebakke og nordre Koppervik. Håkon Rustebakke har òg høyrtd at det har stått ei sløe ved Olmhus. Dei siste sløene i Begna gjekk ut av bruk rundt 1950. Det er elles fleire elvestrekningar der ein ikkje kan bruke sløer, fordi ho er for stilleflytande og djup. Dette gjeld mellom anna mellom Fønhus og Bagn. Trond Leite fortel at ved heimgarden hans [49/1] vart det tidlegare fiska med ymse slags reiskap, som not, garn og line.

Fiskereglar

I 1905 vart det innført ein minsteavstand på 39 millimeter mellom spilene i sløebotnen.^[26] Dette skulle i fyrste omgang gjelde i ti år. I tillegg måtte sløene byggjast slik at fisk som gjekk gjennom sløegrinda, kunne kome seg uhindra ut att i elva. Då dei ti åra var omme, vart det truleg ikkje lenger minstemål i botnspilene. I 1921 vart



I Begna ved Fønhus, mellom Sløholmin og fastlandet, hadde Nordre Fønhus sløe.
Foto: Trygve Hesthagen.



Ei sløetype som var brukt i Begna, Sør-Aurdal, fram til fyrst på 1940-talet. Sløebotnen skrådde ned til ei kasse med netting i botnen der fisken samla seg. Sløebotnen stod på stolpar (2), med ballast av stein (1). Etter ei skisse av Håkon Rustebakke.

avstanden endra til 25 millimeter. Dette vedtaket stod også ved lag etter revisjonen av fiskereglane ti år seinare. Framleis måtte sløene vera bygde slik at fisk som fall gjennom spilene, kunne gå uhindra ut att i elva. Etter innføringa av minstemål i sløebotnen, vart ikkje sløefiske i Begna lenger så gjævt. Mange av sløene vart difor ikkje halde ved like.^[6]

Begna ved Strandbråten

På Strandbråten [71/11] brukte dei sløe fram til rundt 1950, fortel Johannes Strandbråten og Arne Stensrud. Sløa låg ovanfor ein liten holme i ei veit i midtre delen av elva, med ein større holme litt lengre opp. Begna gjekk på austsida av denne veita. Sløa var 4-5 meter lang og bygt i plank, og med ei fangstkasse i nedkant. Johannes Strandbråten hugsa godt at sløa vart tømt for fisk. Syver Strandbråten og brørne Gulbrand og Kristoffer var dei siste som drifta denne sløa. I tillegg til aure, gav ho eit godt utbyte av sik frå Sperillen. Han går heilt opp til Grimsrudfossen, eit stykkje ovanfor Strandbråten. Tidlegare var det mykje sik på denne strekninga, fortel Johannes Strandbråten.

Begna ved Fønhus og Heiebråtå


Mellom Sløhølmin og fastlandet hadde Nordre Fønhus [56/2] sløe. Ho låg om lag 100 meter vest for tunet, fortel Arne Erik Fønhus. Det vart også sløe ved Heiebråtå som Søndre Fønhus [56/1] åtte. Dette var ein husmannsplass som låg om lag tre kilometer lengre nedi dalen. Truleg var det folk derfrå som drifta denne sløa. Ole Løkken tok ein aure som vog 11 kilo på denne sløa, fortel Håkon Rustebakke. Dette er den største fisken som folk i dag veit om er fanga på sløe i Begna.

Begna ved Rustebakke

Ved Rustebakke dreiv Ola Rustebakke (f. 1891) sløefiske tidleg på 1900-talet. I 1926 kjøpte han ein 40 mål stor eigedom under garden Rustebakke [67/1]. Ola kalla garden for Garnes, fortel Håkon Rustebakke. Begna er ikkje særleg djup på denne staden, og eigna seg difor godt til sløefiske. Sløa hans var bygt i plank, og ho stod på solide stolpar med stor stein på taket som ballast. Sløegrinda var traktforma, med størst breidde øvst. Det var mura steingardar på øversida, og i nedkant av sløegrinda var det montert ei fangst-kasse av netting. Sløa ved Rustebakke tok fyrst og fremst aure frå Sperillen når han gjekk ned att etter gyting. Det vart òg teke noko elvefisk, for han var kvit i kjøtet. Sløa ved Rustebakke var i bruk til fyrst på 1940-talet.

Begna ved nedre Koppervik

Nedre Koppervik [50/4] dreiv sløefiske fram til siste verdskrig. Tidleg på 1900-talet var det Hans Koppervik som åtte denne sløa. I 1916 selde han garden til Kristian Bergsund, fortel barnebarnet med same namn. Sløa var bygt i plank og stod på den vestre elvebreidda, mellom landkanten og ei øy. Ho var om lag to meter lang, med breidder øvst og nedst på 0,6 og 1,0 meter. I nedkant stod sløa på eit par solide stolpar. Sløegrinda var gjort av runde granstokkar. Nedanfor sløegrinda var det montert ei nettingkorg for å samle opp fisken. Korga stod nok under vatn, slik at fisken vart fanga levande. Det var mura ein



Innsjøar og elver i Sør-Aurdal, der dei ymse sløeplassane er merka av med punkt.

sløegard frå sløa og ut mot øya, medan det berre var strekk ei snor med treflæ på skrå oppover på andre sida. Sløefiske vart drive heile sommaren og fram til seint på hausten. Dei største fangstane fekk dei når utgytt aure frå Sperillen gjekk ned att om hausten. Sjølv om han ikkje vart rekna som den beste matfisken, vart han likevel nytta. Noko av fisken vart lagt til raking, og brukt utover vinteren. Bjarne Bergsund fortalde at under krigen var han med far sin og vekkja sløa. Det skulle finnast papir på at sløa utgjorde ein bestemt del av gardsverdien, ifølgje bestefar til Kristian Bergsund.

VESTRE TOTEN


I Vestre Toten er det ingen konkrete opplysningar om sløefiske. Men i 1936 skreiv A. Aarik at folk i Eina enno minnest at det "stod slø, fiskeslø, i elvi".^[13] Dette var mest sannsynleg i Hunnselva, men det kunne og ha vore i Bøvra. Med ein steinmur skrått over elva tvinga dei det meste av elvevatnet inn mot eine breidda. Frå denne demninga la dei ei trerenne inn gjennom veggen på eit sløehus. Sjølve sløa var tømra og ikring to meter i både lengde, breidde og høyde. Ho var utstyrt med tak, og på døra var det lås. Eit lite stykkje opp frå golvet på motsatt side av inntaket var det eit hol på veggen. Foran dette holet var det festa ei jernrist. På sidene og framfor holet var det sett opp tett med trepinnar. Difor var det berre småfisken kunne smette imellom og følge med vatnet ut att i elva. Når dei skulle vekja sløa, opna dei ei luke i inntaksrenna så vatnet ikkje rann inn på sløegolvet. Då vart

sløa tømt for vatn, og fisken sprella på tørre golvet. Det var også sett opp små trestenger på enden av renna, som skulle hindre fisken i å fare ut same vegen som han kom.


For Vestre Toten vart det ved ein kongeleg resolusjon i 1903 bestemt at i sløer og anna reiskap av stivt materiale, skulle spilene ha ein avstand på minst 35 millimeter. Reiskapen skulle også vera utforma slik at all fisk som gjekk gjennom spilverket, kunne kome seg ut att i elva. I 1903 vart bruken av oppgangssløer heilt forbode. Dette var sløer utstyrde med stengsler som hindra fisken å ta seg vidare opp i elva. Nedgangssløene med tilhøyrande stengsel måte ikkje stengje av meir enn tre fjerdedelar av elveløpet. Og sjølv ved låg vasstand måtte tilhøva i den delen av elva som ikkje var avsperra, vera slik at fisken fritt kunne vandre nedover. Elles vart alt fiske forbode i tida mellom 15. og 30. september. Dei nye fiskereglane frå 1903 skulle ikkje gjelde meir enn fem år, men det ser ikkje ut til at dei vart oppheva i 1908.



*Det har truleg vore sløe i Hunnselva.
Dette biletet er teke ved Bruflåt, der
elva nå er noko demd opp.
Foto: Nils Hesthagen.*



Teikning av eit sløehus som truleg var brukt i Vestre Toten på tidleg 1900-tal.¹³



Innsjøar og elver i Vestre Toten. Det er ingen konkrete opplysningar om kor det har vore sløefiske, men mest truleg gjeld det i alle fall Hunnselva.



Hunnselva ved Eina stasjon.
Foto: Nils Hesthagen.

ØSTRE TOTEN

I Østre Toten har det vore sløer i Lenaelva, Hørlandselva, Ekrenselva og utløpet av Rønningstjern sør for Torsætra. Sløene i Lenaelva stod ved Landheim og Storhølen. Dei vart brukt i den tida Mjøsauren gikk opp i elva for å gyte, frå ettersommaren og utover hausten. Sløefisken i Lenaelva tok slutt rundt 1950.

Fiskereglar

I 1898 innførte Østre Toten forbod mot bruk av sløer i allmenninga.^[26] Andre stader kunne reiskapen nyttast dersom avstanden mellom botnspilene var minst 30 millimeter. I 1921 kom det visse avgrensingar i sløefiske i alle elver som grensa opp til andre kommuner, og i elver så langt Mjøsauren kunne gå. Minsteavstanden mellom

Lenaelva var tidlegare ei god gyteelv for Mjøsauren, og sløefiske gav eit godt utbytte. Foto: Trygve Hesthagen.



Peder Fossen fekk ein gong ein skikkelig Mjøsaure på sløa si i Lenaelva. Fisken var så stor at spolen sopte bakken då Peder kom berande heim med han på ryggen.

botnspilene vart nå auka til 35 millimeter. Sløene måtte også byggjast slik at fisken vart ståande i ein vasskum, med same opning som mellom spilene. I elver der Mjøsauren gyttte, vart fiskereglane stadfesta på nytt både i 1934 og 1950.

Lenaelva

I Lenaelva har det vore oppgangssløer ved Landheim og Storhølen, ikring ein og to kilometer frå Mjøsa. Sløene vart brukte frå ettersommaren og utover hausten, i den tida Mjøsauren gikk opp for å gyte. Dei to sløene tilhøyrdde Fossen/Fossemøllen [56/1] og Kjølseth [53/7], fortel Ole M. Fossen og Håkon Taralrud på Kjølseth. Men tidleg på 1900-talet vart det ei endring av bruksretten til sløa ved Storhølen. Dette skjedde då Inga Marie Kjølseth gifta seg med Per Fossen, fortel Håkon Taralrud. Ho fekk



ikring ein meter i nedkant av sløa. Sløefisket i Storhølen tok slutt i siste del av 1940-åra, ifølgje Håkon Taralrud. Men sløa stod i elva heilt fram til 1976, då ho vart teke på land i samband med at det vart bygt fisketrapp. Meininga var å ta vare på sløa, fortel Per Erik Halvorsrud. Men før dei kom så langt, vanst nokre gutar å hive ho på elva.

Sløa ved Landheim låg i midtre delen av elva. Ho var bygt av plank og ymse trevyrke, og var ikring 4-5 meter lang. Både renna og sløkassa var delvis skote inn i fjell, og delvis festa til ein støypt kant. Denne kanten er framleis godt synleg. Sløefisket ved Landheim var svært verdifullt for Fossen medan Peder Fossen levde (1828-1922), fortel Ole M. Fossen. Ein gong fekk han ein skikkeleg storfisk, for spolen hans sopte bakken då Peder kom berande heim med han på ryggen. Eit år fekk han spurdnad om å levere fisk til ein gard der det skulle vara 70 gjestar til bords. Det var truleg eit bryllaup. Peder hadde berre ein fisk liggjande

Den nedste sløa i Lenaelva, låg ved Landheim. Her kan ein framleis sjå ein støypt kant som sløa var festa til. Foto: Trygve Hesthagen.



Fossemøllen i medgift, og sløa i Storhølen låg på den nye eigedomen deira. Fossen fekk no bruksretten til baa sløene i Lenaelva. Men det heitte seg at fisken frå Storhølsløa skulle leverast til Kjølseth. Difor hadde nok ikkje garden gjeve frå seg eigedomsretten til dette sløestøet. Fossen og Kjølseth delte helst sløefangsten, trur Håkon Taralrud. Sløa i Storhølen låg godt til, midt i straumdraget på austsida av elva. Ho var bygt i plank, og to til tre meter lang og knappe ein meter brei. Fisken vart ståande i ein kum på

den gongen, men han vog til gjengjeld 12 kilo! Det vart visst nok til forrett og vel så det. Ole M. Fossen fortel at sløene i Lenaelva som regel vart tømde kvar dag. I oppveksten på 1930-talet var Ole sjølv med å vekja sløa ved Landheim. Den største fangsten han minnest var 12 fiskar. Det var ein kar som kom berande med denne fisken i ein jutesekk, og kvar av dei vog 2-6 kilo. Dette var truleg eit utbyte på ikring 50 kilo. Magnus Fossen dreiv sløefiske ved Landheim fram til slutten av 1940-talet, fortel Henry Stangstuen.

I følgje Willy Gimle har det òg vore ei nedgangssløe ved Landheim. Han kjenner ikkje til kor lengje denne sløa var i bruk. Gimle meiner bestemt at det òg har vore ei nedgangssløe ved Storhølen. Det kan difor ha vore fire sløer på det meste i Lenaelva.

Sløefisket i Lenaelva avtok mykje etter at potetmjølfabrikken stod ferdig i 1934. Elva vart etter det sterkt forureina, og aurebestanden gjekk merkbar attende.

Hørlandselva og Ekrenselva


I Hørlandselva og Ekrenselva øst for Totenvika har det også vore brukt sløer. Dette fisket tok slutt like etter siste verdskrig, fortel Håkon Taralrud.

Utløpet frå Rønningstjern

I utløpet frå Rønningstjern nord for Gavsjø hadde Petter Skullerud (f. 1928) sløe, fortel sonen Jan Erik Skullerud. Sløefisket her hadde truleg ikkje særleg stort omfang.



*Ole M. Fossen har sjølv vore med på sløefiske i Lenaelva.
Foto: Trygve Hesthagen.*




Den øveste sløa i Lenaelva stod ved Storhølen, omlag 15-20 meter nedanfor der fisketrappa byrjar. Foto: Trygve Hesthagen.

GRAN

I Gran var det frå gammalt brukt sløer i fleire elver og bekkar. Dette fortalde E. Nielsen i 1936, i samband med ei nasjonal spørjing om bruken av ymse fiskereiskap.^[13] Dei stengde av delar av elvene med steinmurar, og sløene vart plasserte på strekningar med god helling. Der vart straumen så hard at fisken ikkje kom seg opp att frå sløa, men vart liggjande på grinda. Ho var laga av rajer eller lekter, som dei la med eit lite mellomrom. Sløene var utstyrde med sideveggar, som dei dekte til.

Sløefisket i Gran tok slutt tidleg på 1900-talet. I 1912 innførte Brandbu forbod mot bruken av sløer for ei periode på fem år.^[26] Seks år seinare kom det eit totalforbod mot sløefiske, bortsett frå i innløpsbekkar til Randsfjorden. Også i 1925 vart det vedteke nye fiskereglar, blant anna med ein minsteavstand mellom sløeslindene på 26 millimeter. Sløene måtte også byggjast slik at småfisken kom seg uhindra ut att i elva. I 1934 innførte Gran eit nytt forbod mot sløefiske. Men nok ein gong vart tilløpselvene til Randsfjorden halde utanom, så langt som aure og sik kunne gå. Her har det sikkert vore fleire sløer fram til tidlig 1900-tal.




Innsjøar og elver i Gran. Det er ingen opplysningar om kor i Gran det vart drive sløefiske.

JEVNAKER

I Jevnaker er sløefiske kjent frå Sløvikelva, eller Roenelva. Christian Roen (f. 1889) skreiv om dette, og han hadde sjølv eigedom ned mot elveoset.^[83] Vika utanfor elva heiter Sløvika. At både vika og elva har fått namn etter bruken av sløer, vitnar om eit rikt fiske. Fram til tidleg på 1900-talet var det fleire gardar som hadde sløer i denne elva. Vi kjenner ikkje til antalet, men det kan ha vore minst fem stykk. Randsfjordauren kunne tidlegare gå ikring 1,5 kilometer oppetter elva, og han utgjorde hovudtyngda av utbyttet på sløene.

Sløene vart helst sette opp i nedkant av stille parti (loner), gjerne nedanfor gode gyteplassar. Det vart lagt ein stokk på tvers av straumen, som vart dekt til med stein. Dei passa på at dette ikkje endra straumtilhøva på gyteplassane. Sløeristene var laga av passe tjukke staurar, som låg med ei svak helling med elvestraumen. Desse slindene vart kalla revler eller revlingar. Dei skulle helst hoggast i sevjetida, for då vart dei fine og glatte. Slindene var i forkant festa tett saman til ein tverrstokk. På sidene var det gjerne lagt stein og stokkar, slik at berre ein passe del av elvestraumen vart ført inn på sløekassa. I nedkant var sløene gjort smalare, og til slutt munna dei ut i ein opning (mjæla). Her var botnen laga av armstjukke staurar, og plassert slik at ho vart tilført friskt vatn. Kassane var bygde av solid vyrke, og utstyrde med lås. Det var ein føresetnad at fisken fekk gå uhindra opp elva. Difor kunne ikkje den enkelte grunneigar stengje heile elveløpet med sin sløegard. Revlene i sløene danna eit ujamnt underlag, og Christian Roen meinte at fisken søkte mot slike plassar. Når fisken fyrst hadde kome ut på revlene, forsvann vatnet meir og meir. Til slutt sprella han hjelpelaust på det glatte underlaget og datt nedi mjæla. I elvemunningen slo dei tett i tett med lange stakar (rodr) nedi botnen. Det danna ei slags trakt som skulle styre fisken opp i elva.




Nedre delar av Sløvikelva, der namn på ymse grunneigarar er merka av. Tidlegare kunne fisken vandre omlag 1,5 kilometer oppetter elva (vist med pil).

Innsjøar og elver i Jevnaker. I Sløvikelva har det vore fleire sløer.

Sløefisket i Sløvikelva hadde før i tida ein viss verdi som næringsgrunnlag for grunneigarane.^[83] Det har også vore mykje strid om korleis fiskeressursane i elva skulle nyttast. Blant anna gjorde "støkking" i elveosen at grunneigarane ikkje vart samde om korleis fiskeretten skulle delast. På slutten av 1930-åra låg det framleis att ein del stokkrestar i elva som godt kunne ha vore revlingane i ei sløe, fortel Ole Roen.






Sløa frå 1600-talet som vart grave fram i Tesse utanfor Smådøla våren 1977. Foto: Åsmund Eknæs. (Norsk Skogbruksmuseum).

LESJA

I Lesja er sløefiske kjent berre frå Rauma og Lågen med ymse tilløp. Det har vore brukt sløer på minst 13 plassar. I øvste delen av Rauma har det vore fire sløer mellom Nørdre Rundtom og Liabrua. Her gjekk dei siste sløene ut av bruk på slutten av 1800-talet. Auren i Lesjaskogsvatnet har vore fanga med sløer både på utløpet og i ein tilløpsbekk. Nedst i Lora var det sak om sløefiske i 1840-åra. I Lågen har det vore brukt sløer på strekninga mellom Lesjaskogsvatnet og Lesjavatna (Stråmen), i Bottheimstraumen (Lågen) og ein plass noko lengre nedi elva. I Bottheimstraumen kan det ha vore sløefiske alt på 1300-talet. I Lesjafjellet er det ingen kjende sløestøer. Kanskje fordi det var for arbeidskrevjande å ha sløer i fjellet, eller at elvene låg på statsgrunn. Men heilt sikre kan vi ikkje vera, for tidleg på 1900-talet kom det eit spesielt forbod mot sløefiske på Dalsida.

Lesjavatna sett frå aust slik ein trur at dei såg ut før uttappinga i 1860-åra. Måleri: Gerd Mølmen. Avfotografering: Per Jordhøy.




På 1800-talet var det både sløe og teine i damopningane på utløpet av Lesjaskogsvatnet.

Fiskereglar

Lesjaskogens Sogn innførde i 1865 forbod mot sløefiske i alle elver.^[26] I 1885 kom det forbod mot bundne reiskap og haustfreding i Lesjaskogens hovudvassdrag (Lågen, Rauma og Lesjaskogsvatnet), og i elver og bekkar så langt som fisk kunne gå. Forbodet skulle gjelde fram til 1890. Det er usikkert om dette også galdt sløer. I alle høve stod reglane frå 1865 framleis ved lag. Den 1. januar 1891 kom det eit nytt vedtak om fiske for Lesjaskogen sitt hovudvassdrag, og det forbaud blant anna sløefiske i ei periode på 10 år. Tidleg på 1900-talet stod fiskereglane i Lesja fleire gonger på dagsorden. Såleis vart det etter 1903 ikkje høve til å nytte sløer i elver på Dalsida. Fire år seinare kom eit nytt forbod mot sløefiske i Lesjaskogen Sokn. I 1910 vart forbodet stadfesta både for Lågen og elvene på Dalsida. To år seinare vart vedtaket gjort gjeldande for heile Lesjaskogen Sokn. Lesja fekk nye fiskereglar i både 1923, 1928 og 1931, alle med forbod mot sløefiske.

Rauma


Heilt øvst i Rauma har det vore fire sløer. Dei fanga mellom anna aure som sleppte seg ned frå Lesjaskogsvatnet når det var mykje vatn i elva, ifølgje Hans Mølmshaug (f. 1903). Men fisken gjekk opp att i Lesjaskogsvatnet fram mot vinteren, fortel sonen Syver Mølmshaug. Under ei rettsak om vasstanden i Lesjaskogsvatnet i 1909, fortalde Pål Knudsen Nystuen og Engebrekt Knudsen Bjorli litt om sløefiske i elva.^[85] Båe karane var fødde i 1830-åra. Den øvste sløa låg ved Nørdre Rundtom [11/3]. Plassen der ho låg vart kalla Sleodammen, fortel Syver Mølmshaug. Sløa deira var plassert mellom ein holme og landkanten. Framleis står det ein steinmur her. Det har anten vore ein sløegard, eller ei steinsetting for å auke fallet inn på sløa. På 1960-talet vart holmen ved sida av sløestøet fjerna. Om lag 300 meter lengre ned i elva hadde Mølmshaugen [9/4 & 10/1] sløe. Den tredje sløa låg like nordanfor Gamle-Krossbrue og tilhørde Mølmen [9/2 & 9/6]. Her vart det tidleg på 1900-talet sett opp ei ny bru i samband med bygginga av Raumabana. Den nedste sløa låg nordanfor Liabrua og tilhørde Nordre Lien [8/1].



Innsjøar og elver i Lesja, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område. Lesjåvatna, som vart tappa ut på 1860-talet, er skraverte.



Dei fire sløeplassane øvst i Rauma; ved Rundtom (1), Mølmshaug (2), Mølmen (3) og Liabru (4).



Sløa til Mølmshaug i Rauma var plassert mellom ein holme og landkanten.


Ein kjenner ikkje til når sløefisket i Rauma tok slutt. I dagboka til Ole Olsen Mølmen frå september 1862, står dette: "Den 5te maatte eg udryve Sleu eg havde i Elven nordenfor Krosbroen. Peder Skotte var den som strengt opfordrede os dertil, men mange lod dog sine Teiner og Sleu ligge".^[86] Mølmshaug dreiv i alle fall sløefiske fram til slutten av 1860-åra, kanskje lenger. I ungdomen henta Rønnaug Mølmshaug fisk i bøtter frå sløa deira i Rauma. Det må helst ha vore på 1860-talet, for var fødd i 1848. I 1891 kom det altså eit nytt forbod mot sløefiske i

Lesjaskogens hovudvassdrag. Men det vart brukt sløer i endå nokre år, etter det Syver Mølmshaug har høyrte.

Lesjaskogsvatnet

I damopningen (Bryggeosen) på Lesjaskogsvatnet mot Rauma stod det ei sløe på 1860-talet.^[85] Dammen var bygt som to tømmerveggar, samanbunde med tverrstokkar. Mellomrommet var fylt med grus og småstein. Desse tømmerveggane hekk saman med landfeste på båe sider. Tømmeret på sørsida av dammen var dekt med skråved. Over vassflata var han heil, medan den delen som stod under vatn berre var heil opp til øvre kanten av tømmerveggen. Dammen hadde to større og ein mindre opning. Vatnet rann for det meste i dei to største opningane, med breidder på 1-2 alen. Sløa stod i opningen lengst vest, og fanga fisk som gjekk ut frå Lesjaskogsvatnet. I den austre opningen var det plassert ei teine, som fanga fisk som gjekk opp frå Rauma. Sløa var truleg berre brukt i den tida auren frå Lesjaskogsvatnet gjekk nedi Rauma for å gyte. Ifølgje Johannes Olsen Enstad (f. 1836) var det far hans som åtte sløa i Bryggeosen [truleg Ner-Enstad 11/2]. Johannes var ofte ved dammen og såg etter sløa deira. Ho måtte fjernast når det var mykje vatn i elva, fordi straumdraget i osen av Lesjaskogsvatnet vart for sterkt. Om vinteren vart det difor aldri isheilt her. På 1860-talet kunne det gå så mykje vatn gjennom dammen at ein lett passerter der med båt når fiskereiskapen var fjerna. I 1864 vart dammen vøla, noko som vart gjort fleire gonger fram til 1907. Etter kvart vart dammen bygt mykje høgare, og utløpet vart til slutt stengt heilt. Difor vart vasstanden i Lesjaskogsvatnet no mykje høgare enn tidlegare.

Kart over vestre del av Lesja, med Lora og Stråmen der det var sløefiske fram til slutten av 1800-talet. Kartet er teikna av løytnant Schilling i 1829. Kjelde: Statens Kartverk.



Også i ein bekk på Lesjaskog har det vore sløe. Ho var i bruk fram til rundt 1908, fortalde Jørgen Sæther (f. 1887).^[20] Denne sløa må anten ha stått i Steinbekken eller Løken, meiner Syver Mølmshaug. Det kan ha vore heimgarden til Jørgen Sæther [Nord-Sæter 14/1] som hadde sløe i ein av desse bekkane. Sløa var ei kasseliknande innretning. Ho var 1,20 meter lang, og 0,40 meter høg og brei. Botnen i sløa vart gjort av kløyvde bjørkestammer. Kassa stod litt opp frå bakken, slik at fisken som hadde gått inn på sløa ikkje kom seg ut att. Dette ser ut til å vera same sløetype som stod i Lyngåa i Øyer på slutten av 1800-talet (s. 144).

Sygdard Hole og Lesjaleira fotografert ein gong etter uttappinga av Lesjavatna. Dette førde til at sløefiske på utløpet vart øydelagt. Biletet er utlånt av Lesja kommune og avfotografert av Per Jordhøy.



Lågen (Stråmen) mellom Lesjavatna og Lesjaskogsvatnet

Rise [56/4] kan ha drive sløefiske i Stråmen tidleg på 1800-talet. I 1807 vart garden taksert i samband med eit eigarskifte.^[88] Det kan vera sløefiske eigaren siktar til når han skriv: "hvortil Fiskeriet i ommeldte fiskerige Elv kan og vil bidrage sin Deel".


I 1846 vart det reist sak mot Johannes Stavem, Erik Stavem, Knud Stavem og Hans Erlandsen Holset fordi dei hadde "foretaget sig paa ulovlig Maade at anbringe Stengsel med saakaldte Fiskesløe i Laagens Elv".^[87] Innretninga deira hadde truleg hindra fisken i å passere der andre gardar hadde fiskerett. Dei fire karane fekk to dagar på seg til å betale ei mulkt på 60 Spd. Beløpet gjekk til Lesja Fattigkasse. Dei måtte òg fjerne sløa eller sløene dei hadde sett opp. I tillegg kom sakskostnadar på 4 Spd., 3 p. og 23 sk.

Rise dreiv sløefiske i Lågen etter denne rettsaka. Ola E. Rise (f. 1929) fortalde om dette til Odd Reidar Hole. Vi veit ikkje om sløa deira stod i hovedløpet, i eit sideløp eller i ein tilløpsbekk. Sløefisket til Rise må ha lange tradisjonar, for dalsøkket i nærleiken heiter Sleodalen. Marie Rise fortalde at i oppveksten hennar brukte dei sløe i elva. Ho vart fødd i 1858, så dette måtte helst ha vore i 1870-åra. Når det var mykje arbeidsfolk til middag på garden, kunne dei gå nedi sløekassa og hente fisk. Rise hadde også ein ruseliknande reiskap ståande ved sida av sløa. Etter siste krig vart elvefåret på denne strekninga jamna ut med bulldosar for å lette tømmerfløytinnga. Etter dette vart mange spor etter ulike kulturminne langs etter elva øydelagde. Men så seint som rundt år 2000 såg Odd Reidar Hole noko trevyrke i elva i nærleiken av Sleodalen, som godt kunne ha vore restar etter eit sløeanlegg.

Lora

I 1846 var det to forlikssaker om fiskestengsler eller sløer nedst i Lora. Den fyrste saka var mot Tosten Bjøkne og Svend Bjøkne.^[87] Frå forliksprotokollen går det fram at lensmann Fougner og Bjørner Holager møtte for "øvrigeita", medan Bjøknekarane var representert ved poståpnar Syversen. Dei to vart truleg pålagde å fjerne fiskereiskapen sin i Lora. Det ser i alle fall ikkje ut til at saka kom opp att i forlikskommisjonen ved eit seinare høve. Denne andre saka var reist mot Hans E. Breigutu og Johannes Thoresen Rudi. Også dei vart pålagde å fjerne reiskapen sin, og å betale ei bot til fattigkassa: "Lensmand Fougner og Bjørner Holager cintra Hans E. Breigutu og Johannes Thoresen Rudis bekreffende at de Indklagede skal have ladet og førn og anbringe ulovlig Stengsel i Hovedelven paa Moen, hvorved de forhindrer Fiskens Gang og dermed paaføre de sønderforboende Fiskeberettigede i Lessøe Hovedsogn skade til Undgjeldelse derfor Skader Erstatninger, Utreddelse efter urettig Mands Skjøn og Omkostningener samt om alt Andet der med Sagen kan staae i nogen Forbindelse". I dommen heiter det at Johannes Rudi og Hans E. Breigutu "forplikter sig herved til for Eftertiden, ikke at anbringe Fiskestengsler i Hovedelven, Ligesom de af disse hidtil anbrakte erklærer at vera tilbagetagne i hvis Mangel Een for Begge og Begge for Een betaler en daglig Muldt af 20 spd. saalænge Rydigjørelsen af bemeldte Stengsler ei efterkommer, saa betaler de Een for Begge og Begge for Een i Sagsomkostninger 3 Spd., siger tre Spd. Under der endelig blive avlagte i Kommersionene".

Hans Brendjord (f. 1913) fortalde om ei fangstinnretning for fisk i ein bekk på Lora.^[20,30] Reiskapen vart kalla sløe, men var utforma som ei korg. Difor måtte dette helst ha vore ein slags mæl.^[45]



Det har også vore sløe i ein tilløpsbekk til Lesjaskogsvatnet.

Lågen etter utløpet frå Lesjavatna

I Bottheimstraumen på utløpet av Lesjavatna kan det ha vore brukt sløe alt på 1300-talet. Bakgrunnen for dette finn ein i Diplomatarium Norvegicum nr 371 frå 1396, der ordet "slodægarde" er nemnd. Namnegranskaren Johan Fritzner forklarar ordet slaðastæði med: "sted, som er skikket, som bruges til der at udlægge eller indrette ruser til fiskefangst i vandfall".^[17] Han syner også til Hans Strøm si bok, der orda "Sløe" og "Slæde-fiskerie" blir brukt.^[14] Teolog og namnegranskar Hans Ross gjev "Sløda" og "Slø(e)" same tydinga.^[19] Arkeolog og historikar Oluf Rygh nemner både "Slodægardr" og "Strætægardr", men berre som namn på gardspartar i Bottem.^[89] "Slodægardr" kan godt ha vore gardsparten som låg nærast Bottheimstraumen.^[2]

Brevet lyder slik:

"Til alle menn som dette brev ser eller hører, sender Steinar Greipsson, Eindride Ivarsson og Sæbjørn Hallsteinsson, lagrettemenn på Lesja, Guds og sin hilsen. Det skal være kjent for dere at vi var i sønste gården på Bottem, som ligger på Lesja, mandag nest etter sommernettene i sjuende styringsåret til vår verdige herre Erik, med Guds nåde Norges konge, og så og hørte at Valgjerd Arnedatter således vedgikk at Eirik Olaosson hadde betalt Ivar Brunk1, bror sin, fullt ut i gods 1 kyrleies2 jord i Slodægarde og 1 til i Strætets gardæ i Bottem, som ligger på Lesja, fritt og hjemlet for hver mann. Vedgikk også da førnevnte Ivar Olaosson at han hadde oppebåret av Eirik, bror sin, hele sin fars- og morsarv. Til bekreftelse av dette setter våre segl for dette brevet som er gjort samme sted dag og år som det3 før sier."^[11]

Ordforklaringar: 1 den brun(hudede). 2 eigarpart i gard, som før 1350 gav verdien av ei ku i årleg jordleige. 3 dvs brevet.

I 1811 er sløefiske på utløpet av Lesjvatna kjent frå ei rettsak mellom gardane Ølstad [112/1] og Bottem.^[90] På den tida var det fire Bottemsgardar; Nordigard [126/3], Oppigrad [127/1], Nigard [128/2] og Sygard [129/1]. I eldre tid hadde alle desse gardane bruksnummer 1, trur Rolf Sørungård. Men ved delingar etter 1811 har

fleire gardar fått same bruksnummer; Nedre Nyjordet [126/1] og Nylende [128/1]. I 1812 vart Lars, Jon, Halvor og Syver Bottem stemna for retten for å ha sett opp ei eller fleire sløer i Bottheimstraumen. Tore Ølstad, Ole Hole og Tore Kaarbøe møtte som vitne "paa egne og øvrige Besidderes vegne i Lessøe Prestegjæld". Saka enda med forlik, idet både Halvor Bottem og dei innstevna måtte ta ned att sløene sine i Bottheimstraumen. I forliket står det: "Ligesaa forbandt Halvor Bottem sig til at udkaste sin sammesteds havened Sløe, og saavel Han som de Indstevnede ikke mere at oprette Fiskesløer". Det må ha vore fleire sløer på osen av Lesjvatna på den tida, ifølgje ordlyden i forliket.

Diplomatarium Norvegicum nr 371 frå 1396, der ei sløe på utløpet av Lesjvatna truleg er nemd. Kjelde og foto: Riksarkivet.



Dei to Lesjvatna var rekna som svært fiskerike, med mykje stor fisk.^[7] Men på slutten av 1860-åra vart vatna tappa ut for å skaffe bygda meir dyrka mark. Departementet for det Indre avgjorde at skjønnnet for tapt fiske berre skulle gjelde skadane i Bottemstraumen.^[91] Dei sakkyndige fastsette vederlaget til 2 800 kroner. I dag ville det ha vore ikring 170 000 kroner! Dette vitnar om store fiskerikdomar i Bottemstraumen. Etter uttappinga la det seg mykje slam på elvebotnen. Difor vart elvestrekninga i stor grad øydelagt som oppvekst- og gyteområde for auren i Lesjvatna.

Lågen nedanfor Bottemstraumen

Det har også vore sløefiske eit stykkje nedanfor Bottemstraumen. I 1846 vart det ført sak mot 6-7 karar fordi dei hadde sett opp ei eller fleire sløer der. Dette var Ole Haldojsen Bottem, Hans Larsen Bottem, Ole Johnsen Bottem, Fredrik Olsen Bøttenløkken, Thore Johnsen Bottem, Ole Johnsen Rolstad, og truleg også Gunder T. Flagestad.^[87] "De Indklagede skulle have foretaget sig paa ulovlig maade at anbringe Stengsel ved saakaldte Fiskesløer i Laugen Elv". Det gjekk nok som i dei tre andre klagesakene om fisk frå 1846 i Lesja; sløene måtte fjernast og mulkt betalast.

Lesjaleira sett mot vest frå Hoksvollkroken i 1995. Uttappinga av Lesjavatna gav bygda mykje dyrka mark, men eit godt fiskevatn mindre. Foto: Per Jordhøy.




DOVRE

I Dovre kjenner ein berre til sløefiske frå tre stader. Dette var i ein sidebekk til Lågen sør for Andgardslien, i Foksåe i Fokstugu-utmålinga, og på utløpet av Vålåsjøen på Dovrefjell. Sløa Foksåe vart kalla lækjesløe fordi vatnet vart ført inn på ho frå ei trerenne; ei lækje.

Fiskereglar

I Dovre kom det alt i 1865 forbod mot sløefiske i ei periode på hausten. Det var gjort unntak for private vatn.^[26] I 1881 vart det innført nye fiskereglar for vassdraget som strekkjer seg frå Fokstugu stasjon og nedover til grensa mot Folldal, og i Einhøvlingsvatnet, Kvittjønnen og Marsjøen. Her vart det mellom anna ikkje høve til å bruke sløe frå 15. september og fram til 24. juni. I 1903 vart

*På utøpet av Vålåsjøen vart det sett opp ei ulovleg sløe. på 1840-talet.
Foto: Sverre Killi.*



I Folla har det stått ei lækjesløe, ei trerenne som førde vatn inn på sløegrinda.

reglane med omsyn til bruken av sløer i Dovre stadfesta på nytt. Lågen og private vatn vart halde utanom. Dei same reglane vart gjort gjeldane i både 1916, 1922, 1928 og 1929.

Sleobekken ved Engelhusmoen

Ved Engelhusmoen sør for Andgardslien ligg det både ein bekk og eit gardsbruk som heiter Sleobekken.^[92,93] Dette var også det gamle namnet på Sollia. Det knytter seg elles ei tragisk hending til denne bekken. Hans Pedersen Sleobekken drukna nemleg her våren 1868.

Foksåe


I Foksåe på Dovrefjell har det stått ei lækjesløe, fortalde Ola Hjelløkken. Namnet kjem av at vatnet vart ført inn på sløegrinda frå ei trerenne. Ho vart kalla lækje, og var truleg ikring ein meter brei. Nedanfor renna var det lagt ei sløegrind, og herfrå spratt fisken nedi ei kasse

som delvis stod i vatn. Sløestøet låg ved Hånåsteinen rett ut for Springarbekketsetra, om lag fem kilometer frå Fokstugu. Her er det litt straum i vatnet, fortel Sverre Killi. Ola Hjelløkken såg sløa fyrste gongen rundt 1925. Han var då ein tur i fjellet saman med faren, Peder Hjelløkken (f. 1880). Det er også eit namn som vitnar om sløefiske her. Etter at elva har gått gjennom Sjugurdmyre, Sten og Klufte, Hytthaugstraumen og Killihaugen, kjem ein til Sleodamstråme.^[94] Her greiner elva seg ut, og sløa låg ved eit strypte i eine elvefåret. Det er ukjent kven som åtte sløa Foksåe. Men ho låg i Fokstugu-utmålingen, og kunne difor ha tilhøyrt Fokstugu [2/3], har Sverre Killi høyr.

Utløpet av Vålåsjøen


I 1846 vart Simen Wigenstad og Thord Lie innkalla i retten av Erik Killie, fordi dei hadde bygt sløe over sundet av Vålåsjøen.^[87] Dei to karane hadde ikkje retten på si side, og sløa måtte nok fjernast.

Sløa i Foksåe låg truleg i nærleiken av denne plassen der elva deler seg. Foto: Sverre Killi.



Innsjøar og elver i Dovre, der sløeplassane er viste med punkt.


Folla ved Arnfinnbrue. Foto: Sverre Killi.



SKJÅK

I Skjåk er det kjennskap til sløer på 10 stader. På Liavassosen kan det ha vore sløefiske heilt attende på 1300-talet. I nedre delen av Aura har det stått minst tre sløer, og dei var i drift fram til tidleg 1900-tal. Det har også vore nokre sløer hovudvassdraget (Otta elv) med sidebekkar. At sløefisket i Skjåk ikkje har hatt noko stort omfang, heng nok mellom anna saman med at bygda hadde få fiskevatn i eldre tid.^[95]

*Langs Otta elv er det fleire fossefall som hindrar naturleg oppvandring av fisk. Dette bildet er teke ved Pollfoss.
Foto: Trygve Hesthagen.*



Fiskereglar

Då Lom og Skjåk innførde fiskereglar i 1865, vart det forbod mot bruk av sløer.^[26] Eit år seinare vart Skjåk eige kommune, men forbodet mot sløefiske vart truleg ikkje oppheva. Skjåk innførde eit eige forbod mot sløefiske i 1926, men gjorde unntak for fangst av harr i Otta elv. Eitt år seinare vart desse reglane stadfesta på nytt.

Utløpsosen av Liavatnet

Ifølgje ei segn dreiv folkekongen Ola Lier sløefiske i Liavassosen før svartedauden på 1300-talet.^[96] Denne karen skal ha levd på Søveråsen nord for Liavatnet. Han var visstnok ein velstandsmann i si tid. Det skulle vera spor etter båtfestet hans ved vatnet så seint som på 1960-talet. Ein kan sjølvsagt ikkje leggje alt for mykje vekt på slike segn. Men at det var aure i Liavatnet på den tida, er sikkert nok. Det var i alle fall fisk i Ottavassdraget for tusen år sidan, og då hadde han fri passasje nesten heilt til Liavatnet. Det er gjort fleire funn av eldre busetnad i traktene rundt innsjøen.^[97,98] Dei fastbuande hadde nok sørgja for å sette ut fisk i vatnet sitt.

På slutten av 1800-talet dreiv Ola Brenna [109/1] sløefiske på Liavassosen. Gammel-Brennen vart han helst kalla, denne karen.^[99,100] Han tok visst mykje fin fisk på Liavassosen. Det hende òg at han lægra ved osen, for då kunne han tømme sløa tidleg neste morgon. I mørke netter var Gammel-Brennen ute for både trollskap og underjordiske, vart det sagt. Det ligg truleg framleis att noko tømmer eller trevyrke etter ei sløe på utløpet av Liavatnet, fortel Ivar Mork.

Brennveita – sideløp til Åstra

Gammel-Brennen hadde også sløe i Brennveita i Bråtå. Dette var ei vassveit som gjekk frå Åstra og fram til garden hans. Når han stengde vassveita, var det enkelt å plukke opp fisken i sløa.^[95]



Innsjøar og elver i Skjåk, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område (Aura).

På osen av Liavatnet var det kan hende sløefiske alt på 1300-talet. Foto: Per Steinar Løkken (PS-Foto).

Utløpsbekken frå Lomtjern

Så seint som på 1930-talet stod det ei sløe i utløpsbekken frå Lomtjern i Botten, fortalde Erland Nyhus.^[101]

Otta elv med sidebekkar

Ved Felodden i Otta elv dreiv Jakup Olsen Felodden [152/1] sløefiske i siste del av 1800-talet.^[101] Dette var den kjende spelemannen Fel-Jakup (f. 1821). Thor Gjerdet (f. 1888) brukte sløe ved Felodden fram til på 1930-talet, fortalde Lars Gjerdet. I Otta elv har det nok aldri vore noko stort sløefiske, til det er vassføringa for stor. Derimot har det vore sløer i fleire sidebekkar. I Kvitingsgrove dreiv



Erland Nyhus på Søre Bysjet [95/1] sløefiske så seint som på 1930-talet. Han kunne også få mykje fisk på sløa si, men ein gong tok det gode fisket brått slutt. Seinare viste det seg at ei kjerring frå Grasmoe hadde vore uboden gjest i sløa hans tidleg ein morgon. Nyhus meinte at sløa var ein fæl reiskap, for ho kunne ta mykje fisk. Halvard Øyberg hugsar godt sløa i Kvitingsgrove, særleg fordi fangstkassa var utstyrt med eit stort hengelås. Det har òg vore sløe i Storgrove ved Søre Langleite [117/1].^[102] Denne elva har til alle tider vore fiskerik, fortel Bjørn Dalen. Fram til 1930-talet var det også sløer i bekkene ved Vesløygard [42/4] og Skjåkødegard [søre 91/1, nordre 91/2]. Dei tilhørde Tore Ødegård og Erland Skjåkødegård. Båe desse bekkane er no lagde i røyr. Det har også vore sløe i Nigardsgrove, fortalde Arne Frøise. Ho låg på eigedomen til Eide [25/1]. Her brukte Ole Eide (f. 1871) sløe til utpå 1930-talet. I Fåtjølda har det òg vore sløe. Dette er eit sideløp til Otta elv ved Ofossen. Når det var mykje vatn i hovudelva, gjekk det fisk inn i dette sideløpet. Øysten Teigum dreiv sløefiske i Fåtjølda på slutten av 1800-talet, fortalde Arne Frøyse. Denne karen vart helst kalla Kvenn-Øysten, og var fødd i 1833.

I Fåtjølda, ei sidegrein av Otta elv ved Ofossen, var det sløefiske på slutten av 1800-talet. Foto: Per Steinar Løkken (PS-Foto).



Aura

I Aura kan det ha vore sløefiske langt attende i tida. Sløene stod på strekninga frå den gamle Aurbrua og nedover mot Gotlandsbrotet. Lengre opp er elva strid og bratt, og eigna seg ikkje til sløefiske. På slutten av 1800-talet hadde Ole Ellifson Aurbrustuen sløe nedanfor den gamle Aurbrua, medan Per Aurstad hadde si noko lengre oppe i elva. Desse to karane var brør, og betre kjendte som Bakkestoren (f. 1827) og Per-Bakk (f. 1832). Lengre ned i elva hadde Nurdgard Grimstad [42/2] sløe ytst på jordet nord for Gotlandsbrotet.^[103] Sløefisket i Aura tok truleg slutt etter at Per-Bakk og Bakkestoren døydde i 1915 og 1916. Sløene deira var bygde slik at den største fisken samla seg ved tverrstokken. Småfisken fall derimot mellom slindene og ned i ei kasse som stod i vatn.^[103] Denne fisken vart gjerne sett ut i ymse tjern og innsjøar på Aursjøfjellet. Ein gong bar eit sterkt kvinnfolk 99 fiskar opp i Einingstjønnen. Bakkestoren sette òg ut fisk frå sløa si, men det var nok helst i Aursjoen.^[95] Rasmus Lien hadde truleg også sløe i Aura, etter det Karl Blikken hadde høyrte.



Fire brør frå Bakke. To av dei dreiv sløefiske i Aura; Per Aurstad (Per-Bakk eller Kveinn-Per) heilt til venstre og Ola Bakke (Bakkestoren) nummer to frå venstre. Dei to døydde i 1915 og 1916, så biletet er truleg teke rundt 1910. Foto: Kristian Stakston og biletet er utlånt av Kristian Hosar.

LOM

I Lom er sløfiske mest kjent frå nedste delen av Smådøla. Dette var tidlegare den viktigaste gyteelva for Tessauren. I eldre tid skal det ha vore 21 sløer på denne elvestrekninga. Dette er det største kjende sløeanlegget i Oppland. Sløefisken i Smådøla kan daterast attende til 1600-talet. Fisken i Tesse har òg vore fanga med sløer på osen og i Ilva. Det har også vore to sløer lengre oppi Smådøla, eit stykkje ovanfor Smørlisetra. På nordsida av Ottavassdraget er sløfiske kjent frå innløpsbekken til Vamtjønne og utløpet av Råkåvatnet i Finndalen.

Fiskereglar

Lom og Skjåk innførte i 1865 eit totalforbod mot sløfiske. I 1885 vart dette forbodet avgrensa til tida mellom 16. august og 31. oktober. Denne avgjerda skulle gjelde for ei periode på seks år.^[26] Vedtaket sette altså ein stopp for

*Søre delen av Tesse, der Smådøla renn ut i vatnet.
Foto: Trygve Hesthagen.*



I 1919 leigde Tjøstolv Garmo og Sigurd Langøygard sløefisken i Smådøla. For det betalte dei 1 200 kroner, men fortjenesta var likevel god. Fisken salta dei ned i store trebuttar og selde.

sløfiske i gytetida. I 1891 vart det på nytt tillate å drive sløfiske i Lom. I juli 1922 kom det ein ny resolusjon om fisken i Tesse. Det vart no forbod mot bruken av sløer og anna fiskereiskap i os og elver frå midten av 15. august og ut oktober månad. Dermed fall grunnlaget for sløfiske nok ein gong bort.

Smådøla - innløpselva til Tesse

Nedst i Smådøla har sløefisken hatt eit stort omfang gjennom fleire hundre år.^[22] Før Veo vart overført til Smådøla på 1960-talet, var dette den viktigaste gyteelva for Tessauren. Han kan gå opp til fossen ved Nåvårseter bru, ei strekning på 2,5 kilometer frå Tesse. Sløene stod i både hovedløpet (Smådøla) lengst opp og i tre greiner lengre ned; Søråe, Meløken og Nørdre Elve. I eldre tid var det berre gardane i Vårdalen som hadde fiskerett i Smådøla og Tesse. Mykje av fisken i vatnet vart fanga med ymse slags reiskap i tilløpsbekkane i gytetida. ^[104,107]

Sløe frå 1600-talet funne i Tesse - den eldste i landet


Sommaren 1976 gjorde Simen Bjørgen frå Garmo eit uvanleg funn av ei sløegrind i reguleringssona til Tesse. Bjørgen var godt kjent med sløefisket i Smådøla frå eldre tid, og han såg at dette måtte vera delar av ei sløe. Etter at innsjøen vart regulert i 1946, og seinare i 1963, har mykje av mudderet på botnen vorte vaska bort. Dette gjorde at ymse trevyrke på botnen etter kvart kom fram i dagen. Den siste reguleringa gjorde at vasstanden i Tesse vart senka med over 11 meter gjennom vinteren. Sløegrinda vart funne ca 500 meter frå land, like sør for Meløken. Ho låg på omlag åtte meters djup i høve til normalvasstanden.

Innsjøar og elver i Lom, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område (Smådøla).



Arne Sagdalen "tumma" fisk i Smådøla hausten 1937. Arne leigde sløefiske i elva saman med Amund Mo i 1920, kanskje òg i 1921. Foto: Syver E. Sunde.


Skisse av nedre delar av Smådøla med elvene Mørbekken, Søråe, Meløken og Nørdre Elve. Tala står for plassering av sløa til Systugun Garmo (1), Duskøye (2), Flådammen (3), Venddammen (4), sløa til Einarsvoll (5), sløa til Nørdre Garmo (6), Meløksløa (7, eigar ukjent), Garmosdammen (8), sløa til Uppigard Garmo (9) og Sørådammen (10).



Konservator Åsmund Eknæs ved Norsk Skogbruksmuseum i Elverum vart informert om funnet, og i juni 1977 grov han og Bjørgen fram heile sløa. Oppmålingane viste at ho hadde hatt 15 slinder, og dei var festa med trepluggar til ein tverrstokk på 4,85 meter.^[105] Framleis var ni slinder festa til tverrstokken, og dei tre lengste slindene var heile 4,75, 5,61 og 6,45 meter. I toppen var slindene så tynne at dei måtte vera i si fulle lengde. Ved inngangen til sløa var avstanden mellom slindene heile 7-11 centimeter. Denne sløa har såleis fanga fisk på fleire kilo (s. 10). Ei radiologisk datering viste at sløa var heile 320 ± 50 år gammal, rekna frå notid.^[12] Ho må difor ha vore sett opp tidleg på 1600-talet, og er med det den eldste i sitt slag her i landet.

Simen Bjørgen meinte at denne sløa må ha stått i eit av sideløpa til Smådøla ved Duskøye. Denne øya ligg om lag 1,5 kilometer frå der elva renn ut i Tesse. Dette grunn gav

Sløa som vart grave fram i Tesse våren 1977. Legg merke til at slindene er festa til tverrstokken med trenaglar. Foto: Åsmund Eknæs.¹² (Norsk Skogsbruksmuseum).



han med at breidda på det vestre bekkefåret der svara omtrent til lengda på tverrstokken i sløa. Bjørgen meinte at tverrstokken hadde lege på fast grunn i båe endar. På den måten hadde sløa stengt heile sideløpet. Dette var berre mogleg der gytetfiske kunne passere i eit anna løp på oppgang, i det austre. Sløa var godt som ikkje skadd etter å ha lege på botnen av Tesse i over tre hundre år. Det kom truleg av at ho hadde kjøva ned ein vinter og vorte ført ut i Tesse med vårflaumen, meinte Bjørgen. Her vart sløa etter kvart dekt til av mudder og anna sediment. Sløa var berre synleg nokre dagar etter utgravinga, før vasstanden på nytt byrja å stige. Difor er dette unike kulturminne godt konservert der det framleis ligg.

Torstein Bjørgen har funne fleire slinder og tverrstokkar med hol etter trenaglar i Tesse der dei ymse sidegreinene til Smådøla renn ut, utanfor Nørdre Elve og Meløken. Difor er det grunn til å tru at fleire sløer frå desse elvene har vorte ført uti Tesse.


Tjueein sløer på det meste

Det skal på det meste ha vore 21 sløer i Smådøla med ymse sideelver.^[106,107] Dei eldste gardane i Vårdalen hadde eit eller fleire sløestøer i elva, ifølgje Lars Larsen Kvehaugen. Matrikkelen frå 1668 viser at på den tida hadde 10 gardar i Vårdalen fiskerett i Tesse.^[108] Frå 1807 auka talet til 17 gardar. Men berre 13 av de hadde sløerett i Smådøla, fortalde Sigmund Garmo. Det betyr at fleire gardar hadde to sløestøer. Vi kjenner også til kor nokre av gardane hadde sløene sine. Etterkomarane etter Torgeir Gamle på Systugu Garmo [4/1] åtte dei to beste sløestøene i Smådøla.^[121] Det eine låg ved Duskøye, altså der sløa frå 1600-talet truleg hadde stått. Sigmund Garmo fortalde at Uppigard Garmo [3/1] hadde sløe nedst i Søråe. Også Nordre Ekle [9/5] hadde sløe i denne elvegreina, ifølgje Hans Hansson Bakke. Det var sonen hans, Håkon Odde, for fortalde dette. I Nørdre Elve hadde både Nordgard Garmo [5/1] og Einarsvoll [8/1] sløer. Ei av dei



Smådøla med Duskøye. Det var truleg i det venstre elveløpet at sløa frå 1600-talet hadde stått.

Torgeir Holo (høgre) og Amund Mo ved Smådøla hausten 1941. Ein kan sjå Duskøye opp til venstre, og elveløpet til Nørdre Elve og Meløken går inn til høgre ovanfor dei to karane. Amund Mo leigde sløefiske i elva saman med Arne Sagdalen i 1920, kanskje òg i 1921. Foto: Syver E. Sunde.



stod nær utløpet, medan den andre var plassert ved ei fløyne noko lengre oppi elva. Nordistugu Lyngve [15/3] hadde også sløe i Nørdre Elve. Dette hørte Alv Holø far sin fortelje; Torgeir Holø. Meløken var beste gytebekken til Tessauren, ifølgje Syver Biløygard. Sigurd Biløygard hørte eldre folk fortelje at i gytetida stod det alltid "stappa mæ fisk" ved Meløktuva. I Nørdre Elve kunne det i enkelte år vera lite gytetisk. Dette var nok helst når det var lite vatn i elvene.

Venstre: Simen Bjørgen står ved ein sløeplass i Nørdre Elve. Hovudløpet går til høgre. Når sløa var i drift, stengde dei hovudløpet, slik at fisken måtte gå inn i sløa. Foto: Åsmund Eknæs.⁹ (Norsk Skogbruksmuseum).

Høgre: Langsetter Nørdre Elve er det mange spor etter sløefiske i form av stokkar og stein-og jordfyllingar. Foto: Trygve Hesthagen.

Ofsen øydela sløeanlegga

Vårdølane hadde bygt opp eit sinnrikt system for å fordele vatn til dei ymse greinene av Smådøla. Dette gjorde dei ved å byggje ein dam om lag ein kilometer oppi elva. Han vart kalla Flådammen, eller Nåldammen. Namnet er truleg gammalnorsk og kjem av "fløyne eller flyte over" eller "utviding av elv".^[19] Vi veit ikkje når den fyrste Flådammen vart bygt, men den eldste vi kjenner til forsvann i ein stor flaum. Simen Bjørgen meinte at

det kunne ha vore i 1789. Det var det året Ofsen herja i Gudbrandsdalen. Flådammen var eit solid byggverk, med lafta damvegg og bandstokkar på innsida. Bandstokkane var røysa ned med stor stein for å halde konstruksjonen på plass. På skrå mot øvste kvarvet i damveggen låg det klovningar. Dei var nagla fast til øvste enden, medan dei stod langt nedi dambotnen i den andre. Dammen var bygt slik at ved stor vassføring så rann ein del vatn ut i Mørbekken. Denne bekken vart difor kalla flaumløpet. Flådammen sørge på den måten for at sidegreinene alltid hadde stabil og god vassføring. Sløene vart difor ikkje øydelagde, og både rogn og yngel hadde eit godt og stabilt miljø. Nedanfor Flådammen hadde vårdølane bygt ein plankdam; Venddammen. Han skulle dele vatnet mellom Meløken og Nørdre Elve. Dette vart gjort ved å ta ut eller sette inn ekstra fjøler i damveggen. Systugu Garmo var ikkje med på vassdelinga i Smådøla, er det fortalt. Båe sløene deira må difor ha stått ovanfor Flådammen. Dei andre sløeigarane hadde truleg ei avtale seg imellom om



korleis dei skulle dele vatnet mellom dei enkelte sideelvene. Simen Bjørgen såg ikkje bort frå at Nørdre Elve var bygt av menneskehand. Langs kanten nedst i denne elvegreina er det i alle fall lagt opp både tømmerstokkar, stein og jordfyllingar. Fordi terrenget er så flatt, var det truleg naudsynt å lyfte elvefåret for å få nok fall til sløene.

Mykje arbeid med å vedlikehalde sløeanlegga

Det vart kvart år lagt ned mykje arbeid med å halde sløeanlegget i Smådøla ved like. Om hausten var det enkelt som la grov grus og horva elvebotnen ovanfor sløene sine, ifølgje Simen Tostensson Bjørgen. Dei ville med det lokke fisken til å gyte på desse plassane. Da kunne han lettare bli fanga i sløa som stod rett nedanfor. Grusen kjørde dei med hest og kjerre frå strandsona i Tesse.^[109] Vårdølane freista også å betre gytetilhøva og auke yngelproduksjonen i elva ved å lage kunstige kulpar og lugome straumparti.^[106] Om vinteren låg gardbrukarane i Vårdalen på setrene og køyrde stein for å vøle sløedemningane, fortalde Lars Larsson Kvehaugen. Dette galdt truleg fyrst og fremst Flådammen.

Sløefiske i fleire hundre år

Sløefiske i Smådøla har truleg vore drive nesten samanhengjande frå 1600-talet og fram til 1920. Mest truleg er sløefisket i elva av mykje eldre dato. På slutten av 1700-talet er sløefisket kjent i samband med salet av eit par fiskerettar. I 1779 selde Rolv Einarsvoll på Nørdre Ekle [9/5] fiskeretten sin på Tesse.^[108] Kjøparen var bror hans, Jon. Han var på den tida brukar på Uppistugu Ekle [9/A].^[110] I 1796 vart desse fiskerettane selde vidare til Iver Haakenstad [26/1] og Poul Blessom [24/1] frå Vågå.^[108] Blessom har hatt papir på denne handelen, fortel Sigurd Blessom. Men Henning Rolvsso Garmo på Systugu Garmo ville ikkje finne seg i salet av fiskerettar i Tesse. Han gjekk difor til sak mot dei to karane frå nabobygda. Salet var ulovleg fordi Olav den Heilage hadde gjeve Tesse til garden hans i år 1021, meinte Systugubonden.



Torstein Bjørgen har funne fleire slinder og anna trevyrke i Tesse som stammer frå sløer, og som må ha stått i Smådøla og ymse sideløp. Desse funna er frå våren 2001. Foto: Torstein Bjørgen.



Underrettsdommen i saka vart avsagt den 13. mars 1798. Skjøtene som gardane i Vårdalen hadde på fiskeretten i Tesse vart kjende gyldige. Tesse var difor eit privat vatn, ifølgje dommen. Seinare skulle det vise seg at Tesse likevel er eit allmenningsvatn.^[111]

Strid med vagværane om trevirke til sløene

Neste gong vi høyrer om sløefisket i Smådøla, er tidleg på 1800-talet. Hausten 1814 hadde vagværen Anders Gresk vore eit ærend i fjellet. Han hadde nyleg kome heim att frå krigen mot svenskane.^[112] På heimvegen gjekk Gresk'n om Smådøla, og der tømde han sløene for

fisk. Men han var uheldig og trefte på nokre vårdølar. Dei låg nok i fjellet og passa sløene sine. Også på midten av 1800-talet høyrer vi om sløefiske i Smådøla. På den tida låg vårdølane i strid med vagværane fordi dei hadde teke sløevyrke på eigedomen deira på vestsida av elva. Det resulterte i ein grenseoppgang mellom statsallmenningane i Lom og Vågå. Den 28. september 1861 avsa Nord-Gudbrandsdal sorenskriveri dom i saka. Gardane i Vårdalen fekk ikkje lenger ta tømmer og anna trevirke til sløeanlegga sine vest for Smådøla. Dette galdt dei 18 gardane som seinare dreiv eit felles sløefiske i Smådøla, og Lyngvesødgarden [truleg 18/1].



I Tesse går det føre seg eit tradisjonsrikt garnfiske i slutten av oktober. Enkelte år kan det vera vinterleg, som her i 1989.

Foto: Stein Arne Bjørgen.

Nye fiskereglar stoppa sløefiske

Etter at denne rettsaka vart avslutta, gjekk det berre fire år før det vart sett ein foreløpig stopp for vidare sløefiske i Smådøla. Då Lom og Skjåk innførte fiskereglar i 1865, vart det forbod mot (a) "at benytte Lyster (Ljost); (b) i Tiden 16. August til Oktober Maanedes Udgang at benytte Slø eller Sleo eller med Haanden at optage Fisk af Vandet; c) I Elven Ilva eller den Del af Elven Smaadøla, hvori opsidderne af Garmo Sogn ere fiskeberettigede, at benytte Garn, Mæl eller Teine".^[26] Dei kunne altså ikkje lenger bruke sløer i gytetida. Dette skulle vise seg å få negative verknader på fleire måtar. Om hausten var det mange som passa sløene sine i Smådøla. No var det ikkje lenger nokon som hadde tilsyn med elva, og tjuvfiskarane hadde fritt spelerom. I tillegg hadde vårdølane problem med folk i eigne rekkjer. I 1865 vart ein kar dømt til betale ei bot på ti spesidalar for å ha brukt sløe i Smådøla: "Sagen er nemlig den at en fiskeberettiget Mand finder Fiskeriet med Slø eller Sleo i Elven Smaadøla saa indbringende for sig, at det for ham godt svarer Regning aarlig Aars at erlægge den Lov af 6te Juni 1863 § 2 bestemte høieste Mulkt 10 Spd".^[113] Sløefisket ga altså ei god inntekt, og enkelte vart frista til lovbrøt. Det var heller ingen til å halde dei kunstige kulpane og dammane ved like. Elva byrja etter kvart å grave, og gytelassane vart anten øydelagde eller sterkt skada. Fiskeøkninga i Smådøla ville difor gå attende, meinte vårdølane. I neste omgang ville dette også få verknader for fiskemengda i Tesse.

Styresmaktene avviste søknad om sløefiske i Smådøla

Det var naturleg nok stor misnøye med forbodet mot sløefiske i Smådøla blant gardbrukarane i Vårdalen. I 1871 gjorde Lom herredstyre ein freistnad på å få til ei løysing. Og initiativet kom frå grunneigarane sjølve.^[113] Forslaget vart sendt til Amtstinget, som gav ei positiv tilråding. Men Landbrukskomitéen var usikker på om ein passus i det nye forslaget var i samsvar med



Det kunne vera tungt arbeid å bera heim fisken etter ei god sløefangst.

gjeldande lov. Dette galdt framlegget om å forby "at jage eller skrømme Fisken eller med Haanden at tage Fisken op af Vandet". Dette var nok eit viktig poeng for vårdølane, for det skulle hindre at fisken vart jaga inn på sløene før gytting. Dette var Amtstinget også samde i. I februar 1872 vart søknaden likevel avvist, av både Departement og Fiskeri-inspektør. Dei meinte at framlegget var i strid med gjeldande lov. Herradsstyret i Lom fekk difor saka til ny drøfting, men dei heldt fast på sitt førre standpunkt. Dei kunne likevel gå inn for at fiskereglane for Lom vart sett ut av kraft med omsyn til Garmo sokn. Amtstinget tilrådde likevel ikkje eit framlegg om å gje unntak for sløefiske i Smådøla.^[114]

Vårdølane freista å få til eit felles sløefiske

Nok ein gong stakk altså øvrigheita kjeppar i hjula for sløefiskarane frå Garmo. Partane vart ikkje samde om nye fiskereglar. Sløefisket kunne difor ikkje byrja att. Det vart ikkje gjort nye framlegg om å endre fiskereglane for Smådøla før i 1877. Det skjedde på eit møte i Garmo den 18. mai det året, der 12 vårdølar med Hans Ekle i spissen

var møtt opp. Etter møtet vart det lagt fram ei kontrakt for "Interessentselskabet" om å få til eit felles sløefiske i Smådøla.^[106] Ein ting var at vårdølane gjennom fleire år hadde gått glipp av utbytet frå sløefiske. Men vel så alvorleg var det at forbodet hadde gjort aurebestanden i Tesse svakare. Etter deira meining hadde sløeanlegga og sløedammane skapt gode gyteplassar for Tessfisker i form av stabil vassføring, lugom elvebotn og gode straumparti. Yngelmengda hadde difor halde seg betre enn ein skulle tru, sjølv om noko fisk vart jaga inn på sløene og fanga før gyting. Etter at sløene ikkje lenger vart brukte, og demningane heller ikkje vart halde ved like, hadde elva grave ein heil del. Ho hadde difor vorte både djupare og stridare. Fisker hadde difor ikkje øksla seg så godt som tidlegare, meinte vårdølane. Etter fleire år utan tilsyn, hadde det òg vore mykje tjuvfisking. Den gamle driftsmåten med sløer var beste garanti for ein god fiskeøksling, meinte dei. Det nye framlegget gjekk ut på sette opp ei eller to sløer i kvar av dei tre hovudelvene. Kostnad og utbyte skulle delast likt mellom partane. Planen var å tilsette to karar til å ha tilsyn med sløene, og ordne fisker. Den 13. juni i 1877 vart det halde eit nytt møte i Garmo om sløesaka, med formannskapet i spissen. Med tre mot ei stemme vart ordføraren pålagt å fremje saka for Amtstinget. Men ikkje alle med sløerett hadde skrivne under forslaget. Amtstinget gjekk nok ein gong imot forslaget om sløefiske i Smådøla.^[106] Dei hadde blant anna merka seg ei viss usemje blant gardbrukarane i Vårdalen. Styresmaktene meinte òg at det måtte la seg gjera å halde demningane og dei kunstige gytekulpane ved like utan å drive sløefiske.

Sløefiske i Smådøla vart forbode i 1886

I 1884 tok sløesaka i Smådøla ei dramatisk vending.^[115] Etter eit møte den 12. mai det året viste det seg at dei fleste gardbrukarane i Vårdalen no ynskte at alt sløefiske skulle bli forbode. Amtstinget fekk tilsendt eit forslag om at dette skulle gjelde for ei periode på seks år.

Bakgrunnen for forslaget var at i seinare tid hadde enkelte bygdafolk teke i bruk ein ruseliknande reiskap i sløestøene sine.^[116,117] Men alt i 1885 kom det eit lovforbod mot den nye fiskereiskapen.^[116,118] Og året etter vart det vedteke å stengje sløefiske i tid frå 16. august til 31. oktober i ei periode på fem år.^[26]

Semje om sløefiske i 1890

I 1890 meinte vårdølane at det var på tide å kome i gang att med sløefiske i Smådøla. Den 3. mai det året vart det halde eit møte om saka i Lyngved Folkehus. Det var Kristen Holø og Lars Kristensson Holø som gjekk i brejsjen for organiseringa av sløefisket, har Alv Holø høyrte. Det var full semje om korleis dette skulle organiserast, og ei fiskeplan i åtte punkt vart vedteke.^[119] I fem år framover skulle det settast opp ei sløe i kvar av elvene Søråe, Meløken og Nørdre Elve. Dei skulle plasserast slik at gytefisker kunne gå uhindra opp i elvene, og at han vart fanga på tur ned att. Dersom ein fann det tenleg, kunne vatnet til Mørbekken og Meløken vekselsvis stengjast av og opnast, for deretter å bli overført til Nørdre Elve. Fisker skulle delast mellom dei 18 gardane med sløerett etter fastsette delingstal. Dette vart truleg gjort på grunnlag av tidlegare fangstar. Systugu Garmo og Uppigard Garmo hadde flest delar, med 12 og 15 stykk. Bjarne Holø meinte at Uppigard Garmo hadde størst utbyte fordi dei hadde bygt hytta der sløevaktene budde.

Men før fisket kunne kome i gang att, måtte fiskereglane for Smådøla endrast. Det vart gjort ved ein kongeleg resolusjon i 1891: "Forbud mod Brugen af Sløe (Sleo) i Tiden fra 16de August til 31te Oktober i Elve og Vande inden Loms Herred, Kristians Amt, ophæves forsaavidt angaar Elven Smaadøla i Garmo Sogn i nævnte Herred".^[120]

Tal for korleis utbyttet av sløefisket i Smådøla skulle delast mellom 18 gardar i Vårdalen, etter ei kontrakt frå 1890. Gards- og bruksnummer [G/bnr] er vist.

Gard	[G/bnr]	Antal delar
Brimi Nørdre	13/1	8
Brimi Sygard	10/1	7
Ekle Nørdre	9/5	7
Ekle Søre	9/2	6
Einarsvoll	8/1	8
Frisvollmoen Nordstugu	7/1	6
Frisvoll Systugu	7/2	6
Frisvoll Nørdre Uppistugu	7/4	4
Frisvoll Søre Uppistugu	7/6	4
Garmo Nordgard	5/1	7
Garmo Systugu	4/1	12
Garmo Uppigard	3/1	15
Hiem	15/4	6
Laingi	14/1	6
Lyngve Nordgard	16/1	7
Lyngve Nordstugu	15/3	6
Lyngve Systugu	15/1	7
Mo	16/3	7

Det vart no tilsett to vakter som skulle ha tilsynet med sløene, og salte ned fisken. Lønsutgiftene vart delte etter dei same tala som utbyttet. Ola O. Storøygard frå Vågå var blant dei fyrste sløevaktene. Seinare hadde blant anna Rasmus Ekle, Tosten Grindstugun, Lars Larsen Kvehaugen, Iver Johanstuen, Hans Syversson Langøygard og Syver Biløygard dette arbeidet.^[109] Hans Torestugu var også sløevakt i Smådøla. Dette same galdt Hans Hansson Bakke, men det var truleg noko seinare. Vårdølane var utsette for ein del tjuveri frå sløene sine i Smådøla, så det var nok naudsynt med oppsyn.^[121,144] Synstliingane i Vågå var visst særleg arge til å stela fisk.

Det var fleire grunnar til at bøndene i Garmo nå ynskte at sløefisket i Smådøla skulle få ei enklare driftsform. Det tyngste argumentet var nok at arbeidet og vakthaldet med sløene etter kvart hadde vorte for tidkrevjande. Sløene trong dagleg tilsyn over lenger tid.^[122] Simen Bjørgen meinte at den nye organiseringa av fisket på slutten av 1800-talet hekk saman med at folketalet i bygdene byrja å gå attende. Gardsarbeidet vart viktigare enn å ligge i fjellet på fiske.

Sløefiske i Smådøla leigd bort

Etter kvart vart det også for tungvint for bøndene i Vårdalen med eit felles sløefiske i Smådøla. Det kom difor framlegg om at fisket skulle leigast bort for ein fast sum. Denne ordninga kom truleg i stand rundt 1915. Framleis vart det brukt ei sløe i kvar av elvene Søråe, Meløken og Nørdre Elve. I 1917 stod ei av desse sløene like nedanfor Flådammen, fortalde Håkon Odde. Dette var ikkje langt frå der elva delte seg mellom Søråe, Meløken og Nørdre Elve. Hans Hansson Bakke var truleg ein av dei fyrste som leigde sløefisket i Smådøla. I 1919 var Sigurd

Biletet viser huset som sto i Dågåtjønnvika i nærleiken av Smådøla ved Tesse. Der budde sløevaktene frå slutten på 1800-talet og fram til sløefisket tok slutt i 1921. Dette huset kom frå Nørdre Bjørgen i Garmo, fortalde Sigmund Garmo. Huset forfall meir og meir, og under krigen vart det rive, fortalde Simen Bjørgen. Biletet er teke i samband med at det vart frakta ein ny båt opp til Tesse på vinterføre tidleg på 1940-talet. Karane på biletet er frå venstre; Arne Sagdalen, Petter Byrløkken, Håkon Kvernstuen og Kristian Nyheim. Biletet er teke av Georg Sole, og utlånt av Hallstein Sole.



Langøygard (f. 1894) og Tjøstel Garmo (f. 1902) leigetakarar. Dei betalte 100 kroner i leige.^[109] Det viste seg å vera ein god handel, for dei to ungdomane selde fisk for 1200 kroner. Etter dagens kroneverdi gav dette eit utbyte på ikring 20 000 kroner. Sigurd Langøygard fortalde seinare at dei reiste til fjells den 11. september for å sette reiskapen i stand.^[109] Dei budde i ei lita hytte som låg berre nokre hundre meter frå elva. Bua følgde med reiskapen. Fisket tok til i midten av september, og dei dreiv på fram til isen la seg ein månad seinare. Alt trevyrke til sløene låg ferdig ved elva då dei kom til fjells. Sløerista var laga av høvla furuslinder av god kvalitet. Dei to ungdomane hadde ingen erfaring med korleis sløene skulle monterast. Dei streva difor ein del i byrjinga. Øvst i grinda la dei slindene tett saman, medan avstanden nedst var om lag ein centimeter. Rista var halde på plass av trykket frå vassstraumen. Helst skulle avstanden mellom rist og

Tesse sett frå sør, med Heggeberget til venstre. Nedtappinga gjennom vinteren fører til at store strandareal blir tørrlagde i løpet av vinteren.
Foto: Trygve Hesthagen.



vassflate vera rundt 30 centimeter. Avstanden vart mindre med aukande mengde vatn. Fisken vart liggjande på rista mot tverrstokken nedst på sløa. Han vart difor ikkje fanga levande. Over sløerista var det montert ei kasse. Ho skulle skulle hindre at fisken sprett over tverrstokken og ut att i elva når det var mykje vatn i elva. Kassa var utstyrt med eit lås. Men det hende at uvedkomande braut opp lemmen i kassa og stal fisk. Elles hadde dei ikkje noko bestemt vedlikehald av sløene. Om morgonen tok dei grov grus frå elvekanten og la ovanfor sløene. Dei håpa med det å lokke fisken til å gyte akkurat der, for så å bli fanga i sløa nedanfor.

Fangstar på 70-80 fiskar for dagen

Sigurd Langøygard og Tjøstel Garmo tømde sløene kvar morgon, for gytefisken gjekk berre ned elva om natta. Dei hadde då oftast til saman 70-80 fiskar. Deretter sløya og salta dei fisken, før han vart lagt i trebuttar. Fangsten sende dei anten til Hamar Kooperative Handelslag, eller til ei fiskeforretning på Lillehammer. Det hende også at dei selde noko av fisken til enkeltpersonar. Ut frå eit dagleg utbyte på 70 fiskar, skulle fangsten på ein månad bli om lag 2 000 stykk. Viss ein går ut frå ei gjennomsnittleg vekt på ¼ kilo, vart samla utbyte 500 kilo. Med ein salsverdi på 1 200 kroner, gjev det ein kilopris på vel to kroner.

I 1920 leigde Arne Sagdalen (f. 1881) og Amund Mo (f. 1883) dei tre sløene i Smådøla.^[109] Ola Sletten (f. 1883) var med dei som hjelpesmann. Amund Mo heldt trevirke til vedlikehaldet av sløene. Det vart nok også drive sløefiske i 1921, truleg av dei førre leigetakarane. Året etter vart det innført forbod mot fiske i os og elver frå 15. august til 31. oktober.^[26] Etter dette vedtaket var det ikkje lenger grunnlag for å drifte sløene i Smådøla.

Usemjje om korleis fisket i Tesse skulle drivast

Alt frå tidleg på 1900-talet var det truleg ein del lokale krefter som arbeidde for å få slutt på sløefisket i

Smådøla. Usemja gjekk nok mest ut på korleis fiskebestanden i Tesse skulle haustast, meinte Simen Bjørgen. Sløefangstane varierte år om anna, og det var ikkje alltid at leigetakar og eigar var like nøgde. Dei som fiska i Tesse såg seg nytte i at fisken kom nedi vatnet att etter gyting. Derimot tjente andre bønder nokre kroner på at sløefisaket vart leigt bort.

Hardare fiske og fleire fiskemetodar i Tesse

Sløene i Smådøla har endra seg mykje opp gjennom tida, både i storleik og avstand mellom slindene. Sløa frå 1600-talet var altså heile sju meter lang og fem meter brei, og med ein avstand mellom slindene på 7-11 centimeter. Denne sløa fanga difor fisk som minst vog ein til to kilo (s. 10). Storleiken på sløa frå 1600-talet hekk truleg saman med at ho var plassert nokså langt oppi Smådøla. Lars Larsson Kvehaugen fortalde at den største fisken i elva gytte opp mot fossen ved Nåvårseter bru. Han hadde vore med på sløefiske i den tida det vart brukt fleire sløer i Smådøla. Han fortalde at: "fisken døm fækk på sleom ogo Sleodammen va mykjy større enn den døm fækk lengre ni elven". Lars L. Kvehaugen var fødd i 1844, så dette måtte ha vore før sløefisaket vart forbode i 1865. I 1905 var sløegrindene i Smådøla ikkje meir enn 4,0 meter lange og 1,5 meter breie.^[20] Avstanden mellom slindene var to til tre centimeter, fortalde Ola Kvehaugen.^[22] Sløene i 1920 var to meter i både lengde og breidde, medan avstanden mellom slindene berre var ikring ein centimeter, ifølgje Hans P. Eklebakken.^[109] Dette stemmer godt med det Syver Garmo fortalde om at på den tida vog mykje av gytefisken berre om lag ein kvart kilo. Det ser difor ut til at gytefisken i Smådøla var mykje mindre tidleg på 1900-talet enn det han var fleire hundre år tidlegare. Dette kan hengje saman med at det opp gjennom tida har skjedd endringar både i fiskemåte og fangstmengde i Tesse. På slutten av 1800-talet og tidleg 1900-tal vart det teke i bruk fleire nye fiskereiskap i vatnet, som draggarn og oter.^[123,124] I tillegg vart det truleg

fiska mykje meir med både stågarn og not enn tidlegare. Utbyttet av fiske i Tesse var difor no mykje større enn før.

Sløefiske ei viktig attåttnæring

For mange i Vårdalen har sløefisaket i Smådøla opp gjennom tida vore eit viktig tillegg til gardsdrifta og livberginga. Det var Syver på Uppigard Garmo som fortalde dette. Ei kjerring på denne garden meinte at fisken frå sløene var like verdifull i hushaldet som eit kuslakt. Utbyttet deira eit år tidleg på 1900-talet utgjorde ei sirups-tønne, eller om lag 300 kilo. I tillegg kom noko av ei sildtønne på 100 kilo.^[109] På den tida hadde Uppigard Garmo 15 prosent av all fisk frå sløene i Smådøla. Viss vi går ut frå at utbyttet deira det året var 350 kilo, var totalfangsten ikring 2 300 kilo. Eit år rundt 1910 var lotten for kvar sløerett 17 kilo, fortalde Simen Bjørgen. I så fall var totalfangsten det året om lag 2 200 kilo. Det er difor godt samsvar mellom dei to reknemåtane med omsyn til utbyttet av sløefiske i Smådøla det året.

Kvaliteten på gytefisken frå sløene i Smådøla var nok ikkje den aller beste. Men som Syver Garmo ein gong sa det: "dæ va da mat". Etter hans vurdering var hanfisken feitare og av betre kvalitet enn hofisken. At fisken dei tok på sløer likevel vart godt betalt, tyder på at kvaliteten likevel ikkje var så aller verst. Tidleg på 1900-talet vart fisken frå sløene i Smådøla konservert ved både raking og salting, og enkelte gardar hadde fisk heile vinteren.^[121] Rogna frå gytefisken vart lagt i sekkar og seinare kokt.

Etter at sløene i Smådøla gjekk ut av bruk på byrjinga av 1920-talet, forfall dei gradvis. I 1931 var berre restane att etter dei.^[64] I 1963 vart Smådøla kanalisert i samband med overføringa av Veo.^[125] Med det forsvann dei siste spora etter både sløer, damanlegg og sløegardar. Kanaliseringa førde også til at vatnet til Nørdre Elve og Meløken vart avstengt. Det vart ikkje gjeve vederlag for

tapt sløefiske i Smådøla i samband med overskjønnet i 1943. Grunngevinga var at reiskapen aldri meir ville bli tillate.

Sløefisket i Smådøla var på mange måtar ei bruksform som var eineståande i sitt slag her i landet. Dette fordi det vart drive i så stor målestokk, gjennom så lang tid, og med eit sinnrikt system med omsyn til deling av vatnet til ymse elvegreiner. I nedste delen av Nørdre Elve er det framleis restar etter sløeanlegg, i form av tømmerstokkar og jordvollar langs elvekanten. Dette er dei siste synlege teikna etter det sløefiske som vårdølane dreiv i desse elvene gjennom fleire hundre år. Dei representerer difor eit verdifult kulturminne om korleis fiskeressursane i elva og Tesse ein gong vart nytta.

Ilva og Tessosen

Før Tesse vart regulert, var det ei stutt elvestrekning på utløpet. På Tessosen hadde Einarvoll [8/1] sløe i eldre tid, etter det Simen Bjørgen hadde høyrte. Her tok nok sløefisket slutt langt tidlegare enn i Smådøla. Plassen der elva stuper seg ut for Oksfossen eigna seg nok ikkje til sløestøe. Men Erling Herskedal såg ikkje bort frå at det hadde vore nytta andre fangstinnretningar, som ruseliknande reiskap. Ifølgje Simen Bjørgen har det også vore ei eller fleire sløer i Ilva ved Nordseter.

Smådøla – i nedre delar av Smådalen

I samband med ei rettsak om Smådalen på 1920-talet, vart det vist til eit vitneprov av ein kar frå Einarvoll om at det hadde vore sløefiske i Langlonene.^[126] Sløene hadde nok tilhørt heimgarden hans [8/1], som eigar av den eldste setra i Smørli litt lengre ned.^[110] Det ser ut til å vera spor etter ein steinmur (sløegard) Langlonene,




*Her låg Flådammen i Smådøla. Fyllinga stengjer no vassvegen til Nørdre Elve og Meløken. Streken på biletet er der utløpskanalen ein gong var Duskøye opp til venstre.
Foto og opplysningar: Torstein Bjørgen.*

ifølgje Rolv Sjugard. Sør for Smørlisetrene ligg det to fjelltoppar som også vitnar om sløefiske i Smådøla; nør-dre og søre Sleoskardet. Det har stått ei sløe i retning av kvart skard, fortalde Hans Andersson Hagen ein gong til Andreas Bråten. Sløefisket i Langlonene tok truleg slutt i siste halvdel av 1800-talet.

Innløpsbekken til Vamtjønne

I innløpsbekken til Vamtjønne i Lia stod det ei sløe fram til 1918, fortalde Oluf Turtumøygard (f. 1895). Ho var eit enkelt byggverk som berre vart brukt om hausten. Bekken rann gjennom jordet på heimgarden hans. Sløebotnen var sett saman av jamngrove slinder, som dei la på ein steinmur.^[12,20] Sløegrinda var tetta med stokkar på bae sider, og i nedkant var det festa ei fjøl. Steinheller og fjøler gjorde nytten som tak. Sløa fanga fisk som gjekk opp frå Vamtjønne om kvelden, og ned att neste morgon. Fisken gjekk opp gjennom ei luke på venstre side av bekken. Ho stod ope frå klokka åtte om kvelden og fram til mellom klokka fire og fem neste morgon. Då stod bestemor til Oluf Turtumøygard opp og tetta luka med ei steinhelle. Når fisken gjekk ned att seinare på morgonen, gjekk han beinast på sløa. Seinare fekk ungane lov til



å hente fisken. Dei måtte ta ned sløegrinda kvar haust, elles fraus ho fast og forsvann med vårflaumen. Dei måtte difor sette opp att ny sløe kvar haust, utan at det vart sett på som noko stort arbeid.

Utløpsosen av Råkåvatnet

På osen av Råkåvatnet i Finndalen vart det brukt sløe fram til utpå 1800-talet.^[127] Ho stod ikring 50-60 meter frå osen. Det var Anders I. Sunde (f. 1882) og ein annan vagvær som fann trevyrke etter denne sløa. Dette var truleg ein gong på 1930-talet då dei skulle reinske elvebotnen for stein og mose for å betre gytetilhøva for auren.^[128] I alle fall sette Anders I. Sunde ut Mjøsaure i Råkåvatnet i 1934. Kan hende vart sløa på osen av Råkåvatnet bygt alt på slutten av 1700-talet. Tosten Iversen Haagstad [26/1] frå Vågå fekk nemleg festebrev og einerett til fiske både i Råkåvatnet og Leirungsvatnet den 1. mars 1753. Det var fogden Christian Pram som gav bonden på Håkenstad dette løyvet.^[129] For det skulle han betale ei årleg avgift på seks skilling til staten. Ordlyden i festebrevet tyder på at det vart sett ut fisk i Råkåvatnet på 1700-talet. Dette gav nok opphavet til ein stedeigen aurebestand som gytte på utløpet. Det måtte ha vore eit godt fiske i Råkåvatnet tidleg på 1800-talet. Håkenstadbonden bygde i alle fall både fiskebu, fehus og to naust ved vatnet.^[130] Men på slutten av 1800-talet hadde ikkje garden lenger særleg interesse for fiske i dette fjellvatnet. I omtalen av statsallmenningane i Gudbrandsdalen frå 1884, står det at bonden på Håkenstad rett nok har fiska i Råkåvatnet og Leirungsvatnet tidlegare, men "disse har i den senere tid aldeles ikke været benyttet".^[130] Difor er det grunn til å tru at sløefisket Råkåvassosen tok slutt lengje før den tid.

Skisse av sløa i innløpsbekken til Vamtjønne.³⁰

VÅGÅ

I Vågå er det registrert 21 sløestøer ved 10 innsjøar. I øvre delen av Hinøgla er sløefisket kjent attende til 1600-talet, og her har det vore minst fire sløer. Både i Ingulssjøbekken og Frøyna står det framleis tømra sløehus. I Grove, utløpselva frå Lemonsjøen, har det stått fleire sløer. Her var det også ei særprega sløe der kassa var bygt av steinheller. Denne sløa vart difor kalla Heillsleo.

Fiskereglar

Vågå innførte i 1891 forbod mot sløefiske i vatn og elver mellom Otta og Rinna elv i tida frå 15. september til 15. oktober.^[26] Vedtaket var avgrensa til ei periode på fem år. Det ser ikkje ut til at forbodet vart oppheva då desse fem åra var omme. Men i 1916 vart det i alle fall innført forbod mot sløefiske i tida mellom 21. august og 30.

Auren i Flatningen har vore fanga med sløer i minst tre tilløpselver.

Foto: Kjell Andersen.



Einkelte gonger måtte dei ha hest og kjerre for å kjøyre heim fisken frå sløa i Veslōåka ved Tessand.

september. Avgjerda galdt elver som låg mellom Rinda elv i sør, Vågåvatnet og Otta elv i nord, og herredsgrensa mot Lom i vest og mot Heidalen i aust. I 1920 vart det også forbode å bruke sløer og ymse andre reiskap i elver og vatn sønnafor (vest) for Otta elv. Eit totalforbod mot sløefiske vart innført i 1948.

Gjendeelva

I elva mellom Gjende og Øvre Sjødalsvatnet var det truleg fleire sløer tidleg på 1800-talet. I forliksprotokollen frå 4. juli 1826 går det fram at krigsråd Lundh og Johannes Jakobsen Sandbo "paa egne og øvrige Gaardbrugere i Vaage Hovedsogns deres Vegne" hadde kalla inn Østen Pedersen Sandnæs [89/1] "til mindeligt Forlig om at nedrive en av ham opført Dæmning eller saakaldt Fiskesløe i Elven Sjoen mellom Fiskevandene Jende og Sjødalene, hvori Klagerne ere fiskeberettigede".^[37] Bakgrunnen for klaga var at almugen i Vågå kjøpte fiskevatnet Gjende med "Elv og Os" i 1816. Men Sandnæs hadde sikkert sløer i Gjendeelva lengje før den tid. Ordlyden i skrevet frå 1826 tyder på at Østen Pedersen Sandnæs hadde fleire sløer i denne elva. Vi veit ikkje om partane kom fram til semje


etter møtet. Kan hende gjekk Sandnes med på å leggje ned sløa som låg nærast Gjende. Sandneskarane hadde i alle fall framleis sløe nedst i elva rundt 1880. Ho låg på innløpet til Øvre Sjudalsvatnet, skriv Iver Storvik (f. 1874).^[131] Det hende at dei fekk så mykje fisk på sløa si at hest og kjerre måtte til for å frakte han til setra. Der vart fisken salta i store kjær. Denne setra er i dag Bessheim Fjellstugu, og tilhøyrrer Nordigard Storvik [101/1]. Det kom av at Kari Storvik gifta seg med Iver Sandnes. Iver Storvik, som skreiv om sløefiske, var sonen deira.



Innsjøar og elver i Vågå, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område.

Øverst: I Gjendeelva var det minst to sløer på 1800-talet. Foto: Kjell Andersen.

Nederst: Vesle Sjoa mellom Øvre og Nedre Sjudalsvatnet. Elva vart tørrlagt rundt 1954 i samband med ei vegbyggjing. Det kan ha vore sløe i denne elvestubben tidlegare. Foto: Kjell Andersen.



Heillsleo i Grove var spesiell fordi ho var mura av stein.

Øvre og Nedre Sjudalsvatnet, der det har vore sløfiske fleire plassar. Foto: Kjell Andersen.



Sjoa mellom Øvre og Nedre Sjudalsvatnet

I Sjoa mellom Øvre og Nedre Sjudalsvatnet har det stått ei sløe, opplyste Jakob Brekken.^[132] Men Sjoa går strid på denne strekninga. Denne sløa kunne difor ha stått i Vesle Sjoa. Dette var tidlegare eit sideløp mellom dei to vatna. Men det vart tørrlagt i samband med ei vegbygging på 1950-talet, fortel Kjell Andersen. I 1925 skreiv biologen Ola Olstad frå Øyer om ei sløe i ei sidegrein til Nedre Sjudalsvatnet i boka om aurevatn frå Gudbrandsdalen.^[133] " Saaledes fandtes det i en av elvegrenene en sløe, som dog allerede omkring 1860 blev ødelagt. Siden er imidlertid paa samme sted opført en ny, og restene av denne kan sees endnu". Det er grunn til å tru at dette var same sløa som Jakob Brekken hadde kjennskap til.

Sleobekken- innløpsbekk til Nedre Sjudalsvatnet


I Sleobekken på austsida av Nedre Sjudalsvatnet har det som namnet viser, vore ei sløe. Myrdraget der bekken renn ut i vatnet, blir kalla Sleomyre. Det skal visstnok ha stått ei bu ved Sleobekken, etter det Erland Grev hadde høyrte. Ho vart kalla Sleobue, og kan ha vore sett opp i samband med sløfiske. Sleobekken kjem frå inni Storkvølven, som ligg innanfor Grauthaugen. For mange hundre år sidan låg det eit fint fiskevatn oppi der, ifølgje eit segn.^[134] Det er Gunnhild Brekken Aaboen som skriv dette. Ho hadde opplysningane frå far sin, Jakob Brekken. Av ein eller anna grunn laup vatnet ein gong ut, og bekken førde med seg mykje øyre ut i Nedre Sjudalsvatnet. Etter denne hendinga har det ikkje gått fisk opp i bekken, vart det sagt. Inni Storkvølven finst det no berre eit myrdrag med nokre småtjern. Folk som kjende tilhøva i Sleobekken har aldri sett gytefisk der.^[132]

Ingulssjøbekken - utløpsbekken frå Ingulssjøen

I Ingulssjøbekken ligg det framleis ei sløe i eit tømra hus. Anlegget ligg ikring 150 meter nedanfor osen av Ingulssjøen. Det er Tolstad [1/1] på Lalm som eig dette sløeanlegget. Høgdedraget nord for vatnet heiter

Sløekampen. Det vitnar om eit sløefiske med lange tradisjonar. Fordi Ingulssjøbekken er utløpsbekken frå Ingulssjøen, tok sløa ein del fisk på nedvandring. Ein del av gytedefisken vart difor fanga før gyting. Om sommaren gjekk det fisk nedi bekken på næringsvandring. Sløa i Ingulssjøbekken er av dei få i Gudbrandsdalen med eit eige hus. På 1920-talet skreiv Ola Olstad om sløefiske i denne bekken.^[132] Tolstad var alt på den tida mykje plaga med at folk stal fisk frå sløa deira. Etter kvart forfall sløeanlegget i Ingulssjøbekken. I 1936/37 sette difor Tolstad opp att både ny sløe og nytt sløehus på tuftene av det gamle. Seinare vart byggverket styrkja fordi dei framleis var mykje plaga med hærverk, fortel Pål Tolstad. Det nye sløehuset vart fyrst bygt med bordtak. Men taket vart seinare bytta ut med ei jernplate. Det skjedde etter at sløehuset vart freista sprengt med dynamitt den 1. oktober 1954. Samstundes vart tredøra i huset erstatta med ei tre millimeter tjukk jernplate.

Sløa i Ingulssjøbekken vart som regel brukt frå fyrste del av juli og fram til midten av oktober. Hans Tolstad (f. 1885) var ein ivrig fiskar, og låg ofte ei veke og så i slengen ved Ingulssjøen. Han fiska då både stågarn og sløe, fortel sonen Pål Tolstad. Om sommaren var det vanleg å tømme sløa ein gong i veka. Tidlegare gjekk dei oftast opp til Ingulssjøen frå setra i Murudalen. Utbyttet av sløefisket var ikkje spesielt stort midt på sommaren, kanskje berre ein fjerdedel av det i august og september. Men kvaliteten var ikkje så verst, og det var ikkje uvanleg at dei fekk fisk som vog ein halv kilo. Sløefisket i Ingulssjøbekken var særleg godt i gytetida, spesielt etter periodar med vind og regn. Då hadde to karar som oftast tunge bører etter ei vekjing. Tolstad har ført statistikk over noko av sløefisket sitt for åra 1942-70. Den viser at i september var utbyttet jamt over noko høgare enn i august. Den største fangsten på ei natt skal ha vore 63 fiskar. Arne Hamre (f. 1914) fortalde at ein gong på 1940-talet var han med Hans Tolstad og Torkill Kvarberg (f. 1904) på sløefiske.



Fangstutbyttet av sløefiske i Ingulssjøbekken, vist som prosent for månadane frå juli til oktober frå 1942 til 1970. Opplysningane er gjeve av Pål Tolstad.



Sløehuset i Ingulssjøbekken tidleg på 1920-talet. Foto: Ola Olstad.¹³³



Sløehuset i Ingulssjøbekken hausten 2003, sett ovanfrå. Vatnet vart ført inn i huset der jernplata står. Opningen er 55-60 cm brei og 28 cm høg. Foto: Trygve Hesthagen.

Og dei hadde med seg mykje stor og fin fisk heim. Ola Hammer (f. 1905) var fleire gonger med Hans Tolstad på fiske ved Ingulssjøen. Han mintest at mykje av sløefisken vog ikring 300-400 gram. Fisken varierte vanlegvis mykje meir i storleik om hausten enn tidlegare på året. Dette kom nok blant anna av eit stort innslaget av gytemoden hanfisk (hygne).

Sløefisken i Ingulssjøbekken heldt seg høveleg godt til utpå 1960-talet, men då byrja fangstane å gå merkbar attende. Pål Tolstad meiner at dette delvis hekk saman med at minken fekk fotfeste i fjellet. Han forsynte seg grovt av fisken i både bekken og i sløa. Men fiskemengda gjekk nok attende før minken byrja å herje som verst. I 1970 var utbyttet av sløefisken i Ingulssjøbekken så dårleg at det ikkje lenger lønte seg å halde fram, fortel Pål Tolstad.

*I Sleobuøye i Hinøgla har det som namnet seier stått ei fiskebu, og det var fleire sløer i nærleiken.
Foto: Trygve Hesthagen.*



Hinøgla - utløpelva frå Nedre Heimdalsvatnet

I Hinøgla har sløefisken vore drive gjennom fleire hundre år. Søre Sandbu kan vise til eineretten til fisket i Nedre Heimdalsvatnet, i både skriftlege stadfestingar og fleire kongebrev heilt attende til 1336.^[135] Uppigard Søre [16/2] og Sygard Nistugun [17/1] utgjer Søre Sandbu, som vart delt mellom Øvre og Nedre Sandbu. Nedre Heimdalen med fiskerettar og hamnegangar hadde vore uskifta sameige mellom dei to Sandbugardane i hundrevis av år.

Sløefisken i Hinøgla er kjent alt på 1600-talet. Dette går fram av ei rettssak frå tidleg på 1700-talet, med mange vitneutsegn. I 1725 vart Tord Grosberg og Peder Melby frå Kvikne i Fron stemna for retten for ulovleg sløefiske i Hinøgla. Motparten var Einer Sivertsen Sandbu og Ole Iversen Sandbu på Uppigard og Nigard Sør-Sandbu. ^[37,136] Det viste seg at folk frå både Grosberg og Melby hadde drive sløefiske i elva i lenger tid. Bakgrunnen var at det heilt frå 1635 hadde vore knytt band mellom folk på dei to bruk på Søre Sandbu og gardar i Kvikne, gjennom slekt og svigerskyld. Det galdt særleg dei frå Grosberg og Melby. Det vart i si tid også inngått personlege avtalar om fisket i Nedre Heimdalsvatnet. Dette galdt nok også sløefisken i Hinøgla. Men desse rettane kunne ikkje forast over til deira etterkomarar. Båe partar førde fleire vitne i saka. Vagværanane hadde ikkje høyrte gjete anna enn at Nedre Heimdalsvatnet og øvre delen av Hinøgla hadde tilhøyrt Søre Sandbu. Folk frå Melby og Grosberg fiska difor med deira samtykke. Sandbu hadde også fiskebu på Sleobuøye, ifølgje eit vitne. Denne øya ligg om lag 1,5 kilometer nedanfor Heimdalsoset. Povel Tolstad fortalde at då han hadde vore ved Hinøgla 50 år tidlegare, hadde han sett både sløa og sløebua til Sandbu. Fleire vitne frå Fron meinte på si side at Melby og Grosberg var i sin fulle rett til å drive sløefiske i Hinøgla. Ifølgje bestefaren til eitt av vitna, Jon Olsen Lunde, hadde Tiøstel Melby sett opp både sløe og bu saman med Iver Sandbu. Truleg var dette bua på Sleobuøye. Litt lengre oppi elva hadde

bestefaren sjølv sett opp sløe for Guttorm Grosberg. Jon Olsen Lunde hadde vore med Iver Iversen Melby og bygt sløa hans. Andre vitne frå Fron fortalde at Iver Melby var saman med Guttorm eller Ole Sandbu om ei gammal sløe. Kvikneværingane hevda også at den delen av Hinøgla der sløene stod, tilhørde Fron Allmenning. Dei meinte at folk frå bygda i all tid hadde fiska med stang og lyster både ovanfor og nedanfor dei aktuelle sløestøene.

Minst fire sløer i Hinøgla

Tidleg på 1700-talet var det fire sløer i Hinøgla, ifølgje opplysningar frå ei synfaring nokre år seinare. Den nedste sløa stod i eine elvefåret ved Sleobuøye, og tilhørde Sandbu. Dei tre andre sløene stod eit stykkje lengre oppi elva, og i denne rekkjefølgja: Grosberg, Melby og Sandbu. Den nedste sløa vart sagt å vera gammal og forfallen. Truleg hadde Grosberg og Melby sett opp ei sløe mellom Sandbu sine sløer. Uppigard og Nigard Sør-Sandbu hadde kan hende kvar si sløe i Hinøgla på den tida. I august 1725 vart Grosberg og Melby dømde til å betale ei bot på 20 riksdalar for ulovlege sløefiske i Hinøgla. I tillegg måtte sløene rivast. Men dei godtok nok ikkje dommen, for saka kom opp att både i 1730 og 1734. I den fyrste dommen heiter det at bota no var betalt, men at sløene framleis ikkje var fjerna. Folket på dei to Kviknegardane måtte nok etter kvart gje opp sløefisket i Hinøgla.

I 1860 vart Nedre Heimdalen selt til vagværane Thor Sve og Pål Håkåstad. I 1867 selde Håkåstad parten sin vidare til Thor Sve. Nokre år seinare vart denne fjelleigedommen overteke av svigersonen hans, engelskmannen W.D. Crotch. Eit kartriss over øvre delen av Hinøgla frå 1880, viser både Sleobuøye og eit sløestøe noko lengre opp. Difor må det framleis ha vore ei sløe i Hinøgla på den tida. Kan hende var det også ei sløe ved Sleobuøye. I 1896 vart nedre delen av Heimdalen og Nedre Heimdalsvatnet selt til fabrikkeigar Chr. Schou frå Oslo. Den siste sløa i Hinøgla vart fjerna tidleg på 1900-talet, meiner Ragnar



I Vågå har det vore sløehus fleire plassar.

Veslum. Det var helst Sven Sæther som fekk dette oppdraget, som då var forpaktar for Schou. Anton Veslum overtok i 1918 denne stillinga etter Sæther. Sløa i Hinøgla var då forlengst borte, fortel Ragnar Veslum. Tidleg på 1900-talet vart bua frå Sleobuøye flytta opp til Heimdalsoset, fortel Chr. Schou. I ein stокk i denne bua er årstalet 1721 rissa inn. Kan hende var dette det året ho vart sett opp på Sleobuøye.

Sløefisket i Hinøgla har utan tvil lange tradisjonar. Alt på 1700-talet var det fleire stadnamn som knytte seg til denne fiskereiskapen. I tillegg til Sleobuøye ligg Sliubukampen og Sliubulii lengre nord. Høgda nord for Sliubulii blir idag kalla Holmbekampen, medan fjellet endå lengre nord heiter Sliufjellet.

Lemonsjøen og Grove

Auren i Lemonsjøen har vore fanga med sløer både i Valdeseterbekken og på utløpet (Grove). Det er reist spørsmål om innjøen har namnet sitt frå sløefisket.^[137] Namnegranskaren Eivind Vågslid sette derimot namnet direkte i samband med ein annan fiskemåte.^[138] Han støtta seg både til ein eldre skrivemåte for innsjøen, og til det Ola Storvikseter hadde fortalt han. Den gammalnorske namneforma for innsjøen var Lemundsjør, eller

Hlemhundr. Det skal bety: "Fiskestad attmed eit fiskestenge med ein lem eller ei luka". Vågslid meinte at innsjøen har fått dette namnet fordi utfallsosen tidlegare hadde vore demt opp for å tørrleggje Grove. Ein kunne då lett plukke opp fisken som stod att i kulpane. Denne fiskemåten har vore nytta frå eldre tid, ifølgje Ola Storvikseter (f. 1890). Lemonsjøen har ein grunn utløpsos, og han er difor godt eigna til å demme opp.^[139]

Felles sløe i Valdeseterbekken

I Valdeseterbekken hadde Nordigard Valde [86/1] og Sygard Valde [85/1+2] felles sløe. Dette skuldast at bekken danner grensa mellom seterkveene til dei to gardane. Sløa stod om lag 20 meter oppi bekken, fortel Ola N. Valde. Erling Valde trudde at sløa vart brukt fram til tidleg 1900-tal. I 1920-åra var ho i alle fall sterkt forfallen. Sløa var tømra, og knapt ein meter brei og to meter lang. Ho var brukt frå dei kom på setra tidleg om sommaren, og fram til dei flytte heim att på seinhausten.

*Tidlegare vart Lemonsjøauren fanga med sløe både i Valdeseterbekken på baksida av vatnet, og på utløpet.
Foto: Kjell Andersen.*



Budeiene på dei to setrene hadde matfisk heile sommaren frå denne sløa, fortalde Ivar K. Vistdal (f. 1925) til Erling Valde. Om hausten hadde folket på dei to setrene sløretten annankvar dag. Valdeseterbekken måtte ha vore ein god gytebekk. Då Erling Valde var i oppveksten tidleg på 1900-talet, kunne det vera så mykje gytefisk i bekken at han "sto stinn som graut".

Nigard Kvarberg med sløe på utløpsosen av Lemonsjøen

Nigard Kvarberg [71/1] hadde feste på eit sløestøe på utløpsosen av Lemonsjøen, ifølgje Pål O. Kvarberg. Ola Storvikseter var òg kjent med sløefiske i Grove.^[138] Richard Odnnes hadde høyrte at dette var beste sløa i Grove. Dei øvre delane av elva har alltid vore rekna som ei god gytestrekning for Lemonsjøauren. Sløa låg litt ovanfor der vegen til Valdesetrene no krysser elva. Det ligg framleis att både stokkar og stein der, som truleg har vore brukt i eit sløeanlegg.^[139]

Kampen og Odnnes hadde sløer i Grove

Eit stykkje lengre nede i Grove har det stått minst tre sløer. Kampen og Odnnes hadde kvar si sløe ved setrene sine. Desse sløene var i drift fram til tidleg 1920-tal, fortalde Richard Odnnes. Det låg også att restar etter ei sløe i elva nedanfor seterkvea til Odnnes på den tida. Truleg har ho tilhøyrte denne garden, og vorte bytt ut med ei ny sløe lengre opp. Odnnes-sløa var bygt av 1,5 meter lange lekter, med breidder nedst og øvst på 40 og 65 centimeter. På sidene var det festa bord for å hindre fisken i å sprette ut.^[140] Sløa deira var utstyrt med ei vasskasse, slik at fisken vart fanga levande. Richard Odnnes mintest godt sløa frå oppveksten sin. Særleg hugsar han ein gong han kom på setra som fem-seksåring. Det fyrste han gjorde var å gå ned til elva for å tømme sløa. Der stod det sju pene fiskar. Odnnes brukte sløa heilt frå dei kom på setra om våren, og fram til dei flytte heim att seint på hausten. Ho gav eit godt tillegg til hushaldet. Noko av fisken var raud

i kjøtet og større enn vanleg elvefisk. Dette var fisk som hadde sleppt seg ned frå Lemonsjøen, meinte Richard Odnes. Han har høyrte at det også har stått ei sløe på utløpet av Veslvatnet.

Heillsleo

Det har også stått ei sløe om lag to kilometer nedanfor Veslvatnet, ovanfor der riksvegen no kryssar elva. Sløekassa var bygt av steinheller. Plassen har difor fått namn etter den særprega byggjemåten; Heillsleo. Denne sløa vart brukt i fellesskap av folk frå Synstlie, etter det Hans Tessneset og Richard Odnes hadde høyrte. Heillsleo vart truleg brukt fram til slutten på 1800-talet. Hans Tessneset voks opp i Synstlie tidleg på 1900-talet, men høyrde aldri eldre folk prata om Heillsleo. Richard Odnes såg restar etter ho på 1920-talet. Bekkefåret var då i ferd med å gro att, og noko seinare var elva difor grøfta. Med det forvann nok dei siste spora etter denne særeigne sløa. Også namnet på myra innover frå sløa vitnar om sløefiske, for ho heiter Sleomyre.

Andre elver i heimfjellet

Det kan ha vore fleire sløer i Grove eller i andre elver i Heimfjellet. I ein artikkel frå 1942 skreiv Iver Storvik at nedanfor Storrvikseter var det tidlegare sløer ved fleire småvatn.^[131] Dette kunne ha vore ved Lomtjønne, Hånåtjønne, Skytningen og Skåltjønne. Blant anna dreiv Syver Storvikseter sløefiske i Heimfjellet på slutten av 1800-talet. Han var fødd i 1842 og budde på setra til Sygard Storrvik. Dotter hans, Olea (f. 1885), fortalde at som unge var ho med å vekja ei sløe. Det er dotter hennar, Olga Løkken, som fortel dette. Dei måtte vera tidleg ute om morgonen når sløa skulle tømast. Dette fordi andre kunne vera ute i same ærend. Det er uvisst kven som åtte den sløa som Olea referer til. Kan hende hadde Sygard Storrvik eiga sløe i Grove på den tida.



Om sommaren kappsprang budeiene på dei to Valdesetrene ned til bekken kvar morgon for å tømme sløa som dei åtte saman. Dette fortalde Ivar K. Vistdal ein gong til Erling Valde. Ein må tru at budeiene delte fangsten mellom seg. Det var nok helst spenninga om utbytet som låg bak denne kappestriden.

Ymse innløpsbekkar til Flatningen

Det har vore sløer i tre tilløpselver til Flatningen; i Frøyna, Gryosen og Stavåe. Sløeretten i Frøyna tilhøyrde Nordigard Sunde [141/1]. Her var det sløe alt på slutten av 1700-talet, for på eit kart frå 1786 er det teikna inn eit sløehus.^[139] Frøyna har lite fall der sløehuset står, så det er ukjent korleis denne sløa var bygt. Det er blant anna funne delar av ei trerist som kan ha vore ein del av denne sløa. Det står framleis eit sløehus over bekken, men det er ikkje kjent om dette er frå 1700-talet. Syver Berget eig sløehuset idag, og han vøla det på slutten av 1990-talet. Sløefisket i Frøyna tok slutt rundt 1920, meinte Øisten Vaberg. Mor hans, Rønnaug Sunde Vaberg, drifta denne sløa då ho var budeie på setra til Nordigard Sunde i åra 1910-17. Ho tykte at det å bera fisk frå sløa i Frøyna og opp til setra kvar morgon var det tyngste arbeidet med det å vera budeie. Dette er ei strekning på om lag to kilometer. Ho leigde difor med seg budeiene på nabosetrene til å hjelpe seg; Gunhild Haugen på Grindstugusetra og Marit Plassen på Plassetra. Betalinga for arbeidet fekk dei i form av fisk. På setra vart fisken anten salta ned, eller lagt til raking i store trebuttar. Folk frå Sundsetra køyrde jamnleg fisk til bygda med hest og kjerre, vart det fortalt. Dette kunne rettnok også ha

vore fisk frå Flatningen, der Nordigard Sunde fiska både med stågarn og not. Men det vart utan tvil teke mykje fisk på sløa deira i Frøyna. Eldre folk på setrene rundt Flatningen prata ofte om dette fisket, fortel Ivar Haugen. Det var kanskje ikkje så rart at uvedkomande freista å få del i denne fiskerikdomen. Det vart blant anna gjort freistnad på å føre vatnet vekk frå elva. Då vart det lettare å fange fisken ved tumming eller lystring.

I Grytosen, utløpselva frå Surtningen, hadde Odden sløe [128/2, tidlegare L. nr. 22a + 24a Nordgard Sandbu]. Denne garden var eit bygselbruk under staten, som Hans Olsson Odden fekk kjøpt.^[141] Sløa stod 50-100 meter frå utløpet til Flatningen, fortalde Øisten Vaberg. Sløa i Grytosen var truleg i drift fram til rundt 1920. Ein gong Vaberg gjekk forbi bekken på 1930-talet, var sløa sterkt forfallen. Grytosen var nok ein usedvanleg god gytebekk, for om hausten "blådde dæ tå fisk i bækkje", fortalde Vaberg. Hans Odden var truleg den siste som dreiv sløefiske i Grytosen. Han var fødd i 1842 og døydd i 1924.

Det har også vore sløe i Stavåe, ifølgje Jakob Brekken.^[141] Det er Plassen [141/6] som har seter nærast denne elva. Det er difor mest truleg at dei også hadde sløeretten. Ola

Sløehuset i Frøyna ved Flatningen. Det er 3,8 meter langt og 3,1 meter breitt.

På biletet står Syver Berge, gardbrukar på Nordigard Sunde, som eig sløehuset.

Det vart teke heilt ned og vøla i 1998/99, og satt opp att på samme plassen. Huset har doble takåsar for å hindre at folk kom seg inn i huset og stjal fisken. I eldre tid var det vanleg å bruke slike "tjuvåsar" i enkelte hus, fortel Ragnar Veslum frå Skåbu.

Foto: Trygve Hesthagen.



Plassen nemnde også sløefisket i Stavåe, etter det Sjur Plassen hugsar.

Mela - utløpselva frå Melingen

I Mela var det ei sløe på midten av 1800-talet. Dette går fram av boka "Elvesøg" frå 1937, skrivi av bygdehistorikaren Ivar Kleiven.^[142] Kleiven har seter på sørsida av Melingen. Slik skriv han om kor dei tok vegen, ein gong han fekk vera med på setra som gutunge: "...beinvegen etter Brekkum ved Jeriko og over Mela ved sleo". Dette måtte ha vore i 1860-åra, for Ivar Kleiven var fødd i 1854.

Ola Bakkom fortel at far hans, Ola E. Bakkom, prata mykje om sløefisket i elver og bekkar rundt Flatningen og Melingen. Han meiner bestemt at det var fleire sløer i desse elvene. Mellom anna har Flokka gode fysiske tilhøve for sløefiske, fortel Bjørn Groven. Ved Melingen var det tidlegare fastbuande, noko som gjorde det lettare å drifte sløer.

Utløpsbekken frå Dravtjønne

I utløpsbekken frå Dravtjønne har det også vore sløe, ifølgje Jakob Brekken.^[132] Vi kjenner ikkje til kven som åtte denne sløa. Det er Åsvang [85/9 & 86/12] som eig setra nærast Dravtjønne. Men setrene til Åbakken [79/1] og Nebbneset [95/1] skal visstnok vera dei eldste, fortel Bjørn Groven. Tjernet tilhøyrer no Darthus [187/1 + feste 674]. Denne plassen var tidlegare seter under Nordgard Viste [83/1]. Syver Øvre Bakken brukte sløe i Dravtjønnebekken under eit byggjearbeid på 1930-talet. Dette fortalde Hans Tessneset til Erling Mork. Det kan også ha stått eit sløehus på utløpet av Dravtjønne.^[139]

Veslvåka - sidegrein til Tessa ved utløpet til Vågåvatnet

I Veslvåka ved Tessand hadde Sygard Storrвик [103/1] sløe fram til slutten på 1930-talet. Dette var tidlegare ei sidegrein til Tessa nær utløpet til Vågåvatnet. Plassen Sleolykkja, som ligg litt aust for Veslvåka, har fått namn

etter sløefiske i elva. Tessa delte seg tidlegare i tre greiner, fortalde Asbjørn Herskedal. Veslvåka rann lengst aust, Storvåka i midten og eit mindre løp ved Nyhus lengst vest. Mellom det vestre løpet og Storvåka var det ein skogdekt holme, mens det berre var ein mindre kant mellom Storvåka og Veslvåka. Erling Herskedal hugsa godt sløa i Veslvåka frå det året han var gardskar på Sygard Storrvik tidleg på 1930-talet. Sløa vart tømt nesten dagleg, og Erling Herskedal var ofte med på det. Sløa var om lag to meter brei og ein halv meter høg, med ei låsbar kasse. Ho vart brukt frå fyrst i juni og fram til midten av september. Då byrja gytmoden aure frå Vågåvatnet å gå opp i elva, og han var lite verdsett som matfisk. Dei stengde difor sløa. Det meste av auren i Veslvåka gjekk nok opp frå Vågåvatnet. I tillegg sleppte ein del fisk seg ned frå Tesse. I løpet av ein sesong kunne utbyttet av sløefiske i Veslvåka utgjera fleire hundre kilo, meinte Erling Herskedal. Enkelte gonger fekk dei så mykje fisk at dei måtte køyre han til gards med hest og kjerre. Og auren i Veslvåka heldt bra storleik og kvalitet. Det var ikkje uvanleg med fisk som vog mellom ein halv og ein kilo, ifølgje Erling Herskedal. På Sygard Storrvik nytta dei mykje av fisken frå sløa til middagsmat. Om hausten vart ein del av fangsten lagt ned til raking, med så sterk saltlake at ei

rå potet kunne flyte. På 1930-talet var det mykje stor og fin harr i Veslvåka. Også han vart fanga i sløa, særleg i samband med gytevandringa om våren og tidleg på sommaren. Det kunne i periodar vera så mykje harr i elva at ein såg ryggfennene deira stikke opp av vatnet. Fersk harr vart rekna som god matfisk, men han heldt seg ikkje særleg godt.

I 1938 vart elvegreinene nedst i Tessa rasert av flaum. Sløa i Veslvåka vart øydelagt, og ho vart aldri bygt opp att. Året etter byrja dei med kanaliseringsarbeid og forbygging langs elva. Alt vatnet i Tessa renn no i løpet som tidlegare låg lengst aust. Vassføringa i Tessa har elles endra seg mykje etter at Tesse vart regulert.


Finna

Langs Finna ligg det ein stad som heiter Sleoholet, utan at nokon lenger kjenner til plassen.^[132] Etter namnet å dømme, har sløa liggje ved eit slags hol, eller der elveløpet snevvar seg inn. Dette kunne ha vore i nærleiken av Selatunga, som ligg om lag tre kilometer frå Otta elv. Litt lengre opp stuper elva seg ut av fjellet, og det dannar eit naturleg vandringshinder for fisk. Anna Svare (f. 1903) voks opp på Selatunga, men sonen Steinar Grevrusten kan ikkje hugse at mor hans nemnde noko om sløefiske. Sløa kunne også ha stått i sidefåret ved Gåsøye nedanfor Svare. Denne øya forsvann i storflaumen i 1938. Einar Kleiven har også høyrte om ei sløe i Finna. Og slik han hugsa det formulert, så kunne ho godt ha stått ved Gåsøye.

Utløpet frå Jettjønne

I Jettalsbekken er det funne restar etter eit sløehus.^[143] Jørgen Øvre fortel at tidlegare delte utløpet seg i tre greiner. Det eine løpet vart tørrlagt i samband med vegbygginga til Blåhø.

Sløa i Veslvåka slik ho såg ut i 1936, teikna av John Trælvik (f. 1912). Denne sløa var tømra og hadde to dører.¹³



SEL

I Sel kjenner vi i dag til sløefiske berre frå innløpet av Bjølstadvatnet. Men som namnet viser, har det også vore brukt sløer ved Sleotjønnen nord for Rondane. Tidleg på 1900-talet kom det forbod mot sløefiske for Selsvatnet og Mugvatnet. Difor kan det også ha vore brukt sløer ved desse vatna. I Lågen har det vore nytta ulike slags fiskereiskap opp gjennom tida, fortel Hans Formo. Ved Veggum er det blant anna restar etter noko som liknar eit fangstanlegg for fisk.^[102] Men Formo meiner at dette helst har vore eit teinestøe, med stokkar der teinene vart plasserte.

Fiskereglar

I Sel kom den fyrste avgrensinga av sløefisket i 1907. Reiskapen vart då forbode på inn- og utløpet av Selsvatnet. ^[26] Ti år seinare kom same avgjerda for Mugvatnet. Dette

Selsvatnet ved utløpet kan det ha vore sløefiske tidligare. Foto: Egil Soglo.



Sløene vart helst sette opp på stader med god straum, og der elveløpet snevra seg noko inn.

vart stadfesta både i 1921 og 1922. Delar av Mugvatnet ligg i Nord-Fron. Difor måtte dei to kommunene ha felles fiskereglar. I 1926 vart sløefiske i Sel heilt forbode. I 1938 kom det likevel eit spesielt forbod mot bruken av reiskapen i Selsvatnet, Koltjønne, Furusjøen, Vålåsjøen og Heimtjønne. I 1948 vart det nok ein gong bestemt å forby sløer i alle vatn i Sel. Det vart likevel gjort unntak for lokalitetar i Nordre Kolloen statsallmenning.


Sleotjønnen

Det har vore brukt sløer ved Sleotjønnen ved Slettsætrin (Kringsætra), ifølgje namnet. Det er ingen som lenger har kjennskap til dette. Det er difor rimeleg å tru at sløefiske her tok slutt tidleg på 1900-talet. Det var helst ein eller fleire setereigarar som hadde denne sløeretten.

Innløpet til Bjølstadvatnet

På innløpet til Bjølstadvatnet stod det ei sløe fram til fyrst på 1900-talet. Det var synlege restar etter ei sløe her

heilt fram til 1940-åra. Nokre stokkar låg der så seint som på 1960-talet, fortel Bjørn Groven. Tor Tofte (f. 1894) sette opp ei ny tømra sløe på innløpet av Bjølstadvatnet kring 1966-67, ifølgje Stein Tofte. Sløa hadde ei fangstasse på sida. Sverre Killi kan fortelja at sløa var i drift til midten av 1970-talet. I eldre tid låg sløestøet noko lengre frå strandlinja. Dette skuldast at innsjøen vart demd opp på 1950-talet. Den nye sløa gav visst ikkje noko særleg stort utbytte. Bjølstadvatnet har tilhørt Bjølstad [181/1] i Heidal heilt sidan 1600-talet. I 1943 opplyste Tor Tofte at vatnet hadde kasta av seg 400 kilo fisk i året.^[64] Dette gjev eit utbytte på heile 10 kilo pr. hektar. Difor har nok sløefisket på innløpet vore uvanleg godt.



Innsjøar og elver i Sel, der dei to sløeplassane er viste med punkt.

For Muvvatnet har vi ingen opplysningar om bruken av sløe, men reiskapen vart forbode her i 1917. Biletet viser søre del av innsjøen i 1934. Karane på biletet er Laurits Slettten, Karl Slettten, Fredrik Sandbakken og Johannes Ungstad (med skjegg som nummer to frå venstre). Foto: Syver E. Sunde.




Ved Sleotjønnen har det nok tidlegare vore brukt sløe. Foto: Syver E. Sunde.

NORD-FRON

I Nord-Fron er det kjennskap til sløer på fem stader. I Fryosen har det vore eit vidfemnande sløefiske, som strekkjer seg minst attende til 1600-talet. I utløpselva frå Øyangen (Hølsa) har det også vore eit godt sløefiske, der sløa stod i eit eige tømra hus. Den fyrste sløa her vart bygt på byrjinga av 1700-talet. I Raggen (Småosene) har frøningane drive sløefiske langt attende i tid. Det gjeld truleg også i andre tilløpselver til Kaldfjorden og Øyangen. I Raggen og Sandvatnet har det vore mykje strid om fiske retten mellom frøningar og valdersan. Elles i Nord-Fron er sløefiske kjent frå utløpa til Flokken, Sikkildalsvatnet og Flekkvatnet.

Nedre Sikkildalsvatnet, der det har vore sløe på utløpet.
Foto: Syver E. Sunde.




På slutten av 1800-talet hadde sløa i Fryosen ei låsbar fangstkasse, fortel Ola Røssum. Det hende likevel at enkelte vart freista til å stela fisk. Ein gong kraup ei jente inn i sløa, men ho kom seg ikkje ut att. Då måtte dei ansvarlege for påfunnet tilkalle han som hadde nøkkelen.

Fiskereglar

Nord-Fron innførte alt i 1865 ei avgrensing av sløefiske i ei periode på hausten.^[26] I 1886 vart denne haustfredinga gjort gjeldane frå 30. august til 31. oktober. I vatn med felles grenser til Gausdal vart sløefiske heilt forbode. Dette galdt likevel ikkje private vatn, og Fryosen. I 1904 kom det forbod mot sløer over alt i Nord-Fron. Det vart gjort unntak for Lågen og private vatn. Fem år seinare vart det bestemt av vedtaket skulle gjelde fram til 1914, og med dei same avgrensingane som før. I 1919 vart dette standfesta på nytt. I tillegg vart alt fiske stengt i tida frå 5. september til 31. oktober. Dette galdt likevel ikke Furusjøen (Fryosen). I 1929 vart det fastsett fiskereglar for vatn og elver innan "Espedalens forhenværende statsalmenning i Nord- og Sør-Fron herreder". Her vart det mellom anna forbode å bruke sløer. I 1934 og 1938 kom det ei slik avgjerd for heile Nord-Fron, bortsett frå i Lågen.

Fryosen – utløpet frå Furusjøen

I Fryosen er sløefiske kjent attende til 1600-talet. Dette går fram av tingboka for Nord-Gudbrandsdalen frå 1671, fortel Ola Røssum. Det galdt den særskilde fiskeretten som garden Forbrigd [326/1+2] hadde i Furusjøen. Esten Forbrigd gjorde då forlik med andre bønder i bygda om sløefisket i Fryosen. Bonden på Forbrigd skulle ha bruksrett til sløa i tre netter, og deretter skulle andre menn i bygda bruke ho etter fulle-, halve- og ødegarder, "til det er gått omkring". På den tida kunne alle bøndene i Kvam fiske i Furusjøen. Dette var visstnok ei ordning som hadde vore i hevd ei stund. Dei skulle difor vera like gode om å betale fiskeskatt til Esten Forbrigd. Men innsjøen var framleis innført som eigedom under garden hans. Han var difor ikkje særleg nøgd med forliket. Forbrigd ville likevel ikkje påtale vidare den "forhindring" som dei andre bøndene i bygda hadde gjort han.



Innsjøar og elver i Nord-Fron, der sløeplassane er viste med punkt. I Raggen hadde frøningane truleg fleire sløer i eldre tid.

På Fryosen er det framleis ein tydeleg lafta sløegard som er fylt med stein. Foto: Trygve Hesthagen.

Sløeanlegget med ymse sløegardar i Fryosen låg 100-150 meter nedanfor utløpet av Furusjøen. Framleis er både ei lafta tømmerrenne og fleire sløegardar av stein godt synlege. Renna er ikring 50 meter lang, og på innsida har ho ei breidde på 1,4-1,8 meter. Det er brukt stokkar på 20-25 centimeter i tverrmål, så det er eit solid byggverk. Rommet mellom stokkane er fylt med stein, og det er sett inn tverrstokkar ved kvar stokklengde. Ovanfor hovudrenna er det mura ein vifteforma sløegard opp mot osen. Det er også tydelege spor etter fleire sløegardar lengre ned i elva. Blant anna er det ein gard på 17 meter i lengde. I tillegg er det fleire tømmerstokkar og nedrasa sløegardar både i hovudfåret og i fleire sideløp. Det store omfanget av sløegardar i Fryosen, kan tyde på at det har vore fleire sløer her.

Ein kjenner ikkje til korleis sløefisket i Fryosen utvikla seg frå 1600-talet og utover. Men det vart i alle fall ikkje

sløe her på midten av 1800-talet. I 1860 vart nemleg nokre bønder i Kvam samde om visse tiltak for å sikre at fisket i Furusjøen ikkje vart øydelagt. Dei ville blant anna føre Glitra attende til det gamle elvefåret, og sette istand "Sløoen ved Søren", fortel Ola Røssum. Den 14. juli 1860 skreiv fem bønder i bygda under på at dei ville ta del i dette arbeidet. Det er difor grunn til å tru at sløefisket i Fryosen starta opp att nokre år seinare. Vi kjenner ikkje til korleis dette fisket vart organisert. Kan hende hadde Forbrigd framleis ein særleg bruksrett. Nils Forbrigd (f. 1903) fortalde at på slutten av 1800-talet brukte dei uttrykket "å si opp sleo" ved Fryosen, ifølgje Ola Utgård frå Lesja. Vi veit ikkje kva dette tydde, men det kunne ha samanheng med korleis vekjinga vart organisert.

Furusjøen var i eldre tid eit svært godt aurevatn. Men på 1870-talet vart det sett ut røye her, og etter det vart aurebestanden sterkt redusert."Resultatet blev at røien

Fryosen er eit uvanleg godt gyte- og oppvekstområde for aure. Foto: Trygve Hesthagen.



helt tok overhånd og at ørreten innskrenkedes til et så ringe antall at fisket efter den er blitt næsten uten nogen økonomisk betydning.”^[145] Dette gjorde nok at sløefisket etter aure i Fryosen etter kvart vart avvikla. Dei nye fiskereglane i 1904 sette i alle høve ein stopp for eit vidare sløefiske.

Utløpet av Flokken

På utløpet av Flokken er det framleis spor etter ei sløe, fortel Ola Røssum. Ein kjenner ikkje til kven som hadde bruksretten til denne sløe.

Utløpsosen av Nedre Sikkilsdalsvatnet

På utløpsosen av Nedre Sikkilsdalsvatnet var det brukt sløe fram til slutten av 1930-talet. Fiskerisekretær Syver E. Sunde var på synfaring her hausten 1933, og han såg då sløe.^[64] Ragnar Veslum fortel at då han tok seg arbeid i Sikkilsdalen i 1934, var det framleis sløefiske på osen av Nedre Sikkilsdalsvatnet. Det var fastbuande i Sikkilsdalen på den tida, og det var nokre eldre kvinnfolk som vekja sløe.

Utløpsosen av Flekkvatnet

Det har stått ei sløe i utløpsosen av Flekkvatnet, har Hans Hysjulien høyrte. I dag er det ingen som kjenner til kven som åtte denne sløe, og kor lengje ho var i bruk.


Hølsa - Øyangsosen


Søre Bræe i Sel [200/1] bygsla Øyangen i 1637.^[168,169] Seinare vart det bygt sløe i Hølsa, men truleg ikkje før på tidleg 1700-tal. Det var nok Hans Fredrikson Breden (f. 1690) som sette opp den fyrste sløe her. Men så oppstod det uvenskap mellom han og Torgeir Iversson Kvålen (f. ca 1690) som bygde Veslefjellsetra. Dette fordi sløe til Bræe hindra fisken i å vandre nedi Svartbekklonene ved Kvålensetra. Sløe kan ha vore bygt i 1722-28, då Hans F. Breden hadde ei sak gåande med Fron om eigdomsretten til Øyangen. Ein tvilsom kar ved namn Svein

Svartberget fekk i oppdrag av Torgeir I. Kvålen å rive sløe i Hølsa, og sette fyr på alt som var brennbart. Dette hevna Bræebonden ved å sende han Anders Slave i veg for å sette eld på selet til Kvålebonden på Veslefjellet. Det skulle vera i samband med denne striden at det kom abbor i Øyangen.

Neste gong vi høyrer om sløe i Hølsa er frå tidleg 1900-tal. Ei pinsenatt låg Anton Veslum (f. 1885) på taket av det gamle tømra sløehuset, og såg at 54 store aurar gjekk inn på sløe. Det er sonen hans, Ragnar Veslum, som fortel dette. I 1914 vart Øyangen selt til Oslogrosserar Johannes Olstad (f. 1868). På den tida stod det framleis ei gammal og dårleg sløe i Hølsa, fortel Svend Lauvrak. Ho var plassert ikring 30 meter nedanfor osen, på straumhovudet i nedkant av ei lone. Nokre år etter at Olstad tok over Øyangen, vart sløeanlegget teke av flaum. Etter det bygde han ny sløe og sløehus, fortel Svend Lauvrak.

Sløehuset i Hølsa som Johannes Olstad fekk bygt rundt 1920. Biletet er teke i september 1922. Biletet er lånt ut av Ingrid og Svend Lauvrak. (Ingrid er barnebarnet til Johannes og Augusta Mathilde Olstad som kjøpte Øyangen i 1914).





Ei pinsnatt tidleg på 1900-talet låg Anton Veslum på taket av det gamle sløehuset i Hølsa og såg at 54 store aurar gjekk inn i sløa.

Ragnar Veslum ved sida av sløehuset som stod i Hølsa i 2006. I 1957 vart det flytta og står no rundt 100 meter frå den gamle sløetofta. Sløehuset er 4,45 meter langt og 2,30 meter breitt. Foto: Trygve Hesthagen.



Eit bilete frå 1922 viser at den nye sløa i Hølsa då hadde kome på plass. Det var på den tida ein tømra sløegard ned mot sløehuset, i tre kvarv. Olstad fekk nok bygt han i samband med det nye sløeanlegget sitt. Rett i overkant av sløehuset var det plassert ein plank som dei stengde av vatnet inn til sløa med, fortel Hans Hysjulien.

Sløefisket i Hølsa har opp gjennom tida gjeve eit godt utbytte. Elva har alltid vore fiskerik, med mykje stor aure. Ho vart rekna som den viktigaste gyteplassen for auren i Øyangen. Tidleg på året gjekk fisken på næringsvandring ned i Hølsa, fortel Ragnar Veslum. Det la grunnlaget for eit godt sløefiske alt frå forsommaren og utover. Men det var likevel gytefiskeren om hausten som ga størst utbytte. Olstad var mykje plaga med at uvedkomande stal fisk frå sløa i Hølsa. Det hende til og med at bygdefolk brukte hest og kjerre for å frakte fisk til bygds, fortalde Anton Veslum.

På 1940-talet var Hans Hysjulien fleire gonger hjelpesmann for Augusta Mathilde Olstad når ho reiste opp til Øyangen på ferie. På turen innover i slutten av juni overnatta dei på setra til Hysjulien i Hinøgelslia. Hans Hysjulien låg ved Øyangen i nokre dagar, og sette då sløa i drift. Det vart teke mykje stor aure på sløa i den tida, og fisk på 1-2 kilo var ikkje uvanleg. På 1940-talet var den tømra sløegarden truleg ikkje så høg som på 1920-talet, trur Hysjulien. Kanskje hadde han vorte skada av flau-men anten i 1925 eller 1938. Barnebarnet til fru Olstad, Ingrid Laurak (Friedrich), fortel at frå 1947 og til utpå 1950-talet vitja ho ved Øyangen kvar sommar. Det fyrste dei gjorde om morgonen var å vekja sløa. Ho var ikkje lenger i sin beste orden, men dei fekk likevel mykje fin fisk. Fangstane var størst når det var rikeleg med vatn i Hølsa. På midten av 1950-talet var den tømra sløegarden delvis øydelagt. Det er Ragnar Veslum som fortel dette, og han var tilsynsman på Øyangen i åra 1954-59. Det var likevel ikkje uvanleg med 3-10 aurar i døgnnet. Enkelte

gonger fekk dei også mykje abbor. Dei måtte då lempe ut "lass" med abbor før storauren kom til syne. Abboren var ikkje særleg verdsett som matfisk på den tida.

I 1960 vart Øyangen regulert. I samband med skjønet rekna fiskebiologane Trygve Løkensgard og Leif Rosseland med at sløefisket i Hølsa utgjorde 15-20 prosent av samla fangst for både elv og vatn.^[146] Det skulle bli eit årleg utbytte på om lag 350 kilo.

Raggen (Småosene)

Frøningane har drive sløefiske i ymse tilløp til Vinstervatna, på grensa mot Øystre Slidre. Dette galdt spesielt i Raggen (Småosene), men truleg også i andre tilløp (s. 38 og 136).



Dette tømmerhuset, som står i Sandåe ved Sandåkluftin, inneheld ein miniatyr-konstruksjon av ei sløe. Det vart sett opp av Kulturminnegruppa i Skåbu i 2002. Huset er ei ombygd løe frå Kvikne. Det er 3,3 meter langt og 2,7 meter breitt.

Foto: Trygve Hesthagen.



Det var tømra ein solid sløegard i Hølsa samband med bygging av ny sløe der kring 1920. Legg merke til røykjeriet i bakken ved sida av sløegarden.

Biletet er lånt ut av Ingrid og Svend Lauvrak.

SØR-FRON

I eldre tid dreiv truleg frøningane eit vidfemnande sløefiske i Raggen, innløpet til Sandvatnet i vest. Dei kan også ha brukt sløer i andre tilløpselver til Vinstervatna. Også i bekken med utspring frå Svintjønne har det vore sløe, heilt nedi bygda. Tidlegare var det mest truleg brukt sløe på langt fleire plassar i Sør-Fron.

Fiskereglar

I 1874 kom det forbod mot å bruke sløer i "Vingstervandene i Søndre Fron med dertil hørende Elve".^[26] Åtte år seinare vart vedtaket også gjort gjeldande for lokalitetar aust for Espedalen, avgrensa til tidsrommet mellom 30. august og 31. oktober. I 1903 kom det forbod mot sløefiske for heile Sør-Fron. Lågen og private vatn vart halde utanom. Fem år seinare vart det innført eigne fiskereglar med forbod mot sløefiske, avgrensa til elver og bekkar

*Sandvatnet, Øyangen og Kaldfjorden med Innbuøya. Desse innsjøane vart regulert i 1960, og danner no eit stort magasin.
Foto: Trygve Hesthagen.*



I Raggen har det vore mykje strid mellom frøningar og valdresen om sløefiske.

med tilløp eller avløp til Espedalsvatnet i Sør-Fron og Vestre Gausdal.

Bekk med utspring frå Svintjønne

I bekken med utspring frå Svintjønne ved Baukholstølen dreiv Uppigard Nordre Skurdal [142/1] sløefiske på slutten av 1800-talet. Sløa låg ikring 500 meter ovanfor garden, ved ein bergknaus som danna ei trong passasje. Arve Skurdal fortel at i ungdomen henta bestemor hans fisk frå denne sløa. Ho heitte Marte Skurdal og var fødd i 1853. Han har desse opplysningane frå far sin, Anton Skurdal. Det vart ikkje drive sløefiske i hans tid, så reiskapen gjekk truleg ut av bruk på slutten av 1800-talet.

Raggen (Småosene)

Det har opp gjennom tida vore mykje strid mellom frøningar og valdersan om sløefiske i Raggen (s. 38). Bygda vart i 1851 delt i Nord-Fron og Sør-Fron. I Valdres blir denne elva kalla Småosene. Bakgrunnen for namnet er omtala under Øystre Slidre (s. 38). Frøningane dreiv sløefiske i Raggen i eldre tid. I eit brev som advokat Johanssen sende til Høg fjellskommisjonen i 1937, står det at "de såkalte Småosar alle dagar har vært benyttet alene

av frøningene, som også inntil forholdsvis nylig hadde sløe i Raggen".^[37] Vi veit lite om kven i Fron som hadde sløe her. Men Nigard Kjørstad [49/1] på Harpefoss hadde sløerett i eldre tid, etter det Odd Kjørstad har høyr. Også Rolstad [44/1, 45/1, 46/1] og Grytting [47/1, 48/1, 48/10] hadde visstnok spesielle fiskerettar i Vinstervatna. Det er difor ikkje utenkjeleg at desse tre gardane hadde sløerett i Raggen, kanskje òg fleire. Kanskje delte folk frå Hegge og Fron fisket i Raggen mellom seg. Grensa mellom dei to bygdene går i alle fall over elva. Ho delte seg i tre greiner, så det var truleg fleire gode sløestøer. Framleis kan ein sjå spor etter sløegardar her, fortel fjelloppsynsmann Reidar Gran. Det kan også ha vore brukt sløer i Sandåen (Døren), og kanskje i Sandosen. I ein dom frå 1597 står det at folket frå Heggegrenda "ingenlunde have deres Fiskebrug i Sandaaen, som de kalde Dør".^[37] Det står også at Sandosen "Rinder af Sandvatnet". I eldre dokument kan det difor ha vore ei samanblanding mellom Sandosen og Sandvassosen. Det har også vore drive fiske i Sandvassosen, etter det Odd Kjørstad har høyr. Dette var visstnok ei fin elv, men straumen var noko strid.



Innsjøar og elver i Sør-Fron, der den eine kjende sløeplassen er viste med eit punkt. Men i Raggen har det truleg stått fleire sløer (vist med ein firkant).

Raggen ved Vinstervatna, elvestubben mellom Innbuvatnet og Kaldfjorden. Biletet er truleg frå 1920-åra. Foto: J. N. Elstad.¹⁶⁸



Arve Skurdal fortel at det var sløefiske i bekken med utspring frå Svintjønne. Foto: Trygve Hesthagen.

RINGEBU

I Ringebru er sløefisket fyrst og fremst kjent frå Rundheillåa og Åsta, tilløpselver til Nordre Imssjøen. Her er det seks kjende sløeplassar. Det har truleg også vore brukt sløer i Samdøla, den største innløpselva til Søndre Imssjøen. I Ringebru har det elles vore brukt sløer i Hira og Grøtørbekken ved Hirisjøen. I Frya var det truleg i eldre tid eit særleg godt sløestøe. Her har garden Slovarp namnet sitt etter denne fiskeplassen, meinte historikar Tor Ile.^[10]

Fiskereglar

I Ringebru kom det i 1865, og seinare i 1872, eit forbod mot bruken av sløer i alle elver, bortsett frå i Lågen.^[26] Dette vart også vedteke i 1888, men ikkje for Lågen, Losna og private vatn. I 1903 vart det bestemt at forbodet

Nordre Imssjøen sett frå nord. Biletet viser Butangen, med Søndre Imsdalsgården i bakgrunnen.

Foto: Odd Henning Stuen.





Ein gong måtte Hallvor og Svein Huset passa sløa deira i Åsta sjølv om dei berre var 8-9 år gamle. Og den gongen vart det storfangst.

også skulle gjelde Hirisjøen og Grøtørtjerna. Det siste vatnet ligg i Stor Elvdal (Hedmark), men det meste av Grøtørbekken tilhøyrer Ringebru. I 1905 vart det på nytt innført forbod mot sløefiske i Ringebru. To år seinare vart det vedteke at fisket i Imssjøane med tilstøytande elver og bekkar skulle vera stengt i tida frå 15. september til 15. juli. Dette var altså i gytetida for auren, då sløefisket var mest effektivt. I 1908 kom det nok ein gong nye fiske-reglar for Ringebru, utan at forbodet mot sløefiske vart endra. Desse reglane stod ved lag fram til 1913. Då vart bodet mot sløefiske stadfesta på nytt, utanom for Lågen og Losnavatnet.

Rundheillåa og Åsta – innløpselver til Nordre Imssjøen

Folket på gardane i austenden av Nordre Imssjøen har opp gjennom tida drive eit vidfemnande sløefiske både i Rundheillåa og Åsta. I Rundheillåa har det vore fire sløer, fortel Gunnar Stuen. Den nedste sløa tilhøyrde Huset

[Øvergard 125/5], medan Imsdalsgarden [125/3], Velesa [Krokbakken 125/6] og Finset [125/9] åtte dei tre andre sløene. Husmannsplassen Velesa vart lagt ned for lengje sidan. Gunnar Stuen meinte bestemt at også dei hadde sløe. Sløegardane til den enkelte eigar kunne ikkje stenge meir enn halve elveløpet, ifølgje Egil Huset. Dette var nok ei avtale gardane hadde seg imellom for å sikre gytefisken fri passasje på oppgang. Folket på gardane i Imsdalen følgde med når fisken gjekk opp i elvene for å



Innsjøar og elver i Ringebu, der sløeplassane er viste med punkt.

gyte. Så vart heile elveløpet stengt, og på den måten tok dei mesteparten av fisken på nedtur. I Åsta var det berre Krokbakken og Huset (Øvergard) som hadde sløer. I båe elvene vart sløene brukte heile sommaren og til langt utpå hausten. Fangstutbytet var størst når fisken gjekk ned att etter gyting, særleg når det var mildvær. Men sløene kunne også gje eit godt utbyte tidleg på sommaren. Enkelte gonger gjekk nemleg "blåkjeben" opp i elvene på næringsvandring. Dette var ei auretype som hadde stått på djupare vatn gjennom vinteren. Om våren trekte han opp på grunnene, og enkelte gong også opp i elvene.

Plassering av dei seks sløestøa nedst i Åsta og Rundheillåa.


Blåkjeben hadde fått namnet sitt fordi han var myrkare enn vanleg aure.

Det kan også ha vore sløer i Samdøla, trur Gunnar Stuen. Dette er den største tilløpselva til Søndre Imssjøen. Dei fysiske tilhøva i denne elva skulle i alle fall vera dei aller beste. Det bodde folk på to mindre bruk ved dette vatnet tidlegare.

Sløefiske viktig i hushaldet

Imssjøane har opp gjennom tida vore rekna som svært gode fiskevatn.^[147,148] Fiske med sløer og andre reiskap gav difor eit viktig bidrag til hushaldet for innbyggjarane i Imsdalen. Fram til 1940/50-talet hadde dalen mellom 50-60 fastbuande. No er det berre tre personar som bur att. Det er Egil Huset, Hallvor Huset, Kåre Huset og Gunnar Stuen som fortel dette. Hjø Stuen vart fisken frå sløene anten salta ned eller lagt til raking. Den

Gunnar Stuen står ved eit sløestøe i Rundheillåa i 2006.
Foto: Trygve Hesthagen.



salta fisken vart seinare vatna ut, kokt og brukt til middagsmat. Fisken frå sløene heldt bra både storleik og kvalitet. Egil Huset meinte at mykje av fisken vog mellom ein kvart og ein halv kilo, basert på erfaring frå 1930-åra. Hallvor Huset dreiv sjølv næringsfiske i Imssjøane i over 50 år: "Generasjon etter generasjon har hatt sitt næringsfiske der, og det strekker seg flere hundre år tilbake. Sjøene har vært matkammer for de fastboende, og uten dette matkammer hadde det neppe blitt noen fast bosetning i Imsdalen".^[147]

Selde fisk til same prisen som godt oksekjøt

Hallvor Huset fortalde at i oppveksten vart det kvar haust sett opp sløer i ymse elver og bekkar.^[147] Dette må ha vore på 1920/30-talet, for han var fødd i 1915. Det hende òg at bestemor hans måtte tømme sløa deira i Åsta. Ho kom til Imsdalen i 1869. Ein haust fekk dei så mykje fisk at ho måtte salte han ned i alle koppar og kar som fanst på garden. Til slutt måtte ho opne sløa så fisken kunne gå ut att i elva. På den tida var det veglaust inn til Imsdalen. Difor var det vanskeleg å få levert fisken for sal. Det vart helst til at han vart salta ned til eige bruk gjennom vinteren. I barndomen var Hallvor Huset sjølv med på sløefiske i Åsta. Han hugsa særleg godt ei svær fangst frå tidleg i november 1923. Det var ein eldre bror som hadde sett opp sløa det året. Men så vart det frost og elva byrja å kjøve, slik at fisken ikkje kom seg ned att i Nordre Imssjøen. Medan dette pågjekk, måtte far hans og ein eldre bror reise til Stavsmarknaden. Her skulle dei handle hest. Hallvor og broren Svein fekk difor i oppdrag å passe sløa, sjølv om dei berre var 8-9 år gamle. Så vart det vêromslag med regn og mildvær. Ikkje lengje etter oppdaga dei at sløedammen stod stinn av fisk. Men sløebåsen var full av lauv og kvist, og fisken kom seg ikkje nedi. Gutane fekk då i all hast reinska opp sløa og gjort ho fangstklar. Og morgonen etter var sløa så full av fisk at ein del rulla seg ut att i elva. Hestehandlarane kom ikkje heim att før etter 4-5 dagar. Då hadde gutane salta ned ei

heil melassetønne på 180 kilo med fisk, pluss ein god del i ymse koppar og fat. Seinare på hausten sleipkøyrde dei fisken til Storfjellseter om lag 10 kilometer nordover, og vidare med stuttkjerre to mil ned til Atna. Der selde dei fisken til ein landhandlar, og til same kilopris som oksekjøt av fyrste klasse!

I Imsdalen dreiv dei sløefiske heilt fram til midten på 1900-talet. Dette var nok ikkje etter lovens bokstav, for sløefisket vart forbode alt i 1865! Og i 1907 vart alt fiske i Imssjøane med tilstøytande elver og bekkar stengt den 15. september. Men ingen i Imsdalen tok desse reglane særleg alvorleg, for "det var et næringsfiske med en solid hevdsrett bak".^[147] Både Håvard Stuen på Krokbakken og folket på Huset (Øvergard) dreiv sløefiske i Åsta heilt fram til rundt 1950, fortel Kåre Huset og Gunnar Stuen. Ein gong under elgjakta på Åmot seter i Fåvangsfjellet på den tida hørde Morits O. Nordrum ei samtale mellom Mattias Huset og far sin (Ola M. Nordrum). Plutseleg sa Mattias: "Du Ola, i marrå må e nok innover att og vekkja sleoa mi".^[149]

Sløene i Rundheillåa og Åsta måtte vera solide byggverk, for det kunne vera mykje vatn i desse elvene. Sløa til Stuen var seks til sju meter lang og nærare to meter brei, fortel Gunnar Stuen. Ovanfor sløa vart vatnet demd med ein stokk som dei la på skrå over elvefåret. Stokken vart halde på plass av ein steingard. I tillegg la dei gjerne granbar langs stokken for at demninga skulle bli størst mogleg. På den måten ville det bli ført meir fisk inn på sløa.

I åra 1973-78 brukte Ringebu fjellstyre enkle sløer under stamfiske både i Rundheillåa, Åsta og Stuva. Det er Erik Winther som fortel dette, og han var fjelloppsynsmann her i ei årrekkje. Stamfisket gjekk føre seg frå rundt 25. september og fram til midten av oktober. I Åsta og Rundheillåa tok dei kvart år fleire hundre gytefisk.



Både små og stor måtte ta del tømninga av sløa til Huset i Åsta; òg bestemor til Hallvor Huset.¹⁴⁷

Utbyttet i Stuva var derimot heller magert. I Rundheillåa kunne sløefiske vera problematisk i år med mykje vatn. Fjellstyret brukte også ruser under stamfisket, og dei viste seg meir effektive enn sløer.

Hira og ymse tilløpsbekkar til Hirisjøen

Ved Hirisjøen har det vore brukt ymse slags faststående fiskereiskap, både i Hira og Grøtørbekken.^[150] Det vart nytta innretningar etter ruseprinsippet. Desse var laga av stein og stokkar, flettingar av kvistar, tunne trespiler, som hadde namn som sløye [truleg sløe], teine, ruse og merd. I 1903 kom det eit spesielt forbod mot sløefiske for Hirisjøen og Grøtørtjerna. Det tyder på at det vart brukt sløer både i Hira og Grøtørbekken.

Frya

Slovarp [31/1] har fått namn etter bruken av sløe i Frya. Det meinte i alle fall bygdehistorikaren Tor Ile.^[10] Garden ligg i nærleiken av Frya, og berre om lag to kilometer frå Lågen. Her stengjer ein foss for at fisken kan vandre vidare oppover elva. Ile meinte at gardsnamnet Slovarp kan vera gammalt, og sløefisket endå eldre. At ein gard hadde fått namn etter denne reiskapen, tyder på eit svært verdifult fiske. Kan hende hekk fiskerikdomen i Frya saman med at fisk frå Lågen gjekk opp i elva, anten på gyte- eller næringsvandring.



*Frya like nedanfor der eit fossefall hindrar fisken å vandre lengre oppover elva. Kanskje var det her Slovarp hadde sløa si.
Foto: Trygve Hesthagen.*

ØYER

I Øyer var sløer ein vanleg fiskereiskap alt på slutten av 1700-talet.^[15] Det var prost og historikar Hiorthøy som skreiv om dette. Han gjev denne omtala av fisket i bygda på den tida: "...deels med sløer i elvene, som løbe fra vandene.." Frå 1650-åra og fram til 1768 vart dei fleste fiskevatna i Øyerfjellet bygsla. I fleire av setlane blir elver, bekkar og loner særleg nemnde.^[10,151] Det kan difor ha vore brukt sløer i fleire av desse lokalitetane. I dag er det berre kjennskap til sløefiske i Lyngåa, Skollelva og utløpet frå Grunnvatnet.

Fiskereglar

I 1865, og seinare i 1871 og 1884, innførte Øyer forbod mot sløefiske i alle elver utanom Lågen.^[26] Dette var kan hende til liten nytte, for i 1876 skreiv kommunen dette til Fiskeri-inspektøren: "De vedtagne fiskeriregler gjældede saaledes for tiden ikke i virkeligheden, men kun paa papiret, og vore fiskevande ere saa sige ganske herreløse, prisgIVEN den hensynsløse plyndring og behandling, uden værd for den enkelte som for det hele". I 1902 vart reglane frå 1884 oppheva for alle delar av Øyer utanom Lågen. Forbodet mot sløefiske vart stadfesta då fiskereglane var oppe til revisjon i både 1918, 1929 og 1938. Nok ein gong vart det gjort unntak for Lågen.

Lyngåa – utløpselva frå Lyngen

I Lyngåa har sløefisket ei fleire hundre år lang historie. Namna Indre og Fremre Sleoåsen vest for øvre delar av elva er vitnesbyrd om dette. Det var Skåden som åtte sløa i Lyngåe. I jordboka frå 1661 heiter det at garden var pålagt å betale 12 skilling i årleg avgift "for et Fiskevand i Fjeldet kaldet Løngen".^[10] Etter gammalt var Skåden ein gard, men i dag utgjer han både Hov og dei tre Skådengardane. Hov og Sygard Skåden har gardsnummer 43, medan Systugun og Nordigard Skåden har gardsnummer 46".^[30]



Då ein ungdom frå Skåden kom til Lyngåa i 1870-åra for å kløvje heim fisk frå sløa deira, trefte han på tre hedmarkingar som var ute i same ærend.

Lyngen ligg aust i Øyerfjellet, på grensa mot Stor-Elvdal i Hedmark. Foto: Oddvar Stensrud.





Innsjøar og elver i Øyer, der sløeplassane er viste med punkt.


Sløehuset ved Lyngåa slik det truleg såg ut på slutten av 1800-talet.³⁰



Sløa i Lyngåa låg om lag ein kilometer nedanfor utløpet av Lyngen. Sløefisket i Lyngåa blir av historikar Tor Ile rekna som uvanleg godt: "Frå Øyer lyt ein fyst og fremst nemne det sløefiskjet som Skåé-gardan hadde i Lyng-å'n, truleg eit tå di frakkeste i heile dala; det henda ofte at sløa der rek full med stor, feit aure på ei natt, - fisken vart kløvja hem".^[10]

På slutten av 1800-talet var sløa i Lyngåa bygt slik at vatnet vart ført gjennom gavlen på eit hus og inn på golvet. Der hamna fisken på ei sløegrind, medan vatnet rann ut.^[30] Difor ville fisk som vart liggjande på sløegrinda over lenger tid, råtne. Johan Skåden (f. ca 1850) kom ein gong til Lyngåa for å kløvja heim fisk. Dette var truleg i 1870-åra. Då heldt tre hedmarkingar på å leggje fiskekløvjer på hestane sine. Men dei overlét då fisken til guten, og hjalp han også med å kløvja dei to hestane hans. Rundt 1880 var det nokre sambygdingar som stal fisk frå sløa til Skåden. Dei kom heim att med mykje fisk, vart det fortalt.

Under eit møte som Gudbrandsdalskommisjonen heldt i 1878, vart det protokollert at Hans Skåden ikkje lenger gjorde krav på nokon særrett til fisket i Lyngen. Derimot kravde han at sløeretten i Lyngåa skulle stå ved lag. Rapporten til kommisjonen frå 1884 syner at det framleis var drive sløefiske i Lyngåa.^[130] Dei hadde teke i mot eit skriv frå Nils Skaaden og fleire andre, som meinte å ha bruks- og eigedomsrett til Lyngen.^[152] Difor var det nok fleire som fiska i vatnet på slutten av 1800-talet. Men det vart etter kvart for arbeidskrevjande for Skåden å ha tilsyn med ei sløe som låg så langt til fjells. På 1890-talet vart ho difor lagt ned. Opp gjennom åra hadde nok mykje av fisken vorte liggjande på sløa og råtne. Fiskeavgifta var heller ikkje betalt. Difor mista Skåden sløeretten sin i Lyngåa. Etter kvart vart også treverket i sløa øydelagt. Så seint som på 1950-talet var det framleis restar etter murene i sløehuset ved Lyngåa.^[20] Men no er spora etter dette



Tidlegare har det nok vore sløer i mange elver og bekkar i Øyerfjellet.

særeigne kulturminnet borte, fortel tidlegare fjelloppsynsmann Oddvar Stensrud.

Skolla

I Skolla (Skollelva) på austgrensa til Øyer statsallmenning stod det ei primitiv sløe fram til rundt 1900. Dette fortalde Olaf Krukhaug til Johan Hageløkken, truleg rundt 1950.^[30] Sløa var laga som ei kasse med staurbotn. Ho var to meter lang, og ein meter i breidde og høgde. Det er ikkje kjent kven som åtte denne sløa, men mest truleg var det setereigarar på Gammelskolla. Vi veit heller ikkje kor sløa var plassert, kanskje på inn- eller utløpet av tjernet ved setra.

Utløpet frå Grunnvatnet

I utløpselva frå Grunnvatnet er sløefiske kjent attende til 1700-talet. Eit skriv frå 1749 fortel om "Sleomurene ved Loenen neden Grundes Kjernet".^[9] Alt tidleg på 1700-talet var det fisk i fleire innsjøar i dette området. I 1726 fekk Klemet Stalsbjør, Kristen Børkje, Ola Sandvik og Ola Gildbu "bygsel på Hundtjøynnet, Grunnestjøynnet og Grotjøynnet". Desse vatna vart skyldsett med ½ skinn, med ei årleg avgift på 20 skilling. Kan hende var det ein annan gard som seinare fekk fiskeretten i elva. I 1754 fekk i alle fall Jon Olson Trette-Prestgarda bygsel på blant anna: "Moxaaen, fra Varpaasen og til Grunnæs-Kiærnet".



Lyngen i 1940. Øvst: Messelts hytte, i midten står Herman Messelt med naustet i bakgrunnen og nedst ser ein avløpet ut til venstre. Foto: Syver E. Sunde.


GAUSDAL

I Gausdal Vestfjell har sløer vore eit mykje brukt reiskap gjennom fleire hundre år.^[153] Ein kjenner til minst 15 sløestøer ved i alt 12 innsjøar. Det har vore sløer ved alle dei større innsjøene i bygda, som Revsjøene, Ongsjøene, Reinsjøene, Hornsjøen og Dokkvatnet. To vatn har fått namn etter sløefiske; Slivatna. Det har truleg vore langt fleire sløer enn dei som no er kartlagt. Blant anna kom det eit spesielt forbod mot sløefiske ved Raudsjøen då fiskereglane vart endra i 1883.

Fiskereglar

Gausdal innførde i 1865 forbod mot bruk av sløer i alle elver. I Gausa og Jøra galdt vedtaket opp til Lisfossen og Holsfossen.^[26] I 1883 innførde Østre og Vestre Gausdal på nytt forbod mot sløefiske i alle elver og bekkar. Unntak

Øvre Revsjøen, med motiv frå Ongsjøfjellet. I elva mellom Øvre og Nedre Resjø (Stubben) har det vore minst to sløer. Foto: Arnulf Slåen.



I Gausdal vestfjell har det vore sløer ved dei fleste vatn.

vart gjort for Gausa nedanfor Segelstad Bru. I 1908 kom det eit spesielt forbod mot bruk av sløer for tilløpsbekkar til Espedalsvatnet, og den delen av utløpselva som låg i Gausdal. Desse reglane vart stadfesta både i 1922 og 1932. Det siste vedtaket galdt alle elver og bekkar i kommunen, men ikkje Øvre Reinsjø, Nedre Reinsjø og Hornsjøen. Også i 1923 innførde Østre Gausdal forbod mot sløefiske i alle elver og bekkar.

Buabekken –utløpet frå Sålåtjernet

I Buabekken, utløpsbekken frå Sålåtjernet, er det kjennskap til sløefiske.^[154] Bekken ligg knappe to kilometer vest for Espedalsvatnet. I mange år låg det att stokkar etter ei sløe her. Det var Harald Foss som sleppte fisk i Sålåtjernet. Han var brukar i Systuen frå 1904. Otto Viken gjekk god for at vatnet var fisketomt før Harald Foss sette ut fisk. Det er ukjent kven som bygde og brukte denne sløa, fortel Jarle Bye.

Ongsjøbekken mellom Øvre og Nedre Ongsjø

I 1799 selde Gulbrand Onsum [122/1] halvdel av Ongsjøen til Ole Klåpe [103/1].^[153,154] Ei åfløye og 16 fiskegarn følgde med på handelen. Men han tok atterhald om å bruke "den øvre fiskesløe og tenelæg i Ongsjøbekken" så lengje han låg på setra Ongsjølia. Det må difor ha vore to sløer i Ongsjøbekken på 1700-talet.

Stubben – elva mellom Øvre og Nedre Revsjø


Ved Revsjøene er bruken av sløer kjent attende til tidleg 1800-tal.^[153] Sløefisket gjekk mest truleg føre seg mellom Øvre og Nedre Revsjø. Denne elvestrekninga blir kalla Stubben, og er eit viktig gyte- og oppvekstområde for auren i Revsjøene. I tillegg er det tre andre svært gode gyteelver som renn ned i Revsjøene; Langråka, Risåa og Noråa, fortel Jarle Bye. På 1800-talet hadde Myklebø [82/1], Synstbø [79/2] og Fyksen [209/1] bygsel på desse vatna, kan hende også Segalstad [225/1].^[155] Matrikkelen frå 1669 viser at dei tre fyrstnemnde gardane måtte betale 12 skilling i årleg leige for fiskeretten i Revsjøene. I 1810 vart Stor-Hans Fjerdrum ilagt ei bot for å ha skada "Føxen og Rokvams Tejner og Sliuer". Det må difor ha vore minst to sløer ved Revsjøene på den tida.

Slia (Slivatnet)

Namnet Slivatnet kjem av fiskereiskapen sløe, skriv Mathias Høgåsen.^[27] I Gausdal er det to vatn med dette namnet. Det fyrste er Slia, som ligg mellom Nedre Revsjøen og Øvre Ongsjøen. Her er det eit lite tjern i nord som blir kalla Sliputten. Utløpsbekken heiter Slibekken, så det var truleg her sløa låg.

Nyseter-Slia

Det andre "Slivatnet" ligg om lag åtte kilometer lengre aust, nærare Hornsjøen. Det blir også kalla Nyseter-Slia. Utløpsbekken frå dette vatnet renn slakt i starten og er eit særleg veileigna sløestøe, fortel Jarle Bye. Det er ingen med fiskerett i Slia eller i Nyseter-Slia i dag som



har høyrte gjete sløefiske, ifølgje Arnulf Slåen. Dette gjeld gardane Melbø [84/1] og Kirkebø [85/1], og Aulstad nedre [67/1], Engeland [226/1] og Bratland [57/1].

Mossa - utløpselva frå Mossjøen

I Mossa brukte John Myklebø [82/1] sløe til stamfiske tidleg på 1900-talet.^[153] Rogna la han ned i eit eige klekkeri. Men sløa hans fekk ikkje alltid stå i fred. Ein haustdag i 1903 fann han stavane i sløegrinda brote opp. Sløefisket i Mossa hadde truleg ikkje noko stort omfang på den tida. I alle fall tyder ei oversikt over fangstane på ymse fiske-reiskap på det.

Elva mellom Øvre og Nedre Reinsjøen

I elva mellom Nedre og Øvre Reinsjøen er sløefiske kjent frå 1800-talet.^[153] Det var Helleberg [75/1] som hadde sløe her, men ho fekk ikkje stå i fred. Dette mislikte eigaren sterkt. Han heitte Torger Helleberg, og var brukar av

Innsjøar og elver i Gausdal, der sløeplassane er viste med punkt. Firkant viser at det har stått fleire sløer på eit avgrensa område.



I Gausdal har sløefisket opp gjennom tida gjeve eigarane mykje fisk.

garden i åra 1859-76. Helleberg ville difor heller ha eit fiskeslag som heldt seg i vatnet, og ikkje trong elv for å øksle seg. Han meinte at løysinga var å sette ut sik. Yngel henta han frå Reinsvatnet aust for Lågen. Og siken i Nedre Reinsjøen slo godt til, for alt i 1881 dominerte han over auren. Etter det tok det nok ikkje mange år før sløefisket etter aure ved Reinsjøene tok slutt.

Hynnosen – utløpet frå Hornsjøen

I Hynnosen var det sløefiske alt i 1674. Vatnet tilhørde Gunder på Kråbøl [39/1] og Torgeir på Børkhågå [45/1].^[153] Dei to gardane har hatt fiskerett i søre del av Hornsjøen sidan "Arilds tid", heitte det seg. Difor kan sløefisket i Hynna strekkje seg langt attende i tid. Kan hende hadde dei to gardane kvar si sløe i Hynnosen.

Dokkelva – utløpselva frå Dokkvatnet

I Dokkelva er sløefisket kjent attende til 1700-talet. Då kaptein Fougner tok føderåd på Lunde [142/1] i 1778, galdt det også sløeretten i Dokkelva.^[153] Det har truleg vore minst to sløer på utløpsosen av Dokkvatnet. I alle

fall er det restar etter to sløegardar her, fortel Arnulf Slåen. Framleis kan ein sjå noko av ein sløegard ut mot den smale djuprenna, der straumen går ut i Stilla.^[153] Det kan også sjå ut som det ligg att restar etter steingardar på bae sider av straumen nedanfor Furuhølen. Difor kan det ha vore fleire sløer i Dokkelva, meiner Arnulf Slåen.

Bekk ved Kittilbutjerna

Også i ein bekk ved Kittilbutjerna har det truleg stått ei sløe. Kan hende stod sløa i utløpsbekken til det største tjernet. Då kaptein Fougner tok føderåd på Lunde i 1778, omfatta det også sløefisket i bekken ved setra hans på Kittilbu.^[153]

Snæresbekken

Snæressløa er nemnd i eit forlik om hamninga mellom Toftsetra [133/1] og Rokvamsetra [221/1] i 1790.^[153] Namnet tyder på at denne sløa låg i bekken ved Grytsetra. Det vart brukt sløe her fram til utpå 1930-talet, ifølgje Nils Flugstad. Medan Gudrun Gryte var buedeie på setra, skaffa sløa dei mykje matfisk. Særleg kunne det vera gode fangstar etter ei tid med regn. Sløa var brukt i fellesskap av Gryte [227/1] og Prestrud [146/1]. Ho var i drift heile sommaren og til langt ut på hausten. Då Nils Flugstad kom til Gryte i 1945, var sløa i Snæresbekken borte. Men tidleg på 1960-talet var han med og bygde ny sløe i denne bekken. Ho var om lag tre meter lang og tre kvart meter brei, og dekt med bord på sidene. Sløa var utstyrt med slinder som var heile 10-15 centimeter i diameter. Fisken som gjekk inn på sløa vart samla i ei kasse på nedsida. Denne sløa vart ikkje ståande særleg lengje, for fjellstyret kravde ho fjerna.

Storbekken - tilløpsbekk til Dokkfløy

I Storbekken i Blesterlia har det vore sløe.^[153] Det er ukjent kven som åtte denne sløa, fortel Jarle Bye.

LILLEHAMMER

Ifølgje eit Diplomatarium Norvegicum diplom frå 1474 var det sløer i Rinna alt på den tida.^[9] Også i Lågen har det vore sløefiske gjennom fleire hundre år. I alle fall skreiv prest og historikar Hiorthøy om sløefangst av Hunderauren på slutten av 1700-talet.^[15] Det er no berre to kjende sløeplassar i Lågen. Elles har det vore sløer i bekkar ved Vismundvatnet og Skjellbreidvatnet.

Fiskereglar

In 1865 og 1867 kom det forbod mot sløefiske i Lågen og Gausa. Frå 1886 galdt det alle elver i kommunen, bortsett frå dei på Austfjellet.^[26] Det var heller ikkje tillate med sløer i Gausa og i den delen av Lågen som låg ovanfor Moshølen på austsida og Mælumsvolden på vestida, baa stader medrekna. I 1923 kom det eit forbod mot sløefiske over alt i Fåberg herred. Vedtaket galdt likevel ikkje Lågen.

Lågen

I Lågen har det vore sløestøer ved Krøgelen og Sleovarpet. Ved Sleovarpet kan ein framleis sjå Sleoveita som går på skrå over elveløpet litt lengre opp, fortel Morten Kraabøl. Kan hende er veita menneskeskapt. På den måten vart ein del av vatnet i elva ført inn på sløa, som truleg låg i nedkant av denne veita. At sløefisket i Lågen ikkje har hatt særleg omfang, kjem nok av at elva er straumhard. Difor har det vore lettare å fange auren med andre reiskap, som teiner, drivgarn og not.^[156,157,158, 159, 160,161,171] Rettnok er det registrert fleire steingardar nedst i Lågen, som ved Mannavarpet, Rasmussen og Revet. Men dei har mest truleg vore brukt i samband med not- eller drivgarnfiske.



På 1400-talet arva to brør frå Rindal den synste garden av faren, og med det òg ei eller fleire sløer i Rinna.

Lågendeltaet. Det har vore sløer både ved Krøgelen og ved Sleovarpet nedanfor Trossetvollen. Reguleringa av Mjøsa har gjeve auka vassstanden i nedre delen av Lågen, og elva har endra karakter. Foto: Børre Kind Dervø.





Innsjøar og elver i Lillehammer, der sløeplassane er viste med punkt.

Diplomet frå 1474 lyder slik

Det skal være kjent for alle gode menn at vi, Arnfinn og Gunnar Eirikssønner, kjenner det for sant mellom Gud og vår fattige sjel at begge gårdene i Rindal, nordre og søndre, som ligger i Vingrom i Fåberg's sogn, var skiftet mellom to brødre, og [at] vi arvet søndre gården etter far vår, Gud hans sjel nådig, og lunnender til begge gårdene, som er Búkerlaskogen med tømmerhogst eller bryting av ris, [samt] teinelag eller sløestø, hva enten de ligger innen nordre gårds eller søndre gårds innmark, fritt og hjemlet til fiske både for leilendingen i nordre gården så vel som for Eiermannen i søndre gården. Til ytterligere bekreftelse og rett vitnesbyrd henger vi førnevnte våre segl for dette brev fra Fåberg i Herrens år 1474 fredag før midfaste (fjerde søndag i fasten).
[11]

Rinna

I Rinna i Vingrom var det brukt sløe alt på slutten av 1400-talet.^[9,11,162] Det er Diplomatarium Norvegicum II nr 890 frå 1474 som viser dette. Sløefisket galdt både Søre og Nordre Rindal [11/1 & 11/2], ifølgje diplomtet. Det er ukjent om dei to gardane hadde ei eller fleire sløer. Arnfinn og Gunnar Eirikssønner kunngjorde med dette diplomtet at dei to Rindalgardane var brørskifte. Dei fekk den synste garden i arv etter far sin, med alle rettar til tømmerhogst, risbrot, teinelag og sløestøer.^[162] Rinna er gyteelv for Mjøsauren, så ein sløerett her var nok verdifull. Det kan òg ha vore sløer i veiter eller sidegreiner til Rinna. I alle fall har det vore brukt både teiner og mæl her tidlegare, fortel Lars Lindstad frå Vingrom.

Svartdalsbekken ved Vismundvatnet

Ole Andreas Bratråk frå Nord-Torpa hugsa ei fiskeinnretning (sløe) i Svartdalsbekken ved Vismundelva frå barndommen.^[30] Bratråk var truleg fødd i 1882. Difor tok nok sløefisket i Svartdalsbakken slutt før 1900. Innretninga var ei solid staurgrind eller harpe som stod på skrå inn i ein foss. Ho hadde bord på bae sider, og fisken rutsja ned i ei kasse. Dei som passa sløa plikta å vekja ho kvar dag.

Skjellbreidbekken frå Skjellbreidvatnet

I Skjellbreidbekken har det stått ei tømra sløe.^[20] Dette fekk Johan Hageløkken opplyst av Erik Hov frå Nybu, truleg rundt 1950. Ho var ikring ein meter både i lengde og breidde, og utstyrt med hol på sidene. Under sløa stod det ei tett og låsbar kasse. Når sløa skulle tømast for fisk, måtte vatnet tappast ut ved botnen.



Kartskisse over nedre delar av Lågen, med sløestøe ved Krøgelin og Sleovarpet.¹⁶¹ Etter at Mjøsa vart regulert, er Sleoveita ovanfor Sleovarpet ikkje synleg ved høg vasstand.

Vestsida av Hunderfossen i 1932, med øvre teinelag.
Foto: Syver E. Sunde.



Gausa renner inn i Lågen ved pil til høgre.
Foto: Syver E. Sunde. (1932)



Sluttord

Sløer blir rekna blant våre eldste fiskereiskap i innlandet. Historikarane Tor Ile og Knut Hermundstad meinte at teknisk sett kunne det godt ha vore brukt sløer alt i steinalderen.^[6,10] I si enklaste form treng ein kørkje jern eller anna metall for å bygge sløer. Det er nok med det




I Oppland har det vore mange flaumar opp gjennom tida, og dei har nok gjort store skadar på mang ei sløe. Denne steinen viser ymse flomhøgder i Gudbrandsdalslågen, med den for Ofsen i 1789 øvst. Foto: Trygve Hesthagen.

naturen byr på; tre og stein. I Oppland har sløefisket ei mange hundre år lang historie. Ifølgje Diplomatarium Norvegicum vart det brukt sløer alt på 1300/1400-talet. Den eldste sløa som er funne her i landet er frå tidleg 1600-tal (s. 106). Ho hadde stått i Smådøla i Lom, innløpselva til Tesse.^[12]

Denne granskinga syner at sløefisket i Oppland har vore mykje meir vidfemnande enn det som tidlegare er kjent. Det er til no registrert vel 300 sløer i fylket. Talet har truleg vore mykje høgare, sikkert det dobbelte eller meir.

*Antal sløer som er registrert i dei enkelte kommunene i Oppland.
* Usikre opplysningar.*





Kjende sløeplassar i Oppland, der firkant viser forekomst av fleire sløer på eit avgrensa område. I mange tilfeller kjenner ein ikkje den nøyaktige plasseringa av dei enkelte sløene.

Difor har sløene utan tvil spela ei viktig rolle i utnyttinga av fiskeressursane i Oppland. Øystre Slidre og Vang har flest registrerte sløer, med nærare 130 stykk. Ikkje så merkeleg kanskje, for i desse bygdene har fisken alltid vore ein svært viktig ressurs.^[5] I Nord-Gudbrandsdalen har ikkje sløefisken vore like vanleg. Dette heng nok til ein viss grad saman med at fiskeressurane er mindre, og at mange vatn var fisketomme heilt fram til tidleg 1900-tal.^[95] Dessutan ligg mange fiskevatn langt til fjells utan nærleik til setrar. Difor ville tilsynet med sløer ha vore svært tidkrevjande. Mange av fjellvatna har heller ikkje gytebekkar, og var av den grunn uaktuelle for sløefiske. Eigedomstilhøva i Nord-Gudbrandsdalen kan også ha spela inn, fordi mange av fiskevatna ligg i stats- eller bygdeallmenning.

Floytinga har øydelagt mang ei sløe opp gjennom tida. Biletet viser ei tømmerøase ved Ryfoss rundt 1908/09. Foto: Jens Robøle. Biletet er lånt ut av Vestre Slidre Historielag ved Trond B. Hamre.



Det er vanskeleg å vurdere kor stort det årlege utbyttet av sløefisken i Oppland har vore opp gjennom tida. Det er kanskje ikkje urimeleg å tru at kvar sløe ha gjeve ei årleg fangst på 40 kilo. Dersom vi tek utgangspunkt i 300 sløer, blir utbyttet år om anna ikring 12 000 kilo. For berre i Smådøla (Lom), Rauddøla, Øyloosen og Storåne kan sløefiske på det meste ha gjeve ikring 5 000 kilo i året. Men mest truleg har det årlege utbyttet vore langt høgare. Ikkje minst er det mangelfulle opplysningane om sløefisken i sørlege delar av Oppland. Her har det mellom anna vore brukt sløer til fangst av Mjøsaure når han gjekk opp i ymse elver for å gyte. Og talet på sløer har truleg vore langt høgare enn det som er registrert ved denne granskinga. Der tilhøva låg til rette for eit godt sløefall, vart det nok utnytta. Ikkje minst hadde budeiene ofte sløer i nærleiken av stølen.^[6,163,164]

Sløeretten var i eldre tid sterk, og han var i regelen knytta til grunneigaren.^[7] Og desse rettane er oftast svært gamle. Slik som i Rauddøla i Øystre Slidre og Vang er det i manns minne ingen som har sett opp nye sløer utanom dei gamle sløefalla. Etnolog Reidar Bakken skriv at dette ikkje treng å hengje saman med mangelen på gode sløefall.^[7] Han ser det heller som eit resultat av ei samfunnsmessig avgrensing. Difor er det ikkje merkeleg at sløeretten tidlegare vart rekna som verdifull. At mange sløekassar vart utstyrde med lås lengje før stovedørene vart det, vitner også om dette.^[8] Dei som hadde sløe i nærleiken av garden eller setra si, hadde lett tilgang på mat. Om hausten vart mykje av sløefangsten salta ned eller lagt til raking. Syver Garmo frå Vårdalen i Lom fortalde at fisken frå sløene i Smådøla var viktig for livberginga til mange i bygda. Gardane med dei beste sløene hadde matfisk heile vinteren, vart det sagt. Ei kjerring på Uppigard Garmo rekna fisken frå sløene som like verdifull i hushaldet som eit kuslakt. Sløefangsten kunne også vera god salsvare.^[122,147]

Det er også andre døme på at sløeretten tidlegare vart sett på som svært verdifull. Historikaren Knut Hermundstad fra Valdres skriv: "Når ei gjæv jente skulle gifte seg inn på ein gard, var det spørsmål om ho i heimfølgje hadde del i os og grav i fjell".^[165] Endre Kristoffersson Jøvne frå Vang gav skjøte på Øyesløa til dottera Ambjørg då ho i 1804 gifta seg med Ola Olsson Kvåle frå Vestre Slidre. [41] Sløer var også ofte ein del av føderåden (livauren) til gammalfolket på gardane. Då kaptein Fougner tok føderåd på Lunde i Gausdal på slutten av 1700-talet, galdt det også to sløer.^[153] I 1863 gjorde ein kar frå Øystre Slidre makebyte med sløeretten sin i Oleåne, mot tre måls slåtteland der han ville bygge støl.^[6]

Sløer er eit rasjonelt og effektivt reiskap fordi dei er sjølvfiskande og enkle byggverk. Utgiftene og arbeidet med dette fisket vart tidlegare heller ikkje rekna som særleg store, samanlikna med til dømes garnfiske. Difor vart nettoværdien av sløefisket mykje høgare enn for annan reiskap. Dette la fiskebiologane Leif Rosseland, Trygve Løkensgard og Kjell W. Jensen til grunn ved fastsettinga av vederlaget for tapt fiske i regulerte vassdrag.^[146] Når eit sløefiske vart øydelagt, ville difor tapet vera nær salsværdien av fisken. Mange la nok likevel ned mykje arbeid med sløeanlegga sine. Blant anna måtte vyrke i sløene år om anna skiftast ut eller vølast på grunn av råte og skader. I mange elver måtte sløene vera solide byggverk, for å sikre dei mot flaum, kjøving og isgang. Sløene i større elver var difor ofte tømra i fleire kvarv, og dei kunne vera minst 5-6 meter lange. I mindre elver og i bekkar var naturleg nok sløene ikkje så store, og oftast enklare byggverk i plank.^[166] Enkelte stader vart det til og med bygt egne sløehus, for å hindre at fisken vart stolen. Elles er det stor skildnad i utforminga av sløene i dei enkelte bygdene.

I eldre tid var det gjerne prestskapet som uttala seg om fiskestellet her i landet. I alle fall var det dei som i skrift

har sett spor etter seg. Sist på 1700-talet skreiv prest og historikar Hiorthøy at i seinare år hadde fiskebestandane i Gudbrandsdalen gått attende. Hovudskulda la han på bruken av sløer og småmoska garn.^[15] Og likare vart det ikkje etter at Fiskeri-inspektøren byrja si verksemd på midten av 1850-talet.^[167] Dette var starten på slutten for sløefisket her i landet. Den nye etaten slo raskt fast at i seinare tid hadde mange aurebestandar minka i storleik. Og sløene fekk nok ein gong sin del av skulda for den negative utviklinga i fiskeria. I 1863 vart det vedteke ei ny lov som gav herredsstyra fullmakt til å forby fiskekerekap som dei meinte var til særleg skade for fiskebestandane. Og mange bygder nytta høvet til å forby bruken av sløer, finmoska garn og lyster. Fleire bygder

Fura i Hedmark: Tredammen med sløe nedanfor frå 1944. Foto: Syver E. Sunde.



i Gudbrandsdalen forbaud sløefiske alt frå 1860-talet og fram mot hundreårsskiftet. Etter kvart vart det også vanleg med haustfreding. Dette sette i seg sjølv ein effektiv stopp for sløefiske i gytetida for auren. Såleis fall mykje av grunnlaget for sløefisket bort. Seinare innførde mange bygder minstemål mellom spilene i sløebotnen. Dette skulle sikre at berre den større fisken vart fanga. Men det gjorde òg sitt til at sløefisket ikkje lenger vart så gjævt. Også av den grunn var det mange som la ned sløene sine.

Nils J. Lykken frå Lykkja i Øystre Slidre fortel at tidlegare såg dei eldre fiskarane i grenda på avgrensingane i sløefisket som eit overgrep mot gamle hevdvunne rettar. Dei meinte at sløefisket var ein god driftsmåte, og ikkje til skade for fiskebestanden.^[7] Også i andre bygder hadde dei eldre fiskarane ei klar forståing av korleis ein fiskebestand skulle haldast i hevd. Iver Storvik frå Vågå meinte bestemt at då måtte det fiskast hardt på gytetfiske.^[131] Fleire fiskevatn i bygda vart øydelagde då styresmakterne forbaud sløefiske, meinte han. Etter dette vart mange av fiskevatna i bygda ikkje lenger "ei pipe tobakk verd". Også dei gamle fiskarane i Vårdalen i Lom var sikre på at sløefisket i Smådøla var ei god driftsform. Frå gammalt var dette fisket drive like mykje som "medisin" for Tesse som for matauken sin del, vart det hevda. Gjennom lang tid hadde dei utvikla ei drift med sløer som sikra elva ein høg produksjon av yngel, samtidig som store delar av gyttebestanden vart hausta.

Det var fleire grunnar til at sløefisket etter kvart gjekk attende. Då stølsbruket ikkje lenger hadde same omfang, avtok naturleg nok også sløefisket. For mange bønder vart tilsyn og vedlikehald av sløene etter kvart også for arbeidskrevjande. Simen Bjørgen meinte at dette mellom anna kom av at folketalet i bygdene byrja å gå attende. Difor vart gardsarbeidet viktigare enn å liggje i fjellet på fiske. Også tømmerfløytinga har øydelagt mange sløer. I

enkelte elver i Valdres skjedde dette alt på 1700-talet. På 1900-talet har mange sløer vorte øydelagde av vassdragsreguleringar.

Har sløer vorte uaktuell som fiskereiskap? Eg meiner bestemt at svaret er nei. I dag er tilhøva i mange fiskevatn heilt annleis enn det dei var då forbodet mot sløefiske vart innført. Problemet no er ofte at det blir fiska for lite. Difor har mange fiskebestandar vorte for store i høve til næringsgrunnlaget. I slike vatn kan sløer nyttast både til hausting og kultivering. I tillegg blir det fanga aure som kan settast ut i vatn med dårleg naturleg øksling. I Oppland er det mange fjellvatn som heilt manglar gyttebekkar, og som treng jamnlege utsettingar av aure. Sløer som er utstyrde med fangstkummer kan med føremon også nyttast til stamfiske. Dei er ikkje minst ein dyrevenleg fangstreiskap. Difor må ein vone at sløer etter kvart blir teke i bruk att i utnyttinga av fiskeressursane våre.

Oppland er truleg det einaste fylket her i landet der det framleis blir brukt sløer. Men talet er no avgrensa til berre tre stykk; i Kvithaugåne og Buaråne i Vestre Slidre, og i Storåne ved Ryfoss i Vang. I Drøysja i Vang vart det drive sløefiske fram til 2008, og her blir det truleg teke opp att. I seinare år er det sett opp nye sløer i Flya i Nord-Aurdal og i Seksisbekken i Vang. Sløa i Flya var i drift i nokre år, medan ho i Seksisbekken ikkje har vore nytta. Det finst elles att nokre få sløer og sløehus av eldre dato. I Valdres gjeld dette sløa som stod på utløpet av Otrøvatnet fram til reguleringa i 1959. Ho vart seinare sett opp på anlegget til Valdres Folkemuseum på Fagernes. I Ingulssjøbekken i Vågå står det framleis ei sløe i eit eige sløehus frå 1930-talet. Men tida har tæra hardt på dette unike sløeanlegget, og det har fått store råteskader. Derimot er sløehusa som stod i Hølsa ved Øyungen i Nord-Fron og i Frøyna i Vågå framleis i god stand. Alle desse gamle sløeanlegga framstår som verdifulle kulturminne. Difor er dei ein viktig del av vår kulturarv og kulturhistorie.

I Oppland er det mange plassar framleis spor etter sløefiske i form av sløegardar av stein. Den tømra sløegarden i Fryosen i Nord-Fron er i ei særstilling. Også fleire stadnamn vitnar om bruken av sløer. Dei er såleis viktige nasjonale kulturminne, som kastar ljøs over naturtilhøva og utnyttinga av utmarksressursane i eldre tid. Minnet om sløefisket i Oppland vil difor leva vidare på ymse vis.

Litteratur

- 1 Schøning, G. 1926. Reise gjennom Gudbrandsdalen 1775. Utgitt av G.F. Gunnensen i kommisjon hos Thorbjørn Taalesen. Hamar.
- 2 Hesthagen, T. 2008. Bruk av ymse fiskereiskap i Lesjvatna. Årbok for Gudbrandsdalen 76:100-114.
- 3 Petersen, J. 1922. Lysterfiske i forhistorisk tid. Naturen 6:183-187.
- 4 Hougen, B. 1947. Fra seter til gård. Studier i norsk bosetningshistorie. Norsk Arkeologisk Selskap, Oslo.
- 5 Bagge, S., Holstad Smedsdal, S & Helle, K. 1973. Norske middelalderdokumenter. Universitetsforlaget. Bergen-Oslo-Tromsø.
- 6 Hermundstad, K. 1964. Fiske. Valdres Bygdebok. Fyrste del. Valdres Bygdeboks Forlag. Leira. Valdres.
- 7 Bakken, R. 1975. Fisket i Beito. Magistergradsavhandling i folkelivsgranskning, Universitetet i Oslo. Oslo.
- 8 Bakken, R. 1978. Sløer fremdeles i bruk. Opphedia 8 (nr. 1/78):27-29.
- 9 Eknæs, Å. 1979. Innlandsfiske. Det Norske Samlaget. Oslo.
- 10 Ile, T. 1960. Bygdabok for Øyer. Natur og kultur. Innsyn og utsyn. Øyer Bygdeboknemnd, Øyer.
- 11 Ymse brev oversett av fyrstearkivar Gunnar I. Pettersen ved Riksarkivet i Oslo.
- 12 Eknæs, Å. 1978. Gamle fiskeredskap fra Tesse. Opphedia 8 (nr. 1/78):30-32.
- 13 På 1930-talet gjorde Norsk Etnologisk Granking ved "Nemdi til granking av norsk nemningsbruk" ei landsomfattande innsamling av Ord og Sed. Spørjelistene kom inn i åra 1936-38, og hadde tittelen Merd og ruse (nr. 30 i spørjelistene). Referanse: Institutt for Kulturstudier, Norsk Folkeminnesamling, Det historisk Filosofiske Fakultet ved universitetet i Oslo.
- 14 Strøm, H. 1784. Beskrivelse over Eker-Præstegjæld i Aggerhuus-Stift. Innsatt paa Gyldendals forlag. Kiøbenhavn.
- 15 Hiorthøy, H.F. 1990. Physisk og økonomisk beskrivelse over Gulbrandsdalen Provstie i Aggershuus Stift i Norge. Første Deel. Topografisk beskrivelse over Gulbrandsdalen Provstie i Aggershuus Stift i Norge. Anden Deel. Ny utgave ved Lokalhistorisk Forlag, Espa.
- Utgeve fyrste gong i henholdsvis 1785 og 1786 i København, Trykt og forlagt ved Nicolaus Møller, Kongelig Hofbogtrykker.
- 16 Aasen, I. 1912. Norsk Ordbok med dansk forklaring. Fjerde uforandrede utgave utgiven af Vestmannalaget. Cammermeyers Forlag – Lars Swanstrøm. Trykt i Centraltrykkeriet, Krisitiania.
- 17 Fritzner, J. 1896. Ordbog over det gamle norske sprog. Tredie Bind. R-Ö. Den norske Forlagsforening. Kristiania.
- 18 Torp, A. 1992. Nynorsk etymologisk ordbok. Bjørn Ringstrøms Antikvariat. Oslo (Fyrste utgave i 1919).
- 19 Ross, H. 1971. Norsk Ordbog. Tillæg til "Norsk Ordbog" af Ivar Aasen. Universitetsforlaget. Oslo-Bergen-Tromsø. (Utgjeve fyrste gong i 1895).
- 20 Hageløkken, J. 1955. Ein gammel fiskemåte. Årbok for Gudbrandsdalen 23:152-154.
- 21 Opedal, H.O. 1943. Makter og menneske. Folkeminne ifrå Hardanger. Norsk Folkeminnelag nr. 51. Oslo.
- 22 Bjørgen, S. & Hesthagen, T. 1989. Sløefiske i Smådøla ved Tesse. Heim og Bygd (Lom) 3:24-31.
- 23 Kruhaug, A. 1983. Innlandsfiske i Lærdal og Borgundsfjellene. Årbok for Sogn, s. 108-110.
- 24 Hesthagen, T., Walseng, B. & Karlsen, L.R. 2002. Effekter av forsuring og kalking på fisk og krepsdyr i Enningdalsvassdraget, Østfold. NINA Oppdragsmelding 761:1-42.
- 25 Mørch, A. 1964. Sigdal og Eggedal. Bind IV. Bygdehistorie. Sigdal og Eggedal Historielag.
- 26 Ymse årsmeldingar frå Fiskeri-inspektøren for ferskvannsfisket. Landbruksdepartementet. Oslo. (Seinare Direktoratet for naturforvaltning, Trondheim).
- 27 Høgåsen, M. 1960. Stadnavn i Vestre Gausdal. Årbok for Gudbrandsdalen 28:166-170.
- 28 Grunnmanusskriptet til Norsk Ordbok. <http://www.dokpro.uio.perl/ordboksoek/gmanus>.
- 29 Kristiansen, H. & Lewin, C. 1967. Ordliste med gamle ord og glemte uttrykk. Fabritius & Sønners Forlag.
- 30 Hageløkken, J. 1952. Bruk av sløe. - S. 441-445 i: De Sandvigske Samlinger, Lillehammer, Årsberetning 1950-1952.
- 31 Dom hjå Sorenskriveren i Indre Sogn, i sak nr 12 for 1912 – Anders Skogstad, Ivar og Helge Opdal mot Aardals kommune. Riksarkivet, Oslo.
- 32 Ekstraktavskrift frå Sorenskriveren i Valdres om Tyins Regulering. Riksarkivet. Oslo.

- 33 Sagen, O. 1971. Fiske i fjord, elv og vatn. - S. 253-264 i: Bygdebok for Årdal. Natur og næringsliv. Årdal Sogelag. Boktrykk L/L. Bergen.
- 34 Bøe, N. J. 2009. Farsarven. Gårds – og bygdehistorie fra Vang i Valdres. Vang Historielag.[Det er altså Nils J. Bøe (1927-2008) som står som forfattar av boka. Men det var son hans, Johannes J. Bøe (1888-1973) som skreiv det meste av boka, og som blir sitert i denne boka. Johannes N. Bøe, son til Nils J. Bøe, avslutta boka].
- 35 Ekstraktavskrift av ekstrarettssak nr. 15/1921 ved Valdres sorenskriveri: Overekspropriasjonsskjønn angående statsregulering av Bygdin. Sorenskriveren i Valdres.
- 36 Bråten, O.A. 2009. Fiskesløa i Seksisbekkn. www.valdresmuseum.no.
- 37 Høifjellskommisjonens kjennelse av 2nen September 1937. I Forretningen 14de felt øst. Grøndahl & Søns Boktrykkeri, Oslo. Med ymse vedleggsdokument. Riksarkivet. Oslo.
- 38 Opdal, O. 1971. Ferdsel gjennom Jotunheimen – over Bygdin og Tyin. Tidsskrift for Valdres Historielag nr 48: 93-106.
- 39 Alfstad, O.K. 2000. Valdres og Jotunheimen. Utgjeve av Øystre Slidre Historielag. Det byggjer på eit handskrive manuskript av Alfstad frå 1916.
- 40 Rettsbøker og skjønn for Olevatn og Fleinsendinn 1951. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 41 Frøholm, A. 1990. Valdres Bygdebok. Del B. Gardar og slekter i Vang. Austsida i Vang sokn. Valdres Bygdeboks Forlag. Rogne.
- 42 Overskjønn for Olevatns tilleggsregulering og midlertidige regulering. i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 43 Frøholm, A. 1991. Valdres Bygdebok. Del C. Gardar og slekter i Vang. Høre sokn. Valdres Bygdeboks Forlag. Rogne.
- 44 Hermundstad, K. 1959. Valdres Folkemuseum. Om Nystogosløe. - S. 35 i: Valdres Folkemuseum. Fagernes.
- 45 Hjelle, O. 1993. Fiskeslør. Årbok for Valdres 70:163-164.
- 46 Hermundstad, O. 1961. Gammelt og nytt fra Begnas kilder. Stangfiskeren 29:73-79.
- 47 Rettsbok og rettdokumenter ved underskjønn Utrovatn 1958-59. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 48 Frøholm, A. 1985. Valdres Bygdebok. Del A. Gardar og slekter i Vang. Valdres Bygdeboks Forlag. Rogne.
- 49 Rettsdokument ved underskjønn. Slidrefjord og Vangsmjøsa 1962-63. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 50 Dom i Sak nr. 38/1928. Saksøklar var Ivar Øylo, og saksøkt var Anders O. Øyo og Ole Dalåker. Sak: "Saksøktas angivelig manglende rett til fiske i Vangsmjøsen og Begna elv utenfor gården Øyos grund". Statsarkivert i Hamar.
- 51 Rettsbok for grunneierskjønn vedr. midletidig regulering av Slidrefjord og Vangsmjøsa 1947/48. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 52 Rettsdokument om midlertidig regulering av Slidrefjord og Vangsmjøsa. 1955-56. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 53 Utdrag for Edivating lagmannrett. Ankesak nr. 52/86 (HL nr. 79/86). I. Ankende part: Staten v/Miljøverndepartementet. Ankemotpart: Slidrevassdragets grunneierlag. II. Ankende part: Slidrevassdragets grunneierlag. Ankepart 1: Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Ankemotpart 2. Staten v/Miljøverndepartementet. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 54 Rettsbok for Valdres herredsrett, den 15. desember 1962. Sak nr. 15/1961 B. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 55 Rettsdokumenter ved underskjønn. Slidrefjord og Vangsmjøsa. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 56 Rettsdokumenter. Midlertidig regulering. Vangsmjøsa og Slidrefjord 1956/57. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 57 Ola Hjelle registrerte på vegne av Valdres Historielag ein del sløestøer i Valdres fyrst på 1990-talet. Det vart laga skjema der opplysningane vart noterte ned. I tillegg vart det også teke ein del bilete. Eg fekk tilsendt stoffet av Ola Hjelle i 2003. Det er no arkivert hjå Valdres Folkemuseum, Fagernes. Valdresmuseum.no
- 58 Ymse dokument frå Øystre Slidre Fjellstyre frå åra 1925-1928. Rogne.
- 59 Iverstugun, T. 1958. Lunde-styggen. Årbok for Gudbrandsdalen 26:75-77.
- 60 Askheim, O. 1936. Vinstervassfiske. Fiskesport 2:15.
- 61 Jahnsen, J.B. 1982. Striden mellom Valdres og Fron om Sandvatnet og Vinstervatnet 1454-1597. Årbok for Valdres 59: 34-38.
- 62 Risdal, T.T. 1952. Han Jo Gjende på ransaking i Valdres. Årbok for Gudbrandsdalen 20:193-194.

- 63 Hermundstad, K. 1950. Ættararv. Gamal Valdres-kultur IV. Norsk Folkeminnelag nr. 65. Norsk Folkeminnelag, Oslo.
- 64 Ymse dagbøker av fiskerisekretær Syver E. Sunde hjå Fiskeri-inspektøren frå åra 1922 til 1944. Landbruksdepartementet. Arkiv ved Norsk institutt for naturforskning. Trondheim.
- 65 Prosseskrift til Hallingdal herredsrett den 10.6. 1957. Overskjønn for senking av Olevatn i Vang. Saksøker: Foreningen til Bægnavassdragets Regulering. Saksøkt: Nils K. Beito m.fl. Fiske i Raudøla.
- 66 Hedalen, N.N. 1998. Sløer i elva mellom Javnin og Olevatn. Notat frå 25. februar 1998. Øystre Slidre fjellstyre.
- 67 Rørhus, O. 1995. Sløa ved Jørstadstølen. Årbok for Valdres 72: 147-148.
- 68 Ymse dokument frå Vestre Slidre fjellstyre, spesielt utskrift av møtebok frå 27.11.1985. Sak 95/85: Fiskesløer. (Tidlegare sak 36/84).
- 69 Beitrusten, G. 1979. Valdres Bygdebok I. Gardar og slekter i Vestre Slidre. Valdres Bygdeboks Forlag. Rogne.
- 70 Rettsbok ved underskjønn. Åbjøra 1949-1955. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 71 Rettsdokumenter ved underskjønn. Åbjøra 1950. Bind III. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 72 Hauge, K. 1982. Når du kjem til ei elv. Årbok for Valdres 59:16-20.
- 73 Rettsbok og rettsdokumenter. Nemndskjønn ved midlertidig regulering av Slidrefjord og Vangsmjøsa, Helin, Flyvatn og Storevatn 1959-60. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 74 Rettsdokumenter for overskjønn Åbjøra 1951-54. Bind II. - i: Arkiv hjå Foreningen til Bægnavassdragets regulering. Hønefoss.
- 75 Ødegaard, O.K. 1911. Gamalt frå Valdres. Forlagt av H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard). Kristiania.
- 76 Skrindsrud, J. 1956. På heimleg grunn. Folkeminne frå Etnedal. Norsk Folkeminnelag Nr 77. Norsk Folkeminnelag, Oslo.
- 77 Avskrift av underutskiftningsforretningen over Åbjø Skog i Nord-Aurdal. Påbegynt 7. juni 1884, avsluttet 7. desember 1892, og overutskiftningsforretningen påbegynt 10. juli 1893, avsluttet 10. oktober 1896. Riksarkivet.
- 78 Jahnsen, J. B. 1982. Med Lars G. Kamrud etter fornminner på Langestølen. Artikkel i avisa "Valdres" den 23. januar 1982.
- 79 Lybeck, T. 1988. Stølsliv etter Etna. - S. 59-68 - i: Etna frå fjell til fjord. Etnedalen Historielag, Etnedalen naturvernlag, Paul T. Dreyers Forlag, Aurdal.
- 80 Espeseth, M. 1982. Etni – livsnerva i Etnedal. Årbok for Valdres 59:113-119.
- 81 Anonym 1972. Stølsliv. I: I Manns Minne. - S. 86-87 i: Dahle, K. (red.). Oppland i manns minne. Daglegliv ved hundreårsskiftet. Frå Nasjonalforeningens landskonkurranse for eldre. Det Norske Samlaget. Oslo.
- 82 Engeli, I. 1982. Fangst og fiske i gamle dager. Landingen Årbok 1982, s. 41-46. Lands Museum. Dokka.
- 83 Roen, Ø. 1974. Ved Roenelva – i gamle dager. Årbok for Hadeland 7:21-26.
- 84 Hesthagen, T. 2004. Bruk av mæl og andre ruseliknande fiskereiskapar i Gudbrandsdalen. Årbok for Gudbrandsdalen 72: 100-114.
- 85 Utskrift av Thingbog for Nord-Gudbrandsdal sorenskriverembete for så vidt angår sak nr. 30 1909. Pantebok 13. 1892-1897. Extrathing 28. April 1894. Vågå.
- 86 Mølmen, O.O. 1882-1893. Optegnelser og erindringer m.m. fra 1882 til 1893 Stensilert skrift. Lesja kommune.
- 87 Forliksprotokoll for Lesja for 1846. Digitalarkivet. Statsarkivet i Hamar.
- 88 Kjelland, A. 1992. Bygdebok for Lesja. Bind 2. Gards- og slektshistorie for nørdrø del av Lesja hovudsokn. Lesja kommune. Lesja.
- 89 Rygh, O. 1900. Norske Gaardnavne. Opplysninger samlede til brug ved matrikelens revision. Kristians Amt. Første halvdel. Nordre og Søndre Gudbrandsdalens Fogderier. Kristiania. W.C. Fabritius & Sønner, Aktieselskab.
- 90 Forliksprotokoll for Lesja for 1811. Digitalarkivet. Statsarkivet i Hamar.
- 91 Nysom, I. 1881. Lesjevandenes Udtapning. Kanalvæsenets historie. Vormen og Laugen. Forbygningsavdelingen, Norges vassdrags- og energidirektorat. Oslo.
- 92 Eriksen, A. 1996. Ord og uttrykk frå Dovre. Dovre kommune. Dombås.
- 93 Rognstad, T. 2002. Rasulykka i Kletthamar, Oppdal 1868 - 32 menneske omkom, 8 frå Dovre. Dovrebygde: 29-31.
- 94 Hjelløkken, O. 1981. Ymse frå Dovre. Ei vasstveit. Årbok for Gudbrandsdalen 49:172-177.

- 95 Hesthagen, T. 2001. Fiske og fiskekultivering i Skjåk. Skjåk kommune. Skjåk.
- 96 Tundrali, S. 1965. Ola Lier i Åstradalen og gamle fjellfolk i Skjåk. Årbok for Gudbrandsdalen 33:132-136.
- 97 Kleiven, I. 1915. Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen. Lom og Skjåk. Aschehoug & Co (W. Nygaard). Kristiania.
- 98 Hosar, H. P. 1994. Skjåk Bygdebok. Band 1. Skjåk kommune, Skjåk.
- 99 Kvitingen, S. 1932. Gamel-Brennen. Årbok for Dølaringen 3:95-96.
- 100 Grimstad, E. 1959. Etter gammalt. Folkeminne frå Gudbrandsdalen IV. Norsk Folkeminnelag. Oslo.
- 101 Ørjaseter, J. 1961. Kveldsprat på Mysubytta. Årbok for Gudbrandsdalen 29:42-51.
- 102 Vassdragsplan for Otta 1994. Status-Mål-Tiltak. Høyingsdokument. Skjåk, Lom, Vågå og Sel kommuner.
- 103 Kummen, G. 1983. Vatnet. Kulturhistorie frå Skjåk. Skjåk historielag. Skjåk.
- 104 Dahl, K. 1942. Erklæring om Tessevatnets regulering og fisket. Stensilert rapport.
- 105 Eknæs, Å. 1977. Rapport fra feltarbeid ved Tesse, Lom, Oppland 6.-7. juni 1977. Stensilert rapport. Norsk Skogbruksmuseum. Elverum.
- 106 Kristians Amtsformadskabs Forhandlinger i 1877. Lillehammer. NTNU-Bibliotek. Trondheim.
- 107 Skre, I. 1969. Reformar i innlandsfisket 1850-1900. Statsdirektiv og lokale reaksjonar i Gudbrandsdalen og Valdres. Maihaugen 1964-1968. De Sandvigske Samlinger. Lillehammer.
- 108 Tank, G. 1916. Om Tessevandets Retsforhold. Et almenningvand historie. Landbruksdepartementet. Kristiania.
- 109 Grunnmateriale fra etnologisk feltarbeid ved Tesse sommaren 1970. Rapport frå Institutt for folkelivsgranskning, 1974. Universitetet i Oslo.
- 110 Kolden, J. 2000. Bygdebok for Lom Bind 1. Lom kommune. Lom.
- 111 Kvarberg, P.Ø. 1997. Korleis det gjekk da vagværane ville skaffa seg fiskerett i Tesse. Heim og Bygd (Lom) 9:40-44.
- 112 Nystugun, K. 1949. Kveldsetostubbar. Någå tå di Gamle-Knut Nystugu fortalde. Om Anders Gresk. Årbok for Gudbrandsdalen 17:180-183.
- 113 Kristians Amtsformadskabs Forhandlinger i 1871. Lillehammer. NTNU-Bibliotek. Trondheim.
- 114 Kristians Amtsformadskabs Forhandlinger i 1872. Lillehammer. NTNU-Bibliotek. Trondheim.
- 115 Kristians Amtsformadskabs Forhandlinger i 1886. Lillehammer. NTNU-Bibliotek. Trondheim.
- 116 Kristians Amtsformadskabs Forhandlinger i 1885. Lillehammer. NTNU-Bibliotek. Trondheim.
- 117 Hesthagen, T. & Bjørgen, S. 1993. Fiske med garnsekk i Smådøla ved Tesse. Heim og Bygd (Lom) 7:40-41.
- 118 Årsmelding frå Fiskeri-inspektøren for ferskvannsfisket for 1885. Landbruksdepartementet. Oslo. (Seinare Direktoratet for naturforvaltning, Trondheim).
- 119 Kristians Amtsformadskabs Forhandlinger i 1890. Lillehammer. NTNU-Bibliotek. Trondheim.
- 120 Norsk Lovtidende 1891. Samling av Love, Resolusjoner m.m. 2den Avdeling. Grøndahl & Søns Bogtrykkeri. Kristiania.
- 121 Sveine, R. 2005. Garmos historie. Fortalt av Ingebjørg Henningsdatter (Garmo) Sveine (1864-1953) til sonen, Ragnvald Sveine (1905-1979). Heim og Bygd (Lom) 13:40-55.
- 122 Christensen, A.L. 1974. Etnologisk feltarbeid ved Tesse sommaren 1970. Institutt for folkelivsgranskning, Universitetet i Oslo.
- 123 Hesthagen, T. 2005. Oterfiske på Tesse i Lom. Årbok for Gudbrandsdalen 73:72-87.
- 124 Hesthagen, T. 2007. Notfiske på Tesse. Heim og Bygd (Lom) 14:34-41.
- 125 Hesthagen, T. & Gunnerød, T. B. 1980. Fisket i Tesse i Lom kommune, Oppland, før og etter reguleringa. DVF-Reguleringsundersøkelsene, Rapport Nr 12-1980. Trondheim.
- 126 Dom av 16. mars 1928 i l. nr. 84/1 s.a.: Loms kommune, Hans R. Einarsvold, Ole O. Sveinhaug og Rasmus. J. Rust mot Rolv og Sigvald Frisvold. - i: Norsk Rettstidende 1928: 93:295-313. Utgjeve av Den norske sakførerforening, redigert av J. M. Lund. Oslo.
- 127 Mølmen, Ø. 1988. Jakt – og fangstkultur i Skjåk og Finndalsfjellet. Skjåk kommune, Skjåk.
- 128 Haakenstad, T. 1985. Anders I. Sunde. Årbok for Gudbrandsdalen 53:95-101.
- 129 Utdrag til Eidsivating lagmannsrett. Bind I og II. – i: ankesak nr. 262/79 mellom fjellstyret for Finndalen statsalmenning og Ola P. Håkenstad. Statsarkivet. Hamar.

- 130 Statsalmenningerne i Gudbrandsdalen. Indberetning den ved Kongelig resolution af 22de December 1874 nedsatte kommission. Det Mallingske Bogtrykkeri 1884. Kristiania.
- 131 Storvik, I. 1945. Fisket i Sjoa og Gjende. Stangfiskeren 13:61-68.
- 132 Teigum, I. 2001. Bygdebok for Vågå og Sel. Band 1: Frå dei eldste tider til 1600. Sel og Vågå kommune.
- 133 Olstad, O. 1925. Ørretvand i Gudbrandsdalen. Nyt magasin for Naturvidenskabene. Bind LXIII. Oslo. 201 s.
- 134 Aaboen, G.B. 2008. Vatnet som laup ut i Storkvølven. Vågå – sagt og skrivi gjennom ti'in Nr. 15: 16. (Nokre småstubbar etter Jakob Brekken).
- 135 Teigum, I. 2004. Bygdebok for Vågå og Sel. Band 2: Frå 1600-talet til 1907. Sel kommune. Vågå kommune.
- 136 Lyng, M.S. 1923. Beskrivelse over almenningene i Gudbrandsdalen. Trykt efter foranstalning af Landbruksdepartementet. Udgivet med forord, noter tilføielser og register af G. Tank. Grøndahl & Søns Boktrykkeri. Kristiania.
- 137 Lauritzen, P.R. 2000. Norges viktigste fjellområde. - S. 145-205 i: Engen, A., Lauritzen, P. & Øvsteng, M. (red.). Sjodalen. Frå fangst til fritid. Bokprosjekt Sjodalen.
- 138 Vågslid, E. 1974. Stadnamntydingar II. Eigin utgjevnad. Oslo.
- 139 Hesthagen, T. 2006. Bruk av fiskesleo i Vågå. Årbok for Gudbrandsdalen 74:212-235.
- 140 Odnes, R. 1987. Ein artikkel utan tittel, med ymse stoff om oppveksten i Vågå. - S. 191-209 i: Asheim Lange, Å. (red.). Oppland i nær fortid. Det Norske Samlag. Oslo.
- 141 Schau, K. 1956. Minne fra Flatningen. Årbok for Gudbrandsdalen 24:91-97.
- 142 Kleiven, I. 1937. Elvesøg. Gudbrandsdalen Boklag.
- 143 Skoug, H. 1993. Fiskeslœa på Ingulssjøen. Notat frå Gjøvik Tekniske fagskole. Gjøvik.
- 144 Bakke, J.T. 1950. Ein bygdatjuv. Årbok for Gudbrandsdalen 18:144-147.
- 145 Huitfeldt-Kaas, H. 1928. Nogen advarende ord om roien. Foredrag på årsmøtet 1ste mars 1928. Brødrene Dyrings boktrykkeri. Porsgrund.
- 146 Løkensgard, T. & Rosseland, L. 1956. Virkning på fisket ved reguleringen av Nedre Heimdalsvatnet, Vinstervannene og Øyangen. Betekning avgitt i forbindelse med reguleringskjønnet. Glommen og Laagens Bruks-eierforening. Lillehammer.
- 147 Huset, H. 1986. Imsdalens historie. Sollia forlag. Atnbrua.
- 148 Vorhaug, H. 2008. Fisking i Imsdalen. Hemgrenda 32:52-58.
- 149 Nordrum, M.O. 2002. Opplysningane står i eit brev som M.O. Nordrum sende til Ringebru Historielag den 4. april 2002. Ringebru.
- 150 Øverli, O. 1982. Hirisjøen og navn på fiskeplassar. Årbok for Gudbrandsdalen 50:146-150.
- 151 Stensrud, O. 2002. Glimt fra Øyerfjellet. Eget Forlag. Tretten.
- 152 Tank, G. 1921. Om almenningsvand i Gudbrandsdalen, særlig om Lyngsjøen i Øyer. Retshistoriske meddelelser. S. 1-22 i: Bygd og Bonde. Tidsskrift for historie og kulturminner. Oppland historielag og Gudbrandsdalen historielag. Hamar.
- 153 Bye, J. 1997. Vide vidder i vest. Vestfjellet i Gausdal. Thorsrud lokalhistorisk forlag. Lillehammer.
- 154 Bye, J. 2008. Gjenklang fra bratte lier og slake kjøler i Vestre Gausdal. Vestre Gausdal utmarkslag. Gausdal - Lillehammer.
- 155 Johannessen, F.E. 1988. To vann og ett under. Revsjøenes historie. Eget forlag (ISBN 82-90439-31-8).
- 156 Helland, A. 1913. Norges land og folk. Topografisk-statistisk omtale over Kristians Amt. Første del. Den almindelige del & Tredje del. Byerne og Gudbrandsdalen. Forlaget av H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard). Kristiania.
- 157 Ie, T. 1951. Hunderaure-fisket. Årbok for Gudbrandsdalen 19:12-25.
- 158 Linberg, E. 1980a. Ørretfisket i teinelagene. - S. 53-56 i: Fåberg og Lillehammer. Utgitt i samarbeid med Fåberg Østsides Jakt- og Fiskeforening til 100-årsjubiléet. Fåberg Historielag. Fåberg.
- 159 Linberg, E. 1980b. Lågåsildfisket. - S. 47-52 i: Fåberg og Lillehammer. Utgitt i samarbeid med Fåberg Østsides Jakt- og Fiskeforening til 100-årsjubiléet. Fåberg Historielag. Fåberg.
- 160 Heitkøtter, F. 1981. Hunderørret. Eget Forlag. Biri.
- 161 Smedstad, A. 1980. Fiskeplasser og fiskemåter i Lågens nedre del. S. 128 + kart. - i: Fåberg og Lillehammer. Utgjeve i samarbeid med Fåberg Østsides Jakt- og Fiskeforening til 100-årsjubiléet. Fåberg Historielag.
- 162 Høgåsen, M. 1956. Gamle diplom frå Fåberg. Utskrifter av Diplomatarium Norvegicum. Årbok for Gudbrandsdalen 24:30-36.

- 163 Hattestad, A. 1948. Kring skattefisken i Gudbrandsdalen. Årbok for Gudbrandsdalen 16:117-123.
- 164 Reinton, L. 1957. Sæterbruket i Noreg. II. Anna arbeid på sætra. Sætra i haustingsbruket og i matnøytsla elles. H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard). Oslo.
- 165 Hermundstad, K. 1939. Ymse fra Valdres i gammal tid. - S. 70-80 i: Den Norske Turistforenings Årbok frå 1939.
- 166 Hermundstad, K. 1952. Ættarminne. Gamal Valdreskultur V. Norsk Folkeminnelag nr. 70. Norsk Folkeminnelag. Oslo.
- 167 Bleken Rud, O. 1967. Fiskekulturens utvikling. - S. 73-154 i: Fossum, T. (red.). Årbok for Norsk Skogbruksmuseum, Nr. 5 (1965-1966). Elverum.
- 168 Kleiven, I. 1979. Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen. Fronsgbygdin. 2. utgåve. Engers Boktrykkeri A/S, Otta. 1. utgåve 1930, Forlagt av H. Aschehoug & Co (W. Nygaard). Oslo.
- 169 Risdal, T.T. 1977. Gamle setre i Skåbu og Kvikne. Eige Forlag. Skåbu.(ISBN 82-90117-17-5).
- 170 Hermundstad, K. 1949. Ola i Hamare i Høre i Vang. Tidskrift for Valdres Historielag 27:206-211.
- 171 Aass, P. 2011. Teinlagfisket etter Hunderørret i Gudbrandsdalslågen. Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo. Rapport 4.

Informantar med fødselsår

VANG

Hagerup, Kjell Arne	1940
Havro, John	1946
Hovda, Sigfred	1933
Kassel, Eva	1945
Katevoll, Thomas	1926
Lerhol, Jon	1959
Kjøse, Øystein	1941
Lykken, Nils J.	1940
Opdal, Gudbrand	1931
Opdal, Helge	1935
Nefstad, Arne	1950
Nordsveen, Anders	1920
Robøle, Ingvar	1956
Rogn, Endre	1933
Rogn, Nils	1954
Skjefte, Ola K.	1943
Thorpe, Boye	1944
Ødegård, Andreas	1917

ØYSTRE SLIDRE

Bolstad, Ottar	1926
Dalen, Nils August	1927
Germundsen, Gunnar	1933
Gran, Reidar	1951
Grønolen, Ingvar Ø.	1925
Hedalen, Gudbrand	1933
Hedalen, Nils N.	1918
Hegge, Knut	1936
Hegge, Ola S.	1934
Hjelle, Ola	1928
Kjorstad, Odd	1919
Lie, Gudbrand	1925
Lykken, Nils J.	1940

Myreng, Erik	1935
Nordtorp, John	1957
Nøbben, Nils	1927
Onstad, Torgeir	1939
Robøle, Olav	1936
Robøle Hegge, Berit	1950
Rogne, Knut Oddvar	1949
Rudi, Olav	1934
Røe, Mekjell	1932
Sagahaugen, Gjermund	1940
Skammestein, Signe	1957
Skattebu, Gudbrand L.	1928
Sørbu, Torstein	1933
Veslum, Ragnar	1918
Veslum, Tor	1918
Viken, Erik	1898

VESTRE SLIDRE

Jarstad, Halvor Øystein	1939
Lome, Knut	1937
Reien, Torgeir	1949
Rudi, Ivar	1929
Sælid, Gunnar	1927
Viste, Olav Ivar	1929

NORD-AURDAL

Døvre, Knut	1924
Haugen, Tormod	1933
Grøndalen, Eli	1939
Rognås, Sigmund	1945
Rust, Asle	1915
Skavelden, Sverre	1937
Svennæs, Nils	1928
Sælid, Gunnar	1927

ETNEDAL

Flatmark, Gudveig	1922
Flatmark, Gunnar	1918
Kompen, Torbjørn	1924
Nysveen, Odd Helge	1951

SØR-AURDAL

Rustebakke, Håkon	1927
Stensrud, Arne	1929
Fønhus, Arne Erik	1954
Strandbråten, Johs.	1940
Leite, Trond	1910
Bergsund, Kristian	1946

ØSTRE TOTEN

Fossen, Ole M.	1925
Gimle, Willy	1934
Halvorsrud, Per Erik	1961
Skullerud, Jan Erik	1950
Stangstuen, Henry	1930
Taraldrud, Håkon	1926

JEVNAKER

Roen, Ole	1930
-----------	------

LESJA

Holø, Odd Reidar	1936
Mølmshaug, Syver	1927
Rise, Ola E.	1929
Sørumgård, Rolf	1947

DOVRE

Hjelløkken, Ola	1914
Killi, Sverre	1934

SKJÅK

Blikken, Karl	1910
Dalen, Bjørn	1954
Frøise, Arne	1925
Gjerdet, Lars	1926
Mork, Ivar	1936
Øyberg, Halvard	1920

LOM

Biløygard, Sigurd	1917
Bjørgen, Simen	1911
Bjørgen, Torstein	1937
Blessum, Sigurd	1950
Bråten, Andreas	1917
Eklebakken, Hans P.	1902
Garmo, Sigmund	1925
Garmo, Syver	1886
Holø, Alv	1931
Holø, Bjarne	1899
Odde, Håkon	1914
Sjurgard, Rolv	1924

VÅGÅ

Bakkom, Ola	1926
Grev, Erland	1915
Grevrusten, Steinar	1932
Groven, Bjørn	1938

Herskedal, Asbjørn	1911
Herskedal, Erling	1909
Kleiven, Einar	1948
Løkken, Olga	1926
Mork, Erling	1938
Odnes, Richard	1910
Plassen, Sjur	1949
Schou, Chr.	1943
Tessneset, Hans	1910
Tolstad, Pål	1940
Vaberg, Øisten	1917
Valde, Erling	1917
Valde, Ola N.	1940
Øvre, Jørgen	1933

SEL

Formo, Hans	1929
Killi, Sverre	1934
Tofte, Stein	1956

NORD-FRON

Hyrjulien, Hans	1930
Lauvrak, Svend	1936
Røssum, Ola K.	1926
Utgård, Ola	1937
Veslum, Ragnar	1918

SØR-FRON

Kjorstad, Odd	1919
Skurdal, Arve	1927

RINGEBU

Huset, Egil	1928
Huset, Hallvor	1915
Huset, Kåre	1933
Nordrum, Morits O.	1924
Stuen, Gunnar	1935
Winther, Erik	1942

ØYER

Stensrud, Oddvar	1934
------------------	------

GAUSDAL

Bye, Jarle	1931
Slåen, Arnulf	1937

LILLEHAMMER

Kraabøl, Morten	1965
Linstad, Lars	1939

Eigne notat

NINAs publikasjoner

NINA Rapport

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

NINA Temahefte

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

NINA Fakta

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

Annen publisering

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.



www.nina.no

ISSN: 0804-421X
ISBN: 978-82-426-2362-1



46

NINA Temahefte

Norsk institutt for naturforskning NINA

NINA Hovedkontor

Postadresse: Postboks 5685 Sluppen, 7485 Trondheim

Besøks/leveringsadresse: Tungasletta 2, 7047 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00

Telefaks: 73 80 14 01

Organisasjonsnummer: 9500 37 687

<http://www.nina.no>

Samarbeid og kunnskap for framtidens miljøløsninger